

”Ersamen, besunderen guden frunde”
Det hanseatiske kontoret i Bergen som politisk aktør i
seinmellomalderen

Øystein Hellesøe Brekke



Masteroppgåve i historie
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Universitetet i Bergen hausten 2009



FØREORD

Fleire ersamen, besunderen guden frunden fortener takk for hjelp og innspel i arbeidet med denne oppgåva. Særskilt vil eg nemna rettleiaren min, Geir Atle Ersland, dessutan Sigbjørn Olsen Sønnesyn, Leidulf Melve, Håkon Haugland, Ella Marie Brekke Vangsnes, Frode Hervik, Vidar Alne Paulsen, Ingvil Brügger Budal, Thomas Foerster og Agnete Nesse, for svar på mange eller få små og store spørsmål. Eg vil òg takka alle deltakarar på mastergradsseminaret i mellomalderhistorie. Den aller største takka går til Hege, for både hjelp og innspel i arbeidet med oppgåva, og hjelp og innspel i resten av livet mitt.

Fotografiet på framsida er teke av meg sjølv og viser i det fjerne ein kopi av ein karakk frå Dubrovnik, ein skipstype frå seinmellomalderen som liknar på den hanseatiske holken.

Alle omsetjingar frå mellomnedertysk og høgtysk er mine eigne, og det er også eventuelle feil.

INNHALDSLISTE

FØREORD.....	2
INNHALDSLISTE.....	3
1 – INNLEIING.....	4
1.1 Definisjonar og problemstilling	4
1.2 Metode.....	7
1.3 Bakgrunn	9
1.4 Kjelder	11
2 – HISTORIOGRAFI.....	16
3 – ORGANISERINGA AV KONTORET	23
3.1 Oldermenn	23
3.2 Kjøpmannsforsamlinga	29
3.3 Forholdet mellom kjøpmannsforsamlinga og oldermennene.....	32
3.4 Sekretæren	35
3.5 Avstand til hansabyane.....	37
3.6 Oppsummering	39
4 – FORHOLDET MELLOM KONTORET OG HANSABYANE	41
4.1 Lübeck sin dominans på Kontoret.....	41
4.2 Bergenfararkompaniet i Lübeck	43
4.3 Byrådet i Lübeck	52
4.4 Dei andre vendiske byane og Bremen	57
4.8 Dei zuidersjøiske byane.....	62
4.9 Hanseatiske fellesorgan – vendiske bydagar og hansedagar.....	65
4.10 Oppsummering	71
5 – LOVGIVING OG DOMSMAKT PÅ KONTORET	74
5.2 Opphavet til Kontoret sine reglar	75
5.3 Rettsinstansen til Kontoret som politisk verkemiddel - eit døme	85
5.4 Oppsummering	93
6 – FORHOLDET TIL NORSKE STYRESMAKTER.....	95
6.1 Innleiing	95
6.2 Handel på Island og dei andre Vesterhavsoyane.....	99
6.3 Handelsspørsmål	102
6.4 Kaperverksemd.....	105
6.5 Vennskapleg kontakt	107
6.6 Konflikhtar med riksrådet	109
6.7 Oppsummering	110
7 – MILITÆRMAKT PÅ KONTORET.....	113
7.1 Innleiing	113
7.2 Knut Alvssons opprør.....	115
7.3 Militære ytingar til kongen.....	120
7.4 Oppsummering	125
8 – KONKLUSJONAR.....	127
ENGLISH SUMMARY.....	131
KJELDER OG LITTERATUR.....	132
VEDLEGG.....	138

1 – INNLEIING

1.1 Definisjonar og problemstilling

I 1463 vart nokre kjøpmenn frå hansabyen Wismar bøtelagde av det hanseatiske kontoret i Bergen for brot på handelsreglar som Kontoret hadde vedteke. Kjøpmennene frå Wismar godtok ikkje bøtene, og prøvde å få Kontoret til å gjera om avgjerda. Dei fekk då til svar at dei kunne gå til herrane i byrådet i Wismar og få pengane sine tilbake der: ”Om dei er herrar i Wismar, så er me herrar i Bergen.”¹ Denne enkelthendinga gir eit inntrykk av ein kontoradministrasjon med stor tillit til sin eigen autoritet overfor dei hanseatiske kjøpmennene som kom til Bergen, og overfor styresmaktene både i heimbyane til kjøpmennene og i Bergen. Hendinga gir eit bilete av problematikken som eg vil ta for meg: Den politiske stillinga til Kontoret i Bergen.

I denne avhandlinga vil eg undersøkje korleis Kontoret i Bergen fungerte som politisk aktør, andsynes både det norske kongeriket og Hansaen. Hanseatiske kjøpmenn fekk dei første handelsprivilegia i Noreg på 1200-talet. Rundt midten av 1300-talet vart hanseatane i Bergen organiserte i det som seinare har blitt kalla Kontoret. Frå midten av 1300-talet hadde hannedagane, forsamlingar av hansabyar, myndigheit over Kontoret og kunne vedta forskrifter for det.² Kontoret var altså ein del av det hanseatiske forbundet, samstundes som det var lokalisert i Noreg og betalte skatt til den norske kongen.³ Det var såleis òg ein del av det norske samfunnet. Kontoret fungerte som politisk aktør innanfor begge. Eg vil i denne avhandlinga definera ein politisk aktør som nokon som freistar å påverka samfunnet dei eksisterer innanfor, gjennom å påverka lovene, reglane og vedtektene som styrer dette samfunnet. Eg vil freista å visa at det hanseatiske kontoret i Bergen hadde ei meir sjølvstendig stilling i høve til det hanseatiske forbundet og dei einskilde hansabyane enn kva tidlegare forskning har vore merksam på. Kontoret var ikkje berre ein lydige reiskap for hansabyane, men var òg sjølv med på å utforma hanseatisk politikk. Eg vil òg freista å visa at forholdet mellom Kontoret og norske styresmakter ikkje alltid var konfliktfylt, som det tidlegare har vore mest

¹ Ordvekslinga er skildra i eit klagebrev frå byrådet i Wismar: ”...alse wij van den vnsen sint berichtet, dat se ok vurder van dem kopmanne groffliken mit worden honliken sin ouerfallen, segghende to den vnsen, ze scholden to vns gaen vnde laten sick eren schaden weder vprichten, weren wij heren tor Wissmer, so weren ze heren to Bergen.” LUB 10, 322.

² Knut Helle, *Kongssete og kjøpstad - Fra opphavet til 1536, Bergen bys historie*, bd. 1 (Bergen: Universitetsforlaget, 1982), 732.

³ *Ibid.*, 748.

fokus på, men til tider var prega av ikkje berre fredeleg sameksistens, men samarbeid og felles interesser.

Terminologien som vert brukt om Kontoret varierer i litteraturen og kjeldene. I denne avhandlinga refererer *Kontoret* til organisasjonen av hanseatiske kjøpmenn som heldt til i Bergen, sjølv om denne organisasjonen ikkje frå starten av brukte denne nemninga om seg sjølv. Den første førekomsten av omgrepet kjem seinast frå 1484, då eit brev brukar uttrykket *cuntor to Bergen in Norwegen*.⁴ Organisasjonen av hanseatiske kjøpmenn i Bergen refererte frå starten av til seg sjølv på latin som *Communis mercator hanse Theutonice Bergis existens*, på mellomnedertysk *de gemene kopman to Berghen* – den allmenne kjøpmannen i Bergen, eller variantar av desse omgrepa.⁵ Stundom tok dei med orda *van de dudesche Hense* – av den tyske Hansaen. Gjennom heile perioden som vert omhandla her, brukte Kontoret som oftast uttrykket *de gemene kopman* eller berre *de kopman* om seg sjølv. I litteraturen ser ein difor ofte omgrepet *Kjøpmannen*, i eintalsform, brukt om fellesskapet av hanseatiske kjøpmenn.⁶ Ordet *Bryggen* blir òg stundom brukt for å referera til Kontoret eller den hanseatiske busetjinga i Bergen.⁷ Dette er lite presist, då enkelte gardar på Bryggen framleis var i norsk eige til seint på 1400-talet, og hanseatane hadde interesser i andre delar av byen òg.⁸ I denne avhandlinga blir Bryggen derfor brukt som eit reint geografisk omgrep, om den delen av byen der Kontoret i hovudsak var basert. Hansaen brukte omgrepet *dudesche Hense*, eller på latin *Hansa theutonica* om seg sjølv. Men Hansaen omfatta byar langt utanfor det som i dag er Tyskland, både byar med nedertysk busetjing austover langs Austersjøen og vestover innanfor grensene av det tysk-romerske riket i det som i dag er Nederland. Dessutan kunne ikkje byar i heile dagens Tyskland bli med i Hansaen, men berre byar som i mellomalderen hadde ei folkesetjing av nedertyske kjøpmenn.⁹ Eg vil difor nytta omgrepet *Hansaen* eller *det hanseatiske forbundet* og unngå omgrepet *den tyske hansaen*, for å unngå forvirring i forhold til dagens tyding av ordet tysk.

⁴ HR III, 1, 501. Helle oppgir 1494. Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 732.

⁵ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 732.

⁶ Til dømes hjå Absalon Taranger, *Norges Historie, Tredje binds anden del - Tidsrummet 1443-1537*, (Kristiania: H. Aschehoug & Co., 1917). Lars Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513 - Førelsingar* (Oslo: Universitetsforlaget, 1971).

⁷ Til dømes hjå Mike Burkhardt, "Das Hansekontor in Bergen im Spätmittelalter - Organisation und Struktur," *Hansische Geschichtsblätter* (2006).

⁸ Geir Atle Ersland, "Was the Kontor in Bergen a topographically closed entity?," i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann (Lübeck: Schmidt-Römhild, 2005), 55.

⁹ Rolf Hammel-Kiesow, *Die Hanse*, 2., durchgesehene Auflage utg. (München: Verlag C.H. Beck, 2002), 9.

Den amerikanske statsvitaren Robert Dahl definerer makt som evna til å få andre til å gjera noko dei elles ikkje ville gjort.¹⁰ Etter denne definisjonen vil det å fungera effektivt som politisk aktør innebera å bruka makt. Men maktbruk må ikkje forvekslast med bruk av tvang. Den amerikanske statsvitaren Joseph S. Nye, jr. deler makt i internasjonal politikk inn i to grunnleggande ulike former: hard makt og mjuk makt. (*hard power*, eller *command power* og *soft power*, eller *co-optive power*)¹¹ Hard makt er evna til å få viljen sin ved bruk av trugsmål eller påskjønningar. Mjuk makt er evna til å få viljen sin gjennom å få andre til å ønskja det same. Dette kan komma av at ein part evner å setja den politiske dagsordenen på ein måte som formar den andre parten sine oppfatningar, eller av ei felles oppfatning av at den eine parten er kulturelt overlegen, eller har overlegne institusjonar:

”Co-optive power – the ability to shape what others *want* – can rest on the attractiveness of one’s culture and ideology or the ability to manipulate the agenda of political choices in a manner that makes actors fail to express some preferences because they seem to be too unrealistic.”¹²

Nye si inndeling er utvikla for å skildra dagens internasjonale system. Sjølv om dette skil seg frå det internasjonale systemet i mellomalderen, vil eg freista å sjå om inndelinga i hard og mjuk makt kan vera fruktbar i analysen av Kontoret i seinmellomalderen. Den britisk-fødde sosiologen Michael Mann definerer fire ulike kjelder for makt: Økonomisk, politisk, militær og ideologisk.¹³ Med utgangspunkt i desse, kan ein seia at grunnlaget for Kontoret si makt var den økonomiske makta som hansakjøpmennene hadde i Noreg ved at dei kontrollerte utanrikshandelen frå Bergen.¹⁴ Kontoret, som eg har definert som organisasjonen av hansakjøpmenn i Bergen, dreiv ikkje sjølv handel. Dermed blir fokuset i denne avhandlinga ikkje på handelen som hanseatane dreiv i Bergen. Kontoret organiserte kjøpmennene for å tryggja handelen deira, ved å halda orden internt mellom kjøpmennene og å representera dei overfor både det norske og hanseatiske samfunnet. Slik kunne Kontoret nytta både økonomiske, politiske og militære verkemiddel for å tryggja den økonomiske maktbasen sin. Michael Mann sine definisjonar av økonomisk, militær og ideologisk makt kan passa godt på

¹⁰ Sitert etter Joseph S. Nye jr., *Bound to Lead. The Changing Nature of American Power* (New York: Basic Books Inc., 1990), 26.

¹¹ *Ibid.*, 30-31, 267.

¹² *Ibid.*, 267.

¹³ Michael Mann, *A history of power from the beginning to A.D. 1760, The sources of social power* (Cambridge: Cambridge University Press, 1986), 11.

¹⁴ *Ibid.*, 24.

desse aspekta av Kontoret si maktutøving.¹⁵ Definisjonen hans av politisk makt er derimot meir problematisk, ettersom han definerer politisk makt som makt med utspring i ein sentralt administrert og territorialt avgrensa stat: "I restrict it to regulations and coercion centrally administered and territorially bounded – that is, to *state* power."¹⁶ Som me skal sjå, avgrensa verken Kontoret eller det hanseatiske forbundet autoriteten sin til eit territorialt avgrensa område. Mann sin definisjon av politisk makt blir dermed problematisk å bruka i denne analysen. Eg vil freista å sjå om det er meir fruktbart å sjå på Kontoret sin maktbruk og andre sin maktbruk overfor Kontoret ut frå inndelinga i hard og mjuk makt. Mogleg bruk av hard makt frå Kontoret si side kunne vera trugsmål om militær maktbruk eller økonomisk blokade. Mogleg bruk av mjuk makt kunne vera å kontrollera eit økonomisk system som det norske samfunnet såg seg meir tent med å bevare enn å endra. Eg vil freista å sjå kva type maktbruk som var mest framtrudande i Kontoret sin politikk.

1.2 Metode

Eg vil basera undersøkinga på ei grundig gransking av ein kortare periode av historia til Kontoret. Eg har valt ut perioden frå 1490 til 1510. Den tyske historikaren Nils Jörn peika i ein artikkel om statuttane til dei fire hanseatiske kontora på at historiegranskinga altfor ofte har hatt ei statisk tilnærming til temaet. Statuttane har blitt presenterte som om dei var dei same i alle dei hundreåra kontora eksisterte, utan at ein ser på utviklinga.¹⁷ Eit liknande problem kan peikast på for litteraturen om Kontoret i Bergen generelt. Mange framstillingar set seg føre å fortelja korleis Kontoret fungerte, men utan å ta stor nok høgd for at Kontoret eksisterte i fleire hundre år. Eit såpass respektert oversiktsverk over Hansaen som Pierre Dollinger si bok om Hansaen slår til dømes fast at "organisasjonen til Kontoret, som er lite kjent i detaljar, ser ut til å ha vore i det vesentlege fastlagt i 1343."¹⁸ Når ein tek i betraktning utviklinga politisk, økonomisk, teknologisk og så bortetter, er det openbert at Kontoret på midten av 1300-talet må ha vore noko heilt anna enn det Kontoret som vart lagt ned på midten av 1700-talet. Men dette har kome lite fram i litteraturen. Det diakrone perspektivet har mangla. Eg vel difor å gå i djupna i ein kort periode. Ein fordel med ei slik tilnærming er at

¹⁵ Ibid., 22-26.

¹⁶ Ibid., 26.

¹⁷ Nils Jörn, "Die Herausbildung der Kontorordnungen in Novgorod, Bergen, London und Brügge im Vergleich - 12. - 17. Jahrhundert," i *Prozesse der Normbildung und Normveränderung im mittelalterlichen Europa*, red. Karl-Heinz Spieß og Doris Ruhe (Stuttgart: Franz Steiner Verlag, 2000), 218.

¹⁸ Lese på tysk: "Die Organisation des Kontors, über die in einzelnen wenig bekannt ist, erscheint im wesentlichen 1343 festgelegt worden zu sein." Philippe Dollinger, *Die Hanse*, oms. Marga & Hans Krabusch, 2. utg. (Stuttgart: Alfred Kröner Verlag, 1976), 136.

ein kan gå i større detalj enn kva ein kunne ha gjort for ein lenger tidsperiode, og forhåpentlegvis sjå samanhengar som elles ville forsvinna i mengda av stoff.¹⁹ Eg gjer ikkje krav på å kunna vinna ny kunnskap om korleis Kontoret fungerte hundre år før eller etter perioden som vert omhandla her, men eg kan til gjengjeld vinna sikrere kunnskap om denne perioden. Slik får ein eit betre grunnlag for å vurdera riktigheita av større oversiktsarbeid.

Tidsavgreisinga 1490 – 1510 byggjer på fleire omsyn. Framstillingar av Kontoret si historie har ein tendens til å fokusera på periodar då dramatiske hendingar har skjedd, som til dømes overfallet på Olav Nilsson i 1455 eller på skottar og byborgarar i 1523. Perioden 1490 – 1510 er i utgangspunktet derimot ikkje ein periode som er grundig granska, kan henda nettopp på grunn av mangelen på dramatiske hendingar. Men nettopp dette gir ein sjanse til å gå nærare i detalj på den daglege funksjonen til Kontoret under normale omstende. Tidsperioden fell saman med slutten av det som blir rekna som stordomstida til Kontoret. Knut Helle har definert stordomstida til Kontoret som 1350 – 1500.²⁰ Arnved Nedkvitne har skrive at nedgangstida til Kontoret starta i 1500.²¹ Ein får dermed sett på Kontoret i ei tid då det framleis var mektig, men samstundes i overgangen til dårlegare tider. Til slutt er perioden interessant på grunn av kjeldesituasjonen. Frå 1490-talet av aukar det bevarte kjeldematerialet frå Kontoret merkbart. Det finst ein god del korrespondanse mellom Kontoret og Bergenfararkompaniet i Lübeck som omhandlar den daglege drifta av Kontoret, og ein del av denne korrespondansen er dessutan ikkje publisert tidlegare. Den upubliserte korrespondansen finst i Bergenfarararkivet i Lübeck. Dette arkivet var utilgjengeleg for forskinga frå andre verdskrigen og fram til 1990-talet, og har difor ikkje blitt nytta av historikarar på fleire tiår før nyleg. Det er difor godt håp om å finna ny kunnskap i dette kjeldematerialet. I dette arbeidet nyttar eg kjelder frå arkivet i Lübeck, som eg har funne under to opphald der.

Kontoret i Bergen var eitt av fire hanseatiske kontor utanfor det nedertyske området. Dei andre tre fanst i Novgorod, London og Brügge. Desse var hovudstøttepunkt for den hanseatiske handelen. Bruken av omgrepet dei fire kontora vart først vanleg på 1500-talet.²² Omgrepet er nemnt i 1498, i ein referanse til "dei fire kontora, altså Brugge, London, Bergen

¹⁹ Knut Kjeldstadli, *Fortida er ikke hva den en gang var - En innføring i historiefaget*, 4. utg. (Oslo: Universitetsforlaget, 1997), 123.

²⁰ Knut Helle, "Die Deutschen in Bergen während des Mittelalters," i *Hanse in Europa - Brücke zwischen den Märkten 12 bis 17. Jahrhundert* (Köln: Kölnisches Stadtmuseum, 1973), 149.

²¹ Arnved Nedkvitne, "The Hansa in Norway as seen by Norwegian historians today," i *Die Hanse und Nordeuropa: Handel - Politik - Kultur. Synthesekonzepte in der Geschichtsschreibung* (Oslo: Norges allmennvitenskapelige forskningsråd, 1990), 58.

²² Dollinger, 132.

og Novgorod.”²³ Dei fire kontora oppstod uavhengig av kvarandre til forskjellige tider, og var alle eldre enn det hanseatiske forbundet, som dei seinare vart underlagde. Det er difor store skilnader mellom dei ulike kontora. Det er såleis av interesse å samanlikna trekk ved Kontoret i Bergen med trekk ved dei andre kontora, men ein må vera varsam med å trekkja slutningar om korleis eit kontor fungerte på grunnlag av korleis dei andre fungerte. Kontora stod i ei særstilling innanfor Hansaen, som stader der kjøpmenn frå ulike hansabyar kom saman og nytte godt av felles privilegium. Den tyske historikaren Rolf Hammel-Kiesow har skrive at kontora utgjorde kjernen i Hansaen, fordi privilegia dei oppnådde utgjorde eit felles handlingsgrunnlag for heile Hansaen til langt ut på 1500-talet.²⁴ På kontora levde kjøpmenn frå ulike hansabyar saman, og på hangedagane drøfta alle hansabyane tilhøva på kontora. Ei gransking av eit hanseatisk kontor kan difor vera med å kasta lys over korleis heile det hanseatiske byforbundet fungerte.

Eldre norske historiografi som fokuserte på politisk historie i samband med hanseatane, var sterkt farga av eit nasjonalistisk syn, der hansaen vart sett som eit framandelement i Noreg, og eit nasjonalt konfliktperspektiv var dominerande. Den nasjonale innfallsvinkelen vart i stor grad dempa i norsk historieskriving i tida etter andre verdskrigen, men det vart òg i stor grad fokuset på politisk historie. Innanfor norsk historie er det difor stort rom for ei ny undersøking av den politiske historia til kontoret, frigjort frå det nasjonale konfliktperspektivet.

1.3 Bakgrunn

Før eg tek fatt på analysen vil eg kort presentera det hanseatiske Kontoret i Bergen, og kva dei seinare kapitla skal omhandla.

Kontoret vart leia av oldermenn (olderlude). I 1388 vart det nemnd seks oldermenn, seinare vart dette talet redusert til to. Frå 1450 av kjenner ein òg til achteinar, ein administrativ posisjon som var underordna oldermennene.²⁵ Frå midten av 1400-talet hadde Kontoret ein eigen sekretær. Sekretæren var ikkje sjølv kjøpmann, men ein fast tilsett administrator. Han var som oftast juridisk utdanna. Han tok seg m.a. av korrespondansen til Kontoret og hadde ei

²³ ”...den ver cunctoren, alse Brugge, Lunden, Bergen unde Nouwgardenn”. HR III, 4, 79, §86.

²⁴ ”...bildeten den Kern der Hanse”. Hammel-Kiesow, 51.

²⁵ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 744.

viktig rolle i den daglege administrasjonen.²⁶ Saman med oldermennene og achteinane utgjorde sekretæren kjøpmannens råd.²⁷ I kapittel tre ser eg nærare på korleis desse organa fungerte og korleis Kontoret var organisert.

Lübeck var den heilt dominerande hansabyen på Kontoret i Bergen i mellomalderen. Mellom 1388 og 1522 var dei oldermennene ein kjenner til, nesten utelukkande frå Lübeck.²⁸ Dei andre hansabyane som dreiv handel på Bergen i perioden 1490-1510 var Wismar, Rostock, Stralsund og Hamburg, som saman med Lübeck vart kalla vendiske byar, dessutan Bremen og byane Deventer, Kampen og Zwolle ved Zuidersjøen i det som i dag er Nederland.²⁹ Dei fleste hanseatiske kjøpmennene i Bergen var i kompaniskap med investorar i heimbyen.³⁰ Handelsfolka som var engasjerte i handel på Bergen vart kalla bergensfararar, anten dei sjølve heldt til i Bergen eller i hansabyane.³¹ Bergensfararane i Lübeck var organiserte i eit Bergensfararkompani, som første gong er nemnt i 1383.³² I kapittel fire vil eg sjå nærare på forholdet mellom Kontoret og dei ulike hansabyane, Kontoret og bergensfararane i Lübeck og mellom Kontoret og dei hanseatiske fellesorganane. I kapittel fem vil eg sjå på Kontoret si lovgivande makt og domsmakt, rettsgrunnlaget for denne, og korleis denne kunne brukast til politiske formål overfor hansabyane.

Knut Helle reknar med at det var mellom 900 og 1800 fastbuande hanseatar tilknytte Kontoret i Bergen på 1500-talet. Desse tala er baserte på skattemanntal frå 1522 og annan informasjon frå 1400- og 1500-talet. I sommarsesongen reknar han med at det var mellom 2000 og 3000 hanseatar i byen. Nedkvitne reknar med 1000-1500 fastbuande hanseatar i tida frå 1450 til 1550.³³ Innbyggjartalet i Bergen på denne tida var rundt 7000.³⁴ Eldre norsk historieskriving la i stor grad vekt på det spente forholdet som til tider eksisterte mellom hanseatar og nordmenn og gjorde det til norma for forholda i Bergen. Artikkelen om hansaen i

²⁶ Friedrich Bruns, *Die Sekretäre des Deutschen Kontors zu Bergen* (Bergen: A.S John Griegs Boktrykkeri, 1939).

²⁷ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 744.

²⁸ Friedrich Bruns, *Die Lübecker Bergensfahrer und ihre Chronistik*, bd. II (Berlin: Pass & Garleb, 1900), XXII.

²⁹ Ibid., XIV-XIX.; Thomas Brück, "Korporationen der Bergensfahrer in den wendischen Städten unter besonderer Berücksichtigung Stralsunds," i *Genossenschaftliche Strukturen in der Hanse*, red. Nils Jörn, Horst Wernicke og Detlef Kattinger (Köln: Böhlau, 1999).

³⁰ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 738-740.

³¹ Bruns, *Die Lübecker Bergensfahrer*, CXIV.

³² Erich Hoffmann, "Lübeck im Hoch- und Spätmittelalter: Die große Zeit Lübecks," i *Lübeckische Geschichte*, red. Antjekathrin Graßmann (Lübeck: Schmidt-Römhild, 1997), 186.

³³ Arnved Nedkvitne, "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600" (Universitetet i Bergen, 1983), 258.

³⁴ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 743.

Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder slår såleis fast at "det hersket gjennomgående et spent forhold mellom hanseatar og nordmenn".³⁵ Nyare framstillingar gir eit meir balansert syn på dette. Men det er klart at forholdet mellom nordmenn og hanseatar til tider var spent, og det kom stundom til dramatiske episodar. I 1455 vart høvedsmannen på kongsgarden i Bergen, Olav Nilsson, saman med biskopen av Bergen og fleire andre, drepen av hanseatane, og Munkeliv kloster vart brent ned. Hendinga kom som klimaks på ein lengre konfliktfylt periode frå 1440-åra av, då dei norske riksrådane med Olav Nilsson i spissen hadde prøvd å svekka hanseatane si stilling i Bergen.³⁶ Fiendskapen mellom Kontoret og Olav Nilsson sine etterkommarar heldt fram med å skapa problem for Kontoret heilt til ut på 1500-talet. I kapittel seks vil eg sjå nærare på korleis Kontoret fungerte som politisk aktør overfor styresmaktene i Bergen og Noreg. I kapittel sju vil eg fokusera på Kontoret som potensiell militær aktør i Bergen, og sjå på om vald eller trugsmål om bruk av vald var viktige for Kontoret si stilling i byen.

1.4 Kjelder

Eg vil granska Kontoret i seinmellomalderen gjennom ein grundig gjennomgang av primærkjelder frå perioden, for å freista å rekonstruera Kontoret sine målsetjingar og handlingar for å nå desse målsetjingane. Det viktigaste kjeldematerialet vil vera kjeldene som vart produserte på Kontoret, i hovudsak brev som Kontoret skreiv. Gjennom desse breva fungerte Kontoret som politisk aktør, og dei er dermed den mest direkte måten ein i dag kan sjå Kontoret i funksjon som politisk aktør på. Dei fleste av desse breva som er bevarte, finst i byarkivet i Lübeck. Johan Schreiner skreiv i 1941 at ingen norske historikarar før han hadde utnytta skikkeleg det kjeldematerialet som låg i nordtyske arkiv.³⁷ Diverre kunne dei kjeldene som ikkje var trykte, ikkje nyttast av historikarane som kom etter Schreiner. Byarkivet i Lübeck vart nemleg evakuert under andre verdskrigen for å unngå krigsskade, men hamna dermed etter krigen bak Jernteppet og var utilgjengeleg. Historikarane som har skrive etter krigen, har nytta tyske kjelder i den grad dei har vore trykte i kjeldesamlingar. Men dette gjeld slett ikkje alle enkeltkjeldene frå så langt fram i tid som slutten av 1400-talet. Først i tida 1987 til 1998 vart arkivet returnert til Lübeck, og i 2002 var ein ny arkivkatalog ferdig, slik at

³⁵ Thorolf Rafto, "Hansan - Norge," i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder, bd. VI*, red. Finn Hødnøbø (Oslo: Gyldendal norsk forlag, 1961).

³⁶ Lars Hamre, *Norsk historie frå omlag år 1400 - Førelsingar* (Oslo: Universitetsforlaget, 1968), 138-140.

³⁷ Johan Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre* (Oslo: I komm. hos Jacob Dybwad, 1941), 12.

materialet vart oversiktlig.³⁸ Eg har dermed hatt tilgang til fleire enkeltkjelder som ikkje var tilgjengelege for historikarane som skreiv om dette temaet på andre halvdel av 1900-talet. Denne granskinga vil difor vera konsentrert om ein grundig gjennomgang av Kontoret sin korrespondanse frå perioden 1490 til 1510. Brev som Kontoret sjølv skreiv, utgjer den største delen av kjeldene som omhandlar Kontoret i denne perioden.

Eg har funne 36 brev som er sendt frå Kontoret i Bergen i perioden 1490 til og med 1510. Ei liste over desse breva finst i vedlegg 1. Dei 36 breva har 9 ulike adressatar: 15 til Bergenfararkompaniet i Lübeck, 5 til hansedagar eller mindre forsamlingar av Lübeck og andre byar, 4 til byrådet i Rostock, 3 til kong Hans, 3 til byrådet i Lübeck, 2 til byrådet i Wismar, 1 til byrådet i Deventer, 1 til byråda i Deventer, Kampen og Zwolle, 1 til Henrik Krummedike og 1 til Axel Olavsson. Eg vil gå grundig gjennom desse breva, for å få oversikt over kva saker Kontoret engasjerte seg i, kven det korresponderte med og kvifor. Brev frå Kontoret til Bergenfararkompaniet i Lübeck har særskilt stor interesse, fordi Bergenfararkompaniet bestod av handelspartnarane til kjøpmennene på Kontoret. Det er altså her snakk om korrespondanse mellom nære samarbeidspartnarar. Det er naturleg å gå ut frå at denne korrespondansen i stor grad gir eit nøkternt bilete av røynda i Bergen, og i mindre grad enn brev til til dømes kongen eller byrådet i Lübeck er meint å påverka mottakaren med tendensiøs eller uriktig framstilling av hendingar. Denne korrespondansen har dessutan vore lite påakta av tidlegare historikarar og kjeldeutgivarar. Seks av dei åtte breva frå Kontoret som ikkje er trykte, er brev til Bergenfararkompaniet i Lübeck.

Åtte av dei 36 breva frå Kontoret er ikkje trykte i nokon kjeldesamlingar.³⁹ Desse er tilgjengelege i byarkivet i Lübeck, seks stykke i Bergenfarararkivet (Bgf.) og to i avdelinga Externa Danica (ED). 25 av dei 36 breva frå Kontoret er trykte, fullstendig, i utdrag eller i samandrag, i ei eller fleire kjeldesamlingar: Tretten i Hanserecense (HR), ti i Norges gamle Love (NGL), sju i Hansisches Urkundenbuch (HUB) og fem i Diplomatarium Norvegicum

³⁸ Antjekathrin Graßmann, "Einleitung," i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann (Lübeck: Schmidt - Römhild, 2005), 7.

³⁹ Desse finst transkribert i vedlegg 3 – 10.

(DN).⁴⁰ Til sist er sju av breva trykte i ein artikkel av Edvard Bull i Bergens historiske forening skrifter frå 1927, med omsetjing.⁴¹

Andre kjelder eg vil utnyttja er brev skrivne til Kontoret, som også har blitt bevarte i Bergenfarararkivet, men i mindre grad. Eg vil òg nytta andre kjelder som omtalar Kontoret. Referat frå forhandlingane på hansedagane, dei såkalla hanserecessane, omfattar stundom referat av brev frå Kontoret i Bergen, eller saker som Kontoret la fram for hansedagen. I tillegg kjem regelverket for Kontoret, kontorordinansane. Eg har gått grundig gjennom kjeldesamlingane Hanserecesse, Hansisches Urkundenbuch og Diplomatarium Norvegicum for å finna kjelder frå denne perioden som omtalar Kontoret i Bergen.

29 av dei 36 breva frå Kontoret er oppbevarte i Lübeck. 22 av dei finst i Bergenfararkompaniet i Lübeck sitt arkiv. Bergenfararkompaniet hadde hand om arkivet sitt til det vart lagt ned i 1853. Etter dette tok byen Lübeck over arkivet, som i 1927 vart overført til statsarkivet i Lübeck.⁴² 14 av dei 22 breva er adresserte til Bergenfararkompaniet. 13 av desse er originalar, som ein må gå ut frå har vore oppbevarte i bergenfararane sitt arkiv i Lübeck sidan dei vart mottekne, medan eitt brev er ei avskrift.⁴³ Det er uvisst når denne avskrifta vart gjort. I tillegg vart det sendt avskrifter til Bergenfararkompaniet i Lübeck av brev som Kontoret i Bergen har sendt til andre byar, til orientering. Dette gjeld eitt brev til byråda i dei zuidersjøiske byane Deventer, Kampen og Zwolle, eitt til byråda i Lübeck, Hamburg og Bremen, eitt til den vendiske bydagen i Lübeck i 1505 og eitt til hansedagen i Lübeck i 1507.⁴⁴ Tre avskrifter av brev med same datering i 1498 er samla i eit hefte, eitt av dei skrive til hansedagen i 1498, eitt til hansedagen og byrådet i Lübeck og eitt berre til byrådet i Lübeck. I arkivkatalogen er desse kalla konsept.⁴⁵ Endeleg er eitt av breva i

⁴⁰ *Hanserecesse 3, Hanserecesse von 1477-1530, bd. 3-6* (Leipzig, 1888-1899); *Norges gamle Love, Anden række, 1388-1604, bd. 3* (Oslo, 1966-1981). *Hansisches Urkundenbuch, bd. 11 – 1486 bis 1500* (Halle, 1916). *Diplomatarium Norvegicum: Oldbreve til Kundskab om Norges indre og ydre Forhold, Sprog, Slægter, Sæder, Lovgivning og Rettergang i Middelalderen, bd. I-XXII* (Oslo, 1847-1995).

⁴¹ Edvard Bull, "Bergen og Hansestædene - Nogen oplysninger fra nordtyske arkiver," *Bergen Historiske Forening Skrifter*, nr. 33 (1927).

⁴² Georg Asmussen, "Einleitung," i *Archiv der Bergenfahrerkompanie zu Lübeck und des Hansischen Kontors zu Bergen in Norwegen von (1278) bzw. 1314 bis 1853*, red. Georg Asmussen, Ulrich Simon og Otto Wiehmann, *Findbücher* (Lübeck: Archiv der Hansestadt Lübeck, 2002), 24.

⁴³ Avskrifta er eitt av breva i AHL, Bgf. 868; trykt i DN XVI, 339; kjelde nr. 27 i tabell 1.

⁴⁴ AHL, Bgf 1017; trykt i DN XVI, 340 / NGL II, 3, 397, tillegg 3; kjelde nr. 29 i tabell 1. AHL, Bgf 869; trykt i NGL II, 3, 393 / Bull: 196; kjelde nr. 24 i tabell 1. AHL, Bgf 929; trykt i HR III, 5, 63; kjelde nr. 32 i tabell 1. HR III, 5, 251 / DN XVI, 345; kjelde nr. 34 i tabell 1.

⁴⁵ AHL, Bgf 928; trykt i HR III, 4, 67-69; kjelde nr. 16-18 i tabell 1.

bergenfarararkivet skrive frå Kontoret i Bergen til kong Hans.⁴⁶ Dette finst i to utgåver. Det eine er eit konsept, medan det andre ser ut til å vera det ferdige brevet, med adressat og seglrestar.⁴⁷ Korleis dette brevet har hamna i bergenfararane sitt arkiv er uklart.

Sju av breva (nr 1, 4, 5, 6, 7, 8 og 36) har vore oppbevart i byarkivet i Lübeck, under arkivsignaturen ”Externa Danica”. Dette gjeld altså brev som har vore i Lübeck sitt byarkiv og ikkje i Bergenfararkompaniet sitt eige arkiv. Fem av desse, med omtrent lik datering, til kong Hans, Axel Olavsson, Henrik Krummedike, byrådet i Rostock og byrådet i Lübeck, er avskrifter som finst i eitt og same hefte, som ser ut som ei form for kopibok som må ha blitt ført i Bergen.⁴⁸ Eitt brev er ein original av eit brev til Bergenfararkompaniet i Lübeck, som av uvisse grunnar har hamna i byen sitt arkiv.⁴⁹ Eitt brev er skriva til byrådet i Lübeck. Det er trykt i HUB, der det blir skildra som ei avskrift, medan Edvard Bull, som òg trykte det, skildra det som ein original utan segl.⁵⁰

Resten av breva har vorte trykte etter originalar i andre arkiv. Dei to breva som vart skrivne til byrådet i Wismar, tre av breva til byrådet i Rostock og brevet til byrådet i Deventer vart trykte i HUB etter originalar i byarkiva i høvesvis Wismar, Rostock og Deventer, der ein må gå ut frå at dei har vore lagra sidan dei vart mottekne.⁵¹ Eitt brev til kong Hans vart trykt i Hanserecesse etter original i det danske riksarkivet i København.⁵²

I arbeidet med denne avhandlinga har eg lese breva som er oppbevart i byarkivet i Lübeck og byarkivet i Wismar i original. For dei kjeldene som er trykte har eg òg brukt dei trykte utgåvene. Eg har ikkje oppdaga nokon vesentlege forskjellar mellom innhaldet i dei trykte utgåvene og originalmanuskripta, med unntak for ei feillesing hjå Edvard Bull, som er nemnt nedanfor. Som tabell 1 viser, er nokon av kjeldene berre trykte i registar eller meir eller mindre fylldige utdrag. For desse kjeldene har eg òg brukt originalmanuskripta, der desse finst i byarkiva i Lübeck eller Wismar.

⁴⁶ Konge av Noreg 1483-1513.

⁴⁷ AHL, Bgf 1415 & 1417; trykt i HR III, 3, 18; kjelde nr. 2 i tabell 1.

⁴⁸ AHL, ASA Externa Danica 978; kjelde nr. 4-8 i tabell 1.

⁴⁹ AHL, ASA Externa Danica 695; trykt i HR III, 6, 86; kjelde nr. 36 i tabell 1.

⁵⁰ HUB XI, 398 / NGL II, 3, 387 / Bull: 148; kjelde nr. 1 i tabell 1.

⁵¹ HUB, XI, 597; 767; 736; 738; 968; 1067; kjelde nr. 3, 13, 10, 12, 15 og 19 i tabell 1.

⁵² HR III, 5, 579; kjelde nr. 35 i tabell 1.

Alle kjeldene eg har funne som vart produserte på Kontoret i denne perioden, er skrivne på mellomnedertysk. Latin gjekk ut av bruk i hansaen sin interne handelskorrespondanse i løpet av 1300-talet.⁵³ Den utgåande korrespondansen til Kontoret i Bergen vart skriven på mellomnedertysk fram til om lag 1580, då høgtysk overtok.⁵⁴ Det er verd å merka seg at også breva til kong Hans og dei danske adelsmennene Henrik Krummedike og Axel Olavsson er skriven på mellomnedertysk. Språket skaper metodiske problem som det er viktig å vera merksam på. Mellomnedertysk er eit utdøydd språk som er vanskelegare å handsama enn til dømes norrønt eller latin, fordi det ikkje finst normaliserte stavemåtar, eller moderne læreverk om språket. Det finst fleire døme på at dette har skapt problem for erfarne historikarar. Ulike historikarar har ofte lese kjeldene ulikt. Arnved Nedkvitne var usamd med Kåre Lunden om tydinga av ordet *geen* på 1970-talet. Der Lunden las verbet "reise", las Nedkvitne adverbet "ingen", med store konsekvensar for tydinga av den aktuelle kjelda.⁵⁵ Edvard Bull var usamd med Halvdan Koht om lesinga av manuskriptet til eit brev som vart skriven på Kontoret 2. oktober 1501 – der Koht har lese *in der Sage* og omsett det med "i Sogn", har Bull lese *in der dage* og omsett det med "i disse dager".⁵⁶ Manuskriptet viser her at Koht hadde rett. I dette arbeidet har eg nytta August Lübben si ordbok "Mittelniederdeutsches Handwörterbuch", Agathe Lasch sitt grammatikkverk "Mitteldiederdeutsche Grammatik" og Olav Brattegard sitt verk som særskilt omhandlar språket blant hanseatane i Bergen, "Geschäftssprache des Hansischen Kaufmanns zu Bergen".⁵⁷

⁵³ Olav Brattegard, *Die Mittelniederdeutsche Geschäftssprache des Hansischen Kaufmanns zu Bergen* (Bergen: A.S John Griegs Boktrykkeri, 1945), 22.

⁵⁴ *Ibid.*, 9.

⁵⁵ Arnved Nedkvitne, "Stapelreguleringer, handelsveier og varekvanta i bergenshandelen i seinmiddelalderen," *Historisk Tidsskrift* 57 (1978): 60.

⁵⁶ Halvdan Koht, *Norsk bondereising* (Oslo: Pax forlag, 1975), 62. Bull: 193-194.

⁵⁷ August Lübben, *Mittelniederdeutsches Handwörterbuch* (Darmstadt: Wissenschaftliche Buchgesellschaft, 1965). Agathe Lasch, *Mittelniederdeutsche Grammatik*, 2. utg. (Tübingen: Max Niemeyer Verlag, 1974). Brattegard.

2 – HISTORIOGRAFI

Norsk historieskriving om hanseatane har hovudsakleg fokusert på forholdet deira til det norske samfunnet, og vore mindre oppteke av Kontoret i Bergen sin plass innanfor hansaforbundet. I eldre norsk historieskriving var det generelle synet på dei hanseatiske kjøpmennene negativt, og det ein kan kalla eit nasjonalt konfliktperspektiv var dominerande. Hovudinnvendingane mot hanseatane kan samanfattast som at dei totalt dominerte den norske utanrikshandelen, og slik hindra framveksten av eit norsk borgarskap. Dessutan skal dei ha teke seg til rette, oppført seg hovmodig andsynes nordmennene og fungert som ein stat i staten. Desse synspunkta finn ein allereie hjå P. A. Munch midt på 1800-talet, når han skriv om forholda på 1300-talet.⁵⁸ Desse haldningane må sjåast i samband med nasjonsbyggingsfasen som Noreg var inne i på denne tida. Hanseatane si stormaktsperiode i Noreg vart sett på som ei tid då Noreg låg nede, slik dei koloniserte områda i Afrika og Asia gjorde på den tida desse historikarane arbeidde.

Ein av dei nasjonalt orienterte historikarane som skreiv mykje om tilhøva mellom hanseatane og Noreg i seinmellomalderen var Absalon Taranger, i band 3 av fleirbandsverket ”Norges historie”.⁵⁹ Taranger sitt nasjonale konfliktperspektiv kan stå som typisk for norske historikarar frå denne perioden. Verket hans ikkje ei spesialanalyse av tilhøvet til hanseatane, men dei får stor plass i framstillinga. Han fokuserte på det han meinte var nordmennene sin stadige strid med hanseatane fordi han meinte dette var ei sjølvstendig norsk politisk rørsle, som til slutt nådde målet sitt, nemleg avskaffinga av hanseveldet i Noreg.⁶⁰ Striden mot hanseatane gav dermed Taranger eit lyspunkt som kunne trekkjast fram som døme på nasjonal styrke under den elles mørke dansketida. Taranger sitt band av ”Norges historie”, som omhandla perioden 1319 – 1537, kom ut, som del 1 og del 2, i 1915 – 1917. Dette var altså kort tid etter at den moderne unionsstriden var blitt sluttført med gjenreisninga av det sjølvstendige kongeriket i 1905 og analysen hans er klart prega av norsk nasjonalisme. Han trekte opp eit bilete av ein stadig maktkamp mellom nordmennene, representert ved anten riksrådet eller handlekraftige enkeltpersonar i Noreg, og hanseatane.

⁵⁸ P. A. Munch, *Det norske Folks Historie*, , bd. II (Christiania: Tønsbergs Forl., 1862), 255.

⁵⁹ Absalon Taranger, *Norges Historie, Tredje binds første del - Tidsrummet 1319-1442*, (Kristiania: H. Aschehoug & Co., 1915). Taranger, *Norges historie*, 3. bd. II.

⁶⁰ Taranger, *Norges historie*, 3. bd. II, 11.

Den norske historikaren som i størst grad gjorde hanseatane til hovudtema for forskinga si var Johan Schreiner. I 1935 kom han med boka "Hanseatene og Norges nedgang",⁶¹ i 1941 kom "Hanseatene og Norge i det 16. århundre"⁶² og han behandla også tilhøvet til hanseatane i "Pest og prisfall" frå 1948.⁶³ Grethe Authén Blom skreiv i 1957 at Schreiner var den einaste som inngåande hadde analysert tilhøvet mellom norske styresmakter og hanseatane gjennom heile perioden dei var dominerande i Noreg.⁶⁴ Schreiner si framstilling gir eit bilete av ein total hanseatisk dominans gjennom fleire hundre år, som var til stor skade for landet og eit vesentleg moment i rikets nedgang. Hovudtesen hans var at Hansaen sin totale dominans var større i Noreg enn i noko anna land. Dette kom av at Noreg var heilt avhengig av kornet som hanseatane frakta frå Austersjøen, sjølv i gode år.⁶⁵ Hanseatane utnytta dette i forhandlingar med norske kongar. Ein hanseatisk handelsblokade var eit så effektivt trugsmål at nordmennene gong på gong måtte gi seg.⁶⁶ I Schreiner si framstilling er polariseringa total - det som var bra for hanseatane var dårleg for Noreg, og ordet nasjonal vert brukt om all antihanseatisk politikk.⁶⁷ Alle former for samarbeid eller teikn til gode forhold mellom hanseatane og det norske riksrådet blir forklart med at Noreg var avhengige av eit godt forhold til hanseatane grunna uår eller trugsmål om handelsblokade.⁶⁸

Medan norske historikarar fokuserte på Kontoret si påverking på Noreg, såg tyske historikarar meir på Kontoret sin plass innanfor Hansaforbundet. Den fremste tyske historikaren som tidleg på 1900-talet jobba med forhold knytte til Bergen, var Friedrich Bruns. Han gav i 1900 ut verket "Die Lübecker Bergenfahrer und Ihre Chronistik".⁶⁹ Boka fokuserer på tilhøva i Bergen i mellomalderen og er framleis eit nøkkelverk for forskning på Kontoret i Bergen i denne tida. Bruns si bok er dels ei kjeldesamling med hanseatiske krøniker og bergengarartestament. Men i tillegg til å gjera viktige kjelder tilgjengelege, analyserte Bruns òg desse kjeldene og gav ein analyse av mange ulike aspekt ved den hanseatiske handelen på Bergen og korleis han var organisert, særleg organiseringa av Bergenfararkompaniet i Lübeck. Bruns behandla i mindre grad tilhøva i Bergen, men fokuserte på Bergenshandelen

⁶¹ Johan Schreiner, *Hanseatene og Norges nedgang* (Oslo: Steenske forlag, 1935).

⁶² Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*.

⁶³ Johan Schreiner, *Pest og prisfall i senmiddelalderen: et problem i norsk historie* (Oslo: Dybwad, 1948).

⁶⁴ Grethe Authén Blom, "Norge," i *Det nordiske syn på forbindelsen mellem hansestæderne og Norden* (Århus: Det nordiske historikermøde i Århus 7.-9. august 1957, 1957), 45.

⁶⁵ Schreiner, *Hanseatene og Norges nedgang*, 38.

⁶⁶ *Ibid.*, 80.

⁶⁷ Til dømes vert høvedsmannen på kongsgarden i Bergen, Olav Nilsson, sine antihanseatiske tiltak på 1450-talet rekna som ei "nasjonal reisning mot kontoret". *Ibid.*, 143.

⁶⁸ Til dømes Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 37-38.

⁶⁹ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*.

sett frå Lübeck. Mange av funna til Bruns danna grunnlaget for det seinare synet på den hanseatiske handelen på Bergen i mellomalderen. Han slo fast at kjøpmenn frå Lübeck dominerte Kontoret i Bergen i seinmellomalderen, mellom anna gjennom ei undersøking av heimbyen til kjente oldermenn på Kontoret.⁷⁰

På Bruns si tid var det éin nordmann som skilde seg ut med interesse for hanseatane på deira eigne premissar. Kristian Koren Wiberg var sjølv lært historikar og arkeolog. Han kom inn i denne verksemda gjennom å vera direktør for Hanseatisk Museum i Bergen.⁷¹ Som historikar konsentrerte han seg om Bergens historie, og for han var hanseatane ein naturleg del av det bergenske bysamfunnet. I 1932 kom boka "Hanseaterne og Bergen – Forholdet mellom de kontorske og det bergenske bysamfund".⁷² Her skriv han, i større detalj enn dei norske historikarane før han, om interne forhold blant hanseatane på Bryggen og om kva forhold dei hadde til resten av byen. Koren Wiberg opponerte mot det fiendebiletet av hanseatane som andre norske historikarar i samtida sette opp. Han fokuserte meir på dei lange fredsperiodane enn på dei dramatiske enkelthendingane og hevda at sjølv om det fanst motsetningar, må forholdet mellom hanseatane og nordmennene ha vore prega av vennskap og samarbeid og vore til gjensidig nytte. Verket til Koren-Wiberg er bygd på omfattande arbeid med dei gamle hanseatiske arkivkjeldene i Lübeck. Det kan til tider vere vanskelig å sjå kor han har informasjonen sin frå, når han baserer seg på kjelder og når han, med ein form for retrospektiv metode, ekstrapolerer forhold i mellomalderen ut frå kjelder frå nyare tid. Verket hans står likevel som det nærmaste me har ein monografi om Bryggen.⁷³

I 1957 presenterte Grethe Authén Blom avsnittet om Noreg på det nordiske historikarmøtet i Århus. Temaet for møtet var "Hansestæderne og Norden".⁷⁴ Ho tok eit oppgjær med dei nasjonalistiske haldningane til tidlegare historikarar. Johan Schreiner fekk ros for å ha gått grundig til verks utan å vera bunden av gamle synsmåtar, men ho gav likevel god plass i artikkelen sin til motargumentasjon mot Schreiner, og hans "svakt underbygde" synspunkt.⁷⁵ Authén Blom si avvising av nasjonalistiske innfallsvinklar opna vegen for meir nøktern historieskriving om temaet.

⁷⁰ Ibid., IX-XXIX.

⁷¹ Geir Atle Ersland, "Johan Christian Koren Wiberg, byhistorie og kulturminnevern," *Bergen Historiske Forening Skrifter* 85/86 (1988).

⁷² Christian Koren Wiberg, *Hanseaterne og Bergen - Forholdet mellem de kontorske og det bergenske bysamfund* (Bergen: A.S John Griegs Boktrykkeri, 1932).

⁷³ Ersland, "Johan Christian Koren Wiberg."

⁷⁴ Authén Blom.

⁷⁵ Ibid.

Eit vendepunkt i norsk historieforskning om hanseatane kom i 1967 då Kåre Lunden publiserte artikkelen "Hanseatene og norsk økonomi i seinmellomalderen" i *Historisk Tidsskrift*.⁷⁶

Lunden dreidde søkjelyset vekk frå politisk historie og gjekk inn i ein djuptgåande økonomisk og ernæringsfysiologisk analyse av hanseathandelen.⁷⁷ Han meinte å kunne påvisa at den hanseatiske kornimporten i mellomalderen berre var stor nok til å dekkja energibehovet for om lag 4000 menneske i eitt år, noko som skulle dekkja 2 % av det totale energibehovet for den norske befolkninga.⁷⁸ Han angreip dermed grunnlaget for Schreiner sin hovudtese, det at Noreg var avhengig av hanseatisk kornimport for å overleva.

Delar av Lunden sin artikkel vart imøtegått av Arnved Nedkvitne, som i hovudoppgåva si frå 1975 meinte å kunne påvisa feilkjelder i Lunden sine utrekningar.⁷⁹ Dette utløyste debatt mellom dei to i *Historisk Tidsskrift* på 1970-talet. I 1983 kom Arnved Nedkvitne si doktorgradsavhandling "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600".⁸⁰

Nedkvitne utførte eit omfattande arbeid med kjeldematerialet for å slå fast omfanget av hanseatane og andre sin handel på Bergen i mellomalderen. Han enda opp med å støtta Lunden i å avfeia Schreiner sitt syn på den norske avhengigheita av kornvarer. Nedkvitne finn ingen teikn på at Noreg var meir avhengig av hanseatiske importvarer enn dei andre landa hanseatane handla med.⁸¹ Heller ikkje truga hanseatane seg til maktposisjonar i Noreg ved trugsmål om handelsblokade.⁸² Det som gjorde hanseatane overlegne i norsk utanrikshandel var den sterke organisasjonen og kapitalstyrken deira.⁸³ Både Lunden og Nedkvitne forkasta dessutan det gamle synet om at hanseatane sin handel utbytta dei norske fiskarbøndene.⁸⁴ Nedkvitne framhevar at systemet med kreditthandel og binding til éin kjøpmann på Kontoret var til nytte for dei norske fiskeselarane, fordi det sikra dei tryggleik og stabilitet.⁸⁵

⁷⁶ Kåre Lunden, "Hanseatene og norsk økonomi i seinmellomalderen," *Historisk tidsskrift* 46 (1967): 97-128.

⁷⁷ *Ibid.*: 97.

⁷⁸ *Ibid.*: 124.

⁷⁹ omtalt i Arnved Nedkvitne, "Omfanget av tørrfiskeeksporten fra Bergen på 1300-tallet," *Historisk Tidsskrift* (1976): 340-355.

⁸⁰ Nedkvitne, "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600".

⁸¹ *Ibid.*, 252.

⁸² *Ibid.*, 250.

⁸³ *Ibid.*, 390-391.

⁸⁴ Lunden: 125. Arnved Nedkvitne, "How Important was Hansa Trade for the Norwegian Economy," i *Norwegen und die Hanse*, red. Volker Henn og Arnved Nedkvitne (Frankfurt am Main: 1994).

⁸⁵ Nedkvitne, "How Important was Hansa Trade," 12.

Samstundes meinte Nedkvitne òg at hanseatane hadde ei sterk militær stilling i Bergen, og kunne beherska byen militært om dei ville, noko dei kunne bruka til å utøva politisk makt.⁸⁶

Lars Hamre er den nyare norske historikaren som har stått for den breiaste granskinga av norsk politisk historie i seinmellomalderen. Førelasingane hans om norsk historie frå 1400 til 1537 har blitt utgitt i tre bøker.⁸⁷ Hamre sin styrke er ei inngåande undersøking av kjeldematerialet for perioden, men han hadde ikkje tilgang til dei lybske arkivkjeldene, som på denne tida var forsvunne bak Jernteppet. Han var medviten om den påverknaden den norske nasjonale sjølvhevinga på 1800-talet og tidleg på 1900-talet hadde på historikarane frå den tida.⁸⁸ I framstillinga si prøvde han å leggja denne bak seg og framstilla hendingane under dei ulike konfliktane mellom hanseatar og nordmenn utan for mange moralske dommar over aktørane. Hamre gir likevel dei dramatiske hendingane som er mykje omtalt i kjeldene, som til dømes drapet på Olav Nilsson i 1455, brei omtale, og dei dominerer framstillinga av tilhøvet til hanseatane.⁸⁹ Sjølv om Hamre ikkje i like stor grad som eldre historikarar kjem med moralske fordømingar av hanseatane, endar han dermed likevel i stor grad opp med fokus på konfliktane mellom hanseatar og nordmenn.

Den siste breie framstillinga av Kontoret i Bergen i mellomalderen er den som Knut Helle skreiv i 1982 i første bandet i "Bergen bys historie", som dekkar tida fram til 1536. Helle går i stor detalj inn i handelsverksemda til hanseatane i Bergen. På same måte som hjå Koren Wiberg er hanseatane for Helle ikkje berre er eit framandelement, men ein del av byen. Dermed får den indre organiseringa av hanseatane sitt kontor og verksemda deira i Bergen brei omtale, som ein del av Bergens historie. Konfliktfokuset er sterkt dempa, noko som òg heng saman med at hendingshistorie ikkje er så viktig for Helle. Han prøver ikkje å avvisa at konflikthar fanst, men han legg vekt på å trekkja fram døme på samarbeid mellom dei to gruppene.⁹⁰ Helle legg dessutan vekt på å unngå den monolittiske framstillinga av hanseatane som ein gjerne fann blant eldre historikarar. Hanseatane var på ingen måte ei einsarta gruppering, og om det fanst konflikthar mellom dei og nordmennene, fanst det òg konflikthar internt blant hanseatane.⁹¹ Helle går ikkje i stor detalj inn på forholdet mellom Kontoret og

⁸⁶ Nedkvitne, "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600", 267.

⁸⁷ Hamre, *Norsk historie frå omlag år 1400*. Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*. Lars Hamre, *Norsk politisk historie 1513-1537* (Oslo: Samlaget, 1998).

⁸⁸ Hamre, *Norsk historie frå omlag år 1400*, 4.

⁸⁹ *Ibid.*, 140.

⁹⁰ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 772.

⁹¹ *Ibid.*, 792.

det hanseatiske forbundet, og nemner ingenting om at Kontoret kunne ha nokon stor grad av sjølvstyre i forhold til hansabyane.

På 1990-talet kom bergenfarararkivet tilbake til Lübeck og har sidan 2002 vore tilgjengeleg for publikum og historikarar med ein ny, fullstendig arkivkatalog.⁹² Dette har ført til ny interesse for forskning på Kontoret i Bergen, noko som vart markert med ein "international workshop i Lübeck" i 2003, med den tilhøyrande artikkelsamlinga "Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer – International Workshop Lübeck 2003".⁹³ Med unntak for Geir Atle Ersland i Noreg, blir den nye forskinga hovudsakleg gjort av ikkje-norske historikarar.⁹⁴ Med dei hanseatiske arkiva som hovudkjelde er det naturleg for desse å ha hovudfokus på interne hanseatiske forhold, akkurat som det var i den eldre tyske historiografien. To nye doktorgradsavhandlingar har komme dei siste åra med bakgrunn i arkivmaterialet i Lübeck. Justyna Wubs-Mrozewicz si avhandling "Traders, Ties and Tensions" fokuserer på tilhøvet i Bergen mellom hanseatar frå dei zuidersjøiske byane, hanseatane frå Lübeck og hollandske, ikkje-hanseatiske kjøpmenn.⁹⁵ Ho opponerer mot det tradisjonelle synet om at dei dansk-norske kongane favoriserte hollandske kjøpmenn som motvekt mot hanseatane. Ho undersøker òg alvoret i konfliktane mellom zuidersjøiske og lybske hanseatar. I tillegg gir ho ein grundig historiografisk gjennomgang av det som er gjort av forskning på Kontoret i Bergen i seinmellomalderen. Mike Burkhardt si doktorgradsavhandling "Die Geschichte des Bergenhandels in Spätmittelalter" fokuserer, gjennom ein prosopografisk analyse, på bergenfararane i Lübeck.⁹⁶ Burkhardt utfordrar det gamle synet til Bruns om at bergenfararane hadde ein låg sosial posisjon innanfor bysamfunnet i Lübeck. Han argumenterer godt for at dei, fram til slutten av 1400-talet var ei prominent borgargruppe, men at stillinga deira vart svekka etter at handelen med Boston i England, som hovudsakleg vart driven via Kontoret i Bergen, vart avbroten på 1480-talet. Burkhardt har òg publisert ei rekkje artiklar med grunnlag i dette arbeidet og

⁹² Antjekathrin Graßmann, red., *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003* (Lübeck: Schmidt-Römhild, 2005), 8.

⁹³ Ibid.

⁹⁴ Mellom anna Ersland, "Was the Kontor in Bergen a topographically closed entity?"

⁹⁵ Justyna Wubs-Mrozewicz, *Traders, Ties and Tensions - The Interaction of Lübeckers, Overijsslers and Hollanders in Late Medieval Bergen* (Hilversum: Uitgeverij Verloren, 2008).

⁹⁶ Mike Burkhardt, *Der hansische Bergenhandel im Spätmittelalter - Handel. Kaufleute. Netzwerke, Quellen und Darstellungen zur hansischen Geschichte* (Köln: Böhlau Verlag, 2009).

magistergradsavhandlinga si, om tilhøve rundt organiseringa av Kontoret i Bergen og bergenshandelen frå Lübeck i seinmellomalderen.⁹⁷

I denne avhandlinga vil eg prøva å sameina det fokuset som norske historikarar har hatt på forholdet mellom Kontoret og det norske samfunnet, med det fokuset tyske historikarar har hatt på interne forhold blant hanseatane. I og med at Kontoret i Bergen eksisterte i like stor grad innanfor både Noreg og innanfor hansaforbundet, vil eg sjå på begge desse aspekta av Kontoret sin eksistens, og korleis dei kan kasta lys over kvarandre. I dette arbeidet vil eg nytta dei arkivkjeldene som nyleg har komme til rette igjen, samstundes som eg dreg nytte av den nye kunnskapen som Lunden og Nedkvitne har funne, og tek avstand frå det nasjonale konfliktperspektivet som dominerte eldre norsk historieskriving.

⁹⁷ Mike Burkhardt, "Die Ordnungen der vier Hansekontore Bergen, Brügge, London und Novgorod," i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann (Lübeck: Schmidt-Römhild, 2005). Mike Burkhardt, "Policy, Business, Privacy - Contacts made by the merchants of the Hanse Kontor in Bergen in the Late Middle Ages," i *Trade, Diplomacy and Cultural Exchange - Continuity and Change in the North Sea Area and the Baltic*, red. Hanno Brand (Hilversum: Verloren, 2005). Burkhardt, "Das Hansekontor in Bergen." Mike Burkhardt, "Testing a traditional certainty: The social standing of the Bergenfahrers in late medieval Lübeck," i *Neue Studien zum Archiv und zur Sprache der Hanseaten*, red. Geir Atle Ersland og Marco Trebbi, *Det Hanseatiske Museums skrifter* (Bergen: Museum Vest - Det Hanseatiske Museum, 2008).

3 – ORGANISERINGA AV KONTORET

Som nemnt i innleiinga kalla Kontoret i mellomalderen seg sjølv *de gemene kopman*, eller berre *de kopman* – Kjøpmannen. Men kven var så Kjøpmannen? Eller for å seia det på ein anna måte, kven var det som utforma Kontoret sin politikk? Om eg har rett i at Kontoret hadde ei meir sjølvstendig stilling enn ein tidlegare har vore merksam på, er det viktig å sjå på korleis den interne organisasjonen på Kontoret var, og om det fanst organ som var i stand til å utforma ein eigen politikk. Frå starten av fanst det to maktorgan på Kontoret: Oldermennene og den allmenne kjøpmannsforsamlinga. Rundt midten av 1400-talet kom det til ein sekretær og 18 såkalla achteinar, som saman med oldermennene utgjorde kjøpmannsrådet. Eg vil undersøkjja desse organa og forholdet mellom dei, først og fremst oldermennene og kjøpmannsforsamlinga, som er dei to organa som har sett flest spor etter seg i kjeldene. I denne samanhengen vil eg trekkja inn arbeidet til den tyske historikaren Ernst Pitz om det han kallar hanseatisk-nedertysk byforfatning.⁹⁸ Pitz set opp ein modell over forfatninga til dei nedertyske byane der borgarmeistrar og byråd i prinsippet ikkje regjerte over, men var identiske med fellesskapet av borgarar i byen. Tanken var at byane i si tid hadde oppstått som ei frivillig samling av borgarar. Borgarane valde eit byråd til å styra byen, men autoriteten til dette rådet låg i at det var oppretta av borgarfellesskapet. Den allmenne borgarforsamlinga var dermed i teorien det høgste maktorganet i byen.⁹⁹ Pitz sin modell utgjør også grunnlaget for kapitlet om hanseatisk forfatning i oversiktsverket til Rolf Hammel-Kiesow om hansaen.¹⁰⁰ Eg vil sjå om ein kan nytta denne modellen for å forklara funksjonen til Kontoret i Bergen. Til slutt vil eg trekkja fram Kontoret i Bergen sin geografiske isolasjon frå hansabyane, og behovet dette gav for ein effektiv organisasjon.

3.1 Oldermenn

Eg vil først sjå på kva me kan seia om oldermennene på Kontoret. Oldermennene (eintal *olderman*, fleirtal *olderlude*¹⁰¹) leia Kontoret i Bergen, men lite er kjend om korleis vervet deira fungerte i seinmellomalderen. Sjølv grunnleggjande spørsmål som kor mange

⁹⁸ Ernst Pitz, *Bürgerreinigung und Städteeinung. Studien zur Verfassungsgeschichte der Hansestädte und der deutschen Hanse* (Köln: Böhlau Verlag, 2001).

⁹⁹ *Ibid.*, 44.

¹⁰⁰ Hammel-Kiesow, 68-89.

¹⁰¹ Lübben, 254.

oldermenn det var, kor lenge dei sat og korleis dei vart valde, har fått ulike svar i litteraturen. Retningslinjer for valet av oldermenn på Kontoret i Bergen finst ikkje i nokon bevarte kjelder frå mellomalderen. Det at ordinansane for Kontoret ikkje inneheld reglar for dette er eit særtrekk ved Kontoret i Bergen i forhold til dei andre tre kontora.¹⁰² Wubs-Mrozewicz argumenterer godt for at valet av oldermann vart gjort av og blant kjøpmennene i Bergen, men ho finn likevel ikkje meir enn indisium for at det var slik.¹⁰³ Dei fleste historikarar går ut frå at dette var tilfelle, men Koren Wiberg meinte derimot at Kjøpmannsrådet vart utpeika frå Lübeck.¹⁰⁴ Burkhardt skriv at det seinast frå midten av 1400-talet vart vald ein ny oldermann kvart år, men han grunngir ikkje denne påstanden nærare.¹⁰⁵

Bruns meinte at det frå starten var seks oldermenn i Bergen, men at talet seinare vart redusert til to.¹⁰⁶ I boka si om sekretæranane på Kontoret skriv han at ein hangedag i 1584 innførte ordninga at to oldermenn skulle byta på å vera ordførande oldermann årleg. I recessen frå denne hangedagen står det at det frå gammalt av (*von alters her*) hadde vore to oldermenn på Kontoret i Bergen.¹⁰⁷ Både talet på oldermenn og funksjonen deira kan altså ha variert gjennom tidene. Men i historieskrivinga opptrer oldermennene ofte som eit statisk omgrep, som betydde det same gjennom heile historia til Kontoret. Helle skriv til dømes at oldermennene fungerte vekselvis, utan noko nærare tidsavgrensing av denne ordninga. Dette har han henta frå Koren Wiberg si framstilling.¹⁰⁸ Koren Wiberg har truleg dette frå Kontoret sine vedtekter frå 1634, som er den eldste utgåva av kontorvedtektene som nemner talet på oldermenn: To oldermenn, som er valde for fem år om gongen, skal utføra embetet vekselvis eitt år om gongen.¹⁰⁹ Helle og Koren Wiberg sine framstillingar byggjer altså på kjelder som er yngre enn 1584 i framstillinga si av dette aspektet ved Kontoret i seinmellomalderen. Dette er eit døme på at historisk litteratur ofte teiknar eit for statisk bilete av Kontororganisasjonen, der endringar og utvikling med tida går tapt.

Mike Burkhardt har nyleg hevda at det seinast frå 1476 berre var éin oldermann i Bergen. Burkhardt baserer dette på eit dokument frå 1476 som slår fast at det skal vera "berre éin

¹⁰² Wubs-Mrozewicz, 86.

¹⁰³ Ibid.

¹⁰⁴ Koren Wiberg, 86.

¹⁰⁵ Burkhardt, "Das Hansekontor in Bergen," 52.

¹⁰⁶ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, VIII.

¹⁰⁷ Bruns, *Die Sekretäre*, 23.

¹⁰⁸ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 744. Koren Wiberg, 86.

¹⁰⁹ Yngvar Nielsen, "Vedtægter for det hanseatiske Kontor i Bergen fra det sextende og syttende Aarhundrede," *Forhandlinger i Videnskabs-selskabet i Christiania Aar 1878* (1879): 21.

oldermann om gongen i Bergen, slik det frå gammalt av har vore vanleg".¹¹⁰ Men som Wubs-Mrozewicz peikar på, inneheld kjeldene fleire døme frå etter 1476 på at det har vore to oldermenn same året.¹¹¹ Burkhardt spekulerer på om den sitjande oldermannen kan ha blitt assistert av forgjengaren og etterfølgjaren sin, noko som kunne føra til at fleire personar vart omtalte som oldermann. Han viser til eit tilfelle frå 1499 der tre personar, Hermen Buck, Hermen von Mynden og Hans Droge, representerer Kontoret.¹¹² Men i Bruns si bok om dei lybske bergenfararane står desse oppgitt som oldermenn for Bergenfararkompaniet i Lübeck på denne tida. Dette går òg klart fram av primærkjeldene.¹¹³ Burkhardt må altså ha misforstått og blanda saman oldermennene på Kontoret i Bergen og oldermennene for Bergenfararkompaniet i Lübeck. Wubs-Mrozewicz gir ein større presentasjon av samanhengen dokumentet frå 1476 vart skriven i. Dei hanseatiske kjøpmennene frå dei zuidersjøiske byane hadde på denne tida valt sin eigen oldermann, noko den etablerte kontoradministrasjonen reagerte sterkt på. Hovudsaka i det omtalte dokumentet var at det var uakseptabelt at zuidersjøarane hadde ein separat oldermann.

I og med dei mange tilvisingane i kjeldene til at Kontoret hadde fleire oldermenn også etter 1476, er det nærliggjande å tenkja at pålegget om at det berre skulle vera éin oldermann er meint å tyda eitt kollegium av oldermenn, altså at zuidersjøarane også skulle la seg representera av Kontoret sine oldermenn.¹¹⁴ Eg er difor samd med Wubs-Mrozewicz i å sjå bort frå Burkhardt sin konklusjon om at det berre var éin oldermann på Kontoret på denne tida.

Breva frå perioden 1490 - 1510 gir ingen klare indikasjonar på kven eller kor mange oldermennene var i denne perioden. Alle dei 35 breva som har oldermennene som avsendar, brukar fleirtalsforma av ordet, *olderlude*, aldri eintalsforma *olderman*.¹¹⁵ Bruken av personleg pronomen i breva er også eintydig. Avsendarane omtalar alltid seg sjølv i fleirtalsform – *wy* eller *wii*. Ei seinare kjelde, Absalon Pederssøns dagbok, nemner i 1561 at "oldermennene og achteinene" var inviterte til lensherren på slottet.¹¹⁶ Igjen blir fleirtalsforma brukt. På

¹¹⁰ Burkhardt, "Das Hansekontor in Bergen," 51. Dokumentet det er snakk om er trykt i NGL II, 2, 430: "So en sal men to Bergen tor tiit nicht mer dan eyner alderman hebben, so dat van oldes gewoentlick ys geweset".

¹¹¹ Wubs-Mrozewicz, 86. Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, XXIV-XXV.

¹¹² Burkhardt, "Das Hansekontor in Bergen," 51-52.

¹¹³ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, 288. AHL, Bgf. 928; trykt i HR III, 4, 67. AHL, Bgf. 868.

¹¹⁴ Wubs-Mrozewicz, 232. Wubs-Mrozewicz sjølv fremmar ikkje denne tolkinga av kjelda.

¹¹⁵ Mellom anna AHL, Bgf. 865; 866; 867; 868.

¹¹⁶ N. Nicolaysen (red.) *Norske Magasin. Skrifter og optegnelser, angaaende Norge og forfattede efter reformationen*, bd. I, (Christiania: Johan Dahls forlagshandel, 1858), 210, 21.2.1563.

grunnlag av alle desse momenta vil eg gå ut frå at det var to oldermenn om gongen på Kontoret i seinmellomalderen.

Kven var så oldermennene? Ei kjelde som har vore ubrukt i forskingslitteraturen fram til nyleg, gir oss meir kunnskap om dette. Frå før har me ei liste som Friedrich Bruns sette opp over kjende oldermenn på Kontoret fram til 1528, basert på dokument frå arkiva, men denne lista er svært sporadisk – han kan berre nemna oldermennene for 14 ulike årstal mellom 1388 og 1528.¹¹⁷ Oldermennene vart sjeldan nemnde ved namn i Kontoret sin korrespondanse. Ingen av dei 36 breva skrivne på Kontoret mellom 1490 og 1510 nemner ein oldermann ved namn. Men Bergenfarararkivet i Lübeck inneheld ei liste over oldermenn på Kontoret frå 1444 fram til slutten av 1600-talet.¹¹⁸ Dette dokumentet omfattar òg ei liste over alle gardane som tilhørde Kontoret i 1449. Ersland har brukt denne lista i drøftinga av utviklinga av Kontoret, og konkluderer med at ho er truverdig, og truleg sett opp på grunnlag av eldre kjelder.¹¹⁹ Lista over oldermenn har ikkje vore brukt i drøftinga av oldermennene på Kontoret før, men ho er brukt av Burkhardt som kjelde i den prosopografiske katalogen hans.¹²⁰ Arkivkatalogen til byarkivet i Lübeck anslår at lista er skriven rundt år 1700 – den siste oldermannen som er nemnd, er frå 1691.¹²¹ Det er altså ikkje snakk om ei samtidig kjelde for seinmellomalderen sin del, men på starten av dokumentet står det at ho er sett opp på grunnlag av gamle protokollar.¹²² Desse gamle protokollane er truleg same slags bøker som framleis er bevart frå 1633 og framover, som "Protokollbücher des Handelsgerichts", og mellom anna omfattar namn på oldermenn og val av oldermenn.¹²³ Denne lista kan òg innehalda lakuner, men ho inneheld mange fleire namn enn Bruns si liste. Ho nemner ikkje nye oldermenn for kvart einskild år, men samstundes nemner ho to oldermenn for fleire år, mellom anna åra 1508 og 1509. Forklaringa på dette må vera at oldermennene kunne sitja i fleire år, og at årstala i lista viser til året då desse oldermennene først vart valde. Dette stemmer overeins med ei kjelde om eit oldermannsval i 1604. Eit brev frå Kontoret til Bergenfararkompaniet datert 19. september 1604 fortel at oldermannen Aleff thor Oeverbeke, som hadde vore

¹¹⁷ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, XXIII-XXV.

¹¹⁸ AHL, Bgf. 614.

¹¹⁹ Ersland, "Was the Kontor in Bergen a topographically closed entity?" 48-49.

¹²⁰ Burkhardt, *Der hansische Bergenhandel im Spätmittelalter*.

¹²¹ Georg Asmussen, Ulrich Simon og Otto Wiehmann, *Archiv der Bergenfahrerkompanie zu Lübeck und des Hansischen Kontors zu Bergen in Norwegen von (1278) bzw. 1314 bis 1853, Findbücher* (Lübeck: Archiv der Hansestadt Lübeck, 2002), 126.

¹²² "Nahmen der Elterleute welche aus der alten protocoll sint zusammen geführt". AHL, Bgf. 614.

¹²³ Geir Atle Ersland, *The Handelsgericht of the Kontor in Bergen* (Upublisert manuskript, 2009), 2. Takk til Geir Atle Ersland for å ha gjort dette manuskriptet tilgjengeleg for meg.

oldermann i fire år, hadde bede seg friteke frå vervet, fordi han ville forlata Bergen. Han fekk til svar at om det var mogleg burde han fortsetja, men elles skulle han få avløyising. Den 9. september 1604 vart så ein ny oldermann, Arendt Meijeringk, samrøystes valt.¹²⁴ I oldermannslista står Arendt Meyeringk oppført på året 1604 og Aleff van Overbeke på 1600.¹²⁵ Sidan den sitjande oldermannen vart beden om å halda fram i vervet etter at han hadde sete der i fire år, verkar det truleg at han i utgangspunktet hadde vore valt for fem år, slik vedtektene frå 1634 slår fast. Det nærmaste ein kjem ei namngjeving av oldermenn i kjeldene frå 1490 - 1510 er ei kjelde som fortel om eit møte mellom ein delegasjon frå Kontoret og norske riksrådar i 1494. Der blir det nemnt kven som førte ordet på Kontoret sine vegner, nemleg ein viss Cordt Hoveman.¹²⁶ Cordt Hoveman vart valt til oldermann på Kontoret i 1490.¹²⁷ Sidan han førte ordet i eit møte med norske riksrådar i 1494, verkar det rimeleg å tru at han framleis var oldermann då, fire år etter at han vart valt. Det verkar altså truleg at oldermennene sat i fleire år i vervet heilt frå seinmellomalderen av. Det finst ikkje støtte i kjeldene for Burkhardt sitt syn om at det vart vald nye oldermenn kvart år. Det er dermed godt mogleg at oldermannslista ikkje inneheld lakuner tilbake til 1477. Men mellom 1448 og 1477 kjem det største gapet i lista, på 29 år. Det er lite truleg at nokon oldermann har sete i vervet så lenge. Det er påfallande at denne lakunen sluttar i 1477, året etter den store bybrannen i 1476, der Bryggen brann ned.¹²⁸ Før dette året inneheld lista berre tre namn, frå 1440-talet. Truleg har protokollane til Kontoret blitt øydelagde i brannen, slik at den som sette saman lista rundt 1700 ikkje hadde samanhengande kjelder frå før 1477. I tillegg nemner Bruns femten namn som oldermenn etter 1444, som ikkje står på denne oldermannslista. Ni av desse skal ha vore oldermenn før 1477.¹²⁹ Det er altså truleg at oldermannslista frå bergenfarararkivet ikkje er komplett for tida før 1477. Men det er all grunn til å tru at dei namna som faktisk står på lista er riktige. Ho er basert på gamle kjelder som ikkje finst lenger,

¹²⁴ "so hatt er erbar Aleff thor Oeverbeke Elterman der dem embte vier jhar langk woll furgestanden, freundlich gebetten (...) wulde man ihn doch mitt der burde und last verschonen und einen andern kiessen (...) Worauff ihm zur antwortt gegeben, wan es mueglich were, so solte ehr bleibe wo aber nicht, solte ein newer zu ihm gekoren werden. (...) alss sein in dem nahmen der heiligen dreijfaltigkeidt, den 9. septembris einhellich gekoren und erwehlett, der erbar und vorsichtige geselle Arendt Meijeringk alterman des kontors zu Bergen." AHL, Bgf. 890, brev frå 19.9.1604.

¹²⁵ AHL, Bgf. 614.

¹²⁶ "Dar denne Cord Hovemann vorgenomet van des kopmans wegen desse nagescreven puncte vortellede unde vorgaff." AHL, Bgf. 865; trykt i HR III, 3, 336 / NGL II, 3, 81 / Bull: 175; kjelde nr. 11 i tabell 1.

¹²⁷ AHL, Bgf. 614.

¹²⁸ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 701.

¹²⁹ Brun Struve (1446), Francke v. Zweten (1452), God. Burmester (1452), Joh. Smyt (før 1453), Hinrik Moller (før 1453), Joh. Krevet (1453), Laur. Lange (1468, 1475), Reymer Hoet (1475), Hans Rosman (1476), Tile Jans (1478), Hans Druckelman (1482), Helmick Helmicksen (1522), Gerth Krudup (1524), Hans Ebbrecht (1524), Arendt Blogck (1528). Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, XXIII-XXV. AHL, Bgf. 614.

men som me veit fanst på Kontoret rundt år 1700 då lista vart sett opp.¹³⁰ Eg vil konkludera med at denne oldermannslista er ei truverdig kjelde, og at det altså no er funne ei meir omfattande liste over oldermennene på Kontoret enn me hadde frå før.¹³¹

Korleis oldermennene vart valde finst det ikkje noko grunnlag for å seia noko om i kjeldene frå 1490 til 1510. Men nyare kjelder frå Bergenfarararkivet i Lübeck fortel eksplisitt om val av oldermenn i Bergen. Brevet frå Kontoret til Bergenfarararkompaniet datert 19. september 1604, som vart nemnt ovanfor, fortalde eksplisitt at Arendt Meijeringk samrøystes vart valt i Bergen den 9. september 1604.¹³² På starten av 1600-talet vart altså oldermannen på Kontoret i Bergen valt i Bergen. Som eg har gjort merksam på, må ein rekna med at det stadig skjedde endringar på Kontoret, og eg kan dermed ikkje seia noko om oldermennene var valde for fem år om gongen også i seinmellomalderen. Men at oldermennene framleis i 1604 vart valde i Bergen, er eit sterkt indisium på at dette også var tilfelle i seinmellomalderen, i og med at den generelle trenden ser ut til å ha vore at hansabyane stramma til kontrollen sin over Kontoret med tida, noko me skal sjå døme på seinare.

Frå 1450 av kjenner ein òg til achteinar, ein administrativ posisjon under oldermennene. Namnet kjem av det nedertyske ordet for atten, fordi det opphavleg var 18 av dei. Talet vart etter kvart redusert til åtte. Det er uvisst når dette skjedde, men Wubs-Mrozewicz meiner det var 18 achteinar iallfall fram til slutten av 1500-talet.¹³³ Saman med oldermennene og sekretæren utgjorde achteinane kjøpmannsrådet, eit slags utøvande organ for Kontoret.¹³⁴ Sidan verken sekretæren eller achteinane eksisterte før om lag 1450, kan heller ikkje dette kjøpmannsrådet ha eksistert før det. Ersland meiner at introduksjonen av ein sekretær og achteinar på denne tida innebar ei omfattande nyorganisering av Kontoret rundt 1440-talet.¹³⁵ Før denne tida er oldermennene og den allmenne kjøpmannsforsamlinga dei einaste organa me kjenner til på Kontoret. Innføringa av kjøpmannsrådet må ha ført til endringar i oppgåva til kjøpmannsforsamlinga. Eg vil no sjå på kva funksjon kjøpmannsforsamlinga kan ha hatt.

¹³⁰ Geir Atle Ersland, "The Archive of the Kontor in Bergen," i *Neue Studien zum Archiv und zur Sprache der Hanseaten*, red. Geir Atle Ersland og Marco Trebbi, *Det Hanseatiske Museums skrifter* (Bergen: Det Hanseatiske Museum, 2008), 21.

¹³¹ Lista er gjengitt i vedlegg 2.

¹³² "...also sein in dem nahmen der heiligen dreijfaltigkeit, den 9. septembris einhellich gekoren und erwehlett, der erbar und vorsichtige geselle Arendt Meijeringk alterman des kontors zu Bergen..." AHL, Bgf. 890, brev frå 19.9.1604.

¹³³ Wubs-Mrozewicz, 87.

¹³⁴ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 744.

¹³⁵ Ersland, *The Handelsgericht*, 3.

3.2 Kjøpmannsforsamlinga

Forsamlinga av alle sjølvstendige kjøpmenn på Kontoret vert som oftast kalla kjøpmannsforsamlinga.¹³⁶ Denne forsamlinga må ha funnest frå starten av Kontoret sin eksistens. Tilsvarande forsamlingar fanst òg på kontora i Brugge, London og Novgorod, der dei mellom anna valde oldermannen.¹³⁷ Den historiske litteraturen har lite detaljar om korleis kjøpmannsforsamlinga i Bergen fungerte. Wubs-Mrozewicz nøyer seg med å skriva at fellesskapet av kjøpmenn, eller *de menheyt*, truleg møttes sjeldan, til møte som vart kalla *morghensprake*.¹³⁸ Knut Helle skriv at kjøpmannsforsamlinga hovudsakleg vart samla for å bli informert om vedtak frå kjøpmannsrådet, men at ho òg kunne ha rådgjevande funksjon.¹³⁹ Koren-Wiberg snakkar om *die grosse Gemeinde*, forsamlinga av alle kjøpmennene på Kontoret, som møttes ein gong i året, og *die kleine Gemeinde*, eit slags representantskap som bestod av den eldste kjøpmannen i kvar gard.¹⁴⁰ Dei høgtyske namna han brukar, tyder på at han har dette frå kjelder som ikkje er eldre enn slutten av 1500-talet.¹⁴¹ Bruns nemner òg i boka si frå 1939 om sekretærarane på Kontoret eit *kleine Kaufmannsgemeinde*.¹⁴² Men som Wubs-Mrozewicz peikar på, nemner han ikkje når denne forsamlinga oppstod. Wubs-Mrozewicz har ikkje funne spor etter henne i kjeldene ho har gått gjennom.¹⁴³ Ingen av breva frå Kontoret frå 1490 til 1510 nyttar omgrepa *grosse* eller *kleine Gemeinde*. Det verkar difor truleg at skiljet mellom *grosse* og *kleine Gemeinde* har oppstått først etter mellomalderen.

Forsamlingar av kjøpmenn blir i kjeldene frå 1490 til 1510 omtala som ”forsamlinga av den allmenne kjøpmannen” (*vorgadderinge des gemeynen kopmans*).¹⁴⁴ Kjeldene omtalar fleire ulike funksjonar som vart utført av denne forsamlinga. Det vart lese opp brev til orientering for kjøpmannsforsamlinga, det vart vedteke nye punkt i Kontoret sitt regelverk her, og brot på

¹³⁶ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 746.

¹³⁷ Wubs-Mrozewicz, 83.

¹³⁸ Ibid.

¹³⁹ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 746.

¹⁴⁰ Koren Wiberg, 86.

¹⁴¹ Høgtysk tok over som skriftspråk på Bryggen rundt 1580. Brattegard, 9.

¹⁴² Bruns, *Die Sekretäre*, 16.

¹⁴³ Wubs-Mrozewicz, 83.

¹⁴⁴ Til dømes ”Juwe breve unde schriffte (...) hebe wy entfangen unde in vorgadderinge des gemeynen kopmans van worden tho worden lesen laten.” (”Me har motteke brevet dykkar og lese det opp i forsamlinga av den allmenne kjøpmannen frå ord til ord.”) AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 22 i tabell 1.

regelverket vart dømt her.¹⁴⁵ Når noko vart vedteke der, var det vedteke ”framfor” eller ”av den allmenne kjøpmannen”.¹⁴⁶ I skildringa av ei sak mot nokon zuidersjøiske kjøpmenn i 1502 står det at kjøpmennene, etter å ha blitt dømt for brot på kontorstatuttane, prøvde å be om nåde frå oldermennene og achteinane, men dei ville ikkje innfri dette fordi dommen hadde falle framfor *den gemeynen kopman*.¹⁴⁷ I dette spesifikke tilfellet må altså uttrykket *gemeyne kopman*, eller den allmenne kjøpmannen, visa til den større kjøpmannsforsamlinga, ikkje berre kjøpmannsrådet, og kjøpmannsrådet hevda at det ikkje hadde autoritet til å overstyra kjøpmannsforsamlinga.

Det er vanskeleg å seia noko om korleis vedtak vart gjort i kjøpmannsforsamlinga, men ordet *eyndracht*, på norsk semje eller samhald, går igjen fleire gonger i kjeldene når Kontoret kunngjer vedtak det har gjort. I eit brev frå 13. oktober 1501 kunngjorde oldermennene at Kjøpmannen og dei (*de gemeyne kopman unde wy*) hadde vedteke *endrachtliken* (med semje) å forby handel på dei gamle norske skattlanda.¹⁴⁸ Den 2. oktober 1501 skreiv oldermennene at *de gemeyne kopman unde wy* hadde vedteke *eyndrachtlich* å halda igjen tre skip i Bergen over vinteren for å styrka forsvaret av Kontoret i samband med Knut Alvsson sitt opprør.¹⁴⁹ I eit brev frå 23. juni 1502 til dei tre zuidersjøiske byane i høve ein pågåande konflikt mellom Kontoret og desse byane, skreiv Kontoret at dei ville svara på zuidersjøarane sine klagar med sine eigne klagar mot zuidersjøarane om ting som dei hittil hadde halde tett med ”for semja si skuld” (*umme eyndracht willen*).¹⁵⁰ Semje har altså vore ein viktig verdi for kjøpmennene på Kontoret. Slik verka Kontoret samla for omverda. Det var ikkje ønskeleg for Kontoret å fortelja om eventuell usemje som hadde eksistert før vedtaket vart gjort. I denne samanhengen

¹⁴⁵ AHL, Bgf. 865; trykt i HR III, 3, 251-252 / Bull: 180-183; kjelde nr. 9 i tabell 1. AHL, Bgf. 869; trykt i NGL II, 3, 393 / Bull: 196; kjelde nr. 24 i tabell nr. 1. AHL, Bgf. 1017; trykt i DN XVI, 340 / NGL II, 3, 397 tillegg 3; kjelde nr. 29 i tabell 1.

¹⁴⁶ ”...vor den gemeynen kopman, dar de sake touorn were vorhandelt”. AHL, Bgf. 1017; trykt i DN XVI, 340 / NGL II, 3, 397 tillegg 3; kjelde nr. 29 i tabell 1.

¹⁴⁷ ”na der tyt hebben sick de gnanten juwe koplude bedacht, vnde synt. myt Llambert Sterte. wedderumme komen, unuorbodet, vor vns dar wy (...) myt den achteyn mannen vorgaddert weren, gnade bogerende, (...) des wy vns alleyn nicht mochten vnderwynnen. Sunder hebben se heten wedder komen vor den gemeynen kopman, dar de sake touorn were vorhandelt...” Ibid.

¹⁴⁸ ”...vnde besunderghen van weghene der Jennen de de teghen desses Rykes vnde des kopmans priuilegie, de vorboden Øylande vnde vnwontlike marckede hyr Jntlant myt kopenschop holden vnde vorsoken (...) vnde in sodaner mathe de gemeyne kopman vnde wy hebben endrachtliken beleuet desser sake haluen eynen Artikel vnde puncte jn vnse des kopmans willekor, tho settende.” AHL, Bgf. 869; trykt i NGL II, 3, 393 / Bull: 196; kjelde nr. 24 i tabell nr. 1.

¹⁴⁹ ”Hyrumme, so hefft de gemeyne kopman unde wy eyndrachtlich belevet unde gesloten dat schipper Schakel unde Schipper Schardinck (...) und schipper Otte van Staveren (...) beth int vorjare (...) umme redelick gelt leggen scholen. AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 192; kjelde nr. 23 i tabell 1.

¹⁵⁰ ”dat wij vmme eyndracht willen behertho vorduldte hebben.” AHL, Bgf. 1017; trykt i DN XVI, 340 / NGL II, 3, 397 tillegg 3; kjelde nr. 29 i tabell 1.

er det interessant å sjå på forhold ved kontoret i London. Der var det forbode å informera ikkje-hanseatar om kva som vart drøfta eller vedteke i kjøpmannsforsamlinga, for å ikkje gi dei informasjon om eventuell indre usemje som dei kunne bruka til skade for Kontoret.¹⁵¹ Dette gjer det samstundes svært vanskeleg for oss i dag å vurderer kor stor makt oldermennene faktisk hadde over forsamlinga, og kva prosessar som førte fram til vedtaka der. Wubs-Mrozewicz meiner at kjøpmannsforsamlinga gjorde vedtak på demokratisk vis ved votering.¹⁵² Tilfellet ho refererer til som eit døme på korleis voteringa gjekk føre seg, minner derimot ikkje om ei votering i vår tyding av ordet. Dette gjeld eit referat frå eit møte i kjøpmannsforsamlinga i 1466. Oldermannen spurde forsamlinga, *de menheyt*, munnleg om kva dei meinte om saka som vart drøfta. Ein del av forsamlinga overdøyva då resten av kjøpmennene ved å ropa ut sitt synspunkt i kor. Først etter at drøftingane hadde gått heilt i stå grunna oppførselen til desse kjøpmennene, bad oldermennene dei om å reisa seg opp slik at ein kunne sjå om dei var i fleirtal i forsamlinga. Dette nekta dei òg å gjera.¹⁵³ Det ser meir ut som det her var snakk om ein ekstraordinær prosedyre for å freista å løysa opp i ein uryddig debatt enn om ei reglementert votering. Ernst Pitz framhevar at i den nedertyske forfatningstypen vart vedtak ikkje fatta ved voteringar, men ved semje – *eyndracht*. Ein kom fram til semje ved å drøfta ei sak heilt til ein kom fram til eit forslag til vedtak som ingen motsa. Det å ikkje seia imot vart då tolka som aktiv støtte til vedtaket, som så vart rekna som vedteke. Teljing av stemmer var ikkje ønskjeleg.¹⁵⁴ Dette synest å passa saman med skildringa av møtet frå 1466. Den eine parten på det aktuelle møtet overdøyvde resten av forsamlinga i håp om at dei skulle gi opp å motseia dei, slik at det skulle verka som om det var semje om deira syn. Først då det vart klart at det ikkje var håp om å oppnå semje, bad oldermennene om ei provisorisk votering.

På Kontoret i London hadde kjøpmannsforsamlinga, der alle sjølvstendige kjøpmenn kunne vera til stades, fleire funksjonar. Ein gong i året valde forsamlinga oldermann. Elles vart ho ofte samla for å drøfta vedtak av nye reglar, eller for å fungera som rettsinstans. Frå 1437 kjenner ein til eit kjøpmannsråd, som gradvis tok over kjøpmannsforsamlinga sine funksjonar.

¹⁵¹ Nils Jörn, "With money and bloode". *Der Londoner Stalhof im Spannungsfeld der englisch-hansischen Beziehungen im 15. und 16. Jahrhundert* (Köln: Böhlau Verlag, 2000), 306.

¹⁵² Wubs-Mrozewicz, 83-84.

¹⁵³ "Se repen hoch, wii scholden uthgan, ze wolden dat husz ok eyne wyle bewaren. Noch both de olderman, ze scholden upstan, dat men mochte zen, welk part dat meste were, ze repen aver, ze hadden des nen behuff." NGL II, 2, 416, tillegg 4.

¹⁵⁴ Pitz, 401.

¹⁵⁵ På starten av 1500-talet tok rådet over rolla til kjøpmannsforsamlinga i vedtak av reglar, og generelt som det høgste organet på Kontoret i London.¹⁵⁶ Det er naturleg å tenkja at ei liknande utvikling har hendt i Bergen. Achteinane er først nemnde i 1450 og sekretæren i 1448. Før dette var oldermennene den einaste valde posisjonen på Kontoret, og kjøpmannsrådet kan ikkje ha eksistert. Den allmenne kjøpmannsforsamlinga må då ha vore den einaste forsamlinga på Kontoret. Som Ersland har peika på, må opprettinga av stillingane som achtein og sekretær, og organet kjøpmannsrådet, ha ført til omfattande endringar på Kontoret. Det er truleg at kjøpmannsrådet i Bergen som i London tok over funksjonar som den allmenne kjøpmannsforsamlinga før hadde hatt. Det at det på denne tida oppstod eit representativt organ på Kontoret, er òg typisk for den politiske utviklinga generelt i Europa i seinmellomalderen. Ei vanlig utvikling i byane i Europa var at makta gjekk over frå allmenne folkeforsamlingar som stadig sjeldnare vart innkalla, til representative byråd, sjølv om suvereniteten framleis låg hjå fellesskapet av borgarar.¹⁵⁷ Utviklinga på kontora i både London og Bergen kan sjåast som eit seint døme på denne utviklinga.

3.3 Forholdet mellom kjøpmannsforsamlinga og oldermennene

Kva kan me så seia om kven Kjøpmannen var? Var det oldermennene, kjøpmannsrådet eller den allmenne kjøpmannsforsamlinga? Eg vil no freista å sjå organisasjonen på Kontoret i lys av den tyske historikaren Ernst Pitz sitt arbeid om hanseatisk-nedertysk forfatningshistorie.¹⁵⁸ Pitz sitt hovudpoeng er at forholdet mellom byrådet og borgarskapet i nedertyske byar bygde på ei oppfatning av identitet mellom dei to, altså at byrådet ikkje var valt for å regjera over, eller på vegner av borgarskapet, men var *identisk* med det. Han meiner at dei tyske byane si rettsoppfatning byggjer på det han kallar *Einungsrecht*.¹⁵⁹ Tankegangen bak var at byane hadde oppstått som ei frivillig samling av frie borgarar, og dette fellesskapet var berarar av byen si myndigheit og sine privilegium. Då det ikkje i praksis var mogleg å styra byen gjennom regelmessige allmøte, oppretta fellesskapet eit byråd og borgarmeistrar til å styra, som Canning òg peika på.¹⁶⁰ Dette må forståast som ei hending som hadde funne stad på eitt tidspunkt i fortida – Pitz meiner ikkje at det vart halde regelmessige, demokratiske val til

¹⁵⁵ Jörn, "With money and bloode", 304-305.

¹⁵⁶ Ibid., 311-313.

¹⁵⁷ J.P. Canning, "Introduction: politics, institutions and ideas," i *The Cambridge history of medieval political thought c. 350-1450*, red. J.H. Burns (Cambridge: Cambridge University Press, 1988), 353.

¹⁵⁸ Pitz.

¹⁵⁹ Ibid., 43.

¹⁶⁰ Ibid., 44. Canning, 353.

byrådet. Men autoriteten til rådet var basert på at det ein gong i tida var oppretta av fellesskapet, og var avhengig av at det handla i tråd med fellesskapet sine ønskje. Dette ytra seg i praksis gjennom at dersom ingen motsa rådet, vart det tolka som uttrykk for semje. Ifølgje Pitz var rådet dermed heller ikkje, formelt sett, overordna borgarane. Fellesskapet av borgarar var det øvste organet i byen, sjølv om det av praktiske årsaker sjeldan vart kalla inn til forsamlingsmøte lenger.¹⁶¹ Makta hadde altså sitt utspring i fellesskapet. Borgarmeistrane kunne fatta vedtak i daglegdagse saker på eiga hand. I viktigare saker kunne byrådet fatta vedtak. Men i dei aller viktigaste sakene, som angjekk alle borgarane, måtte byrådet ha stadfesting frå fellesskapet.¹⁶² Pitz gjer sjølv merksam på at synet hans på hanseatisk-nedertyske forfatningar er ein hypotetisk modell, konstruert på grunnlag av kjeldene, og ikkje skildra i nokon skrift frå mellomalderen.¹⁶³ Men det er interessant å prøva å sjå på forholda på Kontoret i Bergen i lys av Pitz sin modell. Kontoret i Bergen var bygd opp av kjøpmenn frå det nedertyske området, og organiseringa av det må ha bygd på tankegods dei tok med derfrå. Det oppstod som ei samanslutning av frie kjøpmenn, som kom saman for å forsvara interessene sine, og valde eit leiarskap til å styra. Borgarmeistrane i byane tilsvarar då oldermennene på Kontoret, byrådet tilsvarar kjøpmannsrådet med oldermenn og achteinar, og borgarforsamlinga tilsvarar den allmenne kjøpmannsforsamlinga. Fellesskapet, altså i Kontoret sitt tilfelle, den allmenne kjøpmannsforsamlinga, var etter Ernst Pitz sitt arbeid formelt overordna oldermennene og kjøpmannsrådet. Fellesskapet av sjølvstendige kjøpmenn på Kontoret var mindre enn fellesskapet av borgarar i hansabyane, og det var dermed framleis praktisk mogleg å kalla saman alle dei sjølvstendige kjøpmennene på Kontoret til allmøte for å avgjera viktige saker. Kjeldene til korleis vedtak vart gjort på Kontoret, ser ut til å passa godt saman med Ernst Pitz si skildring av korleis den nedertyske byrådsforfatninga fungerte. Den allmenne kjøpmannsforsamlinga gjorde vedtak ved å komma fram til *eyndracht*, eller semje.

Me skal sjå nærare på to tilfelle der omgrepet Kjøpmannen er brukt i kjeldene. Først skal me tilbake til saka med dei zuidersjøiske kjøpmennene, som vart nemnt tidlegare. Etter at kjøpmennene var dømde, kom dei fram for ei forsamling av oldermennene og achteinane og bad om nåde. Oldermennene sa då at dei ikkje hadde myndigheit til å gjera noko med saka, fordi ho var dømt framfor den allmenne kjøpmannen, som her altså må tyda

¹⁶¹ Pitz, 44.

¹⁶² Ibid., 229.

¹⁶³ Ibid., 434-435.

kjøpmannsforsamlinga.¹⁶⁴ Oldermennene påstod altså at dei ikkje hadde makt til å overstyra kjøpmannsforsamlinga. Ein kan ikkje lesa ut frå denne kjelda om heile kjøpmannsforsamlinga i realiteten hadde fungert som domstol. Det er òg mogleg at oldermennene og achteinane hadde dømt, og dommen hadde rettskraft fordi han var felt i nærvere av kjøpmannsforsamlinga. Dette gir ikkje kjeldene grunnlag for å seia noko nærare om. Det er heller ikkje grunnlag for å seia at alle vedtak og dommar på denne tida vart felte i kjøpmannsforsamlinga. Kjøpmannsrådet har openbert hatt oppgåver som dei utførte på eiga hand, i og med at kjelda spesifikt nemner at dei zuidersjøiske kjøpmennene kom tilbake til oldermennene då dei var samla saman med achteinane, altså som kjøpmannsrådet.¹⁶⁵ Det verkar rimeleg at kjøpmannsrådet var samla oftare enn kjøpmannsforsamlinga, og at berre dei viktigaste sakene kom opp for kjøpmannsforsamlinga, akkurat som ein ville forventast av Pitz sin modell. Saka med zuidersjøarane har i så fall vore rekna som så viktig at ho har blitt handsama i den allmenne kjøpmannsforsamlinga, altså det øvste organet på Kontoret. Kjøpmannsrådet med oldermennene og achteinane utgjorde det nest øvste organet, og hadde dermed ikkje høve til å overstyra kjøpmannsforsamlinga.

Men før me konkluderer med at den allmenne kjøpmannsforsamlinga var det organet som kunne kalla seg den allmenne kjøpmannen, skal me sjå på eit tilfelle til. I eit brev frå 28. mai 1501 til Bergenfararkompaniet i Lübeck skriv oldermennene på Kontoret at ”den allmenne kjøpmannen og vi har i semje (*eyndrachtliken*) bestemt å setja inn eit punkt i regelverket vårt når Kjøpmannen kjem saman igjen” om kva straff som skulle ramma kjøpmenn som handla på Island og Vesterhavsoyane.¹⁶⁶ Seinare på året, den 13. oktober, skreiv så oldermennene brev til byråda i Lübeck, Bremen og Hamburg og informerte dei om at ”den allmenne kjøpmannen og vi” nettopp har innført eit slikt punkt i regelverket sitt.¹⁶⁷ Kvifor vedtok Kjøpmannen den 28. mai at dei skulle vedta eit nytt punkt i regelverket ved eit seinare høve, utan faktisk å vedta det? Ernst Pitz si oppfatning av nedertyske byforfatningar seier at byråd og borgarmeistarar var identiske med fellesskapet av borgarar. Borgarmeistrane kunne altså vera byen. Men borgarforsamlinga var òg identisk med både fellesskapet av innbyggjarar og

¹⁶⁴ AHL, Bgf. 1017; trykt i DN XVI, 340 / NGL II, 3, 397 tillegg 3; kjelde nr. 29 i tabell 1.

¹⁶⁵ Ibid.

¹⁶⁶ ”...so hefft de gemeyne kopman und wy nu eyndrachtliken belevet, also de kopm[an we]dder tho hope komet, eyen puncte in unsen wilkor tho settende. Wat pene und broke de jennen dede desse nedderlage gebrek[...] hebben, iffte tho vorsokende dencken derwegen brecken scholen deden desser tyt Yszlande Veroy Hytland und andre vorb[odene ...]nde oylande vorsoken” AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 22 i tabell 1.

¹⁶⁷ Sjå fotnote 148. AHL, Bgf. 869; trykt i NGL II, 3, 393 / Bull: 196; kjelde nr. 24 i tabell 1.

med byrådet.¹⁶⁸ Både borgarforsamlinga og byrådet kunne altså òg vera byen. Overført til Kontoret i Bergen tyder dette at både oldermannen, kjøpmannsrådet og kjøpmannsforsamlinga kunne vera Kjøpmannen, og fatta vedtak i Kjøpmannen sitt namn. Me har dermed ei forklaring på spørsmålet som blir reist av dei to vedtaka frå 1501. Den 28. mai kan det ha vore oldermennene og kjøpmannsrådet som fatta vedtak i Kjøpmannen sitt namn, om at dei ville innføra eit punkt i regelverket om handel på Vesterhavsoyane. Men dette spørsmålet var så viktig at dei venta med å faktisk vedta dette punktet til hausten etter at kjøpstemnet var over, då heile den allmenne kjøpmannsforsamlinga var samla igjen. I begge høve var det likevel, etter kjøpmennene sine tankegang, Kjøpmannen som handla.

Som me har sett var kjøpmannsforsamlinga på denne tida framleis formelt overordna kjøpmannsrådet, sjølv om kjøpmannsrådet truleg i regelen har fungert på eiga hand. Når Helle skriv at kjøpmannsforsamlinga berre hadde rådgivande funksjon i visse saker, og elles berre vart samla for å bli informert om vedtak som allereie var gjort, kan dette vera riktig på eit seinare tidspunkt. Når ein kjem fram i tid til 1600-talet er det tydeleg at til dømes kjøpmannsretten bestod av oldermenn og achteinar, ikkje heile kjøpmannsforsamlinga.¹⁶⁹ Men i perioden som denne undersøkinga omfattar hadde kjøpmannsforsamlinga framleis ein funksjon. Ho må ha vore samla sjeldnare enn kjøpmannsrådet, sjølv om kjeldene ikkje gir grunnlag for å seia kor ofte ho vart samla på denne tida. Kjøpmannsforsamlinga behandla mellom anna brot på regelverket og vedtok nye punkt i regelverket. Kjeldene gjer det ikkje mogleg å bedømme i kva grad forsamlinga kunne gå imot oldermennene sitt syn, og i kva grad forsamlinga var forventa å berre ratifisera kjøpmannsrådet sine vedtak.

3.4 Sekretæren

Ei særstilling på Kontoret hadde sekretæren, den einaste personen som utelukkande dreiv med administrasjon av Kontoret. Eg vil no sjå på kva funksjon han kan ha hatt i utforminga av Kontoret sine vedtak. Ein sekretær på Kontoret er først nemnd i kjeldene i 1448.¹⁷⁰ Sekretæren vart tilsett av Bergenfararkompaniet i Lübeck, som fullmektige for Kontoret i Bergen.¹⁷¹ Dette er eit særtrekk for kontoret i Bergen, og eit døme på Lübeck si dominerande stilling på Kontoret i Bergen. På Kontoret i London vart sekretæren i seinmellomalderen

¹⁶⁸ Pitz, 44.

¹⁶⁹ Ersland, *The Handelsgericht*, 2.

¹⁷⁰ Bruns, *Die Sekretäre*, 11.

¹⁷¹ *Ibid.*, 12.

tilsett av kontoret sjølv.¹⁷² I tillegg til å stå for korrespondansen hadde sekretæren ei framstående stilling i administrasjonen av Kontoret og må ha vore ein høgt vørd mann. Han hadde som oftast universitetsutdanning. Tida i tenesta i Bergen varierte, men dei fleste sekretærane sat iallfall over fem år, og representerte dermed kontinuitet i kontoradministrasjonen.¹⁷³

Conrad Langestroit fungerte som sekretær frå seinast 1491 til 1510. Han var dermed den sekretæren som var lengst i tenesta i seinmellomalderen.¹⁷⁴ Han er nemnd i eit brev frå 1494, då han var med i ein delegasjon som møtte det norske riksrådet på kongsgarden i Bergen.¹⁷⁵ Han er òg nemnd i eit brev frå 1502 som *unseme arme denre Conrado*. Oldermennene uttrykkjer der vonbrot over at ein ikkje har fått oppretta ein prebende (*vicarie*) til han i Mariakyrkja, og ber om at det må kunne ordnast slik at Langestroit blir forsørgt resten av livet med 400 gylden som Kjøpmannen skuldar den avdøde Amelung Rike, ein tidlegare oldermann på Kontoret.¹⁷⁶ Dette kan det ikkje ha blitt noko av på denne tida, sidan Langestroit heldt fram som sekretær i Bergen heilt til 1510. Prebenden i Mariakyrkja må ha vore tenkt som ei slags pensjonsordning for Langestroit. For ein av dei første sekretærane, Kristian von Geren, er det kjent at han vart førespegla ein prebende ved bergensfararalteret i Mariakyrkja i Lübeck då han vart tilsett som sekretær i Bergen.¹⁷⁷

Eitt av dei 36 breva i undersøkinga mi har sekretæren personleg, Conrad Langestroit, som avsendar.¹⁷⁸ Conrad Langestroit skreiv brev i sitt eige namn til Bergenfararkompaniet i Lübeck i 1504 som svar på eit tidlegare brev frå dei. Bergenfararane har altså sendt eit brev direkte til sekretæren, ikkje til oldermennene i Bergen. Langestroit brukar ein stad frasen ”som eg tidlegare har skrive til Clauwes”, openbert Clauwes van Borstell, ein av

¹⁷² Jörn, "With money and bloode", 375.

¹⁷³ Bruns, *Die Sekretäre*, 7, 12. Olav Brattegard, "Über die Organisation und Urkunden des Hansischen Kontors zu Bergen bis 1580," *Bergen Historiske Forening Skrifter* 38 (1932): 258-261. Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 744.

¹⁷⁴ Bruns, *Die Sekretäre*, 7.

¹⁷⁵ "...unde Conradus Langestroit, des kopmans clerick..." AHL, Bgf. 865; trykt i HR III, 3, 336 / NGL II, 3, 81; kjelde nr. 11 i tabell 1.

¹⁷⁶ "intlateste schrive gy, wo de kopman unde wy vorfaret sin, in den fundatien van des kopmans vicaryen in unse leve vrouwen kirchen dat uns sere zolsen duncket unde ock myszhaget. Jodoch konne wy dat nu nicht anders maken sunder id is nemande mer tho vorfange also unseme armen denre Conrado, dede deme kopmanne umme eyns betteren willen lange gedenet hefft. (...)hyr umme is unsze fruntlike bede van siner wegene, dat gy dat beste vortsetten by Amelunges broder zeliger dechnisse und by den de vor zeligen Amelunges gudere mede raden dat beste don, dat de güte unse dener mochte besorget unde provideret werden de tyt synes leven des myt den iiiic gulden also de kopman unde wy deme güten zeligen Amelunge unde synen erven noch plichtich sin." AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 28 i tabell 1.

¹⁷⁷ Bruns, *Die Sekretäre*, 12.

¹⁷⁸ AHL, Bgf. 918, kjelde nr. 31 i tabell 1.

oldermennene til Bergenfararkompaniet.¹⁷⁹ Det føregjekk altså ein brevtrafikk mellom Bergenfararkompaniet og sekretæren i Bergen som privatperson, og kanskje òg mellom enkeltpersonar i Lübeck og sekretæren. I arkivkatalogen for bergenfarararkivet førekjem det ikkje brev frå sekretæren i Bergen igjen før i 1647.¹⁸⁰ Det tyder på at denne brevtrafikken var liten, men det eine bevarte brevet nemner likevel konkret andre brev. Det kan henda at korrespondansen som vart sendt til, og kom frå, sekretæren som privatperson, gjaldt mindre viktige saker, og derfor ikkje har blitt teken vare på så langt tilbake i tid som dette.

Sidan sekretæren vart tilsett av Bergenfararkompaniet i Lübeck er det mogleg å tenkja seg at han var ein slags forlenga arm for Bergenfararkompaniet i Lübeck på Kontoret i Bergen. Akkurat som med oldermennene er det vanskeleg å seia noko ut frå kjeldene om kor stor makt sekretæren kan ha hatt over hendingane i Bergen og utforming av vedtak på Kontoret. Det eine brevet frå Conrad Langestroit til Bergenfararkompaniet i Lübeck gir eit lite gløtt inn i denne problemstillinga. Brevet gjeld eit skip som truleg hadde blitt kapra på veg frå Bergen til Lübeck og ført til Friesland, der godset hadde gått tapt.¹⁸¹ Sekretæren skriv til bergenfararane at han har gjort sitt beste for bergenfararane i denne saka.¹⁸² Det vart likevel vedteke på Kontoret at den allmenne kjøpmannen ikkje skulle dekkja tapet som følgje av kapringa. Dei som hadde hatt gods om bord skulle dekkja det sjølv.¹⁸³ Det går fram av samanhengen at dette ikkje var det vedtaket bergenfararane i Lübeck ønskte. Sekretæren har altså tilsynelatande fremja bergenfararane i Lübeck sitt syn i ei sak, men ikkje vunne fram med dette på Kontoret i Bergen. Han kunne altså til tider fungera som Bergenfararkompaniet sin forlenga arm i Bergen, men hadde ikkje makt til alltid å få viljen sin gjennom.

3.5 Avstand til hansabyane

Eit moment som er viktig å ha i tankane når det gjeld trongen for ein effektiv administrasjon av Kontoret i Bergen er Kontoret sin geografiske posisjon, langt borte frå hansabyane. Medan enkelte hansabyar, som Wismar og Lübeck, kunne utveksla brev med ein dag eller to mellom, tok det mykje lenger tid å senda brev med førespurnader eller instruksar til Bergen. Olav

¹⁷⁹ "Also ick Clauwesze toveren gescreven hebbe." Ibid.

¹⁸⁰ Asmussen, Simon og Wiehmann, *Archiv der Bergenfahrerkompanie*, 173.

¹⁸¹ "...also he myt des kopmans guderen in Vreszlant gekomen unde de gudere dar gesleten hadde." AHL, Bgf. 918; kjelde nr. 31 i tabell 1.

¹⁸² "Ick hebbe gerne ume juwer leve willen dat beste dat ick konde hyr inne gedan." Ibid.

¹⁸³ "Nach deme male dat id deme gemeynen kopmanne, sunder allene den jennen de dar guder inne gehadt hebben thokomende is." Ibid.

Brattegard og Friedrich Bruns har drøfta kor lang tid korrespondansen tok mellom Bergen og Lübeck. Brattegard såg på brev frå Bergen til Lübeck som vart merka med mottaksdato når dei kom fram. For 68 brev i perioden 1539-1589 tok overfarten mellom 12 og 79 dagar, snittet var 31 dagar.¹⁸⁴ Bruns såg på same type merke frå perioden 1455-1539. Han såg på 14 brev som vart merka slik i denne perioden, ingen av dei frå perioden 1490-1510. Leveringstida varierte mellom 9 og 72 dagar, snittet var 33 dagar.¹⁸⁵ I Bruns si posthumt publiserte bok om fraktherrane gjorde han endå ei undersøking basert på same type kjelder, denne gong for perioden 1581-1613, og kom til eit snitt på 28 dagar, med variasjon mellom 13 og 80 dagar. I denne boka reknar han òg ut snittida for overfart den andre vegen, frå Travemünde ved Lübeck til Bergen, basert på tal frå skattelister frå Bergenhus frå 1597 til 1599. Snittida for denne overfarten blir 50 dagar, med eit spenn frå 34 til 94 dagar, altså mykje lenger enn frå Bergen til Lübeck. Bruns forklarar denne skilnaden med at den vanlege vindretninga er vestnordvest, men tek òg atterhald for truverdigheita til kjeldene.¹⁸⁶

To brev frå Kontoret frå 1490 – 1510 nemner datoar for når brev frå Lübeck er mottekne. Eit brev frå 29. mars 1502 innleiar med å fortelje at eit brev skrivi i Lübeck torsdag etter Valentins dag 1502 (17. februar) kom fram til Bergen torsdag før påske (24. mars), ei leveringstid på 35 dagar.¹⁸⁷ Eit brev frå 5. mai 1498 fortel at eit brev skrivi tysdag etter Egidius' dag 1497 (5. september) kom fram først 29. mars 1498, 205 dagar, eller nesten sju månader, seinare.¹⁸⁸ Forklaringa på denne svært lange overfartstida må vera at brevfrakten måtte venta over vinteren. Om vinteren sigla det til vanleg ikkje skip mellom Lübeck og Bergen, grunna hardt ver og is.¹⁸⁹ Vinteroppaldet trong ikkje vera så langt som 205 dagar. Eit brev skrivi 18. februar 1494 er skrivi som svar på eit brev sendt frå Lübeck 25. oktober 1493, 116 dagar tidlegare.¹⁹⁰ Eit brev skrivi 2. oktober 1501, ber om visse forsyningar så

¹⁸⁴ Brattegard, "Über die Organisation und Urkunden," 277-278. Han utelet to brev som fell langt utanfor normalfordelinga, med 108 og 167 dagar.

¹⁸⁵ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, C. Mi utrekning av snitt.

¹⁸⁶ Friedrich Bruns, *Das Frachtherrenbuch der Lübecker Bergenfahrer* (Bergen: A.S John Griegs Boktrykkeri, 1953), 29-30 og note 96, s. 71.

¹⁸⁷ "Juw schriffte am donnerdaghe na Valentin gescreven hebben wy am guden donnerdage vor paschen entfangen." AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 187; kjelde nr. 25 i tabell 1.

¹⁸⁸ "Wii don juwen erliken werdichheiden tho weten, dat wii der werdigen unde ersamen radessende boden der soz Wendessen stede antwordesbreff ame dinnedage na Egidii abbatis gescreven (...) nu ersten ame donnerdage na letare hebben entfangen." AHL, Bgf. 928; trykt i HR III, 4, 67; kjelde nr. 16 i tabell 1.

¹⁸⁹ Gerhard Fouquet, "Die Finanzen der Bergenfahrer zu Lübeck - das Schüttingsrechnungsbuch (1469-1530)," i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann (Lübeck: Schmidt-Römhild, 2005), 140.

¹⁹⁰ "Juwe schriffte ame daghe Crispini unde Crispiniani nest vorleden geschreen hebben wy entfangen. (...) Screven under unseme des gemeynen kopmans ingesegel ame dinnedage na invocavit anno etc. 94." AHL, Bgf. 865; trykt i HR III, 3, 251 / Bull: 180-183; kjelde nr. 9 i tabell 1.

snart som mogleg ”etter kyndelsmesse [2. februar] med det aller første, når det blir open sjø”.¹⁹¹ Av dei 36 breva skrivne i Bergen mellom 1490 og 1510 er den seinaste dateringa på året 13. oktober og den tidlegaste 18. februar.¹⁹²

Kommunikasjonen mellom Bergen og Lübeck i denne perioden var altså sein. Ein måtte rekna med at eit brev mellom dei to byane ville ta om lag ein månad å senda, og kanskje lenger for brev frå Bergen til Lübeck enn den andre vegen. Men ein kunne ikkje rekna som sikkert at brevet ville koma fram, i nokon av retningane, på under to månader. Og om vinteren, iallfall i månadene november, desember og januar, var kommunikasjonslinjene heilt brotne. Dette er eit viktig moment i vurderinga av Kontoret si stilling i høve til hansabyane. Det var ikkje mogleg å senda instruksar eller ordrar raskt frå hansabyane til Bergen. Det var dermed umogleg for hansabyane å føra tett og dagleg kontroll med hendingane på Kontoret. Det må dermed ha vore tvingande naudsynt å ha ein administrasjon på Kontoret i Bergen som hadde kapasitet til å ta avgjerder på eiga hand om den daglege drifta av Kontoret, oppretthalda intern disiplin og ta seg av kontakten med norske styresmakter.

3.6 Oppsummering

Me har sett at den interne organiseringa av Kontoret endra seg over tid. Generelle ytringar om korleis Kontoret var organisert, kan berre vera dekkjande for kortare periodar. Frå starten av var Kontoret leia av oldermenn. På den tida som blir omtalt her, var det to av dei. Dei sjølvstendige kjøpmennene møttest i kjøpmannsforsamlinga, der dei avgjorde viktige spørsmål, i namnet til ”den allmenne kjøpmannen”. På midten av 1400-talet skjedde det ei stor endring, då det kom til ein sekretær og achteinar. Desse utgjorde kjøpmannsrådet, som gradvis tok over funksjonar frå kjøpmannsforsamlinga. Denne overføringa av makt frå allmøte til representative organ var typisk for Europa i seinmellomalderen. Men kjøpmannsforsamlinga utgjorde framleis det øvste organet på Kontoret, og var formelt overordna oldermennene. Både oldermennene, kjøpmannsrådet og kjøpmannsforsamlinga kunne fatta vedtak i namnet til den allmenne kjøpmannen. Kontoret la vekt på intern semje og å framstå som sameint, og interne diskusjonar vert sjeldan nemnt i kjeldene. Denne semja

¹⁹¹ ”na lichtmissen myt den aller ersten, also id apen water wert”, AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 192; kjelde nr. 23 i tabell 1.

¹⁹² 13.10.1501 (”Screven (...) am mydtweken na dyonisy et sociorum eius Anno domini M d primo.”) i AHL, Bgf. 869; trykt i NGL II, 3, 393 / Ibid.: 196.; kjelde nr. 24 i tabell 1. 18.2.1494 (”Screven under unseme des gemeynen kopmans ingesegel ame dinxedage na invocavit anno etc. 94”) i AHL, Bf. 865; trykt i HR III, 3, 251 / Bull: 180-183; kjelde nr. 9 i tabell 1.

gjorde at Kontoret verka som sterkt overfor omverda. Samstundes gjer dette det vanskeleg for oss i dag å nøsta opp i dei interne politiske prosessane på Kontoret, og å slå fast det reelle maktforholdet mellom oldermenn og kjøpmannsforsamling. Truleg var oldermennene si reelle makt stor. Oldermennene var, etter Pitz si oppfatning av den nedertyske forfatningsmodellen, tenkt å vera identiske med Kontoret og kunne representera Kontoret ved eit kvart høve, så lenge dei forfekta Kontoret sine interesser. Dette gjorde dei i stand til å handla effektivt som administratorar av Kontoret, andsynes både hansabyane og norske styresmakter. Kontoret sine organ var altså frå starten av utforma for sjølv å fatta vedtak og utøva makt, ikkje berre for å setja i verk vedtak som vart gjort i hansabyane.

4 – FORHOLDET MELLOM KONTORET OG HANSABYANE

For å nytta godt av dei hanseatiske privilegia i Bergen, måtte ein komma frå ein by som var med i det hanseatiske forbundet, som Kontoret var ein del av.¹⁹³ Ni hansabyar dukkar opp i kjeldene som aktørar i handelen med Bergen i perioden 1490 – 1510: Lübeck, Wismar, Rostock, Stralsund og Hamburg, som samla vart kalla dei vendiske byane, Deventer, Kampen og Zwolle, som utgjorde dei zuidersjøiske byane og Bremen. Hansaen var eit mangfaldig fenomen. Kontoret måtte ta seg av kontakt med bergensfararane i hansabyane, med byråda i hansabyane, med hansedagen, forsamlinga som utgjorde hansaen sitt fellesorgan, og med forsamlinga av dei vendiske byane. Når ein skal undersøkje Kontoret si stilling innanfor Hansaen, må ein undersøkje Kontoret sitt forhold til alle desse aktørane, som til saman utgjorde Hansaen. Eg vil freista å visa at sjølv om Kontoret var ein del av det hanseatiske forbundet, trong det ikkje dermed å vera ein lydige reiskap for byråda i dei enkelte hansabyane.

4.1 Lübeck sin dominans på Kontoret

Friedrich Bruns påviste at Kontoret i Bergen i mellomalderen var dominert av kjøpmenn frå Lübeck.¹⁹⁴ Arnved Nedkvitne har vist at kjøpmenn frå Lübeck var klart mest aktive i handel på Bergen i denne tida.¹⁹⁵ Innebar overvekta av kjøpmenn frå Lübeck at Kontoret i Bergen var underordna styresmaktene i Lübeck? Johan Schreiner meinte at dette var tilfellet. Han kalla Kontoret i Bergen "en filial av Lübeck, en handelsstasjon i fremmed land, under lybsk styre". Dersom konflikter skulle oppstå mellom kjøpmenn frå ulike hansabyar, var Kontoret i Bergen "redskap for ensidige lybske maktkrav".¹⁹⁶ Koren Wiberg kalla Kontoret "en liten handelsrepublik i fremmed land under moderbyens overstyre".¹⁹⁷ Knut Helle skriv at dei vendiske bydagane, der Lübeck var den dominerande byen, var overordna organ for Kontoret frå midten av 1400-talet av.¹⁹⁸ Kontoret sitt forhold til Lübeck må difor bli det første eg undersøker.

¹⁹³ Dollinger, 116-117.

¹⁹⁴ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, 68-97.

¹⁹⁵ Nedkvitne, "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600", 99.

¹⁹⁶ Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 30.

¹⁹⁷ Koren Wiberg, 54.

¹⁹⁸ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 731.

Lübeck var den første tyske byen som vart grunnlagd ved Austersjøen, og spelte ei nøkkelrolle i Hansaen si tidlege historie.¹⁹⁹ Frå 1200-talet av var Lübeck ein riksumiddelbar by, det vil seia at han stod direkte under den tysk-romerske keisaren. Ettersom den tyske keisarmakta vart sterkt svekt utover 1200-talet, vart byen i praksis ein sjølvstendig bystat.²⁰⁰ Frå 1418 av hadde byen ei formell leiarrolle i det hanseatiske byforbundet, i praksis hadde han då hatt ei slik rolle i lang tid.²⁰¹ Det er i nyare forskning framheva at denne leiarposisjonen likevel neppe gav Lübeck stor makt over resten av Hansaforbundet.²⁰² Det var byrådet i Lübeck som tok initiativet til dei første skriftlege handelsprivilegia for hanseatiske kjøpmenn i Noreg i 1278.²⁰³ Av dei 33 oldermennene i Bergen mellom 1388 og 1528 som Friedrich Bruns klarde å identifisera, var 29 frå Lübeck. Mike Burkhardt har reist som ei metodologisk innvending mot Bruns sine funn at han hovudsakleg baserte seg på lybske kjelder, slik at ei overvekt av lybske oldermenn er å rekna med.²⁰⁴ Wubs-Mrozewicz nemner at zuidersjøiske kjøpmenn i ei kjelde frå 1476 skreiv at dei i gamle dagar ofte hadde vore oldermenn på Kontoret, og klaga over at dei aldri vart valde til det lenger.²⁰⁵ Både Burkhardt og Wubs-Mrozewicz godtek likevel Bruns sin konklusjon om at Lübeck dominerte kontoradministrasjonen i seinmellomalderen. Den kraftige og vedvarande dominansen til éin by, Lübeck, er eit særdrag ved Kontoret i Bergen i forhold til dei andre kontora.²⁰⁶ I London og Brügge var det nedfelt i regelverket at posisjonane i kontoradministrasjonen skulle fordelast mellom kjøpmenn frå ulike geografiske område.²⁰⁷ I Novgorod skulle vervet som oldermann veksla mellom kjøpmenn frå Visby og Lübeck.²⁰⁸

Schreiner var klar over at hansaen var eit mangfelt fenomen og unngjekk å omtala hansaen som ei monolittisk blokk, men når han skreiv at Kontoret var underlagt lybsk styre og lybske maktkrav, definerte han ikkje nærare kva dette skulle bety. Også omgrepa Lübeck og lybsk kan ha ulike tydingar. For å få ei full forståing av forholdet mellom Kontoret i Bergen og

¹⁹⁹ Dollinger, 35-41. Rolf Hammel-Kiesow, "Die Anfänge Lübecks: Von der abotritischen Landnahme bis zur Eingliederung in die Grafschaft Holstein-Stormarn," i *Lübeckische Geschichte*, red. Antjekathrin Graßmann (Lübeck: Schmidt-Römhild, 1997), 44.

²⁰⁰ Geir Atle Ersland, *Krigsmakt og kongemakt, 900-1814, Norsk forsvarshistorie*, bd. 1 (Eide forlag, 2000), 69. Hoffmann, 118.

²⁰¹ Hoffmann, 144.

²⁰² Hammel-Kiesow, *Die Hanse*, 77-78.

²⁰³ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, IV.

²⁰⁴ Burkhardt, *Der hansische Bergenhandel im Spätmittelalter*, 71-72.

²⁰⁵ Wubs-Mrozewicz, 92.

²⁰⁶ Ernst Schubert, "Novgorod, Brügge, Bergen und London: Die Kontore der Hanse," *Concilium medii aevi*, nr. 5 (2002): 27.

²⁰⁷ Jörn, "With money and blood", 307. Schubert: 23.

²⁰⁸ Birte Schubert, "Hansische Kaufleute im Novgoroder Handelskontor," i *Novgorod - Markt und Kontor der Hanse*, red. Norbert Angermann og Klaus Friedland (Köln: Böhlau Verlag, 2002), 81.

Lübeck, må ein skilja mellom to separate aktørar i Lübeck, nemleg Bergenfararkompaniet og byrådet.

4.2 Bergenfararkompaniet i Lübeck

Lübeck var den einaste av dei vendiske byane som hadde eit eige gilde for bergenfararar, og det har lenge vore klart at forholdet mellom denne organisasjonen og Kontoret i Bergen var nært. Den store mengda av brev frå Kontoret til Bergenfararkompaniet frå denne perioden, 15 stykke, utgjer gode kjelder til å granska nærare kor tett forholdet var, og kven som eventuelt var den overordna parten. Eit gilde for bergenfararar i Lübeck kan sporast i kjeldene tilbake til 1380-talet.²⁰⁹ Namnet *Bergenfararkompaniet* er brukt i nyare historisk litteratur.²¹⁰ Sjølv om det ikkje er brukt i kjeldene, vil eg difor likevel bruka denne nemninga. Bruns skriv at Bergenfararkompaniet i Lübeck hadde fått delegert domsmakt over bergenfararane i Lübeck frå Kontoret i Bergen, og såleis var juridisk underordna Kontoret. Knut Helle gjentek Bruns sitt syn på dette.²¹¹ Samstundes skriv både Bruns og Helle at dei individuelle kjøpmennene på Kontoret i Bergen var underordna handelspartnarane sine i Lübeck, som i sin tur utgjorde Bergenfararkompaniet der. Det kan i så fall verka paradoksalt at organisasjonen dei utgjorde i Bergen skulle vera overordna organisasjonen til handelspartnarane deira i Lübeck.²¹² Schreiner sitt syn på forholdet mellom dei to organisasjonane skil seg frå Bruns og Helle sitt. Han indikerte at bergenfararane i Lübeck var den dominerande parten, som oldermennene på Bryggen måtte rapportera til.²¹³ I nyare framstillingar er òg synet til Bruns om Kontoret si overordna stilling over Bergenfararkompaniet lite påakta. Mike Burkhardt skriv at Kontoret sendte årlege rapportar til Bergenfararkompaniet i Lübeck frå seinast 1499 av, noko som gir inntrykk av at Kontoret var underordna Bergenfararkompaniet.²¹⁴ Wubs-Mrozewicz skriv at bergenfararane i Lübeck ofte blanda seg i bergenske saker, anten direkte eller gjennom byrådet i Lübeck.²¹⁵ Forholdet mellom Bergenfararkompaniet i Lübeck og Kontoret i Bergen ser altså fram til no uklart ut.

²⁰⁹ Bruns, *Die Lübecker Bergenfaher*, CXI-CXII.

²¹⁰ Til dømes Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 748. Burkhardt, *Der hansische Bergenhandel im Spätmittelalter*, 67.

²¹¹ Bruns, *Die Lübecker Bergenfaher*, CXII. Også hjå Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 748.

²¹² Bruns, *Die Lübecker Bergenfaher*, CV. Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 738.

²¹³ Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 30.

²¹⁴ "annual reports". Burkhardt, "Policy, Business, Privacy," 144.

²¹⁵ "Frequently, guild members interfered in Bergen affairs". Wubs-Mrozewicz, 88.

Kva veit me om Bergenfararkompaniet sin organisasjon? Dei første oldermennene for bergengarane i Lübeck er nemnde i 1401. Det var då seks av dei, kalla "oldermenn og forstandarar for samfunnet av kjøpmenn i Lübeck som pleier å sigla til og frå Bergen eller opphalda seg der".²¹⁶ Burkhardt meiner seks oldermenn i Lübeck kan vera nemnde alt i 1388, men det vanlege synet er at den aktuelle kjelda refererer til oldermenn for Kontoret i Bergen.²¹⁷ I korrespondansen frå Kontoret er oldermennene kalla *des kopmans van Bergen hovetlude unde procurators*.²¹⁸ Seinast frå om lag 1460 var det i regelen tre oldermenn for Bergenfararkompaniet, sjølv om dei ofte kunne vera to, då det kunne ta lang tid å velja nye når ein fall frå eller gjekk av.²¹⁹ Bergenfararkompaniet opprettheldt ein skytning i Lübeck.²²⁰ Bergenfararskytningen var eit forsamlingshus der gildet hadde samkomene sine.²²¹ Ansvar for å styra med skytningen og aktiviteten der låg hjå fire *schaffers*, som vart valde i skytningen.²²² Oldermennene hadde altså ikkje ansvaret for denne praktiske oppgåva. Ansvarsområdet deira var det ein kan kalla politiske og juridiske oppgåver. Dei representerte Kontoret overfor styresmaktene i Lübeck og andre hansabyar, og valde fraktherrane, som var dei som i sin tur organiserte skipsfarten til Bergen.²²³ Frå 1485 av organiserte Bergenfararkompaniet i Lübeck dei fleste åra ein obligatorisk konvoi, eller samflåte, av skip frå dei vendiske byane til Bergen.²²⁴ Dette vart grunnlagt med faren for kaperfart under urolige tider, sjølv om det også har blitt sett som eit middel for kjøpmennene frå Lübeck til å kontrollera handelen tettare.²²⁵

Oldermennene i Lübeck blir i breva frå Bergen adresserte som *des kopmans van Bergen hovetluden unde procurators*.²²⁶ Tidlegare på 1400-talet blir dei òg kalla *olderlude* eller *olderlude unde vorstendere*. I oppføringar i Lübeck si *Niederstadtbuch* frå 1499 og i brev frå

²¹⁶ "Aelterleute und Vorsteher der Gemeinde des Kaufmanns zu Lübeck, die zu Bergen zu und ab zu segeln oder dort zur Zeit zu liegen pflegen." Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, CXII. Originalen er på latin, men Bruns gir berre den tyske omsetjinga.

²¹⁷ Burkhardt, "Das Hansekontor in Bergen," 50.

²¹⁸ Mellom anna AHL, Bgf. 868.

²¹⁹ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, CXVI.

²²⁰ Mellomnedertysk *schutting*, høgtysk *Schütting*.

²²¹ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, CXVII.

²²² *Ibid.*, 237.

²²³ Bruns, *Das Frachtherrenbuch*, 13.

²²⁴ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 792. Nedkvitne, "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600", 147.

²²⁵ Til dømes Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 50.

²²⁶ I eitt tilfelle "procuratores der Bergervare binnen Lubeke residerende". AHL ASA Externa Danica 695; trykt i HR III, 6, 86; kjelde nr. 36 i tabell 1.

Wismar frå 1503 blir dei òg kalla *olderlude*.²²⁷ Det har vore vanleg å kalla dei "oldermenn" i nyare tid. I samsvar med forskingslitteraturen vil eg òg gjera det. Det er likevel verd å merka seg at tittelen som breva frå Kontoret bruker, på denne tida ikkje var den same som for oldermennene på Kontoret i Bergen. Ordet *procurator* er latin, og kan omsetjast som *fullmektig*.²²⁸ Det er viktig å merka seg kven sine *hovetlude unde procurators* dei blir tiltala som, nemleg *des kopmans van Bergen – Kjøpmannen* i Bergen. Bergenfararane sine oldermenn i Lübeck representerte heile Kontoret i Bergen. Dei avgrensa seg altså ikkje til å vera representantar berre for kjøpmennene i Bergen som kom frå Lübeck..

Kven var så oldermennene i Lübeck? Medan oldermennene på Kontoret i Bergen aldri i korrespondansen frå denne perioden er namngitte som sendarar eller adressatar av brev, er breva frå Kontoret til oldermennene i Lübeck alltid adressert til oldermennene ved namn, etter formelen "Den erszamen mannen Herman Van Mynden, Hans Droghen unde Clauwesze Van Borstel tho Lubeke des kopmans van Bergen houetluden unde procuratorsz".²²⁹

Kjeldesituasjonen for Bergenfararkompaniet er god nok til at Bruns kunne setja opp ei liste over desse oldermennene som er nær komplett frå 1460 av.²³⁰ Ved hjelp av den nye lista over oldermenn som vart drøfta i kapittel 3.1, kan det kan påvisast tre oldermenn i Lübeck som tidlegare hadde vore oldermenn på Kontoret i Bergen før 1510: Hinrik tor Hopen (oldermann i Bergen i 1448 og Lübeck 1463-69), Hans Kone (oldermann i Bergen 1502 og Lübeck 1510-11) og Bartelt Bentz (oldermann i Bergen 1509 og Lübeck 1522-26).²³¹ Det kan påvisast to oldermenn i Bergen som òg var schaffer for bergenfararane sin skytning. Det vart valt fire schaffers kvar vinter, to blant borgarane i Lübeck og to blant kjøpmenn som til vanleg hadde tilhald i Bergen, men var vinteren gjennom i Lübeck, kalla gjester. Tile Jans var schaffer for borgarane i 1487 og oldermann i Bergen i 1478, og Cordt Mollenhouwer var schaffer for gjestene i 1501 og oldermann i Bergen i 1507.²³² Sjølv om talet på namn som finst i kjeldene er lite, tyder desse samanfalla, som venteleg er, på at oldermennene i Lübeck oftast var

²²⁷ Niederstadtbuch si formulering er "den olderluden des copmans to Bergen in Norwegen residerende hiir bynnen Lubecke tor stede wesende", omsett "oldermennene til Kjøpmannen som bur i Bergen i Noreg, som er her i Lübeck" AHL, Niederstadtbuch, 1499 palmarum. AHL, Bgf. 398.

²²⁸ Ordet "hovetlude" er fleirtal av "hovetman". Mittelniederdeutsches Handwörterbuch gir mange tydingar av "hovetman": "Hauptmann, Befehlshaber; Anstifter, Patron. Im rechtl. Sinn: actor causae, die Hauptperson eines rechtl. Verhältnisses, Hauptbeteiligter; auch Bevollmächtigter." "Oldermann" kan altså vera ei rimeleg omsetjing, men det er òg mogleg å tolke "hovetlude unde procurators" som ein pleonasme og omsetja det berre med ordet "fullmektig". Lübben.

²²⁹ AHL, Bgf. 868.

²³⁰ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, 288-289.

²³¹ AHL, Bgf. 614. Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, 288.

²³² AHL, Bgf. 614. Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, 285-286 og XXIV.

kjøpmenn som tidlegare hadde vore aktive i handelen i Bergen, og ofte også i kontoradministrasjonen der.

Bruns skriv at oldermennene for Bergenfararkompaniet vart valde på livstid av forsamlinga av bergensfararar i Lübeck.²³³ Kjeldene eg har granska, viser derimot at oldermennene i Lübeck i perioden denne undersøkinga omfattar, vart valde i Bergen. Kjeldene refererer ved to høve til skifte av oldermann. Den 28. mai 1501 nemner oldermennene i Bergen at dei har fått brev frå Herman Van Mynden, der han ber om å bli friteken frå oldermannsvervet. Brevet vart lese opp for den allmenne kjøpmannen og Herman vart friteken for vervet.²³⁴ Kontoret oppmoda dei to attverande oldermennene i Lübeck om å halda fram å skjøtta kjøpmannens saker "til me, etter dykkar råd, får sett inn att ein tredje mann til hjelp for dykk".²³⁵ I eit brev frå 15. august 1505 skriv oldermennene i Bergen at dei har fått brev frå Clauwes Van Borstel der han ber om avskjed, noko dei ikkje vil gi han før det pågåande stridsspørsmålet med zuidersjøiske kjøpmenn har fått ei løysing.²³⁶ Van Borstel er då òg oppført i Bruns si oversikt som oldermann heilt fram til 1507.²³⁷ Desse kjeldene gjengir rett nok ikkje uttrykkeleg eit tilfelle av val av oldermann for Lübeck i Bergen, men det finst det nyare kjelder som gjer. Eit brev frå 19. september 1604 fortel at Kontoret har vald Clawes Detleves til oldermann for bergensfararane i Lübeck, etter at forgjengaren var død.²³⁸ I seinmellomalderen var det altså Kontoret i Bergen som valde oldermann til Bergenfararkompaniet, etter innstilling frå

²³³ "Sie wurden auf Lebenszeit von der Gemeinde gewählt." Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, CXVI.

²³⁴ "Ock, guden frunde, so hebbe wy van Herman van Mynden schriffte entfangen dar inn he hochliken biddet unde bogeret, dat wy eme in fruntschup der olderszchup vorlaten under lengere worden dat he dar neynerlyewis lenger by bliven wil, welker breff vor dem gemeynen kopmanne gelesen wart. Dar uppe denne wart belevet, in dem dat he dar jo neynerleye wisz by bliven wolde." Mi omsetjing: "Og, gode vener, vi har motteke brev frå Herman van Mynden der han ber om at me vil fritta han frå oldermannsvervet i venskap, og skriv langt om at han på ingen måte vil halda fram i vervet. Brevet vart lese opp for den allmenne kjøpmannen. Dette vart då innfridd, sidan han på ingen måte ville halda fram." AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 22 i tabell 1.

²³⁵ "Unde bidden und bogeren van juw beiden dergeliken, dat gy des kopmans werff bestellen willen so lange wy na juwem rade, den dorden in tho hulpe wedders[tellen?] werden." Ibid.

²³⁶ "Vortmer, gude frunde, so hefft Clauwes Van Borstel unszen afgebeden in synen breven, dar denne de kopman unde wy noch nicht thogeneget sin. Sunter bidden und bogeren fruntliken van eme dat he so lange myt juw dat beste don wille dat desse sake myt den sudersesschen gheendiget is." "Vidare, gode vener, har Clauwes Van Borstel bede om avskjed i sine brev, noko Kjøpmannen og vi ikkje er velvillige til endå. Me ber han venleg om at han vil gjera sitt beste saman med dykk så lenge, til denne saka med dei zuidersjøiske er avslutta." AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 33 i tabell 1.

²³⁷ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, 288. Georg Asmussen oppgir Van Borstel som oldermann heilt til 1510. Georg Asmussen, "Prosopographischer Vergleich der Älterleute der Bergenfahrer und der Flandernfahrer," i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann (Lübeck: Schmidt-Römhild, 2005), 184.

²³⁸ "Dieweile das auch der erbar Herman Schlueter gewesen er Alterman zu Lubegk dies Jar in Gott entschlaffen (...) sein in dem Nahmen der heiligen Dreijfaltigkeit, den 9. Septembris einhelllich gekoren und erwehlett (...) der erbar und wolgeachtete Clawes Detleues Alterman der sembtlichen gemeinen Bergerfarer zu Lubegk." AHL, Bgf. 890.

bergenfararane i Lübeck, og det var til Kontoret i Bergen oldermennene i Lübeck måtte søkja om avskjed, om dei ønskte det. Denne ordninga heldt seg til iallfall ut på 1600-talet.

Burkhardt meinte, som nemnt, at Kontoret i Bergen avla årlege rapportar til Bergenfararkompaniet i Lübeck, men mi lesing av kjeldene støttar ikkje dette synet. Når Burkhardt nemner årlege rapportar, refererer han til Bergenfarararkivet sine arkivnummer 867, 868 og 870.²³⁹ I arkivkatalogen er desse arkivsakene kalla *Berichte der Älterleute des Kontores in Bergen an die Älterleute der Bergenfahrer in Lübeck*. – ”Rapportar frå oldermennene på Kontoret i Bergen til bergenfararane i Lübeck sine oldermenn”.²⁴⁰

Arkivnummer 867 og 868 inneheld ti av breva som eg brukar som kjelder. Trass i nemninga i arkivkatalogen er det ikkje rimeleg å kalla desse breva årlege rapportar. For det første er det ikkje snakk om eitt og eitt årleg brev, men til dømes tre brev i 1501 og fem i 1502.²⁴¹ For det andre ber innhaldet ikkje preg av å vera rapportar, men meir av å vera del av ei stadig brevveksling fram og tilbake. I byarkivet i Lübeck finn ein såleis fire brev frå Bergenfararkompaniet til Kontoret frå 1502, som sett i samanheng med dei fem breva frå Kontoret til Bergenfararkompaniet frå same året, utgjer ein likeverdig korrespondanse. Brev blir i arkivkatalogen kalla *Nachrichten der Älterleute der Bergenfahrer in Lübeck an die Älterleute des Kontors in Bergen* - ”Meldingar frå bergenfararane i Lübeck sine oldermenn til oldermennene på Kontoret i Bergen”.²⁴² Instruksjonar og informasjon gjekk altså begge vegar. Innhaldet i desse breva støttar altså ikkje opp under ein påstand om at Kontoret i Bergen måtte avleggja årlege rapportar til Bergenfararkompaniet i Lübeck. Dei tyder i staden på eit meir likeverdig forhold mellom dei to partane.

I kva samanhengar kunne så bergenfararane representera Kontoret? Korrespondansen frå Kontoret frå 1490 til 1510 nemner ved tre høve oldermennene i Lübeck som fullmektige for Kontoret i konkrete samanhengar. I 1494 skreiv Kontoret til byrådet i Rostock i samband med at ein skipper derfrå hadde fått bot av Kontoret. Dersom skipperen bringa saka fram for byrådet i Lübeck, ville ”oldermennene og prokuratorane våre” svara på Kontoret sine vegner der.²⁴³ Formuleringa *hovetlude unde procurators* gjeld elles alltid i brev frå Kontoret oldermennene for Bergenfararkompaniet i Lübeck, så det må reknast som sikkert at det er dei

²³⁹ Burkhardt, "Policy, Business, Privacy," 144. AHL, Bgf. 867, 868, 870.

²⁴⁰ Asmussen, Simon og Wiehmann, *Archiv der Bergenfahrerkompanie*, 161.

²⁴¹ Alle åtte i AHL, Bgf. 868.

²⁴² Asmussen, Simon og Wiehmann, *Archiv der Bergenfahrerkompanie*, 181.

²⁴³ ”Konnen syne rederes unde he vor deme erszamen rade tho Lubeke, dar one derwegene unse hovetlude unde procuratorsz antworden scholen...” HUB XI, 738; kjelde nr. 12 i tabell 1.

som er meint også her. I 1498 mottok Kontoret ein invitasjon frå byrådet i Lübeck til å senda utsendingar til ein hansedag i Lübeck same året. Oldermennene på Kontoret sa seg leie for at dei fekk for kort tid på seg til å senda eigne utsendingar, men gav fullmakt til dei tre namngitte oldermennene i Lübeck til å representera Kontoret.²⁴⁴ I tillegg veit me frå hanserecessane at Bergenfararkompaniet representerte Kontoret også på dei tre andre hansedagane som vart haldne mellom 1490 og 1510.²⁴⁵ Og i 1505 fekk oldermennene i Lübeck fullmakt til å forhandla på vegner av Kontoret i ein konflikt med dei zuidersjøiske byane.²⁴⁶ Kjeldene tyder på at også andre aktørar såg på Bergenfararkompaniet som ein representant for Kontoret i Bergen. Byrådet i Wismar vende seg til Bergenfararkompaniet i 1503 og bad dei om å representera Kontoret på eit rettsmøte i Wismar i samband med ein klage mot Kjøpmannen i Bergen.²⁴⁷ Brevet frå Wismar vart sendt i desember, altså etter at seglingssesongen var over og kommunikasjonen med Kontoret i Bergen var broten for vinteren. Svaret på denne førespurnaden er ikkje kjent. Byrådet i Wismar såg det altså slik at Bergenfararkompaniet i Lübeck kunne representera Kontoret i Bergen utan at det trong noko særskild fullmakt for å gjera det.

Kjeldene viser altså rikeleg med døme på at Bergenfararkompaniet i Lübeck representerte Kontoret i Bergen, både overfor byråda i hansabyar, og hanseatiske fellesorgan. Oldermennene i Lübeck hadde tittel som oldermenn eller fullmektige for Kjøpmannen i Bergen, og dei vart valde av Kjøpmannen i Bergen. Dei to organisasjonane hadde ei omfattande brevveksling, og dei same personane gjekk igjen i verv både i Bergenfararkompaniet og på Kontoret. Det har vore vanleg å kalla forholdet mellom dei to for nært. Eg meiner ein kan gå lenger enn det. I perioden som denne undersøkinga omfattar, er det rettare å sjå på dei to som greiner av éin og same organisasjon. Dette tyder òg at Wubs-Mrozewicz si formulering om at Bergenfararkompaniet ofte blanda seg i Kontoret sine saker,

²⁴⁴ "...bogerende derhalven (...) dat wy deme unsze merckliken sendeboden tho der bestemedden dachvart tor stede willen schicken (...) so konde wy uppe dyt pass nemande van hyr dar tor stede schicken, umme korthet willen der tyt, unde eyn itlick nu in synen egenen saken tho donde hefft, so hebbe wy dersakehalven unse hovetlude unde olderlude tho Lubeke tor stede wesende by namen Herman Buck, Lambert Loff unde Hans Vere der gebreckehalven clarliken underrichtet (...) unde maken se in dessen saken vulmechtich, affwesende also jegenwardich in krafft desses breves... AHL, Bgf. 928; trykt i HR III, 4, 67; kjelde nr. 16 i tabell 1.

²⁴⁵ HR III, 3, 353. HR III, 5, 105. HR III, 5, 243.

²⁴⁶ "So hebben wy noch derhalven eyn procuratorium in der besten forme alsze wy konden unszen vorgescreven frunden overgesant, desse sulven sake unde andere sake (...) tho vorforderende, tho vorhandelende unde tho vorlikende." AHL, Bgf. 929; trykt i HR III, 5, 63; kjelde nr. 32 i tabell 1.

²⁴⁷ "...hebbe wy ghelecht enen stekerechtdach (...) myt beschede dat wy de jeghen parthe wolden dit erst toesschen. Alzo denne de upgenante procurator nicht myt uns to der stede ys, ock nemande to der stede lathen hefft zoans uthgn thodraghende, beghere wy gy myt eme kopmanne willen vorforderen." AHL, Bgf. 398.

er meiningslaus. Kontoret sine saker var Bergenfararkompaniet sine saker og omvendt. Eg vil no sjå på kva kjeldene kan seia oss kven av dei to som eventuelt var overordna den andre.

Hendinga frå 1504 med eit hanseatisk skip på veg frå Bergen som vart kapra og hamna i Friesland, og som er omtala i kapittel 3.4 om sekretæren, viser at Kontoret i Bergen kunne fatta vedtak som påverka bergengarane i Lübeck, og som gjekk mot deira ønske. Kontoret vedtok at berre dei kjøpmennene som hadde gods om bord i dette skipet skulle ta på seg tapet. Kjøpmannen i fellesskap skulle ikkje dekkja det.²⁴⁸ Eit seinare brev viser tydeleg at bergengarane i Lübeck ikkje var nøgde med dette vedtaket. I eit brev frå Kontoret frå 18. august 1505 blir det nemnt at bergengarane har teke opp saka igjen, men Kontoret stod på sitt. Dei skreiv at dei svarte tydeleg nok på denne saka i det førre brevet sitt: Den allmenne kjøpmannsforsamlinga hadde bestemt at dei som hadde gods på skipet skulle stå for tapet, ikkje Kjøpmannen.²⁴⁹ Kontoret i Bergen kunne altså fatta vedtak som bergengarane i Lübeck måtte retta seg etter.

Det finst fleire døme i kjeldene på at Bergenfararkompaniet i Lübeck avla rekneskap til Kontoret i Bergen. I eit brev frå 20. juni 1495, avsluttar Kontoret omtalen av diverse finanssaker med oppmodinga: ”Framfor alt, gode vener, skriv oss klare rekneskap, som me ofte har bede dykk om.”²⁵⁰ I eit brev til Bergenfararkompaniet frå 22. juni 1502 skriv Kontoret at dei er godt nøgde med Bergenfararkompaniet sin rekneskap på Kjøpmannens vegner.²⁵¹ Og eit ikkje nærare datert brev frå 1502 frå Bergenfararkompaniet til Kontoret, startar med at bergengarane unnskyldar seg for at dei ikkje sender rekneskap saman med dette brevet, som dei hadde tenkt.²⁵² Ingen av desse kjeldene går i detalj om kva for rekneskap det er snakk om, men fleire kjelder viser til økonomisk hopehav mellom Bergenfararkompaniet og Kontoret. I 1499 var to sendebod frå Kontoret, sekretæren Conrad Langestroit og kjøpmannen Hans Konink, i Lübeck, der dei tok opp eit lån på 600 lybske

²⁴⁸ ”...dat id deme gemeynen kopmanne sunder allene den jennen de dar guder inne gehadt hebben thokomende is.” AHL, Bgf. 918; kjelde nr. 31 i tabell 1.

²⁴⁹ ”Derhalven, erszamen guden frunde, wo dat hyr belevet is dat hebe wy clare genoch geschreven in unszen latesten schriffen, dat id hyr vor der meynte ghesloten und belevet is, dat de jenne de dar gudere inne gehath hebben der halven de uncost stan scholen und nicht de kopman.” AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 33 i tabell 1.

²⁵⁰ ”vnde bouen alle guden frunde, so schriuet vns nu clare rekenschuppe, also wy vaken van juw begeret hebben etc.” AHL, Bgf. 866; trykt i DN XVI, 319; kjelde nr. 14 i tabell 1.

²⁵¹ ”Vortmer, guden frunde, juwer rekenschup van des kopmans wegene, sin wy wol thovreden.” AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 28 i tabell 1.

²⁵² ”Ersamen guden frunde, rekenschop aller dink hedde wi jw ment nu myt dusse schepe to schriffende, dat wy nu so nicht don kont up dusse tyt, men hyr na wyl wy dat myt flyte forforderen jw myt den ersten alle besched schriffen”. AHL, Bgf. 955.

mark hjå ein viss Werneke Stenhuszen på vegner av Kontoret i Bergen. Dei tre oldermennene for Bergenfararkompaniet i Lübeck var vitne til transaksjonen.²⁵³ Kontoret og Bergenfararkompaniet kunne altså også vera involvert i finanssaker saman. At Kontoret mottok rekneskap frå Bergenfararkompaniet viser at det heller ikkje var underordna Bergenfararkompaniet i økonomiske saker.

Me har sett at oldermennene til Bergenfararkompaniet i Lübeck vart valde i Bergen, og dei sende rekneskap til Bergen. Kontoret i Bergen kunne fatta vedtak som Bergenfararkompaniet måtte retta seg etter, også når det streid mot deira interesser. Alt dette tyder på at Kontoret i Bergen, som Bruns skreiv, var overordna Bergenfararkompaniet i Lübeck i seinmellomalderen. Dette reiser interessante spørsmål, for heilt sidan Bruns har det vore allment godteke at dei enkelte kjøpmennene i Bergen i hovudsak var sosialt og økonomisk underordna partnerane sine i Lübeck eller andre hansabyar.²⁵⁴ Kontoret i Bergen var administrert av oldermenn som var valde blant desse underordna kjøpmennene. At det hadde ei såpass sterk stilling overfor Bergenfararkompaniet i Lübeck som det ser ut til her, er difor uventa. Som døme på det vanlege synet på forholdet mellom kjøpmennene i Bergen og dei heime i hansabyane, kan ein trekkja fram Arnved Nedkvitne si framstilling av den hanseatiske handelsorganisasjonen. Når han skulle oppsummera fordelane ved denne, teikna han eit bilete av ein kjøpmann i ein hansaby som styrte handelen på Kontoret gjennom utsendingen sin der: "En hanseatisk handelskapitalist kunne (...) sende en handelsrepresentant til et (...) faktori eller kontor. Denne solgte de varene sjefen sendte, og ga ellers opplysninger om priser og utsiktene til fortjeneste."²⁵⁵ Den som trekte i trådane, den aktive kjøpmannen, sat altså i Lübeck eller ein av dei andre hansabyane. Nedkvitne si framstilling byggjer på Fritz Rörig sitt arbeid om hanseatisk handelshistorie, fotnoten hans viser til Rörig si bok "Wirtschaftskräfte im Mittelalter, Abhandlungen zur Stadt- und Hansegeschichte."²⁵⁶ Han byggjer altså ikkje på undersøkingar av forholda i Bergen.

²⁵³ "Wy Herman Buck, Herman van Mynden unde Hansz Droge, vulmechtige procurators unde hovetlude bynnen Lubeke der erliken gemeynen dutzschen kopmans van der Hansze nutortyt tho Bergen in ryke Norwegen residerende, doen kundt unde bekennen in unde myt dysseme apene breve (...) dat myt unsen heten wyllen weten unde vulbort de beschedenen Hansz Koninck unde Konradus Langestroitt dergeliken nutortytt dezsulven vorgeschreven gemeyne kopmansz tho Bergen vulmechtige zendeboden tho des vilgenanten gemeynen kopmansz beste, van dem ersamen Werniken Stenhusz an guden golden Rynscken gulden up geboret unde thor nege entfangen hebben sozshundert marck Lubesch." AHL, Bgf. 65.

²⁵⁴ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, CV. Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 738.

²⁵⁵ Nedkvitne, "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600". Også oppsummert i Nedkvitne, "The Hansa in Norway as seen by Norwegian historians today," 55-56.

²⁵⁶ Nedkvitne, "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600".

Ser ein derimot på framstillingar som byggjer på forholda i Bergen, viser det seg at det var fleire måtar å organisera partnerskap mellom kjøpmenn i Bergen og i hansabyane på, og dette endra seg òg over tid. Bruns skildrar tre hovudmåtar å organisera handelen med Bergen på. Éi ordning var at éin part, som vart verande passiv i heimbyen, bidrog med ein pengesum, og den andre parten drog ut og dreiv handel, mot ein del av vinsten. Terminologien kunne variera, men denne ordninga vart oftast kalla *Sendeve*.²⁵⁷ Ei vanlegare ordning var at begge partar bidrog med ein pengesum, medan berre den eine drog ut og dreiv handel. Pengesummen partane bidrog med kunne vera lik, eller den passive investoren kunne leggja ut ein større sum, og vinsten vart delt likt. Dette vart kalla *Wedderlegginge*.²⁵⁸ Til slutt var det ei tredje ordning, som var yngre enn dei to førre, som frå midten av 1400-talet oftast vart kalla *Masschoppie*. Her hadde begge partar investert pengar og begge dreiv aktiv handel.²⁵⁹ Også Bruns nemner at kapitalisten, eller investoren, i hansabyen generelt var ein eldre kjøpmann, med høgare sosial status enn den aktive kjøpmannen i Bergen. Kapitalisten vart kalla "herre" i forhold til den andre parten.²⁶⁰ Men Bruns framhevar òg at det ikkje kan påvisast at kjøpmannen i Bergen var bunden av instruksar frå investoren i hansabyen.²⁶¹ Knut Helle summerer opp den typiske ordninga som ein partnerskap mellom ein yngre og mindre velstående kjøpmann i Bergen, som gjorde det meste av arbeidet, og ein eldre og rikare investor i ein hansaby, der kjøpmannen i Bergen var den sosialt underlegne i forholdet. Men han nemner òg at det i seinmellomalderen vart vanlegare med meir likeverdige handelsfellesskap.²⁶² Rolf Hammel-Kiesow summerer i ei bok frå 2000 opp stillinga i hansaforskinga på ymse område. Han framhevar at også når det er snakk om ein partnerskap der den eine parten er sosialt underlegen, er det ingenting som tyder på at han følgde instruksar frå den rikare partneren.²⁶³

I seinmellomalderen var det altså i regelen ikkje snakk om ein sjef som sat i Lübeck og dirigerte handelen til ein tilsett på Kontoret i Bergen. Som oftast var dei to partnarar, som begge hadde skote inn pengar i handelen, og begge fekk profitt av han. Investoren i Lübeck kunne både vera ein aktiv handelspartner og ein passiv investor. Sjølv om det skulle vera slik at han hadde høgare sosial status, dreiv han ikkje detaljstyring av handelspartneren i Bergen.

²⁵⁷ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, CII.

²⁵⁸ Ibid., CIII-CV.

²⁵⁹ Ibid., CVI-CVII.

²⁶⁰ "...dass der Kapitalist geradezu als Herr gegenüber dem Unternehmer bezeichnet wird." Ibid., CV.

²⁶¹ Ibid.

²⁶² Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 739-740.

²⁶³ Hammel-Kiesow, *Die Hanse*, 89.

Som me har sett kunne kommunikasjon med Lübeck i beste fall ta eit par månader, og var heilt avbroten om vinteren. Det verkar då høgst fornuftig av investoren i hansabyen å tiltru partnaren sin i Bergen fullt ansvar for den daglege handelsdrifta i Bergen. Dersom ein såg dei individuelle kjøpmennene i Bergen som personleg underordna dei individuelle kjøpmennene i Lübeck, ville det vera eit paradoks at organisasjonen som kjøpmennene i Bergen utgjorde, nemleg Kontoret i Bergen, skulle vera overordna organisasjonen til sjefane deira i Bergenfararkompaniet i Lübeck. Om ein derimot ser at kjøpmennene i Bergen i stor grad var sjølvstendige partnarar, med fullt ansvar for handelen i Bergen, fell dette paradokset bort. Investorane i Lübeck må i det daglege ha hatt tiltru til at kjøpmennene i Bergen visste best kva som skulle til for å ordna handelen der på best mogleg måte, til og med så langt som til å la Kontoret velja kven som var best eigna til å representera dei i Lübeck som *hovethude unde procurators*. Seinare i Kontoret si historie ser det ut til at det vart vanlegare med ein handelsorganisasjon av den typen Nedkvitne skildrar, med ein aktiv kjøpmann, gjerne kalla principal, i ein hansaby, som dirigerer handlingane til ein yngre handelspartnar i Bergen. Men dette viser seg å vera endå eit døme på at Kontoret var i stadig utvikling, og at det som stemte på 1600-talet, ikkje nødvendigvis stemmer i seinmellomalderen.

4.3 Byrådet i Lübeck

Lübeck var formelt underlagt den tysk-romerske keisarmakta, men keisaren hadde frå midten av 1200-talet ikkje reell makt over byen. Byrådet var dermed ein aktør på statsnivå, som mellom anna kunne underskriva traktatar med kongar og fyrstar, eller gå til krig. Byrådet i Lübeck hadde 20-30 medlemmer, og vart leia av fire borgarmeistrar. Rådet var ikkje demokratisk valt, men valde sjølv nye medlemmer når nokon fall frå.²⁶⁴ Enkeltmedlemmer av Bergenfararkompaniet var òg medlemmer av byrådet. Mike Burkhardt har vist at dette var vanlegare fram til 1460-talet, men framleis i perioden 1490 – 1510 var fire bergensfararar innom byrådet, og det var til ei kvar tid minst éin bergensfarar som sat der.²⁶⁵ Lübeck hadde ein leiande posisjon i det hanseatiske forbundet. Men Kontoret i Bergen var ikkje ein del av Lübeck sitt territorium. Tyder kjeldene på at byrådet i Lübeck likevel hadde politisk makt over Kontoret i Bergen? Me skal no sjå på kva kjeldene kan seia oss om forholdet mellom Kontoret og byrådet i Lübeck.

²⁶⁴ Hoffmann, 224.

²⁶⁵ Burkhardt, "Testing a traditional certainty," 89-92. Bruns, *Die Lübecker Bergensfahrer*, CXLIV.

I kjeldematerialet frå 1490 til 1510 finst det fire brev frå Kontoret som er adresserte til byrådet i Lübeck. Eitt av desse er òg sendt til byråda i Hamburg og Bremen. I tillegg er byrådet i Lübeck oppført som medadressat på eitt brev til hansedagen i Lübeck i 1498, og på eitt brev til den vendiske bydagen i Lübeck i 1505. Berre eitt av desse breva gir inntrykk av at Kontoret svarar på noko som kan minna om instruksar frå byrådet i Lübeck. I eit brev frå Kontoret frå 6. oktober 1490 kjem det fram at byrådet i Lübeck hadde skrive eit klagebrev til Kontoret om dårleg pakka tørrfisk frå Bergen. Byrådet hadde i sin tur fått klagar på dette frå anna hald, som ikkje er nærare spesifisert. Kontoret svarte med å informera om at dei hadde hatt møte med det norske riksrådet om saka og dessutan vedteke nye reglar for pakking av tørrfisk.²⁶⁶ Eitt anna brev frå Kontoret inneheld ein førespurnad om hjelp frå byrådet i Lübeck. Kontoret skreiv dette brevet 29. mars 1493 for å be om hjelp mot Axel Olavsson. Axel var sonen til Olav Nilsson, høvedsmannen på kongsgarden i Bergen som vart drepen av hansetane i 1455. Axel dreiv kaperfart mot hanseatiske skip frå 1488 til 1490 og hadde no sendt nye trugsmål til Kontoret i Bergen. Kontoret spurde byrådet i Lübeck om korleis dei skulle opptre dersom Axel på ny sette i gang kaperfart mot dei.²⁶⁷ Dei bad òg om hjelp med å få stadfesta privilegia sine i Bergen, som kong Hans endå ikkje hadde signert.

I brevet frå 1493 bad Kontoret om hjelp og instruksar frå byrådet i Lübeck. Saka det her var snakk om, gjaldt forhold til utanomhanseatiske makter, og saker som kunne innebera væpna konflikt. Stadfesting av privilegium var ei sak for kongen sjølv, og Kontoret bad byrådet i Lübeck om hjelp til å forhandla med han. Axel Olavsson si kaperfart var eit problem som Kontoret ikkje kunne løysa på eiga hand. Me skal likevel merka oss at Kontoret ikkje overlét nokon av desse to problema utelukkande til byrådet i Lübeck, men også dreiv eiga diplomatisk verksemd. Oldermennene fortalde at dei hadde prøvd å få dei norske riksrådane i Bergen til å stadfesta privilegia, men riksrådane hadde ikkje villa gjera noko med dette før kongen hadde stadfesta dei.²⁶⁸ Og etter trugsmålet frå Axel Olavsson skreiv Kontoret til både

²⁶⁶ "Juw schriffte van wegene der packinghe des cleynen qwaden vorrotteden rotscheringe, darvan juw dagelix sware clacht vorkomet (...) hebbe wii entfangen.(...) Vogen juw darup gutliken to wetene, dat wii derwegene vor des rykes rade vorgegeven unde bogeret hebben... (...) willen hiirumme dat also vorfogen unde by penen ernstliken upsetten, dat men in tokomenden tiiden den groten unde halffwassen rotscher, dat kopmansgud is, eyn itlick by sick packen schal unde den cleynen, de gud is, by sick, dergeliken aver den vorrotteden vodorven visch, he sy cleyn iffte grot, dat neyn kopmansgud is, neynerleye wisz tho packende iffete tho schepende." HUB XI, 398 / NGL II, 3, 387 / Bull: 148; kjelde nr. 1 i tabell 1.

²⁶⁷ "Bogeren hyr inne juwes guden rades, uns unde usen hovetluden dar by juw tore stede mede tho delende (...) wo wy da dan by varen scholen." AHL, ASA, Externa Danica 978; trykt i HR III, 3, 215; kjelde nr. 6 i tabell 1.

²⁶⁸ "Wy hebben hyr vaken van den heren den rykes rederen bogeret dat se uns de privilegia interste besegelen wolden (...) se sodane mercklike sake nicht vorsegelen mochten, eher unse gnedige here de koningk sodant ersten besegelt hebbe." Ibid.

kong Hans og til Axel Olavsson sjølv. I brevet til kong Hans bad dei kongen om å undervisa Axel og halda han frå å ta opp att denne saka mot Kjøpmannen, sidan kongen sjølv hadde vore med å løysa ho. Dei la òg ved kopi av Axel sitt siste brev til Kontoret.²⁶⁹ I brevet til Axel fortalde Kontoret at dei hadde klaga til kongen, og at dei akta å gjera motstand med Guds og sine vennar si hjelp om Axel sette i gang ein nye feide mot dei.²⁷⁰ Men i tillegg søkte Kontoret altså hjelp hjå byrådet i Lübeck. Når motparten var kongemakta, som var ein aktør på statsnivå, var det lettare å få gjennomslag om ein mobiliserte ein aktør på statsnivå på si eiga side, i dette tilfellet byrådet i Lübeck. Spørsmål om krig eller traktatar måtte avgjerast av likeverdige partar på dette nivået.

I dei to andre breva vender Kontoret seg til byrådet i Lübeck for å få gjennomslag for eigne interesser. Eit brev frå 5. april 1498 gjeld ei personsak. Kontoret skreiv til byrådet i Lübeck til støtte for to bergenfararar, der den eine var oldermann for Bergenfararkompaniet. Dei to var komme i konflikt med ein tredjemann om eit forhold som hadde med bergenfararskytningen i Lübeck å gjera. Kontoret bad byrådet om å få avslutta saka.²⁷¹ Det siste brevet gjaldt ei langt større handelspolitisk sak der Kontoret informerte om tiltak det hadde sett i verk for å få bukt med uønskt handel på Island. Oldermennene i Bergen skreiv 13. oktober 1501 til byråda i Lübeck, Hamburg og Bremen for å informera om at dei hadde innført eit nytt punkt i vedtektene sine om forbod mot handel på dei gamle norske skattlanda i vest, og bad om hjelp til å handheva forbodet.²⁷²

Breva til byrådet i Lübeck gir ikkje inntrykk av å vera rapportar om den daglege drifta ved Kontoret i Bergen. Det er heller ingen døme på at byrådet har sendt instruksar til Bergen om daglegdagse forhold. Saka om dårleg tørrfisk gjaldt eit kommersielt problem, der byrådet i Lübeck vidareformidla ein klage på dårleg varekvalitet til Kontoret. Kontoret i Bergen var naturleg nok like interessert som byrådet i å unngå å mista kundar grunna dårleg kvalitet. Når

²⁶⁹ "Wy hebben nu kortes Axel Olevszen breve entfangen, dar van wy juwen gnaden, de aveschrift hyr inne senden besloten (...) bidden juwe furstliken koningliken gnaden degere denstliken alse wy demodigest mogen, de unrichticheyt dersulven Axels vormerken, ene underwysen unde dar tho vormogen uns unde unse medekoplude boven recht ungemoyet tho latende." AHL, ASA Externa Danica 978; kjelde nr. 5 i tabell 1.

²⁷⁰ "...derwegen wy unseren gnedigesten heren, koningk Hansze tho Dennemarken etc. geschreven hebben (...) Wille gy boven recht uppe unse argeste wesen unde befeyden so gy schreven, mote wy Gode unde unsen frunden clagen de uns sodant unde juwe umbillike vornement helpen sturen." AHL, ASA Externa Danica 978; kjelde nr. 8 i tabell 1.

²⁷¹ "dat derwegene sodane sake myt fruntschup in gud bestant komen moghe (...) dat dar in gutlicheyt bygelecht unde vorliket werde." AHL, Bgf. 928; trykt i HR III, 4, 69; kjelde nr. 18 i tabell 1..

²⁷² "Vorhopen vns voder sodane willekorer den Steden vnde juwen Ersamheyden nicht enthegen to wesende vnde begeren dat gy na billicheit sodane Artikel Confirmeren vnde mede beleuen willen." AHL, Bgf. 869; trykt i NGL II, 3, 393; Bull: 196; kjelde nr. 24 i tabell 1.

det gjeld brevet frå 1498 er det Kontoret som går inn i ein strid mellom lybske borgarar i Lübeck. Dei fire breva til byrådet i Lübeck som er bevarte frå den undersøkte perioden, gir altså ikkje inntrykk av at Kontoret var underordna Lübeck i det daglege. Men når Kontoret blei stilt overfor problem som det ikkje var i stand til å løysa på eiga hand, kunne dei kopla inn byrådet i Lübeck. Sidan mange kjøpmenn frå Lübeck hadde økonomiske interesser i bergenshandelen, var det i Lübeck si interesse å støtta Kontoret i Bergen overfor trugsmål utanfrå. Problemet med Axel Olavsson kravde militærmakt som Kontoret ikkje hadde til disposisjon sjølv, og i forholdet til kongen stolte Kontoret på at diplomatiet til byrådet i Lübeck skulle gjera nytten.

Det vert ofte nemnt at byrådet i Lübeck var øvste rettsinstans for Kontoret i Bergen.²⁷³ Ein må likevel ikkje overdriva i kor stor grad dette medførte at Kontoret var underordna byrådet i Lübeck. Det var slett ikkje berre Kontoret i Bergen som hadde byrådet i Lübeck som ankeinstans. Lübeck var den eldste tyske byen ved Austersjøen, og mange andre tyske byar i området bygde lovgivinga si på lybsk lov. For desse byane var òg byrådet i Lübeck ankeinstans. Nesten hundre byar langs Austersjøen praktiserte i fleire hundre år ankerett til byrådet i Lübeck på grunnlag av tanken om at *apud consules Lubicensis impossibilis est error* – ”for rådsherrane i Lübeck er feil umogleg”.²⁷⁴ Ankeretten til Lübeck blei også praktisert ved Kontoret i Novgorod, der Visby i eldre tider òg var ein mogleg ankeinstans, medan det ved kontoret i London fram til 1554 ikkje fanst nokon ankeinstans for oldermannen si domsmakt.²⁷⁵

At Lübeck stod i ei særstilling blant byane som dreiv handel på Kontoret, er likevel klart. Dette kjem mellom anna fram på det symbolske planet. To kjelder frå seinmellomalderen kastar lys over Lübeck si særstilling på Kontoret i Bergen når det gjaldt symbolikk og identitet. I 1502 planla fransiskanarane i Bergen å byggja ein kvelv over koret i klosterkyrkja. Oldermennene på Kontoret sendte difor eit brev til Bergenfararkompaniet i Lübeck den 11. juli 1502, der dei bad om å få laga tre sluttsteinar til den nye kvelven: Ein med byen Lübeck sitt våpen, ein med Kontoret sitt våpen og ein med det norske våpenet.²⁷⁶ Kontoret ønskte

²⁷³ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 747.

²⁷⁴ Wilhelm Ebel, "Der Rechtszug nach Lübeck," *Hansische Geschichtsblätter* (1967): 37.

²⁷⁵ Dollinger, 135. Jörn, "With money and blood", 332.

²⁷⁶ "...dat hyr de gardian ton grauwen monniken, myt itliken mesteren vordinget hefft ore khore under eyn welffte tho bringende (...) derwegene bogere wy dat gy myt den ersten bestellen tho makende der heren van Lubeke wapen, des kopmans wapen unde hyr des landes wapen, also wy hyr under dessulven welfftes slutestenen hebben wolden." AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 186; kjelde nr. 30 i tabell 1.

altså å bidra til utsmykkinga av fransiskanarane si kyrkje, og som vanleg i slike samanhengar, ville dei bruka eigne symbol for å visa kven den gåvmilde gjevaren var. Det har ofte blitt framheva at Hansaen som heilskap ikkje var ein juridisk person, og dermed heller ikkje hadde eit eige segl.²⁷⁷ For å representera Hansaen valde Kontoret då å visa fram Lübeck sitt byvåpen, i tillegg til Kontoret sitt eige våpen.

Den andre kjelda som understrekar det symbolske hopehavet mellom Kontoret og byen Lübeck, er gildeforskriftene til Katarina- og Dorotheagildet i Bergen. Dette gildet har vore lite omtala i litteraturen, men vart grundig drøfta i hovudfagsoppgåva til Håkon Haugland frå 2006.²⁷⁸ Det har òg fått ein viss omtale av Grethe Authén-Blom og Wubs-Mrozewicz.²⁷⁹ Det meste av informasjonen ein har om gildet, kjem frå avskrifter i ein protokoll frå 1660-talet i bergenfarararkivet, som omhandlar reglane for gildet og framgangsmåten ved samkomene der.²⁸⁰ Alle sjølvstendige kjøpmenn på Kontoret måtte vera med i dette gildet.²⁸¹ Ved samankomene skulle ein drikka ei rekkje skålar i ei fastlagt rekkjefølgje, først for den heilage treeininga, så diverse helgenar. Den sjuande skålen skulle drikkast for kongen, den åttande for rådsherrane i Lübeck og den niande for ”vennene våre i Lübeck”. Dette var dei siste skålane som var fastlagde.²⁸² Formuleringa vennene våre i Lübeck er den same som ofte vart brukt i omtale eller tiltale om Bergenfararkompaniet i Lübeck. Katarina- og Doroteagildet, der alle sjølvstendige kjøpmenn på Bryggen måtte vera med, skåla altså ved fastlagte tider for byrådet og Bergenfararkompaniet i Lübeck. Grethe Authén-Blom tolka denne skålinga som eit uttrykk for lojalitet overfor kongen og Lübeck.²⁸³ Desse to kjeldene vitnar om at Lübeck hadde ei særstilling på Kontoret i Bergen, ikkje berre i kraft av å vera den byen dei fleste kjøpmennene kom frå, og den byen som hadde størst handelsvolum. Det fanst òg ei medviten oppfatning på Kontoret om at Lübeck hadde ei særstilling blant hansabyane, som kom til uttrykk i Kontoret

²⁷⁷ Dollinger, 9.

²⁷⁸ Håkon Haugland, "Gilde og edsfelleskap i senmiddelalderbyen. En sammenlikning av noen sammenslutninger i Bergen mellom 1250 og 1550" (Universitetet i Bergen, 2006).

²⁷⁹ Grethe Authén Blom, "Der Ursprung der Gilden in Norwegen und ihre Entwicklung in den Städten während des Mittelalters," i *Gilde und Korporation in den nordeuropäischen Städten des späten Mittelalters*, red. Klaus Friedland (Köln: Böhlau Verlag, 1984), Wubs-Mrozewicz, 140-143.

²⁸⁰ AHL, Bgf. 604; trykt i DN XVI, 39 og DN XVI, 341. I *Diplomatarium Norvegicum* er desse to delane skilde. Gilde-reglane er trykte under dateringa 1397 og framgangsmåten ved samankomstane for seg, under dateringa 1502. Det faktiske handskriftet som er trykt i DN er likevel ikkje eldre enn 1660-talet, men sekvensen om framgangsmåten ved samankomstane er datert til 1502.

²⁸¹ "Item so iss de koepman overeins geworden, dat alle meistersmans in de gilde schölen hören, de mit dem koepmanne ummegahn und ein guht knape iss". AHL; Bgf. 604; trykt i DN XVI, 39. Om tydinga av "meisterman", Brattegard, *Die Mittelniederdeutsche Geschäftssprache*, 164. Også hjå Wubs-Mrozewicz, 141.

²⁸² "Unser herren van Lübeke beker etc. Item unser frunde beker toh Lübeck etc." AHL; Bgf. 604; trykt i DN XVI, 341.

²⁸³ Authén Blom, "Der Ursprung der Gilden in Norwegen," 19.

sitt val av symbolikk. Men det er òg viktig å merka seg at Kontoret samstundes identifiserte seg med norske symbol: Dei ville setja inn ein sluttstein med det norske våpenet i fransiskanarane sin kvelv, og dei skåla for den norske kongen før dei skåla for byrådet i Lübeck. Det var altså ikkje berre opphavsstaden som var viktig for kontorkjøpmennene sin identitet, men dei identifiserte seg òg med landet dei oppheldt seg i, Noreg.

Det er klart at kjøpmenn frå Lübeck var dominerande på Kontoret i Bergen. Dei dominerte i leiarstillingane på Kontoret, og også på det symbolske planet var det ei klar identifisering med Lübeck. Men det kan ikkje påvisast at byrådet i Lübeck på nokon måte hadde direkte kontroll over Kontoret i Bergen. Bergenfararkompaniet i Lübeck må i denne perioden sjåast som ein grein av kontoradministrasjonen i Bergen, men var ikkje overordna Kontoret. Schreiner si skildring av Kontoret som ein filial av Lübeck dekkjer ikkje røyndomen i denne perioden. Overfor Lübeck ser det ut som at Kontoret hadde fullt indre sjølvstyre. Det dreiv òg diplomati overfor makter utanfor Hansaen, men søkte her òg hjelp og støtte hjå styresmaktene i Lübeck, som sjølv var ein aktør på statsnivå, og hadde mykje større ressursar til rådvelde i kontakt med til dømes den norske og danske kongen.

4.4 Dei andre vendiske byane og Bremen

Eg vil no sjå på forholdet mellom Kontoret og dei andre byane som dreiv handel i Bergen. Hansabyane som låg i dei vestlegaste områda som tidlegare hadde vore busett av slaviske folkeslag, også kalla vendiske, vart kalla dei vendiske byane. Rådssendebed frå dei vendiske byane møttest på denne tida jamleg til rådslagingsmøte, som vart kalla vendiske bydagar (*wendische Stadtetäge*).²⁸⁴ Dei seks byane som oftast vert rekna til dei vendiske byane var Hamburg, Lüneburg, Lübeck, Wismar, Rostock og Stralsund. Av desse seks er Lüneburg ein innlandsby som ikkje dreiv handel på Bergen, men kjøpmenn frå dei andre fem er alle representerte i bergenshandelen i seinmellomalderen. I mai 1507 informerte Kjøpmannen i Bergen ein hansedag i Lübeck om at oldermennene for Bergenfararkompaniet i Lübeck kvart år skreiv til ”dei i Bremen, Hamburg, Rostock, Stralsund og Wismar” med instruksar om korleis seglinga til Bergen skulle gå føre seg.²⁸⁵ Kjøpmennene frå alle desse byane godtok altså på denne tida i regelen bergenfararane i Lübeck sin rett til å koordinera skipsfarten til

²⁸⁴ Dollinger, 130-131.

²⁸⁵ ”...plegen darumme alle jar de olderlude to Lubeke to schriuen (...) an de van Bremen, Hamborch, Rostogk, Sundt unnde Wiszmer, unde dat eyn ydermann, deme sodans gerne gegunt wert, sick mach reden unde frachten laten.” HR III, 5, 251 / DN XVI, 345; kjelde nr. 34 i tabell 1.

Bergen. Dette vart trekt fram som motsats til dei zuidersjøiske byane, som ikkje innordna seg på same måten. Bremen stod i ei særstilling, i og med at byen ikkje var rekna blant dei vendiske byane og ikkje deltok på vendiske by dagar, og heller ikkje var blant dei zuidersjøiske byane. På mange måtar viser det seg at den klaraste skiljelinja har gått mellom dei zuidersjøiske byane og dei andre. I denne samanhengen vil Bremen difor bli handsama saman med dei vendiske byane.

Det er bevart fleire brev frå Kontoret i Bergen til einskilde byar utanom Lübeck frå tida 1490 - 1510. Alle desse breva er adresserte til byråda i dei aktuelle byane, også dei breva der innhaldet var mynta på bergensfararar i byen. Ingen andre av dei vendiske byane enn Lübeck hadde ein eigen organisasjon av bergensfararar, så kommunikasjonen med grupperingar av kjøpmenn i desse byane måtte gå gjennom byrådet. I mange høve er det snakk om klager frå Kontoret mot kjøpmenn frå desse byane, med krav om at byrådet i den tilskrivne byen må syta for ei betring i åtferda deira.

Den eine oldermannen på Bryggen som Bruns kunne plassera som heimehøyrande i ein annan by enn Lübeck, kom frå Wismar.²⁸⁶ Kjøpmennene frå Wismar hadde på midten av 1400-talet motsett seg Bergenfararkompaniet i Lübeck sin rett til å organisera skipsfrakt til Bergen gjennom fraktherrane. Episoden med wismarske kjøpmenn i Bergen som dette kapitlet vart innleia med, kom frå denne konflikten. Det kom til ei kompromissløyising i 1467, som tilsa at kjøpmenn kunne slutta frakter i Wismar, men skipperane der skulle ikkje ta høgare pris enn dei gjorde i Lübeck.²⁸⁷ Frå 1485 organiserte bergensfararane i Lübeck også dei fleste år konvoifart til Bergen. Kjøpmennene i Wismar godtok i hovudsak dette. Det er bevart eitt døme på eit brev med slik instruksjon om seglingstider frå perioden som skal granskast her. Bergenfararkompaniet i Lübeck skreiv 24. juli 1494 brev til borgarmeistrar og rådmenn i Wismar og bad dei informera kjøpmennene i Wismar om at ein flåte ville sigla til Bergen frå Lübeck den 3. august.²⁸⁸ Brevsendinga til Wismar har neppe teke meir enn éin dag, så kjøpmennene der fekk om lag ei veke forvarsel for når konvoien skulle gå. Det er bevart to klagebrev frå Kontoret i Bergen til byrådet i Wismar. I 1492 vart det klaga over dårleg

²⁸⁶ Joh. Krevet i 1453. Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, XXIII.

²⁸⁷ Ibid., XXII.

²⁸⁸ "don wy juw denstlick wetene dat wii hir myt dene kopmanne unde schipperen de na Berghen denken to seghellende syn over eyn gekomen dat neyen schipper van hir schal seghelen er ame neghestvolghende sondaghe na Petri ad Vincula, worumme is unse fruntlike denstlike bede unde beghere gii de juwen dar to ock wolden underwiisen." Archiv der Hansestadt Wismar, Hanserezesse X.5.89.37; regest trykt i HUB XI, 757.

kvalitet på øltønner som vart eksportert til Bergen.²⁸⁹ I 1494 bad Kontoret byrådet i Wismar om å stilla to wismarske borgarar som hadde drepe ein nordmann for retten.²⁹⁰ Det blei òg nemnt i eit brev til dei zuidersjøiske byane frå 1502 at kjøpmenn frå Wismar og Bremen hadde fått bøter for segling utanom fellesflåten i Bergen.²⁹¹ Men ved det høvet var dette ikkje meint som ein klage, men nemnt for å framheva kjøpmennene frå Wismar og Bremen som positive døme for zuidersjøarane, fordi kjøpmennene derfrå hadde betalt bøkene utan å klaga, i motsetnad til kva kjøpmenn frå dei zuidersjøiske byane hadde gjort. Men det finst òg døme på at kjøpmenn frå Wismar prøvde å søkja støtte i sitt eige byråd mot rettsavgjerder tekne på Kontoret. Som nemnt i kapittel 4.2 bad byrådet i Wismar i desember 1503 Bergenfararkompaniet i Lübeck om å senda ein representant til Wismar til eit rettsmøte framfor byrådet der, om 18 tønner med tran som oldermannen på Kontoret i Bergen hadde beslaglagt frå ein kjøpmann frå Wismar.²⁹² Utfallet av denne saka er ikkje kjent. Dei to breva frå Kontoret til Wismar er altså klagebrev på kvaliteten på varer frå Wismar, og klager på framferda til wismarske borgarar. To andre brev viser òg til brot på kontorstatuttane av borgarar frå Wismar. Samstundes blei kjøpmenn frå Wismar haldne fram som føredøme for zuidersjøiske kjøpmenn, fordi dei respekterte Kontoret si bøklegging av dei. I tillegg godtok kjøpmennene frå Wismar seglingstidene som vart fastlagde av Bergenfararkompaniet i Lübeck, og som dei fekk om lag ei veker varsel om. Forholdet mellom Kontoret og kjøpmennene frå Wismar synest å ha vore godt, fordi kjøpmennene retta seg etter Kontoret sine bod. Det er ingen teikn til at Kontoret underordna seg under instruksar frå Wismar. Kjeldene viser interessant nok likevel eit høve då byrådet i Wismar prøvde å fungera som ankeinstans for kjøpmenn som hadde fått varer beslaglagt i Bergen. Diverre seier ikkje kjeldene oss noko meir om korleis denne saka gjekk.

Breva frå Kontoret til byrådet i Rostock viser mykje det same som breva til Wismar. Rostock var den dominerande hansabyen i den hanseatiske handelen i Oslo og Tønsberg. Grethe Authén-Blom meiner Rostock og Lübeck medvite hadde delt Noreg inn i interessesfærar der

²⁸⁹ "[Wy hebben] nye clachte unde current horen moten van wegen der qwaden unduchtigen tunnen (...) nachdeme beide, koplude unde schipperen, merckliken schaden derwegene hebben mothen." HUB XI, 597; kjelde nr. 3 i tabell 1.

²⁹⁰ "ener ghenomet Clauwes Grove unde de ander juwe medeburgher ghenomet Clauwes Teske, scholden myd juw tor stede ere recht stan van der mort unde dotslages weghe." HUB XI, 767 / NGL II, 3, 87; kjelde nr. 13 i tabell 1.

²⁹¹ "dat vns gaer vromede vnde zelsen duncket, dat juwe borgere vnde de koplude vth juwen steden, sick mer priulegie vnde vryheide hijr tho Bergen vormeynt tohebbende, dan de koplude vnde borgere van Bremen vnde van der Wyszmare, dar van wij dergeliken sodane broke gelt, affentfangen hadden." AHL, Bgf. 1017; trykt i DN XVI, 340 / NGL II, 3, 397 tillegg 3; kjelde nr. 29 i tabell 1.

²⁹² Sjå fotnote 247. AHL, Bgf. 398.

Rostock fekk dominera i søraust og Lübeck i vest.²⁹³ Den bevarte korrespondansen frå Kontoret til Rostock gjeld, på same måte som den til Wismar, saker der kjøpmenn frå Rostock har forbrote seg mot reglane til Kontoret på ymse vis. Det er tale om klage på frakting av ikkje-hanseatisk gods til Bergen, manglande betaling av skatt til Kontoret, for høge fraktesatsar frå Rostock til Bergen og dårlege øltønner frå Rostock.²⁹⁴ Det er verd å merka seg at klagene om frakt av ikkje-hanseatisk gods og manglande betaling av skatt var retta mot medlemmer av byrådet i Rostock, altså prominente personar.²⁹⁵ Elles er det verd å merka seg ei kjelde som viser at Bergenfararkompaniet i Lübeck sende klagebrev til byrådet i Rostock på Kontoret sine vegner, om dårleg propping av øltønner som vart sende frå Rostock til Bergen. Klagen er kjend frå svaret som byrådet i Rostock skreiv til Bergenfararkompaniet i Lübeck 11. februar 1501.²⁹⁶ Dette tilfellet er endå eit døme på at Bergenfararkompaniet handla som del av kontororganisasjonen overfor hanseatiske byråd.

Det er ikkje bevart brev mellom Kontoret og Stralsund frå denne perioden, men Stralsund vart òg rekna opp i 1507 blant byane som innordna seg under flåtekoordineringa til Bergenfararkompaniet i Lübeck.²⁹⁷ I 1501 blir det i forbifarten vist til eit brev som Kontoret hadde sendt til bergenfararane i Lübeck med ein skipper frå Stralsund.²⁹⁸

Også Hamburg er med blant byane som blir rekna opp i brevet frå 1507. Hamburg er den einaste av dei vendiske byane som ligg vest for Danmark, og skipa derfrå trong difor ikkje å sigla gjennom Øresund. Det ser ut som om dette medførte at dei kunne segla til Bergen tidlegare på året enn skipa frå Austersjøbyane. I april 1501 er det nemnt i eit brev frå Kontoret til Bergenfararkompaniet i Lübeck at dei hadde motteke brev frå sistnemnde om at berre eitt

²⁹³ Grethe Authén Blom, "Die Hanseaten in Oslo und Tønsberg," i *Hanse in Europa. Brücke zwischen den Märkten . 12. bis 17. Jahrhundert* (Köln: Kölnisches Stadtmuseum, 1973), 159.

²⁹⁴ AHL, ASA Externa Danica 978; kjelde nr. 7 i tabell 1. HUB XI, 736; kjelde nr. 10 i tabell 1. HUB XI, 738; kjelde nr. 12 i tabell 1. HUB XI, 968; kjelde nr. 15 i tabell 1.

²⁹⁵ "alse em heren Hinrik Kron juwes rade medekumpan ingeschepet schal hebben." AHL, ASA Externa Danica 978; kjelde nr. 7 i tabell 1. "Juwe unde heren Herman Wolterstorpes juwes radesz medekumpan schriffte inneholdende, wo wy itlike gudere demesulven ern Herman Wolterstorpe thobehorende itliker orsake halven ome unwitlick by uns arresteret (...) hebben wy entfangen." HUB XI, 736; kjelde nr. 10 i tabell 1.

²⁹⁶ "Ame ende juwer scriffte, gy thor worde komen by unszen borgeren schole szyn dath gebreck der thospunndinge desz bersz dat tho Bergen geschepet werth." AHL, Bgf. 397.

²⁹⁷ Sjø fotnote 285. HR III, 5, 251 / DN XVI, 345; kjelde nr. 34 i tabell 1.

²⁹⁸ "Alse wy juw tovoeren by eyneme Sundesschen schipperen (...) gescreven hebben..." AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 192; kjelde nr. 23 i tabell 1.

skip skulle koma til Bergen før påske det året, nemleg eitt frå Hamburg.²⁹⁹ Flåten frå Austersjøen skulle koma seinare. At skip frå Hamburg slapp å segla gjennom Øresund gav òg byen ein mogleg fordel i tider med politisk uro. I 1510, då det hadde brote ut krig mellom Lübeck og Danmark, segla såleis hovudflåten med lybske kjøpmenn til Bergen frå Hamburg. Bergenfararane i Lübeck var i eit brev til byrådet i Lübeck i desember same året opptekne av at dette ikkje måtte bli ei permanent ordning.³⁰⁰

Kjøpmenn frå Bremen blir i hovudsak nemnt i samanheng med brot på reglane i Bergen. I eit brev frå 1498 gjeld det ein kjøpmann frå Bremen som årleg vitjar Shetland i strid med Kontoret sitt regelverk.³⁰¹ I april 1501 kom to skip frå Bremen til Bergen utanom den fastsette seglingstida. Dei forsvarte seg med at brevet frå Lübeck om ferda i samflåte hadde kome til Bremen for seint. Året etter blei kjøpmennene frå Bremen og Wismar haldne fram som positive førebilete for dei zuidersjøiske byane, fordi dei hadde gjort opp for seg då dei braut seglingsreglane.³⁰²

Hamburg var saman med Bremen den hansabyen som var mest engasjert i Islandshandelen.³⁰³ I og med dette og den geografiske plasseringa ved Nordsjøen hadde Hamburg og Bremen mykje til felles, sjølv om Hamburg i motsetning til Bremen vart rekna blant dei vendiske byane. Grunna engasjementet i islandshandelen var byråda i Hamburg og Bremen saman med Lübeck adressatar for brev frå Kontoret frå 1501, der Kontoret kunngjorde ei ny forskrift som forbaud handel på Island.³⁰⁴ Dette er det einaste bevarte direkte brevet frå Kontoret til både Hamburg og Bremen i denne perioden.

Det er ein merkbar forskjell i hovudtrenden i korrespondansen med Lübeck og med dei andre vendiske byane. Det meste av korrespondansen til dei sistnemnde gjeld klagar over anten

²⁹⁹ "...gy schreven dat de kopman unde gy in deme schuttinghe belevet hebben, dat de schepe uth allen steden vor paschen hyr tho Bergen nicht zegelen scholden, sunder alleyne eyn van Hamborch." AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 21 i tabell 1.

³⁰⁰ "Szo wy denne juwen ersamheiden dorch unsze olderlude vorgeven hebben laten, wo dat in dusseme jungestvorschenen sommer unse gesellen unde coplude van Hamborch aff und wedder to gesegelt szyn, dat denne uth merckliken notsaken, dat man nicht felich umme den Schagen segelen konde, gescheen is (...) Aldus, ersamen, wisen heren, beduncket unsen olderluden und unseme gemeyneme copmanne hir bynnen juwer stad residerende nicht nutte unde geraden szyn, dat zodane dinge mit den Hamborgeren vorgevamen werden." HR III, 6, 88.

³⁰¹ "so schal de vorgerorde Hinrick Kummertho myt syner zelschup alle jar Hethlande myt kopenschup vorsoken." AHL, Bgf. 928; trykt i HR III, 4, 68 / NGL II, 3, 391, tillegg; kjelde nr. 17 i tabell 1.

³⁰² Sjø fotnote 291. AHL, Bgf. 1017; trykt i DN XVI, 340 / NGL II, 3, 397 tillegg 3; kjelde nr. 29 i tabell 1.

³⁰³ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, LXV.

³⁰⁴ Sjø fotnote 272. AHL, Bgf. 869; trykt i NGL II, 3, 393 / Bull: 196; kjelde nr. 24 i tabell 1.

handelsvarer eller framferda til kjøpmennene frå desse byane. Kontoret prøver å slå ned på regelstridige handlingar også frå byrådsmedlemer i til dømes Rostock. I klagar over dårlege øltønner frå Rostock blir Lübeck halde fram som eit førebilete for god kvalitet. Me har òg sett døme på at Bergenfararkompaniet i Lübeck vender seg til byråd i andre byar med klage over handelsspørsmål som angår Kontoret i Bergen. Ingen stader ber korrespondansen preg av at byråda i dei andre vendiske byane på eiga hand hadde noko slags makt over Kontoret i Bergen. Kjøpmennene frå dei vendiske byane og Bremen retta seg etter bergenfararane i Lübeck sine vedtak om når skipsfarten til Bergen skulle skje. Det hende brot på reglane, men når desse vart påtala, godtok dei vendiske byane stort sett Kontoret si myndigheit til å påtala dei. For dette vart desse byane i sin tur haldne fram som positive førebilete overfor dei tre zuidersjøiske byane, som hadde eit gjennomgåande meir spent forhold til Kontoradministrasjonen. Samla styrkar desse breva inntrykket av at det var eit særskilt nært tilhøve mellom Lübeck og Kontoret i Bergen, medan dei andre vendiske byane og Bremen hadde ei meir passiv stilling.

4.8 Dei zuidersjøiske byane

Dei zuidersjøiske byane Deventer, Kampen og Zwolle var hansabyar som låg i landskapet Overijssel ved Zuidersjøen, den noverande IJsselmeer i Nederland. Deventer hadde sitt eige Bergenfararkompani frå seinast 1473.³⁰⁵ Kjøpmenn frå desse tre byane stod ofte i konflikt med resten av dei hanseatiske kjøpmennene i Bergen.³⁰⁶ Konfliktstoffet i Bergen er eit døme på breiare interessemotsetningar mellom dei vendiske byane og dei zuidersjøiske, og vert mellom anna trekt fram av Volker Henn som eit døme på interessemotsetningar mellom ulike delar av Hansaen som ofte oppstod fordi ulike byar hadde ulike føresetnader for handel og ulike økonomiske interesser.³⁰⁷ Dominansen til kjøpmenn frå Lübeck på Kontoret i Bergen kan vera ein bakgrunn for konflikhtar med zuidersjøarane. Men Deventer, Kampen og Zwolle heldt fram med å vera del av det hanseatiske forbundet, og kjøpmennene derfrå heldt fram å vera med i den hanseatiske kontororganisasjonen gjennom heile seinmellomalderen. Historikarar har lagt ulik vekt på konflikttane kontra samarbeidet mellom dei zuidersjøiske kjøpmennene og dei andre hanseatane på Kontoret i Bergen. Friedrich Bruns framheva denne

³⁰⁵ Wubs-Mrozewicz, 96.

³⁰⁶ Ei lengre drøfting av konflikhtar mellom Kontoret og dei zuidersjøiske kjøpmennene på 1460- og 1470-talet finst hjå Wubs-Mrozewicz, 224-236. Også Helle, *Kongsete og kjøpstad*, 792.

³⁰⁷ Volker Henn, "Die Bergenfahrer und die süderseeischen Städte. Ein "Werkstattbericht", i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann (Lübeck: Schmidt Römhild, 2005), 240.

konfliktlinja, og forklarte ho med at dei zuidersjøiske byane ikkje hadde eit omland med stor kornproduksjon som dei kunne eksportera til Bergen. Det hende difor at dei kjøpte fisk i Bergen for reie pengar, eller kjøpte inn kornvarer i dei vendiske byane for vidareeksport til Bergen. Dette såg kjøpmennene frå dei vendiske byane som eit trugsmål mot sin eigen handel.³⁰⁸ Forholdet mellom zuidersjøarane og resten av hanseatane i Bergen er eit hovudtema i doktoravhandlinga til Justyna Wubs-Mrozewicz.³⁰⁹ Ho opererer med omgrepa inngrupper og utgrupper (*in-groups and out-groups*) for å forklara dei ulike varierende, og til dels overlappende banda mellom ulike grupperingar på Kontoret.³¹⁰ Inngrupper og utgrupper er eit omgrep frå sosiologien, der inngrupper omtalar grupperingar eit individ føler seg som ein del av, medan utgrupper er ”dei andre”. Kva inngruppe og utgruppe ein identifiserer seg med, kan variera i forskjellige samanhengar. Wubs-Mrozewicz nyttar denne modellen for å synleggjera at kjøpmenn i Bergen kunne vera del av fleire grupper samstundes. Med hennar terminologi utgjorde dei zuidersjøiske byane ei eiga inngruppe som til tider stod i konflikt med Lübeck og dei vendiske byane si inngruppe, men samstundes var dei del av inngruppa som utgjorde Kontoret som heilskap når det gjaldt forholdet til aktørar utanfor Kontoret. Den mest omfattande konflikten ho behandlar, gjekk føre seg frå 1468 til 1477, og vart til slutt løyst gjennom behandling på ein hansedag.³¹¹ I løpet av denne konflikten gjekk mellom anna dei zuidersjøiske kjøpmennene til sine eigne byråd med klagar mot Kontoret, slik at Kontoret sine rettsprosedurar vart tilsidesette og konflikten vart ein konflikt mellom Kontoret og byråda i dei zuidersjøiske byane. Zuidersjøarane klagar òg over at dei aldri fekk inneha verv som oldermenn eller achteinar på Kontoret. Forliket i konflikten fastslo at dei skulle ha rett til å få slike verv, men det er uvisst om dette faktisk skjedde nokon gong etterpå. Wubs-Mrozewicz meiner at konfliktane mellom Kontoret og dei zuidersjøiske kjøpmennene var konsentrert til perioden 1468 – 1477, og at denne perioden ikkje kan sjåast som representativ for forholdet dei to imellom over lengre tid. Ho meiner at zuidersjøarane sin posisjon som del av Kontoret si inngruppe var viktigare enn konfliktane med resten av Kontoret.³¹²

Kjeldene frå perioden 1490 – 1510 viser at dei zuidersjøiske byane framleis ofte var eit problem, sett frå kontoradministrasjonen sin ståstad. Dei vart sett som ei gruppe, og vart oftast

³⁰⁸ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, XIV-XVI.

³⁰⁹ Wubs-Mrozewicz.

³¹⁰ *Ibid.*, 28-33.

³¹¹ *Ibid.*, 224-236.

³¹² *Ibid.*, 215.

omtala saman, ofte under fellesnemninga *de sudersessche stede*.³¹³ I 1494 vart det teke opp på ein hansedag at dei zuidersjøiske byane hadde nekta å betala ein ekstraskatt som var pålagt alle kjøpmenn i Bergen for å dekkja inn bota som skulle betalast etterkomarane etter Olav Nilsson, høvedsmannen i Bergen som vart drepen i 1455. Hansedagen slo fast at alle skulle vera med å betala ekstraskatten.³¹⁴ I 1501 oppstod igjen ein større konflikt som trekte ut over fleire år. Knut Helle summerer opp opptakten til konflikten som at kjøpmenn frå Zwolle, Deventer og Kampen lasta eit skip med kornvarer og øl i Rostock og sigla til Bergen utanom den påbodne samflåten. Dette fekk dei bot for av Kontoret.³¹⁵ Skipperen skal ha blitt arrestert av oldermannen, etter pålegg av, og i, den allmenne kjøpmannsforsamlinga, som me alt har sett i kapittel 3.2.³¹⁶ Dei zuidersjøiske kjøpmennene retta seg ikkje etter dette, men sende skipperen og skipet hans av garde trass i Kjøpmannens dom.³¹⁷ I staden for å godkjenna bøtene, reiste dei zuidersjøiske kjøpmennene tilbake til heimbyane sine og appellerte til byråda der. Desse sende så i januar 1502 kvart sitt rådssendebod til Lübeck, med ”stort leven”, for å få omgjord dommen i Bergen.³¹⁸ Byråda i dei zuidersjøiske byane må altså ha meint at byrådet i Lübeck hadde makt til å gripa inn overfor Kontoret i denne saka. Men byrådet i Lübeck gav ikkje Kontoret nokon instruksar om korleis det skulle handtera saka. I staden behandla byrådet saka som ein konflikt mellom to likeverdige sider, dei zuidersjøiske byane og Kontoret i Bergen, og informerte Bergenfararkompaniet i Lübeck om den zuidersjøiske klagen. Byrådet ville altså ikkje gripa inn direkte overfor Kontoret. Dette kan tolkast som at rådet ikkje meinte det hadde myndigheit til å gjera noko slikt, men det er likevel verd å ha i tankane at byrådet i Lübeck heller neppe hadde eit stort ønskje om å ta zuidersjøarane si side i denne saka. Saka trekte så ut i fleire år. Ho vart teken opp i 1504 på ein vendisk bydag, som tilbød seg å mekla mellom Kontoret og dei zuidersjøiske byane.³¹⁹ Først i 1507 vart ho løyst gjennom ein domskommisjon på ein hansedag. I Kontoret si saksframstilling til denne hansedagen klaga dei på at zuidersjøarane nekta å retta seg etter Kjøpmannen sin jurisdiksjon og truga med å ”forlata Bryggen”, altså å bryta ut av

³¹³ T.d. AHL, Bgf. 868.

³¹⁴ HR III, 3, 353. “Int ierste, dat die coipluyden van den Suderzeschen steden scholen unde willen gelyck anderen coipluyden dat vorhogede unde opgeseite schott umme last unde schulde deme coipmanne anliggende, szo langhe sze sulcher last unde schulde enthaven unde benamen synn, entrichten unde betalen.” HR III, 3, 356

³¹⁵ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 796. Også hjå Nedkvitne, “Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600”, 66.

³¹⁶ ”So hefft de olderman, van bevele unde in vorgadderinge des gemeynen kopmans, schipper Jacob van Horne arresteret.” AHL, Bgf. 1017; trykt i DN XVI, 340 / NGL II, 3, 397 tillegg 3; kjelde nr. 29 i tabell 1.

³¹⁷ ”...des se denne altesznicht geachtet unde sodane schip dar enbaven uth deme lande geladen hebben, unde den schipperen vorben. uth der arresteringe zegelen laten, deme kopmanne tho forsze unde tho spite.” Ibid.

³¹⁸ ”...se makeden en groten brask myt den dren baden...” AHL, Bgf. 955; trykt i DN XVI, 338.

³¹⁹ HR III, 5, 24.

Kontoret.³²⁰ Forliket på hansedagen slo likevel fast at dei zuidersjøiske kjøpmennene ikkje skulle skilja lag med det hanseatiske forbundet.³²¹

Kjeldene viser altså at dei zuidersjøiske kjøpmennene i Bergen i perioden 1490 – 1510 ved fleire høve var innblanda i alvorlege konflikhtar med Kontoret. Wubs-Mrozewicz sin påstand om at slike konflikhtar hovudsakleg var konsentrert rundt den eine alvorleg striden mellom 1468 og 1477 kan altså ikkje støttast. Dei zuidersjøiske kjøpmennene søkte og fekk støtte av byråda i heimbyane sine, men dette var ikkje til hjelp når det gjaldt å få gjennomslag på Kontoret. Dei zuidersjøiske byane prøvde òg å få byrådet i Lübeck til å gripa inn overfor Kontoret si handsaming av zuidersjøiske kjøpmenn i Bergen, men også dette hadde avgrensa hell. Byrådet i Lübeck sende saka vidare til hanseatiske fellesorgan for mekling, men ville ikkje sjølv gripa inn overfor Kontoret sin kontroll over forhold og hendingar i Bergen.

4.9 Hanseatiske fellesorgan – vendiske bydagar og hansedagar

Eg har vist at Kontoret ikkje var underlagt dei enkelte hansabyane når det gjaldt interne forhold i Bergen, sjølv om det nære forholdet til Lübeck gjorde det naturleg å søkja hjelp hjå byrådet der når det gjaldt problem med aktørar utanfor Hansaen. Eg vil no sjå på forholdet til dei hanseatiske fellesorgana. Det hanseatiske forbundet hadde ingen fast sentraladministrasjon, men vart styrt gjennom forsamlingar av hansabyar og kontor, som vart kalla hansedagar, i tillegg til mindre, regionale byforsamlingar.³²² Knut Helle skriv at dei vendiske bydagane frå midten av 1400-talet i stor grad overtok frå dei allmenne hansedagane som overordna instans for Kontoret i Bergen.³²³ Eg vil no sjå nærare på kva desse hanseatiske fellesorgana føretok seg overfor Kontoret, og korleis Kontoret sjølv kunne påverka vedtak der.

Dei vendiske byane møttest ganske regelmessig, i regelen fleire gonger i året, til forsamlingar kalla vendiske bydagar.³²⁴ I eit brev frå Kontoret frå 1498 takkar Kontoret underdanig for all hjelp frå byane, mens dei vendiske byane blir særskilt framheva: ”Vi må frykta alle og har inga anna trøst eller hjelp enn den dykkar ærbarheiter og særskilt dei seks vendiske byane vil

³²⁰ ”...myt drouwe, dat se to vordarve des cunthors sick van der brugge geven wolden.” HR III, 5, 251 / DN XVI, 345; kjelde nr. 34 i tabell 1.

³²¹ ”Dersulven steder coplude scoln ock uth neynen dyngen de hense angande gesundert wesen.” HR III, 5, 243.

³²² Dollinger, 124-131.

³²³ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 731.

³²⁴ Dollinger, 125.

gi oss.”³²⁵ Konteksten brevet er skriva i er at kongen endå ikkje hadde stadfesta privilegia til Kontoret i Bergen, og no også hadde bede Kontoret stilla med væpna menn til krig mot Sverige. I ein slik samanheng passa det Kontoret å framheva takksemd og vennskap med dei vendiske byane. Tilhøve som gjaldt Kontoret i Bergen vart drøfta på fleire vendiske bydagar. På denne tida var Bremen og dei zuidersjøiske byane dei einaste byane som dreiv handel på Bergen som ikkje var vendiske byar. Dei vendiske byane såg seg dermed i stand til å fatta vedtak som gjaldt Kontoret. Det finst òg døme på at hansedagar delegerte myndigheit over Kontoret i Bergen til vendiske bydagar, til dømes i 1498 då ein hansedag delegerte retten til å vedta reglar for fiskesortering i Bergen til dei vendiske byane.³²⁶

Kontoret var i regelen ikkje representert på dei vendiske bydagane, i og med at det ikkje var ein vendisk by. Det kunne likevel leggja fram klagar og førespurnader gjennom brev. Berre eitt bevart brev frå Kontoret i perioden er adressert til ein slik vendisk bydag, som var samla i Lübeck i august 1505. Brevet gjaldt konflikten mellom Kontoret og dei zuidersjøiske byane, og var svar på at ein vendisk bydag i 1504 hadde sagt seg villig til å få i stand forhandlingar mellom Kontoret og desse byane.³²⁷ Kontoret peika ut oldermennene for Bergenfararkompaniet i Lübeck til fullmektige til å føra saka på Kontoret sine vegner.³²⁸ Recessane frå dei vendiske bydagane viser òg til andre døme på Kontoret la fram saker for forsamlinga gjennom brev. I 1490 vart det til dømes lagt fram ein klage frå Kontoret mot kjøpmenn frå Hamburg og Rostock.³²⁹ Elles drøfta dei vendiske bydagane fleire gonger forhold rundt Kontoret i Bergen i samband med konflikter med den danske kongen. I 1509 vart det drøfta kva ein skulle gjera etter at kongen hadde teke hanseatiske skip på veg til Bergen. Faren for Kontoret i Bergen si stilling vart trekt fram som eit argument mot å gå til krig mot kongen.³³⁰ I 1510 var krigen likevel eit faktum, og ein vendisk bydag drøfta kva som kunne gjerast for å unngå å måtte forlata Kontoret.³³¹ Eg viste i kapittel 4.2 at det ikkje finst

³²⁵ ”...dat wy moten fruchten hebben van allenthalven unde ock anders neynen trost unde bistant hebben noch en weten dan juwe erszamheyde unde also uns besundergen de soz Wendeschen stede don unde bewisen willen...” AHL, Bgf. 928; trykt i HR III, 4, 67; kjelde nr. 16 i tabell 1.

³²⁶ ”Unde in deme sodanes hir namals nicht geschege edder beschende nich gehalten worde, heben de heren radessendebaden eyndrechtliken deme ersamen rade to Lubeke unde den anderen Wendesschen stederen macht gegeben, derhalven eyne nye ordinantie to makende.” HR III, 4, 79.

³²⁷ HR III, 5, 24.

³²⁸ Sjå fotnote 246. AHL, Bgf. 929; trykt i HR III, 5, 63; kjelde nr. 32 i tabell 1.

³²⁹ ”Item wardt gelesen eyn breff van deme copmanne to Bergen in Norwegen uthgegangen van etliken ungehorsamen besunderen van Hamborch unde Rostock to Bergen in Norwegen gesegelh.” HR III, 2, 399.

³³⁰ ”Darna is vele bewages gehat, also under anderen (...) dat kuntor to Bergen worde in eventur kamen.” HR III, 5, 440.

³³¹ ”Dar na syn de olderlude der Bergefarer vorgehesschet, de denne to kennen geven hebben, dat se margklike guder int ryke to Norwegen geschicket ock ore frunde darsulvest hebben, begerende, ene darinne to raden, wo

teikn på at byrådet i Lübeck utøvde direkte makt over Kontoret i Bergen i seinmellomalderen. Me ser derimot at dei vendiske bydagane gjorde vedtak som gjaldt Kontoret, og Lübeck var den dominerande byen blant dei vendiske byane.³³² Byrådet i Lübeck hadde altså moglegheit til å utøva innflytelse over Kontoret i Bergen gjennom vedtak på dei vendiske bydagane. Men byen var då avhengig av støtte frå dei andre vendiske byane.

Det hanseatiske forbundet sitt einaste fellesorgan var hansedagane. Om det stemmer som Knut Helle skriv, at dei vendiske bydagane frå midten av 1400-talet av meir og meir overtok som overordna instans for Kontoret, er det mest truleg fordi vendiske bydagar vart haldne oftare enn hansedagane. Alle dei fire hansedagane som vart haldne mellom 1490 og 1510, tok nemleg opp saker som gjaldt Kontoret i Bergen. Det kan altså ikkje vera snakk om at hansedagane hadde sagt frå seg si myndigheit over Kontoret i Bergen til dei vendiske byane. Hansedagane fatta vedtak om alle slag saker som vedrørte Hansaforbundet sine felles interesser, mellom anna forhold vedrørande kontora. Men mellom kvar hansedag fanst det altså ingen organ som kunne handheva hansedagen sine vedtak.

Spørsmålet om hansedagen sin autoritet er ein del av ei større drøfting om Hansaforbundet sin karakter. Éi oppfatning er å sjå på Hansaforbundet som eit tilløp til statsdanning, der hansedagen var det øvste maktorganet. Dag Lindström argumenterer for eit slikt syn, basert på at Hansaforbundet mellom anna hadde sams rettsreglar, myntsystem og funksjonar for å oppretthalda indre fred og verna seg mot ytre trugsmål.³³³ I motsetning til dette står ein synsvinkel som vart fremma av Ahasver von Brandt, som sa at Hansaforbundet var så laust samansett at det knapt kan seiast å ha hatt reell eksistens i det heile. Han skreiv at Hansaforbundet berre eksisterte i den utstrekning det tok i vare interessene til dei enkelte medlemsbyane.³³⁴ Hansaen var så breitt samansett at det aldri førekom historiske enkelttilfelle der alle byane vart påverka på same måten, og difor handla heller aldri heile Hansaforbundet koordinert. Von Brandt framhevar at i alle tilfelle der Hansaen vert omtala som historisk aktør, var det eigentleg berre større eller mindre grupperingar av hansabyar som

men dat kunthor entsette, ore guder uth deme lande krygen unde dat kunthor unde de neringe darsulvest by dussen steden beholden unde wachten moghe." HR III, 5, 527.

³³² Dollinger, 131.

³³³ Dag Lindström, *Skrå, stad och stat. Stockholm, Malmö och Bergen ca. 1350 - 1622* (Uppsala: Historiska Institutionen ved Uppsala Universitet, 1991), 58.

³³⁴ Ahasver Von Brandt, "Die Hanse und die nordischen Mächte im Mittelalter (1962)," i *Lübeck, Hanse, Nordeuropa. Gedächtnisschrift für Ahasver von Brandt*, red. Klaus Friedland og Rolf Sprandel (Köln: Böhlau Verlag, 1979), 16.

handla.³³⁵ Ernst Pitz har òg teke opp spørsmålet om hansedagane sin autoritet.³³⁶ Han byggjer her vidare på tanken om at byråd og borgarmeistrar var identiske med bysamfunna sine. Han meiner det same òg gjaldt sendeboda som byråda sende til hansedagane. Desse rådssendeboda kunne forhandla på hansedagen, men dei hadde ikkje makt til å vera med på vedtak som gjekk mot interessene til byfellesskapet. Vedtaka som vart fatta på hansedagane vart skrivne ned i dei såkalla recessane, men desse hadde ikkje rettskraft i seg sjølv. Recessane fekk først rettskraft i kvar enkelt hansaby etter at han var lesen opp og godkjent i den enkelte byen. Om byfellesskapet meinte at vedtaket frå hansedagen var i strid med interessene til byen, kunne dei la vera å ratifisera dei.³³⁷ Pitz meiner at dei fleste hanserecessane oppnådde faktisk berre rettskraft i ein liten del av hansabyane.³³⁸ Pitz sine synspunkt støttar slik opp om Von Brandt sitt syn. Dei enkelte hansabyane rekna seg berre som bundne av hansedagen sine vedtak om han tok i vare deira interesser. Dette viser at makta i Hansaforbundet hadde utspringet sitt nedanfrå, og ikkje frå toppnivået. Hansedagen hadde ikkje meir makt enn byane var villige til å gi han.

Philippe Dollinger skriv i oversiktsverket sitt over Hansaen, at kontora i regelen ikkje var representerte på hansedagane.³³⁹ Men Nils Jörn skriv at ei av oppgåvene til sekretæren på Kontoret i London var å representera Kontoret der på hansedagane.³⁴⁰ I perioden 1490 til 1510 viser kjeldene at Kontoret i Bergen var representert på alle fire hansedagane som vart haldne. Talet på hansedagar eg har sett på her er lite, men sjølv om det førekom hansedagar der Kontoret ikkje var representert, kan det likevel sjå ut som om Dollinger si utsegn må modererast, iallfall for seinmellomalderen sin del. Ikkje ein einaste av hansedagane var besøkt av meir enn 39 hansabyar. På dei fleste var talet mellom ti og tjue.³⁴¹ Altså må Kontoret iallfall ha vore representert på fleire hansedagar enn mange av hansabyane var.

Til hansedagen i 1498 er det bevart ein referanse til innkallinga der Kontoret i Bergen vart bede om å senda utsendingar. I eit brev frå Kontoret frå 1498 stadfesta oldermennene at dei mottok invitasjonen i slutten av mars, men orsaka seg med at ingen hadde tid til å reisa til

³³⁵ Ibid.

³³⁶ Pitz, 365-417.

³³⁷ Ibid., 412.

³³⁸ Ibid., 415.

³³⁹ Dollinger, 133.

³⁴⁰ Jörn, "With money and bloode", 378.

³⁴¹ Dollinger, 127.

Lübeck på så kort varsel, for på denne tida hadde alle nok med sitt.³⁴² I staden fekk oldermennene for Bergenfararkompaniet i Lübeck fullmakt til å representera Kontoret i Bergen. Ved dei tre andre hansedagane i denne perioden var det òg oldermennene til Bergenfararkompaniet som representerte Kontoret.³⁴³ Nils Jörn skriv at oldermennene på Kontoret i London helst unngjekk å reisa til hansedagane personleg, men i staden gjerne sende Kontoret sin sekretær for å representera Kontoret. Det å skulle reisa til ein hansedag var nemleg forbunde med store kostnader, både i pengar og tid.³⁴⁴ Oldermennene på Kontoret i Bergen ser ut til å ha hatt den same innstillinga, men i Bergenfararkompaniet i Lübeck hadde dei sjølvskrivne representantar som allereie hadde ei mykje kortare reise for å delta på hansedagane, om dei i det heile måtte reisa – dei fleste hansedagane vart haldne i Lübeck.³⁴⁵ På alle dei fire hansedagane mellom 1490 og 1510 tok oldermennene for Bergenfararkompaniet i Lübeck opp saker som fullmektige for Kontoret.

La oss no sjå på kva saker Kontoret sine utsendingar tok opp på hansedagane. På hansedagen i Bremen i 1494 klaga bergenfararane på vegner av Kjøpmannen i Bergen over at kjøpmenn frå Zuidersjøbyane ikkje ville betala ekstraskatten til skadebota for drapet på Olav Nilsson. Bergenfararane klaga òg over at kjøpmenn ulovleg vitja Shetland og andre øyar. Hansedagen gav bergenfararane medhald i begge desse sakene.³⁴⁶ På hansedagen i 1498 i Lübeck la oldermennene for Bergenfararkompaniet fram ein ny klage om ulovleg handel på Shetland, retta mot bremerske kjøpmenn. Dei klaga òg over at skipperar i Wismar og Rostock tok høgare fraktesatsar enn i Lübeck for frakt til Bergen, og over at kjøpmenn frå zuidersjøiske byar sende frakt med ikkje-hanseatiske skip.³⁴⁷ På hansedagen i Lübeck i 1506 las

³⁴² "...so konde wy uppet dyt pasz nemande van hyr dar tore stede schicken, umme kortheyt willen willen der tyt, unde eyn itlick nu in synen egenen saken tho donde hefft. So hebbe wy der sakehalven unse hovetlude unde olderlude tho Lubeke tore stede wesende (...) gescreven, unde maken se in dessen saken vulmechtich, affwesende also jegenwardich in krafft desses breves..." AHL, Bgf. 928; trykt i HR III, 4, 67; kjelde nr. 16 i tabell 1.

³⁴³ HR III, 3, 353. HR III, 5, 105. HR III, 5, 243.

³⁴⁴ Jörn, "With money and bloode", 345, 378.

³⁴⁵ Dollinger, 126.

³⁴⁶ "Darna sint de Bergerfarer upgelaten. De hebben clachte vorgegeven von wegen des copmannes to Berghen in Norwegen residerende, int erste, dat jegen de recesses sy Hithland unde andere eylande durch ytliche coplude uth den steden von der hanze besocht." For klagen mot zuidersjøbyane, sjå fotnote 314. HR III, 3, 353.

³⁴⁷ "Darneges sindt de olderlude des copmans tho Bergen in Norwegen residerende (...) erschienen unde hebben vorgegeven, wo unlanges ichteswelcke van Bremen mit etliken schepen tegen der gemeynen stedere recesses (...) de oylande vorsocht. (...) Darna hebben desulven olderlude den heren radessendebaden vorgegeven van den van Rostogk unde der Wismar, dede Bergen ock plegen to vorsokende, dat se etlike schepe hoger dan de schepe tho Lubeke van ener grote to Bergen to segelende vorfrachtet (...) Ock hebbenn den gedachten heren radessendebaden de olderlude vorgegeven, dat etlike Szuderzesche stedere in de anze behorende, dede ock Bergen jarlikes vorsoken, darsulvest etlike schepe in de hanze nicht behorende plegen vorfrachtende." HR III, 4, 79.

bergenfararane opp eit brev frå 1494 med vedtaket om at Orknøyane, Færøyane og Shetland ikkje skulle vitjast, og klaga igjen over at dette forbodet ikkje vart halde. Dei framførte òg fleire andre klager. På denne tida truga ein mogleg krig mot den danske kongen. I samband med dette vart det framheva at det sat mange kjøpmenn frå fleire ulike byar i Bergen med få skip hjå seg, og at desse i så fall kunne hamna i livsfare.³⁴⁸ I klagebrevet som bergenfararane forfatta, vart det òg teke opp at kjøpmenn frå Wismar og Rostock ikkje ville ta frakter i Lübeck, slik det hadde vore vanleg, og at hertugen av Mecklenburg hadde teke forsyningar frå bergenfararskip utan å betala. Dessutan blei det sett fram klagemål mot grev Etzard av Austfriesland og hertug Magnus av Mecklenburg, som truleg gjaldt kaperverksemd.³⁴⁹ Hansedagen skreiv brev til hertugen av Mecklenburg om bergenfararane sitt klagemål.³⁵⁰ I 1507 var det igjen hansedag i Lübeck. Konflikten mellom Kontoret og zuidersjømørane, som vart nemnt i kapittel 4.8, vart løyst på denne hansedagen. På kontoret sine vegner vart det òg drøfta krav frå hertug Kristian, vissekongen i Noreg, mot Kontoret. Han hadde kravd å få avskrift av Kontoret sine privilegium, at Kontoret skulle stilla 80 væpna menn og at det ikkje skulle ha noko meir med Lübeck å gjera. Kontoret bad òg om hjelp fordi Kristian hadde teke tre skip og godset frå eit fjerde som hadde gått på grunn. Hansedagen vedtok å senda vidissar av hanseprivilegia til Kontoret i Bergen.³⁵¹ Representantar for andre hansabyar tok òg opp saker som gjaldt Kontoret på hansedagane. Dette gjaldt på denne tida ofte klager mot Kjøpmannen i Bergen om dårleg sortering av fisk. Dette førekom både i 1494 og 1498.³⁵²

³⁴⁸ “Darna syn de Bergerfarer upgekamen unnd hebben ore clachte von gebreken desk unthros in Norwegen vortellet unnd darneven lesen laten itlike vorsegelde breve. Int erste eyn breff under deme namen der sendeboden anno 94 to Bremen to dage gewesen uthgegeven unnd von deme rade darsulvest vorsegelt, dat numment schal de eylande Orkenoy, Fero unnd Hitlande by vorlust des copmans privilegien besoken. (...) Tom anderenn were to bedencken, dat de gemene kopman van der anze itzundes myt live unde gude in groter mennychte to Bergen in Norwegen were unde nicht allene in ene, dan vele steder to hus horede, unde hadden weynich van schepen by sick unde mochten darumme van oren guderen unde deme levende kamen.” HR III, 5, 105.

³⁴⁹ “Item de schipperen, so van Rostock, Wysmar unde Lubeke na Bergen affsegeleenn, plegenn vor velen yaren sick frachten laten to Lubeke by den frachtheren; de des nicht en deden. (...) “Item alze hertogen Magnus seliger vor Wernemunde lach, legen dre Berger schepe up der Wernow, daruth denne syne gnade uppe 350 mark Lubesch ungeferlich vittalie leth nemen uppe gelofflike betalinge, deme den alzo nycht gheschen is. Item furder begert de copman, dat ersame radessendebaden unde stede ene an greve Etzarde willen vorscryven unde ene van schipper Vresen wegen to like unde rechte vor se to vorbedende.” HR III, 5, 114.

³⁵⁰ “Int erste syn gelesen itlike concepte (...) item an de heren hertigen van Mekelenborch up forderynge der Bargerfarer.” HR III, 5, 105.

³⁵¹ “Darna is van den gebreken des kuntors to Bergen in Norwegen gehandelt, unde syn itlike breve gelesen worden etc., ok des jungen heren koninges an den copman, dat se sinen gnaden scolden senden de avescriffit orer privilegien, item achtentich werafftiger manne, item mit den Lubesschen nene hanteringe hebben; (...) item dat en syn gnade dre schepe genamen unde der guder uth deme verden, dat gruntroringe gedan, sik underwunden. (...) Unde is daruppe vorlaten, dat man deme copmanne schall in forma vidimus de privilegia senden” HR III, 5, 243.

³⁵² “den gesecht ysz, wo dat de copmann to Berghen syk nicht richtich helde in der gildinge unnd packinge des vissches, derhalven grote clachte weren gekomen.” HR III, 3, 353. “Ock hebben de heren radessendebaden den genanten olderluden vorgegeven, dat vaste clachte van anderen stederen gekamen zindt, dat de visch tho Bergen also in der packinge unde gildinge nicht gemaket werde, so van older is wontlick gewesenn.” HR III, 4, 79.

Kontoret sine representantar måtte lova å betra sorteringa. I 1498 vart det òg vedteke på hansedagen at ingen kjøpmenn på dei fire kontora skulle gifta seg med kvinner frå utanom Hansaen, eller bu saman med dei.³⁵³ Kjeldene gir ingen informasjon om bakgrunnen for dette vedtaket.

Me ser at hansedagane fatta vedtak som gjaldt Kontoret. Det vart vedteke reglar som skulle gjelda på Kontoret, og drøfta handelsspørsmål som gjaldt Kontoret. Kontoret var altså underlagt vedtak på hansedagane, men Kontoret var òg sjølv med på å påverka desse vedtaka. Kontoret var ein aktiv deltakar på hansedagane gjennom representantane sine frå Bergenfararkompaniet i Lübeck. Dei brukte hansedagane mellom anna til å få råd og støtte mot utanomhanseatisk utfordringar, som kongen sine krav om soldatar og kaperfart mot skipstrafikken. Kontoret sjølv kunne vanskeleg gjera noko mot slikt, og søkte difor hjelp av det større Hansafellesskapet. Kontoret brukte òg hansedagane til å framføra klagar mot framferda til enkelte hansabyar. Dessutan brukte Kontoret brukte hansedagane aktivt for å påverka fellesehanseatisk handelspolitikk i spørsmålet om handel på dei gamle norske skattlanda. Representantane deira fekk medhald i dei fleste sakene dei la fram, men eit anna spørsmål er i kor stor grad dette førte til at Kontoret oppnådde måla sine i praksis. I saka om handel på Shetland og andre Vesterhavsoyar fekk Kontoret erfara at hansedagen sin praktiske autoritet var avgrensa. Kontoret la fram klagemål mot slik handel både i 1494, 1498 og 1506, og fekk medhald kvar gong. Likevel vart det ikkje slutt på handelen. Dette ser ut som eit døme på fenomenet som Pitz skildrar - hansedagane vedtok forbod mot handel på Shetland, men byane som dreiv slik handel, først og fremst Bremen og Hamburg, såg ikkje forbodet som gyldig for dei, fordi det var i strid med deira interesser. Dei heldt difor fram med handelen som før, utan at nokon gjorde noko aktivt for å stoppa dei i det.

4.10 Oppsummering

Kontoret i Bergen var i seinmellomalderen dominert av kjøpmenn frå Lübeck. Bruns nemner at Bergenfararkompaniet fekk delegert domsmakt over bergenfararar frå Kontoret i Bergen, men nemner ikkje andre døme på at bergenfararane var underordna Kontoret i Bergen enn det. Medan tidlegare forskning har vore merksam på at det var eit nært forhold mellom

³⁵³ ”wanner jennich man van der anze in den ver cunctoren, alse Brugge, Lunden, Bergen unde Nouwgardenn, edder wor sustes de copman tor tydt synen stapell holdet, vorkerende eyne vrouwen erlick offte unerlick buten der henze sick vortruwen unde to echte geven leth hemelick offte apenbar, de schall dermede des copmans rechticheide unde privilegie vorbort unde vorbraken hebben.” HR III, 4, 79.

Bergenfararkompaniet i Lübeck og Kontoret i Bergen, vil eg gå endå lenger. Dei to stod i eit så tett forhold til kvarandre at eg vil kalla dei to greiner av ein og same organisasjon. Bergenfararane organiserte sjøfarta til Bergen, utnemnde sekretæren i Bergen og representerte Kontoret på hansedagar og overfor byråda i hansabyane. Eg har òg vist at Kontoret utnemnde oldermennene for Bergenfararkompaniet og mottok rekneskap frå det. Bergenfararkompaniet var altså underordna Kontoret i langt større grad enn ein tidlegare har vore merksame på. Enkelpersonane i begge organisasjonane var engasjert i den same handelen, i all hovudsak i partnerskap med kvarandre, og hadde dei same økonomiske interessene. Om kjøpmennene i Bergen stod i eit sosialt underordna forhold til partneren sin i Lübeck eller ikkje, dreiv dei handelen i Bergen utan aktiv innblanding frå partneren i Lübeck, unnateke dersom han kom til Bergen i sommarsesongen. Kjøpmennene i Bergen var dei som visste best korleis forholda var der, og dei styrte Kontoret utan regelbunden innblanding frå hansabyane. Dominansen av kjøpmenn frå Lübeck på Kontoret innebar ikkje at byrådet eller bergenfararane i Lübeck kontrollerte Kontoret.

Kjøpmenn frå andre hansabyar som dreiv handel i Bergen måtte underordna seg dominansen til kjøpmenn frå Lübeck. Kjøpmenn frå dei andre vendiske byane godtok stort sett dette, og konflikta mellom dei og Kontoret ser ut til stort sett å ha følgt Kontoret sine prosedyrar. Hamburg og Bremen skapte meir problem for kontoradministrasjonen med engasjementet sitt i handelen på Vesterhavøyane, særleg Shetland og Island. Dersom kjøpmenn frå desse byane som ikkje handla i Bergen, ignorerte Kontoret sine retningslinjer, hadde Kontoret vanskeleg for å finna botemiddel mot dette. Mest problematisk var likevel forholdet til dei zuidersjøiske byane, Deventer, Kampen og Zwolle. Grunnlaget for handelen deira var ein annan, og dei delte ikkje alltid dei lybske kjøpmennene sine økonomiske interesser. Zuidersjøarane var på si side misnøgde med å ikkje vera representerte i administrasjonen på Kontoret. At vendiske bydagar, der zuidersjøarane ikkje var representerte, fatta vedtak som gjaldt Kontoret i Bergen, kan berre ha forsterka denne misnøya. Dette er truleg grunnen til at dei fleire gonger valde å ikkje retta seg etter Kontoret sine påbod, til dømes vedrørande betaling av skatt og godkjenning av domsavgjerdar på Kontoret. Me har sett døme på at dei zuidersjøiske kjøpmennene vende seg til sine eigne byråd, som i sin tur vende seg til byrådet i Lübeck, for å få omgjord dommar i Bergen. Slik prøvde dei å omgå Kontoret sine prosedyrar og undergrava Kontoret sin autoritet i Bergen. Dette skapte bitter konflikt med kontoradministrasjonen.

Hansedagane og vendiske bydagar kunne vedta retningslinjer for Kontoret, og i desse forsamlingane hadde Lübeck stor påverknad. Men Kontoret hadde eigen representasjon på hansedagane, og kunne utnytta dei aktivt for å fremja sine interesser overfor enkelte hansabyar. Kontoret hadde på eiga hand ingen maktmiddel å setja inn utanfor Bergen. Hansedagar og vendiske bydagar var dermed fora der ein kunne få støtte for krav mot hansabyar, til dømes islandsfarande breमारar eller ulydige zuidersjøarar. Gjennom hansedagane kunne Kontoret aktivisera det velrenommerte hanseatiske diplomatiet på sine vegner, til dømes mot kaperfart mot skipsfarten sin. Men for å få gjennomslag for krava sine mot andre hansabyar, som i denne perioden særskilt gjaldt kravet om slutt på direktehandel med Island og dei andre gamle norske skattlanda, var hansedagane lite effektive, grunna Hanseforbundet sin lause natur. Sjølv om Kontoret fekk medhald gong på gong på hansedagen om at handelen på Shetland og Færøyane skulle stoppa, heldt byane som hadde interesse av slik handel fram som før. Hansaforbundet hadde ingen overordna organ som kunne gripa inn mot dette i tida mellom kvar hansedag. For å motverka slik handel måtte Kontoret bruka sine eigne maktmiddel, nemleg rettsinstansen sin.

5 – LOVGIVING OG DOMSMAKT PÅ KONTORET

Eg definerte i kapittel 1.1 ein politisk aktør som nokon som freistar å påverka eit samfunn gjennom å påverka lovene, reglane og vedtektene som styrer samfunnet. Opphavet til Kontoret sine reglar og handhevinga av dei må derfor bli eit kjernesporsmål i drøftinga av Kontoret som politisk aktør.

Kontoret i Bergen hadde i seinmellomalderen eit detaljert regelverk.³⁵⁴ Dette regelverket inneheldt både reine handelsforskrifter og reglar for fredeleg sameksistens, til dømes forbod mot aggressiv valdsbruk, altså saker som i dag ville falla inn under kriminalrett.³⁵⁵ For å dømma brot på regelverket og løysa handelsdisputtar hadde Kontoret sin eigen rettsinstans. Mange norske historikarar har hatt som eit ankepunkt mot hanseatane i Bergen at dei unilateralt etablerte sin eigen jurisdiksjon, utan samråd med norske myndigheiter. Dette vart òg poengtert av Knut Helle i "Bergen bys historie". Helle skriv at forholdet mellom Kontoret og byen aldri vart regulert, og at kongen aldri anerkjente Kontoret sin interne domsrett.³⁵⁶ I ein artikkel frå 1973 skriv han likevel at norske styresmakter kanskje ikkje fann det ønskeleg å hindra hanseatane i å handheva intern jurisdiksjon over eigne medlemmer.³⁵⁷ Den tyske historikaren Nils Jörn ser på hanseatane sin jurisdiksjon frå ein annan synsvinkel. Han meiner at det at hanseatane hadde sin eigen interne jurisdiksjon var ein føresetnad for at dei i det heile skulle kunne få handelsprivilegium.³⁵⁸ Den privilegerte gruppa måtta ha eit regelverk og eit slags apparat for å handheva det, for å sjå til at dei som skulle nytta godt av privilegia kunne oppfylle pliktene og rettane som privilegia gav dei. Jörn går difor ut frå at det må ha eksistert eit internt regelverk, om enn munnleg overlevert, blant dei hanseatiske kjøpmennene i Noreg heilt sidan dei fekk dei første privilegia sine på 1200-talet. Ersland viser til ei kjelde frå 1593 som viser at styresmaktene i Bergen då i praksis godkjente Kontoret sin interne jurisdiksjon.³⁵⁹ Det året vart ein hanseatisk kjøpmann frå Bryggen som prøvde å trekkja ein annan hanseatisk kjøpmann for retten på rådhuset avvist, fordi begge to stod under Kontorets rett. Dei vart viste til sin "oldermann og kjøpmannsrett".³⁶⁰ Dette kan ikkje tolkast på annan

³⁵⁴ NGL II, 2, 416.

³⁵⁵ Burkhardt, "Die Ordnung der vier Hansekontore," 65. NGL II, 2, 416, §4-8.

³⁵⁶ Helle, *Kongsete og kjøpstad*, 747.

³⁵⁷ Helle, "Die Deutschen in Bergen während des Mittelalters," 147.

³⁵⁸ Jörn, "Die Herausbildung der Kontorordnungen," 220.

³⁵⁹ Ersland, *The Handelsgericht*, 10.

³⁶⁰ "Da eptherdij denn sag er tuennde Kiøpmender anlangennedes, om deris Kiøpmendtz handell som baade ere Residenttis wed brøggen Vnder Contors rett, Thi haffuer wij denne saig Opsatt thill deris Oldermænd oc

måte enn at styresmaktene i Bergen i 1593 anerkjente Kontoret sin interne jurisdiksjon. Helle sin påstand om at Kontoret aldri vart anerkjent av norske myndigheiter stemmer altså ikkje.

Protokollbøkene til kjøpmannsretten på Kontoret er ikkje bevart lenger tilbake enn til 1633, men me veit av gamle arkivinventar at det eksisterte protokollbøker som var mykje eldre enn det.³⁶¹ Det var desse protokollbøkene som vart brukt rundt år 1700 til å setja saman oldermannslista som vart drøfta i kapittel 3.1. Protokollbøkene frå 1633 og framover inneheld eit stort volum av saker.³⁶² Det er naturleg å tenkja seg at Kontoret også i seinmellomalderen, då handelsvolumet på Kontoret var større, må ha hatt ein stadig gjennomgang av saker. Kontoret sin rettsinstans må ha vore ein essensiell del av Kontoret sin daglege funksjon. Men dei sakene som har sett spor etter seg i korrespondansen til Kontoret, er berre dei som anten kravde medverknad frå hansabyane for å bli handheva, eller saker der dei domfelte utfordra Kontoret si domsmakt. Dette skjedde fleire gonger, gjennom at dei som var domfelt i Bergen prøvde å få styresmaktene i hansabyane sine til å oppheva Kontoret sin dom. Slike saker var ei utfordring for Kontoret sin autoritet. Korleis reagerte Kontoret på slike utfordringar mot autoriteten sin? Kunne Kontoret sjølv bruka rettsinstansen sin som politisk verktøy? Og hadde Kontoret myndigheit til sjølv å vedta regelverket som det dømte ut frå? Eg vil først sjå på kor regelverket til Kontoret kom frå. Så vil eg sjå nærare på Kontoret si praktisering av domsmakta si, og kva politiske implikasjonar denne kunne få. Her vil eg særleg sjå på korleis Kontoret nytta domsmakta si til å kjempa mot handelen på Island.

5.2 Opphavet til Kontoret sine reglar

Kva var rettsgrunnlaget som Kontoret dømde ut frå. I kor stor grad kunne Kontoret sjølv utforma regelverket sitt, og kor mykje vart fastlagd i hansabyane?

Dei eldste kortfatta forskriftene som er bevarte for Kontoret i Bergen er frå 1366, og vart vedtekne av ein hansedag.³⁶³ Etter dette er det bevart fleire forskrifter for Bergen, kalla ordinansar, frå hansedagar i 1369, 1373, 1412, og frå vendiske bydagar i 1446 og 1458.³⁶⁴ For

Kjøpmandz rett, oc ga derom hues rett er." *Bergen Rådstueprotokoll 1592-94, Fol. 108a*, frå Internettsida til Digitalarkivet, <http://digitalarkivet.uib.no/sab/raadstu2.htm>, lese 18.11. 2009.

³⁶¹ Ersland, "The Archive of the Kontor in Bergen," 21.

³⁶² AHL, Bgf. 1040. Ersland, *The Handelsgericht*, 2.

³⁶³ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 744.; NGL II, 1, 341-342.

³⁶⁴ NGL II, 1, 346. NGL II, 1, 350. AHL, ASA, *Externa Danica* 641; trykt i NGL II, 1, 375. NGL II, 1, 395. NGL II, 1, 409 (Kontoret i Bergen sitt utkast).

kvar nye utgåve vart regelverket meir omfangsrikt. Friedrich Bruns nemner at ordinansen frå hansedagen i Lüneburg i 1412 påla hanseatiske kjøpmenn i Bergen å retta seg etter vedtekter frå Kontoret si side.³⁶⁵ Dette innebar i praksis at Kontoret vart delegert lovgivande makt av hansedagen. Ordinansane frå 1446 og 1458 stadfesta ordinansen frå 1412.³⁶⁶ Kontoret si lovgivande makt vart dermed ståande ved lag, samstundes som vendiske bydagar og hansedagar òg framleis kunne vedta forskrifter.

Den nasjonale innfallsvinkelen til norske historikarar gjorde at dei lenge interesserte seg lite for slike interne hanseatiske spørsmål, men i den grad dei har gjort det, har dei nedvurdert Kontoret sitt sjølvstyre på dette området. Johan Schreiner var ein av dei få norske historikarane før midten av 1900-talet som til ein viss grad tok opp indre hanseatiske forhold. I innleiinga til boka "Hanseatene og Norge i det 16. århundre" slo han fast at Kjøpmannen i Bergen ikkje hadde myndigheit til å bestemma retningslinjene for den hanseatiske politikken. Kontoret tente Lübeck sine interesser, og "Lübecks råd, de vendiske bymøter og felles hansedager" stod for avgjerdene.³⁶⁷ Schreiner opnar ikkje for tanken om at Kontoret kan ha treft sjølvstendige avgjerder, iallfall ikkje i vesentlege saker. Heller ikkje Knut Helle nemner at Kontoret hadde lovgivande myndigheit. Han noterer seg berre at hansedagane vedtok ordinansar for Kontoret frå 1360-åra av.³⁶⁸ Dessutan skriv han at dei vendiske bydagane tok over som overordna instans for Kontoret frå midten av 1400-talet av.³⁶⁹ Framstillinga hans vektlegg at Kontoret var underordna instansar i hansabyane, og vurderer ikkje moglegheita for at Kontoret kunne ta viktige avgjerder sjølv.

Den tyske historikaren Nils Jörn tok doktorgraden sin i 1996 på eit større forskingsarbeid om hansekontoret i London, der han mellom anna kom inn på utviklinga av regelverket der.³⁷⁰ Han kom fram til at Kontoret i London i hovudsak vedtok sine egne forskrifter fram til 1474. Etter 1474, då ein konflikt mellom Hansaen og England vart løyst gjennom ei fredsslutning i Utrecht, slo dette heilt om. Forskriftene vart frå då av meir og meir fastlagde av

³⁶⁵ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, X. "...befahlen den Deutschen strikten Gehorsam an gegenüber allen vom Kontor beliebten Satzungen."

³⁶⁶ "Item myt dessen puncten vnde breue bestedege wy vnde confirmerenn den breff, de to Luneborch dem copmanne gegeuenn vnde to holdende geseet is." NGL II, 1, 395. "Vortmer so confirmeren unde bestedigen wii unde willen gehalten hebben den breff in allen sinen articulen unde puncten, de bynnen Luneborch van den steden der gantzen gemenen hanse umme des gemenen besten willen na Godes bord veerteyhundert jaire darna inne twelfften jare, amme avende der hemelvard unsses heren is belevet unde gegeven." NGL II, 1, 409.

³⁶⁷ Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 13.

³⁶⁸ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 744.

³⁶⁹ *Ibid.*, 731.

³⁷⁰ Jörn, "With money and bloode".

hansedagar.³⁷¹ Frå 1540 mista Kontoret i London heilt retten til sjølv å vedta reglar. Jörn forklarar dette med at konfliktar med styresmaktene i England gjorde Kontoret meir avhengig av hansabyane for å overleva, og at hansabyane nytta seg av dette til å ta meir kontroll over Kontoret.³⁷² I ein artikkel frå 2000 utvida Jörn undersøkinga si til å omfatta alle dei fire kontora.³⁷³ Han meinte å påvisa ein generell trend, der kontora opphavleg hadde ei heller sjølvstendig stilling, men frå 1470-talet av vart meir underlagt reguleringsivrige hansedagar. Jörn meiner dette gjorde kontora dårlegare i stand til å reagere fleksibelt på skiftande omstende, og at dette bidrog til å svekkja kontora, som med unntak av det i Bergen gjekk under i løpet av 1500-talet.³⁷⁴ Jörn sitt arbeid går ikkje i detalj inn på forholda i Bergen.

Mike Burkhardt er den som har sett i størst detalj på utviklinga av kontorstatuttane i Bergen, i ein artikkel frå 2005. Han meiner at Jörn sin modell ikkje passar med utviklinga i Bergen. Tvert imot meiner Burkhardt at utviklinga her gjekk den motsette vegen.³⁷⁵ Han peikar på at hansedagar og vendiske bydagar vedtok regelverk for Bergen frå 1365 til 1458, men deretter registrerer han tiltakande lovgiving på Kontoret i Bergen. Han har funne fleire dokument frå 1470- og 80-talet der Kontoret sjølv refererer til at det har fått rett av hansabyane til å endra regelverket sitt og vedta nye reglar. Eg har òg funne fleire tilfelle i kjeldene frå 1490 til 1510 av at Kontoret viser til vedtaket frå hansedagen i 1412 som rettsgrunnlag for å endra på sine egne vedtekter.³⁷⁶ Dette er det same vedtaket som Bruns nemner.³⁷⁷ Punktet om Kontoret si lovgivande myndigheit frå hansedagen i Lüneburg i 1412 lyder: "Vidare bed me kvar kjøpmann som høyrer til Hansaen, at om den allmenne Kjøpmannen i Bergen vedtek nokon nyttige artiklar eller punkt, skal ein halda dei, eller betala den bota som Kjøpmannen føreskriv."³⁷⁸ Som nemnt vart vedtektene frå 1412 stadfesta i sin heilskap på vendiske bydagar i 1446 og 1458.

³⁷¹ Nils Jörn, "Zwischen Eigenständigkeit und Unterordnung. Die Auseinandersetzungen zwischen Stalhof und Hansetagen um die Kontorordnungen," i *Genossenschaftliche Strukturen in der Hanse*, red. Nils Jörn, Detlef Kattinger og Horst Wernicke (Köln: Böhlau Verlag, 1999), 109-111. Jörn, "With money and bloode", 313-320.

³⁷² Jörn, "With money and bloode", 318-320.

³⁷³ Jörn, "Die Herausbildung der Kontorordnungen."

³⁷⁴ *Ibid.*, 229-230.

³⁷⁵ Burkhardt, "Die Ordnungen der vier Hansekontore," 68.

³⁷⁶ Til dømes AHL, Bgf. 869; trykt i NGL II, 3, 393 / Bull: 196; kjelde nr. 24 i tabell 1.

³⁷⁷ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, X.

³⁷⁸ "Vortmer so bede wy enen jewelken kopmanne, de in de Hense hort, ofte de ghemene kopman to Bergen yenegerleye artykele ofte punte uppsettede umme nutycheit wyllen, dat men dat schal holden by alsodanne broke, also de kopman dar uppsettet." AHL, ASA, Externa Danica 641; trykt i NGL II, 1, 375, § 17.

Kontoret hadde altså rett til å vedta egne reglar, samstundes som dei hanseatiske fellesorgana også kunne vedta reglar for det. Kva for eit regelverk kom ut av dette samspelet? Dei eldste bevarte kontorstatuttane som er kompilerte på Kontoret, er bevarte i eit manuskript frå ein gong på 1500-talet. Dei inneheld 100 punkt.³⁷⁹ I Norges gamle Love blir desse statuttane tidfesta til før 1464 fordi fleire av artiklane blir refererte til i kjelder frå så langt tilbake, men NGL nemner likevel at det overleverte manuskriptet må vera yngre. Det ber årstalet 1494, men eitt av punkta er dessutan tidfest i manuskriptet til 1522. Dette gjeld punkt 64, altså ikkje det siste punktet. Det kan såleis heller ikkje vera føydd til manuskriptet i 1522. Det har likevel vore vanleg å skriva at desse statuttane er frå 1494, noko til dømes både Helle og Wubs-Mrozewicz gjer.³⁸⁰ Burkhardt dreg derimot konsekvensane av at manuskriptet inneheld nyare dateringar. I tillegg til dateringa frå 1522 finst det òg ei datering til *anno xlv*.³⁸¹ Redaktøren av NGL tolkar dette som 1445, medan Burkhardt tolkar det som 1545.³⁸² Burkhardt daterer difor manuskriptet til andre halvdel av 1500-talet, men han er òg samd i at delar av innhaldet kjem frå 1400-talet. Innhaldet i artikkelen gir ikkje grunnlag for å avgjera om han er vedteken i 1445 eller 1545, men Burkhardt må uansett ha rett i at det overleverte manuskriptet ikkje kan vera eldre enn 1522. Han viser òg at fleire av punkta i dei eldste kontorstatuttane frå 1500-talet ikkje er å finna i hanserecessane, noko som truleg tyder at dei er vedtekne på Kontoret.³⁸³ Innhaldet i dei eldste bevarte kontorstatuttane er altså delvis vedteke på hansedagar og delvis på Kontoret. Punktet om Kontoret sin rett til sjølv å endra vedtektene sine er òg med i dei eldste kontorstatuttane, i ei noko lenger formulering enn den frå 1412:

”Den ærverdige Kjøpmannen har, etter dei ærverdige hansabyane sin vilje, vedtak og recessar, til ei kvar tid høve og fullkommen makt til å laga og setja opp nye, større eller mindre statuttar eller ordinansar, som det allmenne beste krev og fordrar, og å oppheva dei, når det er tilrådeleg og godt å gjera det etter tilhøva.”³⁸⁴

³⁷⁹ NGL II, 2, 416.

³⁸⁰ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 732, Wubs-Mrozewicz, 126.

³⁸¹ NGL II, 2, 416, § 99.

³⁸² Burkhardt, "Die Ordnungen der vier Hansekontore," 64.

³⁸³ Ibid.

³⁸⁴ "Also hefft ock de ersame kopman na willenn, ordeninge unnde recesse der erbar anze steder alle tidt math unnde vullenkamene macht nige mere edder weiniger statute unde ordinantie tho mackende unnde up thorichtende na nottrofft unnde forderinge des gemeinen bestenn ock de sulvenn wedder affthosthellende wor unnde wenner idt na gelegenheit der thidt radt unde gudt is." NGL II, 2, 416, §98. Mike Burkhardt skriv at eit slikt punkt ikkje er med i dei eldste kontorstatuttane. Dette stemmer altså ikkje. Burkhardt, "Die Ordnungen der vier Hansekontore," 64-65.

Kontoret sin rett til sjølv å vedta reglar innebar at det hadde stort sjølvstyre innanfor Hansaen. Samstundes nemnte kontorstatuttane uttrykkeleg at denne retten var delegert til det av hansabyane. Slik erkjente Kontoret òg at det var underlagt fellesskapet av hansabyar.

Straffene som dei eldste kontorstatuttane stipulerte var bøter og i ytste konsekvens eksklusjon frå kjøpmannsprivilegia i Bergen, eller *utlage*.³⁸⁵ Ernst Pitz peikar på at privilegia til hanseatane ikkje berre gav dei rettar, men òg plikter som kvar enkelt kjøpmann var ansvarleg for å oppfylle. Dersom ein kjøpmann ikkje ville oppfylle desse pliktene, altså ikkje ville oppfylle føresetnadene for å vera ein del av fellesskapet, kunne fellesskapet utelukka han frå bruken av privilegia.³⁸⁶ I London var dette også den strengaste straffa oldermannen kunne dømma nokon til,³⁸⁷ medan Novgorod skilde seg ut ved at oldermannen der hadde rett til å dømma folk til døden.³⁸⁸ Statuttane i Bergen inneheldt punkt om valdshandlingar og andre saker som i våre dagar ville falla inn under kriminalrett. Men i tilfelle drap skulle rettssaka ifølgje statuttane ikkje skje på Kontoret, men i heimbyen til kjøpmannen som vart drepen.³⁸⁹ Statuttane såg altså ikkje for seg at eventuelle drap på nordmenn, eller andre som ikkje var hanseatar, skulle komma fram for kjøpmannsretten. Paragraf 8 i statuttane slår fast at dersom nokon blei dømt til ei bot i norsk rett for valdshandlingar, skulle dei betala den same bota til Kjøpmannen òg.³⁹⁰ Statuttane føreset altså at kontorkjøpmenn kunne stå for norsk rett for slike brotsverk. Som nemnt i kapittel 4.3 inneheldt dei eldste kontorstatuttane eit punkt om retten til å anka til byrådet i Lübeck. Statuttane presiserte i detalj korleis dette skulle gjerast. Anten skulle ein venda seg til byrådet i Lübeck før Kontoret hadde felt ein dom, eller om ein ville anka ein dom som Kontoret hadde felt, skulle ein setja hundre engelske skilling i kausjon og betala kostnadene til motparten sin fram til dommen var avsagt.³⁹¹

³⁸⁵ NGL II, 2, 416. For tydinga av ordet "utlage": Wubs-Mrozewicz, 137.

³⁸⁶ Pitz, 294-296.

³⁸⁷ Jörn, "With money and bloode", 294.

³⁸⁸ Schubert, "Hansische Kaufleute im Novgoroder Handelskontor," 80.

³⁸⁹ "Wo ock jennich kopman schipman edder kopmans knecht einen anderenn dothsloge edder midt werender handt vame levende brochte, schal hir under des kopmans scharm unnde gerechticheit nicht voregedinget werdenn, sunderlick wo de entlivede under des kopmans gerechticheit is begrepenn gewesth. NGL II, 2, 416, § 91.

³⁹⁰ "Anne dath de sulckenn unsthur edder gewaldth inn vorberorde wise erwecken unnde bedrivenn, wes de in dath nordesche recht breckenn, so vele schoelenn se ock ann den kopman breckenn sunder gnade." Ibid., § 8.

³⁹¹ "Wol dar aver sinn recht buthenn schethenn wil, de schal dath donn vor einenn erbarenn radeth tho lubeke, dar ok des ersamenn kopmans udthgande recht is, unnde anders nargenn, unnde dath schal schenn vor der thidth, er vann dem ersamenn kopmann unnde gemene einn ordel offthe recht is affgesechth. Wol nad em ordel appelerenn wolde, de schal deme kopmanne vorborgenn hunderth ß engelsch unnde sineme weddersathenn kosth unnde theringe wenthe tho udthdracht der sacke unnde des rechtenn binnen jar unnde dage tho vorfolgende." Ibid., § 15.

Burkhardt meiner å påvisa at kontorstatuttane inneheldt sovande paragrafar, som må ha blitt vedtekne av hansabyane, men ikkje vart påakta av Kontoret. Dømet hans på dette er artikkel 93, som han refererer til som eit påbod om å kjøpa all fisk for reie pengar. Dette strir mot vanleg praksis på Kontoret, der fiskehandel helst føregjekk mot kreditt og varebyte.³⁹² Dersom dette stemte, ville det vera svært oppsiktsvekkjande, og reisa spørsmålet om i kva grad kontorstatuttane faktisk vart etterlevd av Kontoret. Det er difor viktig å slå fast at Burkhardt si tolking av statuttane her er feil og kjem av ei feil omsetjing av den mellomnedertyske kjelda. Ordlyden i artikkel 93 er: "Idthem schal ock einn jder kopman vann sinenn kopgenotenn denn visk tho gilde entphangenn unnde nicht bi hupkope bi brocke itlick hunderth j rinschen guldenn."³⁹³ Burkhardt tolkar tydelegvis *tho gilde* som "mot pengar", og *hupkop* som "varebyte". I boka si om språket på Bryggen gjer Brattegard merksam på den moglege samanblandinga av *gilden*, som tyder "å sortera" og *gelden* som tyder "å betala".³⁹⁴ *Tho gilde* tyder i denne samanhengen "sortert". Maria Wetki omtalar *hupkop* i ein artikkel om handelen på Bryggen, der ho omset ordet med "kjøp av usortert fisk".³⁹⁵ Omsetjinga av artikkel 93 blir då: "Kvar kjøpmann skal ta imot fisk frå dei norske handelspartnarane sine sortert og ikkje usortert, eller bøta 100 rhinske gylden." Denne tolkinga stemmer godt med det me elles veit om korleis handelen gjekk føre seg. Dermed fell trongen for å forklara kvifor kontorstatuttane inneheldt punkt som var stikk i strid med vanleg praksis på kontoret vekk. Det er ingen grunn til å tru at Kontoret ikkje handheva statuttane sine.

Di meir interessant blir det då å sjå nærare på Kontoret sin rett til å endra på sine egne reglar og vedta nye. At Kontoret hadde høve til å modifisera sine egne vedtekter og halda dei oppdaterte etter tilhøva til ei kvar tid må ha vore ein styrke for Kontoret. Burkhardt luftar difor tanken om at dersom utviklinga mot større sentralstyring frå hansedagane førte til nedgang for dei andre kontora, så kan utviklinga mot større sjølvstende og fleksibilitet for Bergen sin del vera med å forklara kvifor Kontoret i Bergen eksisterte så mykje lenger enn dei andre kontora.³⁹⁶

Korleis nytta så Kontoret den lovgivande makta si? Finst det døme på at Kontoret kunne vedta reglar for å styrka egne interesser overfor hansabyane? I Kontoret sin korrespondanse frå

³⁹² Burkhardt, "Die Ordnungen der vier Hansekontore," 72. Også i Burkhardt, "Das Hansekontor in Bergen," 35.

³⁹³ NGL II, 2, 416, §93.

³⁹⁴ Brattegard, *Die Mittelniederdeutsche Geschäftssprache*, 106-107.

³⁹⁵ "Unsortierter kauf, 'huepkop', war verboten". Maria Wetki, "Studien zum Hanse-Norwegen-Problem," *Hansische Geschichtsblätter* 70 (1951): 68.

³⁹⁶ Burkhardt, "Die Ordnungen der vier Hansekontore," 69.

1490 – 1510 finst det tre døme på at Kontoret nytta myndigheita si til å vedta nye forskrifter, eller truga med å gjera det:

- I 1490 informerte Kontoret byrådet i Lübeck om at det hadde vedteke nye reglar om sortering og pakking av tørrfisk.³⁹⁷
- I 1496 truga Kontoret byrådet i Rostock med å innføra ein regel om at alt øl frå Rostock til Bergen måtte fraktast i tønner frå Lübeck, om ikkje bøkkarane i Rostock forbetra seg og laga betre tønner.³⁹⁸
- I 1501 skreiv Kontoret til Bergenfararkompaniet at dei hadde tenkt å setja inn eit punkt i kontorstatuttane om kva straff som skulle ramma kjøpmenn som nytta Kontoret i Bergen og som reiste til dei forbodne øyane, Island, Færøyane, Shetland og andre.³⁹⁹ Seinare same året skreiv dei til byråda i Lübeck, Hamburg og Bremen og informerte om at dei hadde innført ein slik regel.⁴⁰⁰

Av desse tre tilfella ser saka om ølimport frå Rostock minst omfattande ut. Her er det heller ikkje snakk om eit faktisk vedtak. Kontoret truga med å nytta retten sin til å vedta reglar for å få gjennom kravet sitt. Spørsmålet om sortering av tørrfisk var viktig, og det dukkar òg opp i seinare kjelder.⁴⁰¹ Men den vedtekne regelen gjaldt handlingar som skulle utførast i Bergen, og som Kontoret var best i stand til å handheva sjølv. Saka var dessutan ikkje kontroversiell mellom hansabyane. Spørsmålet om handel på dei gamle norske skattlanda var derimot høgst kontroversielt. Eg vil no sjå nærare på bakgrunnen for dette vedtaket.

Heilt frå 1294 av var det forbode for utanlandske kjøpmenn i Noreg å segla nord for Bergen for å driva handel.⁴⁰² Dette forbodet gjaldt òg for handel på dei norske skattlanda, altså Shetland, Orknøyane, Færøyane og Island. Kontoret i Bergen var godt nøgde med denne

³⁹⁷ Sjå fotnote 266. HUB XI, 398 / NGL II, 3, 397 / Bull: 148; kjelde nr. 1 i tabell 1.

³⁹⁸ ”in deme gy sodant by deme genanten ampte der bodekere also nicht besturen unde bestellende werden, dat na desser tiit derhalven mere clachte vor uns komende werdt, so en konne wii nicht anders darby varen, sunder dat wy under uns myt deme gemeynen kopmanne beleven unde insetten moten, dat alle dejenne, dede hiir Rosztoker bere tho schepende gedencken, dat de by broke sodane beretunnen van Lubeke in juwe stadt schicken scholen.” HUB XI, 968; kjelde nr. 15 i tabell 1.

³⁹⁹ Sjå fotnote 166. AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 22 i tabell 1.

⁴⁰⁰ Sjå fotnote 148. AHL, Bgf. 869; trykt i NGL II, 3, 393 / Bull: 196; kjelde nr. 24 i tabell 1.

⁴⁰¹ AHL, Bgf. 865; trykt i HR III, 3, 336 / NGL II, 3, 81 / Bull: 175; kjelde nr. 11 i tabell 1. AHL, Bgf. 866; trykt i DN XVI, 319; kjelde nr. 14 i tabell 1.

⁴⁰² For heile dette avsnittet: Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, LXV-LXVII. Også mellom anna Narve Bjørgo, ”800-1536. Makt - og avmakt,” i *Selvtendighet og union. Fra middelalderen til 1905*, red. Narve Bjørgo, Øystein Rian og Alf Kaartvedt, *Norsk utenrikspolitikk historie* (Oslo: Universitetsforlaget, 1995), 129-131. Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 798. Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 43-47.

regelen, sidan han førte til at all fjernhandel frå desse områda vart konsentrert i Bergen. I kontorordinansane frå 1412 er det då òg med eit punkt om forbod mot handel på andre stader i Noreg enn i byane der det hadde vore vanleg.⁴⁰³ I 1416 presiserte ein hansedag etter klage frå Kontoret i Bergen at handel på Orknøyane, Shetland og Færøyane var ulovleg, og kunne straffast med utestenging frå Hansaen.⁴⁰⁴ Island vart ikkje spesielt nemnt, truleg fordi det ikkje føregjekk hanseatisk handel på Island på denne tida. Men frå 1460-talet av begynte kong Kristian I å gi lisens til hansakjøpmenn til å handla på Island. Narve Bjørgo framhevar at kongen gjorde dette for å motverka det store engelske nærveret der.⁴⁰⁵ Frå hansabyane tok særskilt kjøpmenn frå Bremen og Hamburg opp handelen på Island, og denne handelen vart viktig for dei. I Hamburg utrusta byrådet skip til islandsfart. Både Kontoret i Bergen og det norske riksrådet var sterkt imot slik handel, då han undergrov Bergen si stapelstilling. I 1482 vedtok dei vendiske byane forbod mot islandsfart, men forbodet viste seg å ha liten effekt i praksis. I 1489 vedtok til slutt dei vendiske byane å tillata islandsfart for kjøpmenn frå alle dei vendiske byane om ikkje Hamburg slutta med det same. Også enkelte kjøpmenn frå Lübeck begynte med islandsfart seinast frå 1490.⁴⁰⁶ Til sist gav Hansaen opp forbodet mot islandsfart gjennom vedtak på hansedagane i 1494 og 1498 som la ned forbod mot handel på Orknøyane, Shetland og Færøyane, men ikkje omfatta Island.⁴⁰⁷

Bruns konkluderte med at frigjevinga av islandsfarten undergrov grunnlaget for Kontoret i Bergen sin maktposisjon.⁴⁰⁸ Schreiner, derimot, meinte at islandshandelen ikkje var så viktig for Kontoret. Det var uansett lenge sidan fiskeeksporten frå Island hadde gått om Bergen. Han hadde nemleg vore kontrollert av engelskmenn gjennom mesteparten av 1400-talet. Det viktigaste for Kontoret, meinte Schreiner, var å halda på kontrollen med handelen på Færøyane, Orknøyane og Shetland. Når det gjaldt islandsfarten var det rom for å gi etter.⁴⁰⁹ Knut Helle meiner heller ikkje at opninga av islandshandelen var noko avgjerande slag for

⁴⁰³ "...sunder in den steden, also wontlik is." AHL, ASA, Externa Danica 641; trykt i NGL II, 1, 375, §12. Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, LXV.

⁴⁰⁴ "nemmend schal zegelen to Orkeney, to Hytlande ofte to Vere, unde ok neynerleye legher maken ofte holden wor anders, went to Nortberghen, Anslø, to Tunsbergh (...) weret sake, dat jementz, copman ofte schipher, dat breke, dat schiip unde gud schal vervallen der stad, dar dat irsten tozocht edder kompt; unde dit schal de stad strengliken richten, unde de schipher unde de copmn schal na deme daghe nicht mer werdich wesen der vryheid des koepmans der dutschen henze." NGL II, 1, 377. Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, LXV.

⁴⁰⁵ Bjørgo, 130.

⁴⁰⁶ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, LXVI. Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 45.

⁴⁰⁷ Ei avvikande framstilling gir Bjørn Thorsteinsson, som skriv at "Hansarådet" forbaud islandsfarten også i 1494 og 1498. Bjørn Thorsteinsson, "Island," i *Det nordiske syn på forbindelsen mellem hansestæderne og Norden* (Århus: Det nordiske historikermøde i Århus 7.-9. august 1957, 1957), 176.

⁴⁰⁸ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, LXVII.

⁴⁰⁹ Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 44.

Kontoret i Bergen. Det gav bergensfisken ein ny konkurrent på kontinentet, men marknaden var stor nok for alle.⁴¹⁰ Wubs-Mrozewicz framhevar derimot at Kontoret i Bergen iallfall sjølv såg islandshandelen som eit stort problem. Ved fleire høve utover 1500-talet klaga Kjøpmannen i Bergen over at islandshandelen truga heile Kontoret sin eksistens.⁴¹¹

Kontoret såg altså handelen på Island som eit trugsmål, og det nytta den lovgivande makta si som eit middel til å freista å stoppa denne handelen. I brevet frå Kontoret til byråda i Lübeck, Hamburg og Bremen i 1501 vart dei tre byane informerte om at Kjøpmannen samrøystes hadde vedteke å setja inn eit punkt om forbod mot handel på dei forbodne øyane i kontorvedtektene. Færøyane og Shetland (*Hethlant unde Veroy*) blei særskilt nemnde.⁴¹² Sjølve ordlyden i den nye vedtekta er ikkje med i brevet, men vart sendt med i eit vedlegg som ikkje er bevart. Island blei ikkje nemnt i brevteksten, men det verkar klart at forbod mot handel på Island òg må ha vore inkludert i Kontoret sitt vedtak. I eit brev frå mai 1501 skriv nemleg Kontoret at det ikkje står noko om eit forbod mot handel på nokon av desse øyane i kontorvedtektene.⁴¹³ Men punkt 86 i dei eldste bevarte kontorstatuttane inneheld eit punkt som utvitydig forbyr handel på både Island, Shetland og Færøyane: ”Alle dei som mot hanserecessane driv med forbodne reiser, nemleg til Island, Færøyane og Shetland, for å driva kjøpmannskap der, skal ha mista kjøpmannsretten sin her, i tillegg til slike bøter som dei ærverdige byane har fastlagt for dette.”⁴¹⁴ Når Kontoret i mai 1501 sa at dei ikkje kunne finna eit slikt punkt i statuttane, må dette tyda at punkt 86 har komme til seinare. Det må då vera slik at punkt 86 er det nye punktet i kontorstatuttane som vart vedteke i oktober 1501.

I brevet til dei tre byråda refererte Kontoret òg til heimelen sin for å vedta nye vedtekter:

”Dei ærverdige og ærbare herrar, rådssendeboda frå dei allmenne hansabyane, samla i Lüneburg i 1412 på Kristi himmelfartsaftan, gav Kjøpmannen, i forseglade brev, makt,

⁴¹⁰ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 799.

⁴¹¹ Wubs-Mrozewicz, 184.

⁴¹² Sjå fotnote 148. AHL, Bgf. 869; trykt i NGL II, 3, 393 / Bull: 196; kjelde nr. 24 i tabell 1.

⁴¹³ ”hebben wy (...) der halven des kopmans willekore vlitigen dor gelesen laten, dar inne uppe vorboene reise tho donde, entlikes nicht belevet is.” AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 22 i tabell 1.

⁴¹⁴ ”So ock alle de jenne, de weder der stheder recess vorbadenn reisse holdenn, nomelick in Islandt, Verow, Hithlande kopenschop dar tho donde, scholenn hir vorbrackenn hebbenn des kopmans rechticheidt bavenn sodane brocke, also de erber stheder dar up gesettett unnde vorressset hebben.” NGL II, 2, 416, §86.

myndigheit og løyve til å påby eller forby, ved bøter, det som synest Kjøpmannen fordelaktig og nyttig for at denne busetjinga skal bestå.”⁴¹⁵

Dei tre byane vart informerte om at vedtaket var gjort, og Kontoret gjorde greie for rettsgrunnlaget sitt for å treffa vedtaket. Men samstundes uttrykte Kontoret håp om at den nye regelen ikkje var byane imot, og bad dei om å stadfesta han.⁴¹⁶ Kan det at Kontoret bad Lübeck, Bremen og Hamburg om å stadfesta vedtaket, tolkast som at Kontoret si lovgjevande makt i kvart enkelt tilfelle var avhengig av stadfesting av hansabyane? Sjølv om me ikkje kjenner den nøyaktige ordlyden, veit me at regelen om forbod mot besøk av skattlanda gjaldt handlingar utanfor Bergen. Dessutan var Kontoret godt klar over at slik handel føregjekk i stor utstrekning, og særskilt frå Hamburg og Bremen.⁴¹⁷ Kontoret var makteslause til å gjera noko med denne handelen på eiga hand, men var avhengige av at styresmaktene i byane følgde opp vedtaket. Det verkar difor rimeleg å sjå førespurnaden om stadfesting frå byane si side som eit pragmatisk tiltak, i håp om at vedtaket skulle bli etterlevd. Adressaten var då heller ikkje eit hanseatisk fellesorgan, som ein vendisk bydag eller ein allmenn hansedag, men byråda i dei tre byane som det av praktiske grunnar verka mest naturleg å be om stønad for å få handheva forbodet. Det verkar altså ikkje rimeleg å tolka denne kjelda som at reglar som Kontoret vedtok måtte stadfestast av byane i kvart enkelt tilfelle.

Kontoret hadde altså myndigheit til å fastsetja sine eigne reglar, og det nytta seg av denne retten. Samstundes framheva Kontoret sjølv når dei vedtok reglar at rettsgrunnlaget for å gjera dette var vedtaket på hansedagen i Lüneburg i 1412. Kontoret erkjente såleis at det var underordna hansedagane. At Kontoret i Bergen framleis dreiv eiga lovgiving på denne tida, set det i ei særstilling frå slutten av 1400-talet av, om me følgjer Jörn si framstilling. Kontoret i Bergen har hatt ei meir sjølvstendig stilling enn dei andre kontora på denne tida. Om dette skuldast eit omslag rundt midten av 1400-talet, som Burkhardt foreslår, er vanskeleg å slå fast. Kontoret hadde heilt sidan 1412 rett til å endra eigne statuttar. Rimelegvis har regelverket over lenger tid vorte til i eit samspel mellom Kontoret i Bergen og hansabyane. Ein kan slå fast at Burkhardt har rett i at det i Bergen ikkje skjedde ei slik innskrenking av

⁴¹⁵ ”Nach deme male, dat de werdighen, erbaren unde ersamen heren radessende boden der gemeynen hansze stede anno domini xiiic unde xii ame avende ascensionis domini bynnen Luneborch vorgaddert, in breven van den sulven rade vorsegelt, deme kopmane de macht unde gewalt gegeben hebben unde togelaten ys, dat de kopman umme des gemeinen besten willen by broke up unde aff setten mach, dat deme kopmane to bestantnisse desser nederlaghe profytlick unde nütte duncket wesen.” AHL, Bgf. 869; trykt i NGL II, 3, 393 / Bull: 196; kjelde nr. 24 i tabell 1.

⁴¹⁶ Sjå fotnote 272. Ibid.

⁴¹⁷ Bjørge, 130.

Kontoret si lovgjevande myndigheit som Jörn stipulerte for alle fire kontora på slutten av 1400-talet. Først mykje seinare ser ein teikn til ei slik utvikling i Bergen. Kontorstatuttane for Bergen vart gjennomgått og fornya av ein hansedag i Lübeck i 1572. Punktet om at Kontoret kunne endra sine eigne vedtekter var då framleis med, men no med eit tillegg om at slike endringar måtte godkjennast av byane.⁴¹⁸ Eit slikt krav er ikkje nemnt i dei eldste kontorstatuttane. Hansedagen vedtok altså no eit heilt sett med forskrifter som Kontoret måtte godta, og Kontoret sin eigen rett til å fastsetja reglar vart gjort avhengig av hansedagen si godkjenning. Dette var mykje den same utviklinga som hadde skjedd med Kontoret i London femti til hundre år tidlegare, der hansedagane tok større kontroll. Men i Bergen skjedde denne utviklinga altså først mykje seinare.

5.3 Rettsinstansen til Kontoret som politisk verkemiddel - eit døme

Eg vil no sjå på kva saker som er nemnt i kjeldene der Kontoret utøver domsmakta si. Deretter vil eg gå i større detalj inn på ei av dei. Igjen gjeld det handel på Island. Som nemnt blei fleirtalet av daglegdagse saker som vart handsama av Kontoret truleg aldri nemnde i korrespondansen til hansabyane. Dei sakene ein kan forventa ville setja spor etter seg i slike kjelder, er saker som kravde ei eller anna form for handling frå anten Bergenfararkompaniet eller byrådet i ein hansaby, eller saker der den domfelte ikkje godtok dommen. Desse tilfella er å finna i Kontoret sin korrespondanse:

- 1493: Hans Bruns frå Rostock fekk bot for å ha ført til Bergen gods som ikkje var hanseatisk for Hinrik Kron, ein byrådsmedlem i Rostock.⁴¹⁹
- 1494: Hans Remensnyder og to andre gesellar frå Rostock reiste frå Bergen utan å ha betalt skatt (*schott*) til Kontoret. Noko gods som dei etterlét i Bergen vart beslaglagt av oldermennene.⁴²⁰

⁴¹⁸ "Jedoch alles auff Ratification der Ehrbb: Städte." Nielsen: 14.

⁴¹⁹ "wy fogen juwer leve tho weten dat wy na billicheyte unde des kopmans ordinancie umme des gemeynen besten willen van schippere Hans Brunsz, juweme medeborger unde inwoner, borgen genomen hebben, dersakehalven dat he uthenssche gudere, also em heren Hinrik Kron juwes rade medekumpan ingeschepet schal hebben, hyre gevoret (...) hefft." AHL, ASA Externa Danica 978; kjelde nr. 7 i tabell 1. Også nemnt i HUB XI, 736; kjelde nr. 10 i tabell 1.

⁴²⁰ "Derwegene vogen wy juw fruntliken tho wetende, dat hiir tho jare dre gesellen weren, darvan de eyne was genomt Hans Remensnydere, (...) unde wy leten se (...) vorboden unde esschen mere dan eyne reyse, dat se deme kopmanne reden scholden don in schotte unde vorschotte geliick anderen guden kopgesellen. Des se altesnicht geachtet hebben, sunder uth der rosteringhe myt uthensschen schepen hemeliken van hiir gesegelt sin unde hebben altesnicht reden gedan, unde do wy des berichtet worden, dat se welke gudere hiir tor stede gelaten hadden, de hebben wy der sake halven don arresteren." HUB XI, 736; kjelde nr. 10 i tabell 1.

- 1494: Skipper Vlint frå Rostock fekk bot for å ha teke høgare fraktsatsar enn satsane som var fastsette for skip frå Lübeck og Wismar. Oldermennene slutta at desse fraktsatsane òg måtte gjelda for skip frå Rostock.⁴²¹
- 1495: Gert Bonhoff stelte i stand eit oppløp blant sjøfolk i Bergen mot Kjøpmannen, og kom seg unna frå Bergen ustraffa. Han skulle aldri meir få lov til å koma til Bergen. Byrådet i Wismar, heimbyen hans, blei oppmoda om å straffa han.⁴²²
- 1501: To skipparar frå Bremen kom til Bergen før seglingstida som fraktherrane i Lübeck har fastsett. Kontoret tok kausjon av dei og avventa nærare instruksar frå Bergenfararkompaniet i Lübeck.⁴²³
- 1501: Hans Kinkel og Jachim Wildelouwen frå Lübeck hadde drive handel på Island. Kontoret vurderte å ekskludera dei frå kjøpmannsprivilegia i Bergen.⁴²⁴
- 1501: Skippar Jacob van Horn frå Deventer hadde segla til Bergen frå Lübeck utanom fraktherrane sine fastsette seglingstider. Han og kjøpmennene han hadde med seg, fekk bøter for det.⁴²⁵

Reglane om frakt av gods som ikkje var hanseatisk, betaling av skatt til Kontoret og oppløp mot Kjøpmannen var utvitydig regulerte av kontorstatuttane.⁴²⁶ Ein kan elles merka seg at Kontoret i tilfellet til den rostockske byrådsmedleimen Hinrik Kron, understreka rettsgrunnlaget sitt ved å nemna at hansabyane hadde vore med på å vedta Kjøpmannen sine

⁴²¹ "id is toveren dorch de erszamen heren radessende boden der gemenen Henszestede bynnen Lubeke gedinget, berecesset unde belevet, dat neyn schippere, de tore Wyszmere wert vorfrachtet myt allike guden schepen, mehr hebben schal tore fracht dan also de fracht tho Lubeke wert gemaket. In der wyse vormoden wy uns, dat juwen schipperen, dede in juwer stad vorfrachtet werden, ime rechten tor fracht nicht mehr behore dergeliken. Derwegene so hebben wy schippere Vlinte van syner fracht, also eme nu beloved was, affgebroken uppe jewelike last 4 s. Densch." HUB XI, 738; kjelde nr. 12 i tabell 1.

⁴²² "ener ghenomet Gert Bonhoff de makede hir enen uplop unde vorgadderunge van schipman unde van boesman unde vort van schepen to schepen unde makede pertye jeghen den kopman. (...) Worumme (...) is unse demodighe bede, gii sodanen bedderven knecht wyllen darover tuchtigen. (...) Hebben dergheliken ghescreven an unse hovetlude to Lubeke, dat se alle schipperen sollen wernen, dat ene ghen schipper na dussem daghe schael to Bergen voren." HUB XI, 767 / NGL II, 3, 87; kjelde nr. 13 i tabell 1. Også nemnt i AHL, Bgf. 866; trykt i DN XVI, 319; kjelde nr. 14 i tabell 1.

⁴²³ "Der wegen guden frunde so sint hyr vor paschen unde in den paschen twe schepe van Bremen gekomen (...) so hebben wy van den vorbenannten schipperen borgen genomen upp juwe antworde, wo wy id dar vorder mede holden scholen wille gy uns wol vorwitliken myt den ersten." AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 21 i tabell 1.

⁴²⁴ Sjø fotnotar 435-440. AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 22 i tabell 1.

⁴²⁵ "So hefft de olderman, van beuele vnde jn vorgadderunge des gemeynen kopmans. Schipper Jacob van Horne, dede tegen des kopmans eyndracht bynnen Lubeke gemaket, byvlate [DN har feilaktig "bynlate"] gesegelt hadde, arresteret vnde by des kopmans rechticheyt vorboden. juwer koplude gudere, dedo hijr jne myt eme brockafftich weren geworden nicht jntonemende edder van hijr thovorende." AHL, Bgf. 1017; trykt i DN XVI, 340 / NGL II, 3, 397 tillegg 3; kjelde nr. 29 i tabell 1.

⁴²⁶ NGL II, 2, 416, §20-22; §46-47; §16.

statuttar.⁴²⁷ For fraktsatsane frå Rostock slutta Kontoret ved analogi frå eit vedtak av utsendingar frå hansabyane om fraktesatsane som skulle gjelda i Lübeck og Wismar. Dette vedtaket hadde vorte gjort for å avslutta ein strid mellom Wismar og dei lybske bergenfararane i 1467.⁴²⁸ I dei to siste sakene, mot bergenfararar frå Lübeck som dreiv islandshandel og bergenfararar frå Deventer som dreiv ureglementert bergensfart, var rettsgrunnlaget meir komplisert. Saka mot kjøpmenn frå Deventer og dei zuidersjøiske byane har eg sett nærare på i kapittel 4.8. Eg skal no sjå nærare på saka mot kjøpmenn som dreiv ulovleg handel på Island. Denne saka gir oss ikkje berre innblikk i kor viktig kampen mot islandshandelen var for Kontoret, men òg på kor stort sjølvstyre Kontoret meinte å ha, og kor mykje det sette inn for å få handheva dommane sine.

I 1501 blei to bergenfararar frå Lübeck, Hans Kinkel og Jachim Wildelouwen, skulda for å ha drive handel på Island. Fleire brev frå 1501 og 1502 viser oss korleis Kontoret i Bergen freista å straffa dei for dette, endå hansabyane på denne tida hadde tillate slik handel i fleire år. Kontoret nytta altså rettsinstansen sin til eit klart politisk formål, nemleg å motarbeida hansedagane si frigjeving av handelen på Island. Kinkel og Wildelouwen vart begge lyst utlæge for islandsfarten sin, altså fråtekne retten til å ta del i dei hanseatiske kjøpmannsprivilegia i Bergen. Saka er ekstra interessant fordi Hans Kinkel ikkje var nokon kven som helst, men medlem av byrådet i Lübeck. Det var han frå 1501 til han døydde to år seinare i 1503.⁴²⁹ Han sat altså i ei svært prominent stilling. Jachim Wildelouwe stod truleg i eit nært forhold til Kinkel, då han var ein av testamentfullbyrdarane hans.⁴³⁰ Den fullstendige brevvekslinga om saka er ikkje bevart, så me har ikkje full oversikt over saksgangen, men hovudpunkta kjem fram i tre brev frå Kontoret til Bergenfararkompaniet i Lübeck frå 1501 og 1502 og to brev frå Bergenfararkompaniet til Kontoret frå 1502.⁴³¹ Fleire av breva det er snakk om, er blant kjeldene som ikkje finst i trykt form. Dei har dermed vore utilgjengelege det meste av etterkrigstida. Dette gjeld blant anna eit brev frå Kontoret til Bergenfararkompaniet av 28. mai 1501, som gir den mest omfattande omtalen av saka, og eit

⁴²⁷ "...des kopmans wyllekore dede van den steden is medebelevet..." AHL, ASA Externa Danica 978; kjelde nr. 7 i tabell 1.

⁴²⁸ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 792. Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, XXII.

⁴²⁹ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, CXLIV.

⁴³⁰ Burkhardt, *Der hansische Bergenhandel im Spätmittelalter*.

⁴³¹ AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 22 i tabell 1. AHL, Bgf. 868 trykt i Bull: 187; kjelde nr. 25 i tabell nr. 1. AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 28 i tabell 1. AHL, Bgf. 955, to brev, eitt av dei trykt i DN XVI, 338.

brev frå Bergenfararkompaniet til Kontoret frå 1502 som fortel om forhandlingar med borgarmeistrane i Lübeck.⁴³²

Det første brevet som nemner islandsfarten er skrive på Kontoret i Bergen 29. april 1501.⁴³³ Her blir det sagt at spørsmålet om islandsfart er oppe til drøfting mellom Bergenfararkompaniet i Lübeck og byrådet same stad, og at Kontoret avventar nærare melding om korleis det skal enda med islandsfarten.⁴³⁴ Det gjekk altså føre seg drøftingar mellom Bergenfararkompaniet og byrådet om dette spørsmålet. Kontoret vart først informert om Kinkel og Wildelouwen sin islandsfart i brev frå Bergenfararkompaniet den same våren. Truleg tyder dette at skipet deira har reist frå Island direkte tilbake til Lübeck, og ikkje gått innom Bergen. Bergenfararkompaniet sitt brev vart lese opp og drøfta av den allmenne kjøpmannen.⁴³⁵ Dette var det same møtet som vart skildra i brev til Bergenfararkompaniet den 28. mai 1501 som vart drøfta i kapittel 3.3. Som eg freista å visa der, var det truleg snakk om eit møte i kjøpmannsrådet, ikkje den større kjøpmannsforsamlinga. Brevet frå Bergenfararkompaniet fortalde at kjøpmennene Hans Kinkel og Jachim Wildelouwen hadde drive handel på Island.⁴³⁶ Kjøpmennene på Kontoret drøfta nøyre korleis dei skulle reagere på dette. Etter vanleg praksis ville Kjøpmannen ha gjort dei utlæge, altså ekskludert dei frå Kontoret og bruken av Kontoret sine privilegium.⁴³⁷ Men for å vera sikre på rettsgrunnlaget sitt, lét forsamlinga kontorstatuttane (*des kopmans willekore*) lesa grundig gjennom. Der fann dei ikkje heimel for å lysa nokon utlæge for islandsfart.⁴³⁸ Men då dei las gjennom recessar frå hansedagar (*der stede recesse*), fann dei strenge forbod mot slike reiser.⁴³⁹ Dei var likevel usikre på om dei to kjøpmennene hadde fått særskilt løyve av byrådet i Lübeck til å driva handel på Island. Difor bestemte dei seg for å ikkje lysa nokon utlæge enno. Kjøpmannen Gerdt Kruthup, som tydelegvis var Hans Kinkel sin representant i Bergen, lova på Kinkel sine vegner at han skulle gjera opp for seg før neste kjøpstemne. Om han ikkje gjorde det, gav Kontoret Bergenfararkompaniet i Lübeck fullmakt til å lysa Kinkel utlæge, med mindre

⁴³² AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 22 i tabell 1. AHL, Bgf. 955.

⁴³³ AHL, Bgf. 868, kjelde nr. 21 i tabell 1.

⁴³⁴ "...dar inne gy intlateste schriwen dat gy uns myt den lubeschen schepen vorwitliken willen wo id sick myt der yszlandesschen reyse endigen wil." AHL, Bgf. 868, kjelde nr. 22 i tabell 1.

⁴³⁵ "Juwe breve unde schriffte (...) hebe wy entfangen unde in vorgadderunge des gemeynen kopmans van worden tho worden lesen laten." Ibid.

⁴³⁶ Namna "Hans Kinkel" og "Johan Kinkel" blir brukt om einannan i kjeldene. AHL, Bgf. 868. AHL, Bgf. 955.

⁴³⁷ "hebben wy interste vorhandelt van den jennen dede schipper Symon Jonszon in Yszlant vorfrachtet hebben den wy na gewanten dingen, uthlage wolden hebben gelecht." AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 22 i tabell 1.

⁴³⁸ "und der halven des kopmans willekore vlitigen dor gelesen laten, dar inne uppe vorbodene reise tho donde, entlikes nicht belevet is, so dat wii, des willekorszhalven, sodant myt beschede nicht wol don mochten." Ibid.

⁴³⁹ "Vortmer so hebben wii der stede recesse overlesen laten dergeliken, dar inne dem scharpe artikele unde puncte uppe vorbodene reyse begrepen und belevet sin." Ibid.

byrådet i Lübeck ville unnskylda dei.⁴⁴⁰ Oldermennene til bergenfararane i Lübeck tok så kontakt med to borgarmeistrar i Lübeck. Dei to var overraska over at Kinkel og Wildelouwen dreiv islandsfart, og stadfesta at byrådet ikkje hadde gitt særskilt løyve til noko slikt.⁴⁴¹ Då Kinkel og Wildelouwen heller ikkje gjorde noko forsøk på å forsona seg med Bergenfararkompaniet, skreiv oldermennene der til Kontoret og informerte om dette. Kontoret lyste så dei to kjøpmennene utlæge.⁴⁴² Det ser ut som om atterhaldet om byrådet i Lübeck sitt syn på saka kjem av at Kontoret sitt rettsgrunnlag var hanserecessane. Kontoret sine eigne statuttar sa ingenting om handel på Island. Byrådet i Lübeck vart dermed tillagt makt til å unnskylda dette regelbrotet. Som nemnt i kapittel 3.3 og 5.2 trefte kjøpmannsrådet i Bergen straks tiltak for å tetta dette smottholet. Dei vedtok å setja inn eit punkt i kontorstatuttane som uttrykkeleg forbaud slike reiser under neste møte av kjøpmannsforsamlinga, og uttrykte at dei ville handheva dette strengt heretter.⁴⁴³

Sju år etter at hansedagen frigav handelen på Island, gav Kontoret seg altså inn på ein prosess for å få straffa hansekjøpmenn for slik handel. Samstundes forhandla Bergenfararkompaniet med byrådet i Lübeck om å få reversert løyvet til å handla på Island, og truga med at slik handel kunne føra til slutten for Kontoret i Bergen. Rett nok overlét Kontoret først til bergenfararane i Lübeck å få saka løyst på venskapeleg vis og gjekk ikkje til det drastiske skrittet å ekskludera dei aktuelle kjøpmennene frå handelen i Bergen med det same. Dette er forståeleg, både grunna den høge stillinga som Hans Kinkel hadde, og det usikre rettsgrunnlaget til Kontoret. Brevet frå 28. mai 1501, likeins som punkt 86 i kontorstatuttane, viser til hanserecessar som forbaud islandshandel, men hanserecessane frå 1494 og 1498 inneheldt forbod berre mot handel på Færøyane, Shetland og Orknøyane. Island var unnateke frå forbodet. For å finna eit forbod mot islandshandel må difor Kontoret ha gått til eldre recessar. Med vrang nok innstilling kunne dei så lesa recessane frå 1494 og 1498 og tolka dei som at dei ikkje forbaud, men heller ikkje spesifikt tillét, handel på Island. Formuleringane frå

⁴⁴⁰ "...so hebben wy juw van des kopmans wegen de macht gegeven unde geven jegenwardigen in crafft desses breves, dat gy one dar interst uthlage leggen mogen, iffet dat se de rad dar inne nicht entschuldigen wil." Ibid.

⁴⁴¹ "...also uns de bormester secht hedden, dar en selss duchte, dat de jennen in Yssland segelen wolden, dat uns egen medekoplude weren (...) wo wyl gj dar bj kamen enen anderen hyr um to straffende, na den it jw egen folk dent." AHL, Bgf. 955.

⁴⁴² "...vp den sulffen vnhorssem vnde wrefften heft em de kopman vt lage lecht." AHL, Bgf. 955; trykt i DN XVI, 338.

⁴⁴³ "...so hefft de gemeyne kopman und wy nu eyndracthliken belevet, also de kopm[an we]dder tho hope komet eyne puncte in unsen wilkor tho settende, wat pene und broke de jennen dede desse nedderlage gebrek[...] hebben, iffte tho vorsokende dencken derwegen brecken scholen deden desser tyt Yszlande Veroy Hytland und andere vorb[...]nde oylande vorsoken, unde iffte sick na desser tyt sodans mer geborde so mochte de kopman sodant na inneholde des will[ekores] und richten also id recht were." AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 22 i tabell 1.

desse recessane spesifiserer ikkje eksplisitt at dei gamle recessane er oppheva.⁴⁴⁴ Intensjonen er likevel tydeleg nok, og ein må gå ut frå at også kontorkjøpmennene skjønnte intensjonen i dei nye vedtaka. Det at det føregjekk forhandlingar mellom bergenfararane og byrådet i Lübeck om saka, tyder òg på dette. At Kontoret likevel var villig til å gi seg i kast med denne saka viser både kor viktig forbodet mot islandsfart var for dei, og kor trygge dei var på myndigheita si til å handla til forsvar for eigne interesser, også mot høgtstående personar i Lübeck.

Oldermennene i Lübeck åtvara Kontoret om at taktikken til dei to utlæge kjøpmennene no var å leggja press på Bergenfararkompaniet og Kontoret for å få oppheva dommen og få tilbake godset som var beslaglagt i Bergen. Kinkel og Wildelouwen rekna med at Kontoret måtte gi etter dersom dei kunne få byrådet i Lübeck til å skriva brev på deira vegner.⁴⁴⁵ I eit møte i Lübeck den 20. april 1502 skulda dei oldermennene til Bergenfararkompaniet for å ha gitt ordre til beslaglegginga av godset deira i Bergen. Oldermennene svarte at dei berre hadde sendt beskjed til Bergen om kva borgarmeistrane i Lübeck hadde sagt, og at dei ikkje hadde makt til å fatta nokon vedtak i saka.⁴⁴⁶ Borgarmeistrane i Lübeck skulle òg ha anerkjent kjøpmannen sin rett i denne saka.⁴⁴⁷

I fleire brev mellom Kontoret og Bergenfararkompaniet understreka begge partar overfor kvarandre kor viktig det var å stå saman for å få handheva dommen. I tillegg til spørsmålet om handel på Island gjaldt saka no også autoriteten til Kontoret i Bergen. Oldermennene i Lübeck understreka i brev til Kontoret at det å lysa nokon utlæg var det kraftigaste verkemidlet Kjøpmannen hadde. Dersom ein slik dom kunne opphevast gjennom brev frå

⁴⁴⁴ I 1494 blir det sagt: "Niemant uth den steden van der Dudezsch en ansze scholen versoecken die eylande, nomentlick en Orkeney, Hytlande unde Verhoe..." – "Ingen frå byane i den tyske Hansaen skal søkja til øyane, nemleg Orknøyane, Shetland og Færøyane...". HR III, 3, 356. I 1498 er Island eksplisitt unnateke: "...were dat jemand dar zegelde in Hidtlant edder ander oylande, ane in Yslandt..." – "Om nokon seglar til Shetland eller andre øyar, utanom Island..." HR III, 4, 79.

⁴⁴⁵ "se menen wen de rat for se schjft dat de rasterjnge wol los wert oft vt lage." AHL, Bgf. 955; trykt i DN XVI, 338.

⁴⁴⁶ "des mytwekens for sunte Jurgen (...) do wart it dorch frunde up genamen, dat wj tor samende kwemen in Herwijges hus, do geffe uns sjne frunde Toekenrude & he sulffen mede & Jachem Wjld Louwe, & beclageden uns dar wo wj hedde for schreffen an jw dat er gud to Bergen rastert wer & spreken uns an, also dar wj to antwerden, wy hedden anders nicht forschreffen, men also uns de bejde bormeste for geffen, her Hermen van Wjckkel & her Lütke van Tunen. (...) wj wollen dem kopman gern unsse fruntlik breffe schriffe, dat dar en gnedich jechenoffer ginge, men wj hedden de macht nicht dat de kopman dar hedde." AHL, Bgf. 955.

⁴⁴⁷ "so sede wj, leve heren, solt se den jo Issland forsoken & ok Bergen, wy hapen se solt en enberen, so sede de bormester, dar wyl gj to Bergen wol up denken, gj hebben dar recht". Ibid.

byrådet i Lübeck, ville Kjøpmannens sak vera verdilaus.⁴⁴⁸ Kontoret på si side skreiv til Bergenfararkompaniet at fraktherrane i Lübeck ikkje måtte la Kinkel og Wildelouwen senda gods til Bergen. Sjølv ville dei sjå til at Gert Kruthup, handelspartnaren til Kinkel i Bergen, ikkje skulle få senda gods til Lübeck. Dersom dei heldt fast ved dette i både Lübeck og Bergen, ville dei to måtte gi seg, om dei ville driva handel i Bergen.⁴⁴⁹

I møtet mellom bergenfararane i Lübeck og dei to utlæge kjøpmennene den 20. april 1502, nekta oldermennene i Bergenfararkompaniet å skriva til Kontoret for å gi ordre om å omgjera dommen mot dei to. Dei sa seg derimot villige til å vera med på å skriva eit bønnebrev saman med dei to, dersom dei ville inngå kompromiss og gjera opp for seg i saka. Dette har Kinkel og Wildelouwen tydelegvis til slutt gått med på. Kontoret mottok nemleg i mai eller juni 1502 eit brev frå byrådet og Bergenfararkompaniet som dei kallar eit bønnebrev for Kinkel og Wildelouwen.⁴⁵⁰ Det ser ut som om Kontoret har sett dette brevet som eit teikn på kompromissvilje, sidan det vart skildra som eit bønnebrev og ikkje eit trugsmål. På grunn av dette brevet tillét Kontoret ombodsmennene til Kinkel og Wildelouwen i Bergen å senda det beslaglagde godset deira frå Bergen til Lübeck. Men Kontoret gav ikkje opp saka. Dersom dei to venta for lenge med å forsona seg med "byane, Kjøpmannen og dykk" ville dei framleis vera utlæge.⁴⁵¹ Kontoret stod altså framleis på sitt. Dei insisterte òg på at dei to kjøpmennene ikkje berre måtte gjera opp for seg overfor Kjøpmannen – altså Kontoret i Bergen – men også byane. Kontoret heldt altså fast på si tolking av at hanserecessane sitt forbod mot islandshandel ikkje var oppheva, sjølv om byrådet i Lübeck openbert var av ei anna meining.

Korleis denne konkrete saka slutta, seier ikkje kjeldene meir om. I den overordna saka, kampen om islandshandelen, vann Kontoret sitt syn til slutt ikkje fram. Likevel gav ikkje Kontoret opp kampen mot slik handel på lenge endå. På ei rekkje hansedagar og vendiske bydagar fram mot 1520-talet fremma Kontoret krav om å få slutt på denne handelen, men til inga nytte.⁴⁵²

⁴⁴⁸ "...jt is dat hogeste dat de kopman heft, wen men dat mjt breffen los krigen mochte so wer des kopmans djnk van nenen werden." AHL, Bgf. 955; trykt i DN XVI, 338.

⁴⁴⁹ "Ock vormode wy vns genszliken dat gy Jd by den frachtheren bestellet hebben. Dat se one neyn parth hyr Jntlant Jn vnse Schepen gegeuen hebben, Wannere gy dar vnde wy hyr, sodant strengeliken holden willen, So moten se sprekende werden [so veze] se hyr Jntlant vnde besundergen hyr tho Bergen hantheringe hebben willen." AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 187; kjelde nr. 25 i tabell 1.

⁴⁵⁰ "Vortmer, guden frunde, so hebbe wy ock lesen laten vor der meynte des erszames unde juwe bedebreve van wegene heren Johan Kinkels unde Jachen Wildelouwen." AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 28 i tabell 1.

⁴⁵¹ "den steden, deme kopmanne unde juw (...) so scholde de uthlage na alse vore by vuller macht bliven." Ibid.

⁴⁵² Wubs-Mrozewicz, 184.

Saka til Kinkel og Wildelouwen viser klart at leiarane av Kontoret i Bergen såg handelen direkte på Island som eit alvorleg trugsmål mot Kontoret, og dessutan at dei meinte å ha autoritet til å kjempa mot slik handel sjølv om hansabyane hadde friggitt han. Kontoret nøydde seg ikkje med å skriva klagebrev. Saka var viktig nok til at ein prøvde å handheva dei gamle reglane trass i at hansabyane hadde gått vekk frå dei, og trass i at også framstående kjøpmenn frå Lübeck no hadde profitt av slik handel. Kontoret gjekk hardt ut, og gjekk inn for ekskludering av ein av dei mektige byrådsmedlemene i Lübeck frå hanseprivilegia i Bergen. Dei gjorde dessutan dette på eit svært usikkert rettsgrunnlag. Det endelege utfallet på saka blir då ikkje så viktig som at Kontoret i det heile tok ho opp. Kontoret opptredde klart som ein politisk aktør, som prøvde å omgjera den felleshanseatiske politikken i samarbeid med Bergenfararkompaniet i Lübeck. Kontoret freista å nytta det som etter Nye sine definisjonar må kallast hard makt mot hansabyane for å hindra islandsfarten, ved å nytta økonomiske maktmiddel mot borgarar av hansabyane som handla i strid med Kontoret sine interesser. Schreiner si oppfatning av Kontoret som ein lydig reiskap for Lübeck, altså byrådet i Lübeck, sine interesser, kan ikkje støttast på dette grunnlaget. Kontoret hevda interessene til kjøpmennene ved Kontoret og dei kjøpmennene frå Lübeck som hadde hovudverksemda si med handel på Bergen. Schreiner si oppfatning av at Kjøpmannen gjekk med på å gi opp islandshandelen, men kjempa for å behalda kontroll over handelen på dei andre vesterhavsøyane, kan heller ikkje støttast. Tvert imot kjempa Kontoret i Bergen med nebb og klør for å få slutt på islandshandelen frå hansabyane. Men Kontoret si harde makt var ikkje sterk nok til å vinna fram i denne saka.

Saka viser òg kor viktig det var for Kontoret å få handheva dommen sin. Det var vesentleg å halda ved like Kontoret sin autoritet. Dette kjem tydeleg fram i Bergenfararkompaniet sine oppmodingar til Kontoret om å stå på sitt. Det ser ut til at det kunne vera akseptabelt å inngå kompromiss dersom motparten først viste godvilje ved å skriva eit bønnebrev. Men dersom ein gav etter for press og trugsmål og gjekk tilbake på dommen, ville det vera ute med *de kopmans dink* - kjøpmannens saker, eller kjøpmannens autoritet. Som nemnt i starten på dette kapitlet må kjøpmannsretten ha vore ein essensiell del av Kontoret sin funksjon. Dersom vedtak her kunne omgjera etter politisk press frå hansabyane, ville retten mista autoritet, og heile Kontoret ville dermed mista hard makt. Dette må ikkje forvekslast med ein eventuell anke frå ein domfelt si side til byrådet i Lübeck. Retten til ein slik anke var fastlagt i kontorstatuttane, men som nemnt tidlegare var det klare prosedyrar knytte til korleis han

skulle gå føre seg. Dersom ein domfelt følgde denne prosedyren, og betalte kausjon til Kontoret før han vende seg til Lübeck, godkjende han samstundes Kontoret sin autoritet til å fella dommen i utgangspunktet. Dersom han vende seg til byrådet i Lübeck bak ryggen til Kontoret, slik Kinkel og Wildelouwen gjorde, var dette ei direkte utfordring mot eit av kjernepunkta i Kontoret sin autoritet. Dette er det same problemet som Kontoret hadde med kjøpmennene frå dei zuidersjøiske byane på same tida, som omtala i kapittel 4.3. Som me såg der, vende desse kjøpmennene seg til byråda i heimbyane sine for å få omgjort Kontoret sin dom. Desse byråda vende seg i sin tur til byrådet i Lübeck. Dermed omgjekk dei Kontoret sine prosedyrar for ein anke til Lübeck, og utfordra Kontoret sin autoritet. Det viktigaste for Kontoret var å halda på autoriteten sin. Dette kjem òg fram i ein detalj frå denne striden. Zuidersjøarane bad rådssendeboda frå dei seks vendiske byane – ei formulering som pleier å referera til ein vendisk bydag – om å få Kontoret til å betala tilbake bøkene som dei hadde betalt i Bergen. Oldermennene i Bergen skreiv til dei zuidersjøiske byane at dei ikkje hadde fått ordre om noko slikt frå byane.⁴⁵³ Men dersom kjøpmennene som det var tale om absolutt vil ha pengane sine igjen, skulle dei få dei, men i så fall ville dei bli ekskludert frå kjøpmannsprivilegia, ”som dei har brote dobbelt”.⁴⁵⁴ Kontoret var altså villig til å gi slepp på bøkteinntektene, men dei ville då sjå på dette så og seia som ei aktiv utmelding frå Kontoret. Kjøpmenn som ikkje retta seg etter autoriteten til oldermennene, skulle heller ikkje få nytta kjøpmannsprivilegia.

5.4 Oppsummering

Å fungera som rettsinstans var ein av dei viktigaste funksjonane til Kontoret i Bergen. Påstanden om at Kontoret som rettsinstans aldri vart godkjent av norske styresmakter, kan ikkje støttast, då det finst utvitydige døme på at styresmaktene i Bergen seinast på slutten av 1500-talet sende saker over til Kontoret sin domstol. Rettsgrunnlaget som Kontoret dømde ut frå var kontorstatuttar og hanserecessar. Kontorstatuttane var under stadig utvikling. Nokre av punkta var vedtekne av hansedagar, medan andre var vedtekne på Kontoret. Kontoret vedtok nye punkt i sine eigne vedtekter på grunnlag av ein hanserecess frå 1412, som delegerte slik

⁴⁵³ ”...vorstan wii under anderen, dat juw de erszamen heren radessendebaden der soz wendesschen stede gescreven hebben (...) gebeden vorder van uns gesynnen, den juwen van den affgenomen penninghen restituten todon. (...) Derwegen schole gii weten dat uns sodant van den steden nicht vorwitliket is.” AHL, Bgf. 1017; trykt i DN XVI, 340 / NGL II, 3, 397 tillegg 3; kjelde nr. 29 i tabell 1.

⁴⁵⁴ ”...sint gii des jo entliken bogerende, dat schal one wol wedderfaren. Men de jenne de sodane penninghe wedder upboren willen, scholen des kopmans rechticheyt (de se dubbelt vorbroken hebben) nicht bruken edder geneten.” Ibid.

makt til Kontoret. Dette gjorde at Kontoret var i stand til å reagere på skiftande omstende og nye utfordringar med å moderere vedtektene sine. Kontoret i Bergen skil seg på dette feltet ut frå dei andre kontora, som utover 1400-talet fekk sjølvstyret sitt innskrenka ved inngrep frå hansedagane. Samstundes veit me at dei andre tre kontora alle gjekk under før utgangen av 1500-talet, medan Kontoret i Bergen eksisterte heilt til midten av 1700-talet. Om det at Kontoret i Bergen hadde større sjølvstyre lenger enn dei andre tre kontora var ein grunn til at det eksisterte lenger, er eit interessant spørsmål for vidare forskning.

Det er rimeleg å tru at kjøpmannsretten må ha handsama ei stor mengde saker allereie i seinmellomalderen, slik me veit at han gjorde på 1600-talet. Sidan rettsfunksjonen til Kontoret var ein så viktig del av Kontoret sin eksistens, vart det viktig for heile Kontoret sin autoritet at rettsavgjerdene på Kontoret vart respekterte. Kontoret la difor stor vekt på å få handheva dommane som vart avsagde. Det var mogleg å anka Kontoret sine avgjerder til byrådet i Lübeck, men i så fall skulle ein følgja ein fastlagd prosedyre, som innebar at ein godtok Kontoret sin autoritet til å avseia dom i første omgang. Om ein gjekk til byrådet i Lübeck bak Kontoret sin rygg, såg Kontoret dette som ei utfordring mot autoriteten sin, og gjekk hardt inn for å få den opphavlege dommen respektert. Kontoret nytta domsmakta si også for politiske formål, noko som kjem fram i saka om islandshandel. Sjølv om hansabyane hadde opna for slik handel, nytta Kontoret kjøpmannsretten til å dømme framstående kjøpmenn frå Lübeck, til og med eit byrådsmedlem, for slik handel. Dette var eit ledd i Kontoret sin kamp for å få bukt med den direkte handelen frå hansabyane på Island, ein handel som Kontoret meinte truga eksistensgrunnlaget sitt.

6 – FORHOLDET TIL NORSKE STYRESMAKTER

6.1 Innleiing

Eg har vist at Kontoret i seinmellomalderen hadde ein stor grad av indre sjølvstyre i høve til hansabyane. Kva hadde dette å seia for forholdet mellom Kontoret og dei norske styresmaktene? Det finst ingen døme frå denne tida på at hansabyane sende delegasjonar til Noreg for å ta seg av forholdet til styresmaktene der. Dette vart overlata til Kontoret. Eg vil no sjå på korleis forholdet var mellom Kontoret og dei norske styresmaktene. Skildringar av dette forholdet har ofte hatt eit sterkt konfliktfokus og lagt vekt på dramatiske hendingar. Drapet på høvedsmannen på kongsgarden, Olav Nilsson, og biskopen i Bergen, Torlav, i 1455 har naturleg nok fått stor plass. Det same har hanseatane sine overfall på norske borgarar og skotske kjøpmenn i 1523. Men korleis var samarbeidsforholda mellom Kontoret og norske styresmakter i dei lange tidsperiodane mellom desse hendingane? Var det prega av konflikt eller samarbeid? Hadde Kontoret og norske styresmakter felles interesser? Eg vil freista å visa at begge partar var interesserte i å oppretthalda Bergen som ein viktig handelsby, og at dette førte til eit samarbeidsklima som var mykje betre enn tidlegare forskning har konkludert med.

Hovudfokuset på den norske sida vil liggja på det norske riksrådet. I og med at kongen sjeldan var i landet, var riksrådet var det fremste norske maktorganet i Noreg. Riksrådet voks fram i seinmellomalderen som eit rådgjevande organ for kongen. Etterkvart som kongemakta flytta ut av Noreg, vart riksrådet ein viktig maktfaktor, som særskilt i samband med tronfølge kunne utøva stor makt.⁴⁵⁵ Etter at kong Kristian I døydde i 1481, styrte riksrådet landet i to år, før det valde Hans til ny konge. Hans gjekk med på ei handfesting som vert kalla Halmstadrecessen. Handfestinga gav riksrådet stor makt, sjølv om ikkje alle punkta vart gjennomførte.⁴⁵⁶ Frå midten av 1400-talet var riksrådet stadig oftare inndelt i ein nordafjelsk og ein sønnafjelsk del. Det vart aldri lovfesta ein fast organisasjonsplan for riksrådet, eller kven som skulle vera medlemmer og kor mange dei skulle vera.⁴⁵⁷ Men enkelte posisjonar gjorde at ein var sjølvskriven for riksrådet. Dette gjaldt alle biskopane og dermed biskopen i Bjørgvin. Det gjaldt òg prosten ved Apostelkyrkja i Bergen.⁴⁵⁸ Høvedsmannen på kongsgarden i Bergen var medlem, og det var vanleg at høgare adelsmenn vart riksrådar.

⁴⁵⁵ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 93.

⁴⁵⁶ Ibid., 83.

⁴⁵⁷ Ibid., 59.

⁴⁵⁸ Ibid.

Gulatingslagmannen var òg stundom ein riksråd.⁴⁵⁹ Bergen hadde altså til ei kvar tid minst tre, ofte fire, riksrådar med direkte tilknytning til byen, og var dermed ein naturleg samlingsstad for resten av dei nordafjelske riksrådane.⁴⁶⁰ Saman med Oslo var Bergen den viktigaste møtestaden når heile riksrådet var samla. I Halmstadrecessen vart det fastlagt at det skulle haldast riksrådsmøte annakvart år, vekselvis i Oslo og Bergen, der riksrådet mellom anna skulle fungera som rettsinstans. Det ser ut som om det har vore halde slike møte i Bergen om hausten regelmessig under kong Hans si regjeringstid.⁴⁶¹

I Halmstadrecessen i 1483 fekk det norske riksrådet gjennom enkelte punkt som Lars Hamre definerer som antihanseatiske. Kongen skulle syta for at hanseatane skulle bøta for drapa i 1455, og Kontoret skulle ikkje ha noko makt over dei tyske handverkarane i byen. Dessutan skulle kongen ikkje la hanseatane få lov til å sigla til Island.⁴⁶² Som me har sett i kapittel 5, var Kontoret også svært oppteke av at hanseatiske kjøpmenn ikkje skulle få handla på Island. Dette er eit døme på at definisjonen av kva som kan kallast antihanseatisk, kan vera problematisk fordi ulike hanseatar hadde ulike interesser. Som eg viste i førre kapittel, var forbod mot handel på Island heilt i tråd med interessene til Kontoret, men imot hansabyane Hamburg og Bremen sine interesser. Allereie under kong Kristian I si regjeringstid hadde både Kontoret og det norske riksrådet protestert mot opninga av islandsfarten.⁴⁶³ Når det gjaldt drapa i 1455, kom det på eit møte i Bergen i 1486 til semje om bøter til arvingane etter biskop Torlav. Sonen til Olav Nilsson, Axel Olavsson, gjekk ikkje med på dette forliket, og starta ein kaperkrig mot hanseatane, fram til han òg i desember 1490 gjekk til forlik.⁴⁶⁴ Tilhøva skulle dermed liggja til rette for eit betre forhold mellom Kontoret og dei norske styresmaktene.

Hamre merka seg at 1490-talet var ein periode med gode forhold mellom Kontoret og dei norske styresmaktene.⁴⁶⁵ Han trekkjer fram eit brev frå Kontoret frå 1493, som siterer det norske riksrådet på at dei ønskjer fred og venskap med kjøpmannen, ”og noko anna har vi hittil ikkje merka”.⁴⁶⁶ Han trekkjer òg fram eit møte der riksrådet og byrådet i Bergen saman

⁴⁵⁹ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 848.

⁴⁶⁰ *Ibid.*, 849.

⁴⁶¹ *Ibid.*, 851.

⁴⁶² Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 97.

⁴⁶³ Bjørge, 130.

⁴⁶⁴ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 99.

⁴⁶⁵ Til dømes *Ibid.*, 101. Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 38.

⁴⁶⁶ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 101. AHL, ASA, Externa Danica 978; trykt i HR III, 3, 215; kjelde nr. 6 i tabell 1.

med hanseatane fekk i stand semje mellom kjøpmannen og finnmarksfararane om fiskehandel og gjeldstilhøve våren 1494 som eit døme på det gode forholdet på denne tida.⁴⁶⁷ Hamre forklarar det gode forholdet på denne tida dels med at hanseatane synest å ha vist større måtehald og varsemnd i forholdet til nordmennene, dels med at riksrådet var oppteke av å sikra forsyningane av matvarer til landet.

Dei eldre historikarane Schreiner og Taranger nemnde òg tilfelle av samarbeid og god tone mellom nordmenn og hanseatar i denne perioden. Men for begge var det i utgangspunktet klart at normaltilstanden mellom hanseatar og nordmenn var konflikt. Det er difor interessant å sjå korleis dei forklarar døme på gode forhold og samarbeid mellom hanseatar og nordmenn på 1490-talet. Taranger meiner Kontoret på 1490-talet stod i ei svekka stilling overfor nordmennene. Han merka seg ei kjelde frå 1494, der Kontoret skreiv brev til Wismar for å få straffa ein kjøpmann derfrå som hadde drepe ein knekt i Bergen.⁴⁶⁸ Taranger gjekk ut frå at Kontoret til vanleg var arrogant avvisande overfor norske styresmakter. Det at Kontoret no samarbeidde om å få straffa ein hanseat for brotsverk på norsk jord, måtte bety at Kontoret var i ei sterkt svekka stilling. ”Stormaktstiden var forbi”, og ein måtte ”lempe sig efter forholdene”.⁴⁶⁹ Schreiner meiner derimot at det norske riksrådet stod ekstra svakt på 1490-talet. Han forklarar kjelda der Kontoret rapporterer at riksrådet ønskjer fred og venskap, med at riksrådet ikkje våga å leggja seg ut med dei viktigaste leverandørane av korn til Noreg.⁴⁷⁰ Kontoret si melding om at ein ikkje hadde merka anna enn venskap frå riksrådet, skildrar Schreiner som at Kontoret nedlatande gav riksrådane ”attest for pyntelig opptreden”.⁴⁷¹ Schreiner sitt syn på grunnlaget for forholdet mellom hanseatane og Noreg var at Noreg var avhengig av den hanseatiske kornimporten, og sårbar for hanseatiske blokadetruslar. Når det norske riksrådet samarbeider med hanseatane, stipulerte Schreiner akutt kornmangel som forklaring på dette. For både Taranger og Schreiner er konflikt det naturlege. Når noko anna er tilfelle, må det ha ei særskilt forklaring. Taranger ender difor opp med at Kontoret stod i ei sterkt svekka stilling i 1494, medan Schreiner meiner Kontoret stod så sterkt i 1493 at riksrådet ikkje våga å leggja seg ut med det. Verken Schreiner eller Taranger vurderer moglegheita for at Kontoret og riksrådet faktisk ønskte samarbeid, eller at det kunne vera i Kontoret si eiga interesse å få straffa folk som gjorde seg skuldig i drap i Bergen, sjølv om

⁴⁶⁷ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 102. Hamre skriv feilaktig våren 1493. AHL, Bgf. 865; trykt i HR III, 3, 336 / NGL II, 3, 81 / Bull: 175; kjelde nr. 11 i tabell 1.

⁴⁶⁸ Taranger, *Norges historie, 3. bd. II*, 204. HUB XI, 767 / NGL II, 3, 87; kjelde nr. 13 i tabell 1.

⁴⁶⁹ Taranger, *Norges historie, 3. bd. II*, 204.

⁴⁷⁰ Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 38.

⁴⁷¹ Ibid.

offeret var ein nordmann. Dersom ein går vekk frå det postulerte konfliktperspektivet, fell resonnementa til både Taranger og Schreiner, om høvesvis hanseatisk svakheit eller styrke på 1490-talet, bort.

I nyare tid har Schreiner sitt syn om at Noreg var avhengig av hanseatisk korn og stadig måtte frykta hanseatiske blokadetruslar, langt på veg blitt avvist av Kåre Lunden og Arnved Nedkvitne. Lunden peika på at kornimporten var for liten til å kunne utgjera ein livsviktig del av den norske matforsyninga.⁴⁷² Arnved Nedkvitne forkasta i doktorgradsavhandlinga si påstanden om at hanseatane nytta truslar om handelsblokade til å tvinga gjennom krava sine hjå nordmennene.⁴⁷³ Det var altså ikkje slik at riksrådet retta seg etter alle hanseatane sine krav i frykt for kornmangel og hungersnaud. I 1992 presenterte Nedkvitne ein artikkel på ein tysk-norsk konferanse i Kiel med tema "Norwegen und die Hanse".⁴⁷⁴ Her framheva han det hanseatiske kornet si betyding som sikringsnett for busetjinga i Nord-Noreg. Han framheva dessutan kjøpet av luksusvarer frå hanseatane. Det var ikkje berre snakk om å vera avhengige av hanseatisk korn for å kunne overleva. Folket i Nord-Noreg kjøpte òg tekstilar og alkohol frå hanseatane. Nedkvitne meinte at bøndene ønskte kreditt, fordi det medførte stabilitet i handelen. Alle samfunnslag såg hanseathandelen som naudsynt, særleg i Nord-Noreg.⁴⁷⁵

Eg vil no sjå på kva kjeldene kan seia oss om forholdet mellom Kontoret og riksrådet, når det postulerte konfliktperspektivet er teke bort. Kjeldene fortel om fleire forhandlingsmøte mellom delegasjonar frå Kontoret og heile, eller oftast delar, av det norske riksrådet i perioden 1490 – 1510. Fleire brev som ikkje detaljert omtalar slike møte, refererer til kommunikasjon mellom riksrådet og Kontoret. Eg skal sjå nærare på kva Kontoret prøvde å oppnå gjennom kontakt med det norske riksrådet. Først vil eg sjå på eit spørsmål som me tidligare har sett at Kontoret rekna som svært viktig, nemleg kampen mot handel på dei gamle norske Vesterhavsøyane.

⁴⁷² Lunden: 124.

⁴⁷³ Nedkvitne, "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600", 250.

⁴⁷⁴ Arnved Nedkvitne, "How Important was Hansa Trade for the Norwegian Economy" i Henn, Volker/Nedkvitne, Arnved (red.), *Norwegen und die Hanse*, (Frankfurt am Main, 1994).

⁴⁷⁵ Nedkvitne, "How Important was Hansa Trade," 12-15.

6.2 Handel på Island og dei andre Vesterhavsoyane

Både det norske riksrådet og det hanseatiske kontoret i Bergen hadde interesse av å avgrensa direktehandelen med Island og dei andre Vesterhavsoyane fordi slik handel undergrov Bergens posisjon som stapelplass for desse områda. Eg skal no sjå på om kjeldene kan seia oss noko om riksrådet og Kontoret samarbeidde i kampen mot slik handel.

I 1498 var ein hansedag samla i Lübeck. Kontoret i Bergen skreiv brev til denne hansedagen om hendingar som strekte seg tilbake til 1494.⁴⁷⁶ Det året kom to skip som hadde vore på Shetland til Bergen. Det vart sagt i Bergen at dei to skipa høyrde heime i Bremen, sjølv om dei tydelegvis ikkje gav dette til kjenne.⁴⁷⁷ Høvedsmannen på kongsgarden, Otte Matsson, beslagla eit av skipa og godset ombord, sidan hanseatiske skip ikkje hadde lov å sigla på Vesterhavsoyane. Året etter kom det kjøpmenn frå Bremen til Bergen med brev frå broren til kongen, hertug Fredrik av Holstein og grev Alf av Oldenburg. Dei skulda Kontoret for å ha teke skipa og kravde at dei skulle betala for dei. Kontoret fekk hjelp av riksrådane i Bergen til å seia seg fri frå desse skuldingane. Otte Matsson måtte gi tilbake det han hadde beslaglagt.⁴⁷⁸ Kontoret skildra i brevet sitt korleis dei meinte kjøpmenn frå Bremen omgjekk forbodet for utlendingar mot å handla på oyane: Dei fekk brev frå territorialfyrstar, til dømes hertugen av Holstein og greven av Oldenburg, og sigla frå Holstein eller Friesland, slik at dei ikkje verka som hanseatar. Men handelsgesellane om bord vart likevel utrusta i Bremen og selde godset sitt igjen der, slik at skipa eigentleg sigla under falsk flagg.⁴⁷⁹ Kontoret bad hansedagen om å få slutt på denne typen handel.

Brevet seier ingenting om kvifor Kontoret vart skulda for å ha teke skipa i 1494. Ei sannsynleg forklaring er at Kontoret samarbeidde med høvedsmannen Otte Matsson om kverretjinga, eller informerte han om den ulovlege handelen skipa hadde drive, men dette kan ikkje seiast noko sikkert om. Det som er klart er at Kontoret i denne saka heilt og fullt tok dei norske styresmaktene si side mot kjøpmennene frå hansabyen Bremen. Dei framhevar òg

⁴⁷⁶ AHL, Bgf. 928; trykt i HR III, 4, 68 / NGL II, 3, 391, tillegg; kjelde nr. 17 i tabell 1.

⁴⁷⁷ "...dat uppe desulven kopstevan des vorgerorden 94. jares sint twe schepe in Hetlande gewesen, dede, also hiir dat seggent was, tho Bremen tho husz horen scholden". Ibid.

⁴⁷⁸ "Des wy uns do myt hulpe der rykes redere hiir tor stede wesende tegen de vorgerorden heren schrifftliken purgerden unde entschuldigheden, also wii best konden. (...) Jodoch so moste heren Otte vorgescreven sodane gudere betalen unde weddergeven". Ibid.

⁴⁷⁹ "Hiiruth mogen juwe erszamheide vormerken, wo id myt dessen dingen dorgesteken werdt; se krigen van den heren breve unde zegelen uth deme lande tho Holsten unde uth Vreslant, unde de gesellen werden allike wol van den borgeren uth den steden uthgeredet unde sliten dergeliken sodane gudere, also se mede bringen, wedder in den steden". Ibid.

at dei fekk hjelp av riksrådane i Bergen til å tilbakevisa skuldingane om at dei hadde teke skipa. Kjøpmennene frå Bremen på si side, samarbeidde med høgtstående territorialfyrstar, mellom anna broren til kong Hans. Det var her altså ikkje snakk om hanseatisk samhald for ein kvar pris mot norske styresmakter. Når dei bremske kjøpmennene handla mot Kontoret sine interesser, fekk dei inga støtte frå Kontoret.

Som eg tidlegare har drøfta i kapittel 3.3 og 5.2, skreiv Kontoret i 1501 brev til byråda i Lübeck, Hamburg og Bremen og kunngjorde at det hadde ført inn i vedtektene sine forbod mot å handla på Vesterhavsoyane. I innleiinga til brevet framhevar Kontoret at riksrådet fleire gonger hadde klaga til dei over hanseatiske kjøpmenn som handla på forbodne øyar og handelsstader i Noreg, og hadde bede Kontoret om å innføra forbod mot slikt i vedtektene sine.⁴⁸⁰ Riksrådet hadde i sin tur uttrykt at dei ville senda brev til kongen for å få slutt på slik handel. Kontoret trekte altså fram det norske riksrådet si haldning i denne saka som eit argument for å innføra forbodet i vedtektene sine. Men som me har sett i kapittel 5.3 hadde Kontoret sjølv lenge vore oppteke av å få slutt på slik handel, og var i 1501 sjølv involvert i ein prosess mot framstående kjøpmenn frå Lübeck som dreiv handel på Island. Det er difor ingen grunn til å tru at det var press frå det norske riksrådet som fekk Kontoret til å vedta dette punktet i vedtektene sine. Ein kan i staden seia at Kontoret nytta riksrådet sin førespurnad til å gi den nye regelen ekstra vekt og autoritet. Samstundes ser ein her konturane av at eit samarbeid og ei arbeidsfordeling mellom Kontoret og riksrådet i kampen mot islandshandelen. Riksrådet skreiv brev til kongen for å påverka han, medan Kontoret vende seg til hansabyane.

Den tyske historikaren Klaus Friedland gjorde i ein artikkel frå 1963 merksam på at Kontoret i Bergen og bergenfararane i Lübeck utgjorde ein felles front med norske styresmakter mot dei hanseatiske islandsfararane og byrådet i Lübeck.⁴⁸¹ Friedland såg ingen distinksjon mellom det norske riksrådet og den danske kongen, men meinte at det ”danske

⁴⁸⁰ ”de Erwerdigeste Erwerdigen Werdigen Gestrengen vnde Ersamen des Rykes Redere hyr Jn Norwegen hebben vns mehr dan eyne reyse clagewis to tho jrkennde geuen, dat nu leder in velen landen egene nuth vor dat gemeyne beste gepryset werdt (...) vnde besunderghen van weghene der Jennen de de teghen desses Rykes vnde des kopmans priuilegie, de vorboden Øylande vnde vnwontlike marckede hyr Jntlant myt kopenschop holden vnde vorsoken (...) der geliken van vns begerende, dat wy hyr ynne eyn gudt myddel wolden vorramen vnder vns eynen brocke dar vp to settende.” AHL, Bgf. 869; trykt i NGL II, 3, 393 / Bull: 196; kjelde nr. 24 i tabell 1.

⁴⁸¹ Klaus Friedland, "Lübeck und Island - Die ältere Islandschiffahrt Lübecks," i *Mensch und Seefahrt zur Hansezeit*, red. Antjekathrin Graßmann, Rolf Hammel-Kiesow og Hans-Dieter Loose (Köln: Böhlau Verlag, 1995), 161.

kongedømmet”, som han kalla det, motsette seg islandsfarten. Burkhardt gjengir denne oppfatninga i doktoravhandlinga si.⁴⁸² Men Narve Bjørgo framhevar i sin analyse av hendingane at kong Kristian I openbert gav hansabyar løyve til å handla på Island, mot det norske riksrådet sin vilje. Riksrådet fekk gjennom i Halmstadrecessen at kong Hans ikkje skulle halda fram med dette. Men i praksis førte ikkje dette til noko endring, og kong Hans gjorde i 1490 i praksis Island til eit frihandelsområde for Amsterdam og dei vestlege hanseatiske byane.⁴⁸³ Kongen heldt fram denne politikken for å motverka engelskmennenes veksande makt på Island. Når ein held saman Friedland og Bjørgo sine analysar med kjeldene, kjem det fram uventa konfliktlinjer. Kontoret i Bergen stod saman med det norske riksrådet i kampen mot ein islandshandel som vart godkjent av den norske kongen, og driven av kjøpmenn frå fleire hansabyar, også enkelte frå Lübeck.

I spørsmålet om handel på Vesterhavsøyane hadde altså riksrådet og Kontoret klare felles interesser. Derfor forsvarte Kontoret den norske høvedsmannen si beslaglegging av to skip frå hansabyen Bremen, og riksrådet hjelpte Kontoret med å fri seg frå skuldingane om at det var dei som hadde teke skipa. Kontoret ville bevare Bergen si rolle som stapelplass for fisk nordfrå, og hindra at fisk av dårlegare kvalitet frå Island, Shetland og andre øyar øydela omdømmet til den nordnorske tørrfischen.⁴⁸⁴ Det norske riksrådet hadde den same interessa og hadde fått gjennomslag i handfestinga til kong Hans for at utanlandske kjøpmenn ikkje skulle få handla på dei gamle skattlanda.⁴⁸⁵ Riksrådet engasjerte seg stadig for å halda ved like handelskontakten mellom Bergen og Vesterhavsøyane.⁴⁸⁶ Då Kontoret innførte punkt i vedtektene sine som forbaud handel på Vesterhavsøyane, kunne dei gi forbodet ekstra tyngd ved å visa til at det norske riksrådet hadde bede om ein slik regel. Samstundes vende riksrådet seg til kongen for å få hjelp til å handheva forbodet. Dei bergenske riksrådane og det hanseatiske kontoret i Bergen samarbeidde altså om ein konservativ politikk for å bevare statusen til Bergen som stapelplass for handelen på Vesterhavsøyane, etter at kongen og hansedagane hadde oppgitt dette. Det er ingen trong for å gå ut frå frykt for kornmangel og trugsmål om handelsblokadar som forklaring på dette samarbeidet. Riksrådet og Kontoret hadde felles interesser i å kjempa mot den frie Islandshandelen.

⁴⁸² Burkhardt, *Der hansische Bergenhandel im Spätmittelalter*, 119.

⁴⁸³ Bjørgo, 130.

⁴⁸⁴ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, LXV.

⁴⁸⁵ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 93.

⁴⁸⁶ Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 44.

Kontoret og det norske riksrådet hadde altså enkelte felles interesser som dei samarbeidde om å forsvare. Kan dette ha gitt grunnlag for eit godt samarbeidsforhold også i andre saker?

6.3 Handelsspørsmål

Ved fleire høve på 1490-talet tok Kontoret initiativ til møte med det norske riksrådet for å drøfta ymse former for regulering av handel i Bergen. I 1490 tok Kontoret opp handelen til rivalane sine, hollendarane i Bergen. Det norske riksrådet utferda 14. august 1490 eit brev om to møte mellom Kontoret og norske riksrådar.⁴⁸⁷ Kontoret hadde sendt bod til kong Hans i mai same året for å klaga på hollendarane sin handel i Bergen. Kontorkjøpmennene fekk med seg eit ope brev frå kongen til dei norske riksrådane om at dei skulle undersøkje saka. Oldermannen og nokre kjøpmenn på Bryggen møtte tre riksrådar, lagmannen og rådmenn i Bergen, og la fram kongen sitt brev for dei i sakristiet i domkyrkja. Riksrådet kalla inn representantar for dei hollandske kjøpmennene og hanseatane til eit nytt møte på kongsgarden nokre dagar seinare. Hollendarane hadde ingen privilegiebrev å leggja fram, medan hanseatane la fram privilegium der det stod at hollendarane berre skulle driva handel i tre gardar. Riksrådet dømte då til fordel for hanseatane og påla hollendarane å avgrensa handelen sin til tre gardar.

Problemet som Kontoret ville løysa var det dei såg som eit trugsmål frå hollendarane sin aktive handel. Dei valde å løysa dette problemet gjennom å venda seg til dei norske styresmaktene, i første omgang kongen, så dei norske riksrådane. Prosessen var diplomatisk og juridisk. Trugsmål om maktbruk er ikkje nemnt. At kongen sende førespurnaden vidare til det norske riksrådet synest å vera i tråd med Halmstadrecessen, der det norske riksrådet fekk gjennom at spørsmål om hanseatisk verksemd i Noreg skulle avgjerast i Noreg.⁴⁸⁸ Då Kontoret sine representantar tok kontakt med riksrådet om dette, har dei omgåande kalla dei stridande partane inn til eit domsmøte. I mars same året hadde kong Hans gitt hollendarane privilegium til å handla fritt i Bergen.⁴⁸⁹ Riksrådet sin dom ser ut til å strida mot desse hollandske privilegia. Schreiner forklarar dette med at riksrådet tok hanseatane si side grunna kornmangel i Noreg, og Knut Helle følgjer han i dette.⁴⁹⁰ Lars Hamre framhevar at riksrådet

⁴⁸⁷ DN VI, 610.

⁴⁸⁸ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*.

⁴⁸⁹ Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*.

⁴⁹⁰ *Ibid.*, 37. Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 802.

dømte i samsvar med dei privilegiebrevane som partane kunne leggja fram.⁴⁹¹ Ifølgje riksrådet sitt referat av møtet, hadde ikkje hollendarane som oppheldt seg i Bergen noko privilegiebrev å leggja fram med eit slikt innhald som det kongen skal ha gitt dei i mars. Moglegvis hadde ikkje dei hollandske kjøpmennene i Noreg med seg kopi av privilegiebrevet. Riksrådet ser ut til å ha dømt i samsvar med dei framlagde prova, som Hamre peikar på.

Seinare same hausten hadde Kontoret eit nytt møte med det norske riksrådet. Etter kjøpstemnet i Bergen om hausten skreiv byrådet i Lübeck brev til Kontoret og det norske riksrådet med klagar på liten, dårleg og roten råskjer frå Bergen. Lübeck fekk i sin tur stadig klagar på denne dårlege fisken frå sine kundar. I Kontoret sitt svarbrev til byrådet i Lübeck frå 6. oktober 1490 fortalde dei at dei hadde snakka med riksrådet om dette.⁴⁹² Kontoret prøvde å få riksrådet til å påleggja nordfararane å betra kvaliteten på råskjeren, men riksrådet sa seg ikkje i stand til å gjera noko med dette, fordi det ville gå ut over dei fattige nordfararane. Då dei ikkje kom nokon veg med riksrådet, innførte Kontoret sine egne kvalitetsreglar for kva fisk som skulle fraktast ut av landet.⁴⁹³ Kjelda til dette møtet fortel ikkje kven som deltok, verken frå norsk eller hanseatisk side.

Kontoret var tydelegvis initiativtakarane til møtet på grunnlag av brevet som byrådet i Lübeck hadde skrive til riksrådet og Kontoret. Dette er den einaste gongen i denne perioden at ei kjelde nemner direkte kontakt mellom ein hansaby og det norske riksrådet. Denne kontakten var i form av brev. Kontoret tok så over oppfølginga av spørsmålet. Problemstillinga gjaldt kvaliteten på den eksportvara som Kontoret si verksemd var bygd opp rundt, og må såleis ha vore svært viktig for Kontoret. Det norske riksrådet var i denne omgangen ikkje med på å innføra kvalitetskrav til fisken frå nordfararane, og viste til at dei ikkje ville skada interessene til råvareprodusentane. Kontoret freista altså i første omgang å få norske styresmakter til å vedta reglar som skulle ivareta Kontoret sine interesser. Då dette ikkje fungerte, brukte dei sine egne vedtekter som verkemiddel. Dette er ein parallell til korleis me har sett at Kontoret gjekk fram for å kjempa mot islandshandel. Då det ikkje gjekk å få hansedagane til å vedta forbod mot slik handel, innførte Kontoret sitt eige forbod.

⁴⁹¹ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 101.

⁴⁹² "Juw schriffte van wegene der packinghe des cleyne qwaden vorrotteden rotscheringe, darvan juw dagelix sware clacht vorkomet etc., (...) hebbe wii entfangen (...) Vogen juw darup gutlken to wetene, dat wii derwegene vor des rykes rade vorgegeven unde bogeret hebben, dat se nordewart dat also in oren lehenen wolden bestellen laten, dat men neyne cleyne vissche tho rotschere maken scholde etc." HUB XI, 398 / NGL II, 3, 387 / Bull: 148; kjelde nr. 1 i tabell 1.

⁴⁹³ "Dar se uns uppe antworden, dat se dat anders nicht vorfogen konden, dan also id suszlange derwegen gewesen hadde, wente dat anders den armen Nordevareres tho schaden unde hindere wesen wolde." Ibid.

Spørsmålet om dårleg kvalitet på fisk frå Bergen var på denne tida eit stadig tilbakevendande tema på fleire hansedagar. Mellom anna fekk bergensfararane høyra klagar på dårleg sortering og pakking av bergensfisk på hansedagen i mai 1494.⁴⁹⁴ I forkant av denne hansedagen var Kontoret tidleg ute med å freista å finna ei løysing på problemet og sikra kvaliteten på den fremste handelsvara si. Dei tok opp spørsmålet om kvalitet på fisken nordfrå på eit møte med det norske riksrådet og nordfararane den 12. april 1494. Kontoret refererer møtet i eit brev til Bergenfararkompaniet i Lübeck frå 13. mai 1494.⁴⁹⁵ Hanseatane møtte opp med ni mann, som alle er namngjevne i brevet, deriblant sekretæren Conrad Langestroit. Cord Hovemann, som vart vald til oldermann i 1490 og truleg var oldermann enno, førte ordet for hanseatane. Det er ikkje nemnt kva posisjonar dei andre hanseatane hadde. Sjølv om det står i brevet at kontorrepresentantane møtte det norske riksrådet, er berre to riksrådar nemnde: Biskop Johan Teyste og høvedsmannen på kongsgarden Otte Matszon. I tillegg var lagmannen, i brevet kalla Elender Fracke, byrådar frå Bergen og skipparar og allmenne nordfararar til stades. Cord Hovemann la fram klagen frå Kjøpmannen over korleis fisken som nordfararane kom med på ymse vis var av dårleg kvalitet og understreka poenget ved å leggja fram fire dårlege fiskar som døme.⁴⁹⁶ I tillegg klaga han på enkelte økonomiske spørsmål. Nordmennene rådslo seg imellom, før biskopen svarte på klagemåla. I motsetning til i 1490 kom riksrådet no Kjøpmannen i møte på dei fleste punkta og lova mellom anna å påleggja nordfararane å slutta med å tørka fisken på klippene, ein praksis som førte til dårlegare kvalitet.

Spørsmålet om handelen til hollendarane vart også reist i dette møtet, som i 1490. Hollendarane hadde no fått privilegiebrev frå kongen og vist dei fram for dei norske styresmaktene. Biskopen sa difor at han ikkje kunne gjera noko med denne saka, sidan hollendarane hadde brev frå kongen. Men biskopen skal ha sagt seg villig til å hjelpa Kontoret med å skriva brev til kongen om denne saka, dersom dei ville prøva å få han til å endra syn.⁴⁹⁷

⁴⁹⁴ "den gesecht ysz, wo dat de copmann to Berghen syk nicht richtich helde in der gildinge unnd packinge des vissches, derhalven grote clachte weren gekomen". HR III, 3, 353, §148.

⁴⁹⁵ "Wii hebben nu kortes myt des rykes rade unde den Nordverars hiir tor stede wesende dachtinge gehalten..." AHL, Bgf. 865; trykt i HR III, 3, 336 / NGL II, 3, 81 / Bull: 175; kjelde nr. 11 i tabell 1.

⁴⁹⁶ "Unde dosulvest worden dar 4 stucke van deme vlacken rotschere den vromen heren unde luden vorbenomet vorgebracht, in ore hande gedan unde gewiset." Ibid.

⁴⁹⁷ "wolde de kopman sodant an unsen gnedigesten heren vorbenomet besenden, derwegen breve tegen der Hollandere breve tho vorwervende, se wolden sodant ock gerne myt deme kopmanne fruntliken vorschreven etc." Ibid.

Hamre trekkjer fram dette møtet som eit døme på det gode forholdet mellom riksrådet og Kontoret på denne tida.⁴⁹⁸ Hanseatane si skildring nemner ikkje spesifikt kven som tok initiativ til møtet, men i og med at det var Kontoret som la fram sine klagar og krav, verkar det rimeleg at Kontoret hadde bede om møtet. Kontoret si skildring av møtet med riksrådet gir elles inntrykk av eit konstruktivt møte der Kontoret fekk gjennomslag for nokre, om ikkje alle krava sine. Riksrådane hadde ikkje makt til å gjera noko med privilegia til hollendarane som kongen hadde utferda. Men dei gjekk no med på hanseatane sine kvalitetskrav til tørrfisk.

Kontoret hadde altså fleire møte med det norske riksrådet om regulering av handelsspørsmål. Dei ville få riksrådet med på å avgrensa hollendarane sin handel i Bergen, men her meinte ikkje riksrådet å ha rett til å gå mot kongen sine avgjerder. I spørsmålet om fiskekvalitet gjekk riksrådet til slutt med på Kontoret sine krav om innføring av kvalitetsreglar. Dårleg kvalitet på bergensfisk ville kunne svekka etterspurnaden og prisen på tørrfisk frå Bergen på marknadene på kontinentet. Dei norske riksrådane og Kontoret hadde altså felles interesser i å halda oppe kvaliteten på den norske fisken. Ingen stad i kjeldene blir det nemnt noko om trugsmål om bruk av vald, handelsboikott eller andre maktmiddel. Referata av møta ber preg av eit fredeleg samarbeidsklima.

6.4 Kaperverksemd

På slutten av 1490-talet var hanseatane ofte utsett for kaperverksemd på ferda frå heimbyane til Noreg. Eit tilfelle frå 1491 viser korleis Kontoret nytta det norske riksrådet til å prøva å få slutt på denne verksemda. Som nemnt i innleiinga til dette kapitlet starta Axel Olavsson, sonen til Olav Nilsson, kaperkrig mot hanseatiske skip på slutten av 1480-talet. Han vart dermed ein av fleire som dreiv kaperkrig mot hanseatane, og med kongen sitt samtykke.⁴⁹⁹ I desember 1490 kom det til forlik mellom Axel og hanseatane. Det gjekk ut på at Kjøpmannen i Bergen måtte betala 7000 danske mark i bot. Men i 1491 erklærte systema til Axel, Magdalena, ny feide mot hanseatane, og nye skip vart angripne. Feidebrevet hennar til hansabyane er datert 29. juli 1491.⁵⁰⁰

⁴⁹⁸ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 102.

⁴⁹⁹ *Ibid.*, 100.

⁵⁰⁰ HR III, 2, 445.

I oktober 1491 hadde truleg Kontoret eit møte med dei norske riksrådane, som då var samla i Bergen, om denne saka. På dette møtet må dei ha blitt samde om å kontakta kongen for å få han til å få slutt på Magdalenas kaperkrig. Dette møtet er ikkje skildra eksplisitt i kjeldene. Men dei norske riksrådane sende brev til kongen datert 4. oktober 1491, og dagen etter sende Kontoret brev til kongen om den same saka. Riksrådane skreiv i sitt brev at dei hanseatiske kjøpmennene hadde fortalt at Magdalena Olavsdotter hadde lyst feide mot hansabyane på nytt. Riksrådet uttrykte overrasking over at saka med arvingane til Olav Nilsson ikkje var avslutta, slik dei hadde fått beskjed om tidlegare på året at ho var. Dei skreiv at hansabyane ville kalla heim att kjøpmennene sine dersom det ikkje vart slutt på kaperkrigen. Dette ville vera til skade for riket. Riksrådet frykta open krig, og at ”wenner the rømmæ oc alle the ther landhet skulle haffue nytthe oc besthandh aff oc vwenner oc ffiendhe bliffue thes flære”.⁵⁰¹ Kontoret klaga i sitt brev over at Magdalena Olavsdotter hadde erklært feide mot Kjøpmannen, at eit skip frå Rostock hadde blitt plyndra tidlegare same haust, og uttrykte overrasking over at denne saka vart teken opp igjen etter at kongen sjølv hadde vore med på å forlika Kjøpmannen og Axel Olavsson. Dei bad kongen sjå til at Axel og alle slektningane hans heldt avtalen.

Brevet frå Riksrådet nemner at kjøpmennene hadde ”giffuet oss tiil kennendhe” at Magdalena hadde erklært feide.⁵⁰² Ingen av dei to breva nemner fleire detaljar om møte mellom riksrådet og Kontoret, men det verkar likevel klart at ein delegasjon frå Kontoret hadde drøfta saka med riksrådane som var samla i Bergen i starten av oktober 1491. Dei to partane må ha vore samde om at ein ny kaperkrig ikkje var ønskjeleg, og blitt samde om å skriva kvart sitt brev til kongen for å få han til å tygla Magdalena Olavsdotter. Riksrådet sitt brev fokuserer på faren for at hansakjøpmennene skal forlata landet, noko som ikkje ville vera ønskjeleg for landets innbyggjarar. Kontorkjøpmennene blir implisitt skildra som landets venner, og dei som driv kaperfart og sjørøveri som uvenner. Kontoret sitt brev til kongen nemner ikkje noko trugsmål om å forlata Bergen, men fokuserer på at kongen sjølv hadde vore med på å avslutta denne konflikten, og at han difor burde oppretthalda freden. Uansett om Kontoret og riksrådet vart eksplisitt samde om å koordinera brevskrivninga, er denne saka eit klart døme på samarbeid mellom dei to organa. Kontoret gjekk inn for å overtyda det norske riksrådet om at dei hadde felles interesse i å gjera slutt på ein kaperkrig som skada handelen mellom Bergen og hansabyane. Dette lukkast dei med, og riksrådet gjekk saman med Kontoret om å påverka

⁵⁰¹ DN VI, 611.

⁵⁰² Ibid.

kongen for å få slutt på kapringane. Dette ser ut som eit klart døme på at Kontoret drog nytte av det som Nye vil definera som mjuk makt. Han nemner kontroll over internasjonale handelsstrukturar som ein form for mjuk makt.⁵⁰³ Hanseatane kontrollerte den internasjonale handelen i Bergen. Denne handelsstrukturen såg dei norske riksrådane seg òg tente med å halda ved like fordi han, som Nedkvitne viste, gav føremonar også til dei norske stormennene.⁵⁰⁴ Alternative handelsstrukturar verka urealistiske. Difor trong ikkje Kontoret bruka hard makt, som å truga med handelsblokadar, for å få det norske riksrådet på si side. Moglegheita for at hansabyane kunne komma til å kalla kjøpmennene sine heim som resultat av Axel Olavsson si kaperfart trong ikkje setjast fram som eit trugsmål, men var ei moglegheit som dei norske riksrådane i utgangspunktet ville strekkja seg langt for å unngå. Hanseatane hadde fått dei norske riksrådane til å ønskja det same som dei, nemleg å halda ved like dei eksisterande handelsstrukturane til Kontoret i Bergen.

6.5 Venenskapleg kontakt

To brev frå 1490-talet inneheld korte notisar der Kontoret sjølv eksplisitt skildrar forholdet til det norske riksrådet som godt. Den eine står i eit brev frå Kontoret til byrådet i Lübeck frå 29. mars 1493.⁵⁰⁵ Kontoret hadde prøvd å få det norske riksrådet til å setja segla under dei kontorske privilegia i Bergen. Dei ville så ta med seg desse og få kongen sine segl på seinare, men riksrådet hadde ikkje villa gjera noko slikt før kongen hadde stadfesta privilegia først. Riksrådane hadde understreka at ”dei likevel ville halda kjærleik og venskap med oss som før, og me har ikkje opplevd noko anna.”⁵⁰⁶ Schreiner ser denne uttalen som ein nærmast nedsetjande merknad, der hanseatane gav nordmennene ”skussmål for god oppførsel”.⁵⁰⁷ Han såg ikkje moglegheita for eit godt forhold med dei norske riksrådane kunne vera basert på godt samarbeid, men at det måtte tyda underdanigheit frå riksrådane si side. Ein anna og kortare notis står i eit brev frå Kontoret til Bergenfararkompaniet frå 18. februar 1494.⁵⁰⁸ Brevet omhandlar forholdet mellom hansabyane og kong Hans. Som ein sluttmerknad i brevet slår Kontoret fast at ”med herskapet har me framleis god semje”.⁵⁰⁹

⁵⁰³ M.a. måten Storbritannia kontrollerte internasjonale handelsstrukturar på 1800-talet. Joseph S. Nye jr., *Soft Power. The Means to Success in World Politics* (New York: PublicAffairs, 2004).

⁵⁰⁴ Nedkvitne, "How Important was Hansa Trade," 15.

⁵⁰⁵ AHL, ASA, Externa Danica 978; delvis trykt i HR III, 3, 215; kjelde nr. 6 i tabell 1.

⁵⁰⁶ ”Se willen allikewol leve und fruntschup myt uns holden na also vore, des wy noch anders nicht befunden hebben.” Ibid.

⁵⁰⁷ Schreiner, *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*, 38.

⁵⁰⁸ AHL, Bgf. 865; trykt i HR III, 3, 251-252 / Bull: 180; kjelde nr. 9 i tabell 1.

⁵⁰⁹ ”myt der herschup hebbe wy ock noch gude eyndracht”. Ibid.

Kontoret rekna altså forholdet til det norske riksrådet som godt, sjølv om dei ikkje fekk gjennomslag for krava sine. Det er verd å merka seg at Kontoret prøvde å nytta dette gode forholdet til å få stadfesta handelsprivilegia sine. Etter at Hans vart konge i 1483, varte det heilt til 1498 før han endeleg stadfesta privilegia i Noreg. Kontoret har prøvd å nytta det norske riksrådet til å påverka kongen, men dette har ikkje riksrådet vore villige til å gå inn på. Halmstadrecessen sa at riksrådet skulle vera med i rådslaging om handelsprivilegium til utlendingar, men riksrådane har ikkje vore villige til sjølve å ta initiativ overfor kongen for å stadfesta hanseatane sine privilegium.

Informasjonsutveksling kunne på denne tida vera ei viktig form vennskapeleg kontakt. Brev til Kontoret viser fleire døme på at det har motteke viktig informasjon frå norske riksrådar. Eitt døme er frå 1501. Dette året sa det svenske riksrådet opp truskapen sin til kong Hans, og i Noreg følgde Knut Alvsson opp med eit opprør mot kongen. Hausten 1501 skreiv dei opprørske svenske riksrådane brev til dei norske riksrådane i Bergen. Her informerte dei om at dei hadde sagt opp truskapen til kongen, og lyste feide mot alle undersåttane til kongen som ikkje var innforstått med dette.⁵¹⁰ Dei norske riksrådane gav denne informasjonen vidare til Kontoret ”i vennskap”, som Kontoret uttrykte det, samtidig som dei erklærte at dei ville halda seg lojale til kong Hans.⁵¹¹ Kontoret sende informasjonen vidare i brev til Bergenfararkompaniet i Lübeck den 2. oktober 1501.⁵¹² Eit anna døme er frå 1505. Etterdønningane etter drapet på Olav Nilsson i 1455 brukte lang tid på å leggja seg, då etterkommarane hans stadig brukte drapet som eit høve til personleg vinning. I 1505 skreiv Kontoret til Bergenfararkompaniet i Lübeck at erkebiskopen frå Trondheim med andre stormenn hadde vore i Bergen. Der hadde dei gitt Kjøpmannen tidender om at fru Magdalena, altså Magdalena Olavsdotter, igjen hadde klagt over Kjøpmannen. Ho hadde fått tak i eit brev, forseгла med Kjøpmannens segl, som rekna opp verdfulle gjenstandar som Kjøpmannen skulle ha motteke frå mora hennar.⁵¹³ Dette brevet må vera det same som er trykt i

⁵¹⁰ ”des rykes rederen in Norwegen hebben uns in fruntschup tho vorstande geven, unde witlick gedan, at se breve gekregen hedden, van eyn parth des rykes rederen uth Sweden, dat se unsem gnedige heren dem koninghe ore manschup unde truwe upgesecht unde alle den iennen dede syner gnaden undersate sin, apembare entsecht hebben, dar deme uthtovorstande is.” AHL, Bgf. 868; trykt i Ibid.: 192.; kjelde nr. 23 i tabell 1.

⁵¹¹ ”In dem dese vorgescrevenen heren, rykesz redere, unsem heren deme koninghe bypflichten willen also one na billicheyth thobehort.” Ibid.

⁵¹² Ibid.

⁵¹³ ”De erwerdigste here artzebisshup van Drunthen myt der anderen herschup sint wedder umme tho Bergen gekomen dede uns tydinghe brachten dat vrouw Magdalene hochliken over den kopman geclaget hadde und dat se gesehen hadden eyne breff myt des kopmans zegele forsegelt, dede uppe grote kostele clenodie holdende were also de kopman van orer zeligen moder genomen scholden hebben.” AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 33 i tabell 1.

Diplomatarium Norvegicum VI, 552. I dette brevet erklærer Kjøpmannen på Bryggen at dei har motteke fire kister med kostbarheiter til oppbevaring for enkja etter Olav Nilsson, truleg til striden mellom dei to kunne forlikast.⁵¹⁴ Kontoret skjønnte at Magdalena ville bruka brevet til igjen å krevja pengar av hanseatane og bad Bergenfararkompaniet finna fram alle dokument som kunne visa at denne konflikten var avslutta. Brevet dukka ganske riktig opp i forhandlingar mellom kongen og byrådet i Lübeck i Nykøbing i 1507, der eit av dei danske krava var at byen Lübeck skulle betala tilbake det som var nemnt i brevet i 1456. I referatet frå dette møtet er det aktuelle brevet parafrasert på latin.⁵¹⁵ Denne kjelda fortel oss at erkebiskopen har møtt representantar frå Kontoret då han kom til Bergen. Brevet gir ingen detaljar om møtet, men erkebiskopen har valt å åtvara Kjøpmannen om at Magdalena igjen hadde planar mot hanseatane. Både informasjonen om opprøret i 1501 og om Magdalena Olavsdotters brev var viktig informasjon for hanseatane på Kontoret. Samstundes var det informasjon som dei norske riksrådane ikkje hadde trengt å formidla vidare til Kontoret, særleg ikkje dersom det rådde konstant spenning og mistru mellom dei to partane. Det at dei likevel gjorde det tyder på at det var eit meir ope forhold mellom riksrådane og Kontoret enn tidlegare forskning har vektlagt, der slik utveksling av informasjon var ein naturleg ting.

6.6 Konflikter med riksrådet

Eitt av breva frå perioden, datert 16. september 1494, fortel om ein konfliktsituasjon mellom hanseatar og nordmenn. Under kjøpstemnet i 1494 kom det til samanstyrtar mellom hanseatiske sjømenn og byfolk, der ein av knektane til riksråden Nils Henriksson vart drepen.⁵¹⁶ Nils Henriksson var ein av dei fremste verdslege riksrådane, og hadde store eigedomar i Nord-Noreg.⁵¹⁷ Han samla riksrådet med erkebiskopen, Bergensbiskopen og høvedsmannen på kongsgarden Otte Matsson, og kalla inn Kjøpmannen. Nils klaga på at dette var den tredje av mennene hans som var drepne av hanseatiske sjømenn, utan at han hadde fått noko bot.⁵¹⁸ Han kravde å få utlevert gjerningsmennene, noko Kjøpmannen måtte gå med på, men dei hadde alt reist frå byen i løyndom. Kontoret skreiv difor brev til byrådet i Wismar

⁵¹⁴ DN VI, 552.

⁵¹⁵ HR III, 5, 267, §20.

⁵¹⁶ "...is en uplog gheschen twysken den schipluden unde den haveluden, so dat de schipmans hebben affgheslagen heren Nickels Hinrikson enen van synen uppersten haveswenne". HUB XI, 767 / NGL II, 3, 87; kjelde nr. 13 i tabell 1.

⁵¹⁷ Oscar Albert Johnsen, "Niels Henriksson," i *Norsk biografisk leksikon*, bd. X (Oslo: H. Aschehoug & Co., 1949), 43-45.

⁵¹⁸ "...clagede clegheliken, dat eme yn vorleden tiiden weren affgheslagen twe van synen deneren unde id nu de dorde weren, de de schypman unde boesman eme affgheslagen hedden, dar denne noch wandel offte sone van ghekamen were." HUB XI, 767 / NGL II, 3, 87; kjelde nr. 13 i tabell 1.

16. september 1494 for å be byrådet der om å stilla for retten to namngjevne personar som skulle ha stått bak drapet. Prov for at dette vart gjort skulle sendast til det norske riksrådet.⁵¹⁹

Taranger nemner denne saka som eit døme på at Kontoret på denne tida må ha vore svekka, og at dette var grunnen til at det gjekk med på å prøva å få straffa drapsmennene.⁵²⁰ Han argumenterer ikkje for kvifor Kontoret skulle ha interesse av å la hanseatiske sjømenn ustraffa drepa knektane til norske riksrådar. Kjelda fortel at forholda i Bergen under kjøpstemnet, då store mengder norske og hanseatiske tilreisande var samla, kunne vera uregjerlege, og at valdshendingar førekom. Det same brevet nemner også eit oppløp som vart stelt i stand av sjøfolk mot Kjøpmannen. Hovudmannen bak dette hadde også forlate Bergen, og byrådet i Wismar vart bede om å straffa også han dersom han kom dit. Kontoret hadde ikkje maktmiddel til å hindra slike episodar, men det hadde reglar mot dei, og eit apparat som kunne prøva å straffa brot i etterkant. Det er vanskeleg å sjå kvifor det ikkje var like mykje i Kontoret si interesse med rolege forhold under kjøpstemnet, og kvifor Kontoret skulle ha interesse av å motsetja seg å etterlysa dei to drapsmennene frå Wismar då det norske riksrådet kravde det. Denne hendinga viser at det skjedde valdsepisodar mellom nordmenn og hanseatar, men ingenting tyder på at denne valden vart godteken frå Kontoret si side. Tvert imot gjekk Kontoret med på å samarbeida med norske styresmakter om å straffa fredsbyrtarane.

6.7 Oppsummering

I dette kapitlet har eg prøvd å få fram eitt nytt syn på tilhøvet mellom hanseatar og norske styresmakter i seinmellomalderen. Kjeldene frå perioden 1490 – 1510 teiknar eit bilete av eit gjennomgåande godt forhold mellom Kontoret og det norske riksrådet, noko som tidlegare historikarar òg har vore merksame på. I motsetning til tidlegare historikarar vil eg framheva felles interesser mellom dei to partane som hovudforklaringa på det gode forholdet.

Representantar for Kontoret hadde jamleg kontakt med dei norske riksrådane i Bergen.

Hansabyane overlét denne kontakten til Kontoret. Tidleg på 1490-talet møtttest den nordafjelske avdelinga av riksrådet regelmessig i Bergen.⁵²¹ Kontoret nytta då fleire gonger høve til å ta opp handelsspørsmål gjennom riksrådet, for å få riksrådet til å gjennomføra

⁵¹⁹ ”Clauwes Grove unde de ander juwe medeburgher ghenomet Clauwes Teske, scholden myd juw tor stede ere recht stan van der mort unde dotslages weggen unde dar bewys van to bringhende vor des rickes rat” Ibid.

⁵²⁰ Taranger, *Norges historie*, 3. bd. II, 204.

⁵²¹ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 851.

handelspolitiske tiltak som Kontoret ønskte, og også for å trygga skipsfarta til Bergen mot kaperfart. Riksrådet og Kontoret hadde tydelegvis på denne tida eit konstruktivt forhold til kvarandre. Kontoret fekk fleire gonger, men ikkje alltid, gjennomslag for krava sine frå det norske riksrådet. Men det er ingen teikn i kjeldene til trugsmål om bruk av vald, heller ikkje om trugsmål om handelsblokade mot Noreg. Kontoret og riksrådane utveksla viktig informasjon, og Kontoret omtala sjølv ved fleire høve forholdet til riksrådet som godt. I eitt tilfelle nemner kjeldene at Kontoret sine representantar vart kalla inn av riksrådet for å svara for valdshandlingar frå hanseatane si side, men også denne gongen vitnar kjeldene om samarbeid frå Kontoret si side. Ein finn ingen spor i kjeldene av at riksrådet trekte i tvil Kontoret sin legitimitet som forhandlingspartner, eller var forarga over Kontoret si makt.

Dei eldre historikarane Taranger og Schreiner meinte forklaringa på det låge konfliktnivået i perioden måtte vera særleg hanseatisk svakheit eller styrke. Denne forklaringa vil eg sjå bort frå. Hamre meinte at det norske riksrådet følte seg tryggare i stillinga si fordi politikken til kong Hans gav dei større spelerom til å fatta avgjerder i spørsmål som hadde med hanseatane å gjera. Men han framheva òg omsynet til tryggleiken for kornforsyningar som den viktigaste grunnen til det gode forholdet.⁵²² Lunden og Nedkvitne sine funn gir forklaringa om stadig kornmangel i Noreg mindre truverd. Hamre sitt poeng om at det norske riksrådet på denne tida fungerte betre og hadde større myndigheit verkar derimot som eit godt poeng. Riksrådet var ein reell forhandlingspartner.

Eg meiner at den fremste grunnen til det gode forholdet mellom Kontoret og det norske riksrådet var felles interesser. Den tidlegare historiske litteraturen har ofte sett seg blind på nasjonale motsetjingar. Men i dei konkrete sakene som er drøfta i dei møta som dei samtidige kjeldene dokumenterer, hadde hanseatar og norske riksrådar i stor grad det same målet. Det grunnleggjande spørsmålet er gong på gong å halda handelen til hanseatane med norsk tørrfisk i Bergen i gang på best mogleg måte. I spørsmålet om handelen på Vesterhavsoyane var det heilt klare felles interesser mellom dei to partane. For Kontoret truga denne handelen med å øydeleggja omdømmet til produktet deira, då fisken frå Shetland og Island vart selt som bergensfisk, men var av dårlegare kvalitet. Dessutan truga denne handelen Bergen sin status som stapelplass, og dermed kontrollen Kontoret hadde over tørrfiskeksporten. Kontoret ville også innføra kvalitetskrav til fisken som kom til Bergen frå nord, for å sikra kvaliteten på

⁵²² Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 102.

det fremste handelsproduktet sitt, og slik motverka klagane som dei gong på gong mottok frå marknadane i Tyskland. Dei norske riksrådane var i stor grad jordeigarar som tente på nordfararane sin handel. Det var difor også i deira interesse å halda tørrfiskhandelen i Bergen i gang. Det var dei hanseatiske kjøpmennene som kontrollerte denne handelen. Slik gav kontrollen over varebytet i Bergen Kontoret mjuk makt over dei norske riksrådane. Dei hadde fått dei norske riksrådane til å ønskja det same som dei, nemleg å halda ved like dei eksisterande handelsstrukturane til Kontoret i Bergen. Ei oppfatning av felles interesser og moglegheita for eit godt samarbeid la dermed grunnlaget for eit godt forhold mellom Kontoret og det norske riksrådet.

Dei felles interessene til Kontoret og riksrådet var òg eit resultat av Kontoret sitt store sjølvstyre i forholdet til Noreg. Kontoret delte nemleg ikkje desse interessene med alle hansabyane. Særleg Hamburg og Bremen dreiv i stor utstrekning handel på Island. Kjøpmenn frå Lübeck var mindre aktive i slik handel, men deltok òg i større og større grad, og byrådet i Lübeck hadde gitt opp forsøka på å forby direktehandelen på Island. Men Kontoret i Bergen såg denne handelen som eit direkte trugsmål mot eigen eksistens. Kontoret var lokalisert i Bergen, og delte dei bergenske og norske myndigheitene si interesse av å halda oppe handelen der. Kontoret allierte seg dermed med det norske riksrådet i kampen mot islandshandelen, på ein måte som det neppe ville ha gjort dersom det var ein viljelaus reiskap for hansabyane.

7 – MILITÆRMAKT PÅ KONTORET

7.1 Innleiing

Eg vil no sjå på Kontoret som militær aktør. Dette temaet har to aspekt. Først vil eg sjå på Kontoret si militærmakt i Bergen. Eg har vist at Kontoret hadde mjuk makt som det drog nytte av for å halda på posisjonen sin i Bergen. Men hadde Kontoret også harde maktmiddel, og hadde det bruk for slike? Militærmakt er det klaraste dømet på det som Nye kallar hard makt.⁵²³ Var Kontoret si militærmakt sterk nok til å fungera som eit pressmiddel for å styrka Kontoret som politisk aktør i Bergen? Dinest skal eg sjå på korleis kongemakta prøvde å utnytta Kontoret sin militære kapasitet, gjennom å krevja militære ytingar frå Kontoret. Korleis reagerte Kontoret på dette? Svara på desse spørsmåla kan gi vidare innsikt i Kontoret si rolle overfor det norske samfunnet og kongemakta. Spørsmålet om korleis Kontoret disponerte militærmakta si, vil òg kunna gi djupare innsikt i forholdet mellom Kontoret og hansabyane.

Eg vil skilja mellom ulike former for væpna makt. All form for væpna makt er ikkje militærmakt. Vektarteneste for å oppretthalda ro og orden på Bryggen, vil eg definera som ordensmakt og ikkje militærmakt, sjølv om vektarane var væpna. Væpna makt som var sterk nok til å hindra folk i å villa angripa Kontoret, eller sterk nok til å motsetja seg slike angrep, vil eg kalla defensiv militærmakt. Væpna makt som var sterk nok til å bruka som trugsmål for å få gjennom politiske målsetjingar, eller til å ta kontroll over delar av byen gjennom offensive krigshandlingar, ville måtte vera sterkare enn ei rein defensiv militærmakt trong å vera. Slik militærmakt vil eg kalla offensiv militærmakt. I undersøkinga mi av Kontoret som politisk aktør er det den offensive militærmakta som er mest interessant.

Det er på det reine at Kontoret hadde ei væpna ordensmakt. Fleire av punkta i dei eldste kontorstatuttane omtalar ei vektarordning på Bryggen.⁵²⁴ Punkt 53 i dei eldste kontorstatuttane viser at desse vektarane var væpna med krutvåpen. Dette punktet er datert til

⁵²³ Nye jr., *Bound to Lead*, 32.

⁵²⁴ NGL II, 2, nr. 416, §§49-51.

1494 og forbyr vektarane å fyra av børsene medan dei er på vakt.⁵²⁵ Kontorstatuttane viser òg at Kontoret skulle ha ei defensiv militærmakt. Punkt 76 i statuttane pålegg kjøpmenn som eig hus i Bergen, men ikkje er der om vinteren, å etterlata to mann gjennom vinteren med våpen til å forsvare busetjinga.⁵²⁶ Kva så med offensiv militærmakt? Arnved Nedkvitne skriv i doktorgradsavhandlinga si at Kontoret hadde ein "ikke ubetydelig militær styrke til disposisjon". Han meiner at overfallet på Olav Nilsson i 1455 viser at Kontoret kunne kontrollere byen militært ved ein open konflikt. Dette byggjer han på at dei fleste hanseatane var væpna, og på kjeldeopplysningar om at hanseatane hadde 2000 mann under våpen i 1455 og 600 i 1478.⁵²⁷ I ein artikkel frå 1990 skriv han at Bergen i 1500 hadde tusen hansakjøpmenn, "most of them armed in a kind of militia".⁵²⁸ Nedkvitne meiner altså at Kontoret hadde ei offensiv militærmakt, og at denne harde makta er ein viktig del av forklaringa på hanseatane sin maktposisjon i Bergen i mellomalderen.⁵²⁹ Men overfallet på Olav Nilsson i 1455 og overfallet på norske og skotske kjøpmenn i 1523 i samband med maktovertakinga til Vincens Lunge på kongsgarden i Bergen, er dei to einaste episodane som kjeldene fortel om med ein omfattande grad av valdsbruk frå hanseatane på Kontoret si side.⁵³⁰ Kva seier kjeldene frå rolegare periodar om Kontoret si militærmakt?

I perioden 1490 – 1510 skjedde det ingen større valdsepisodar i Bergen, trass i at det var frykt for krigshandlingar fleire gonger. Mest dramatisk var situasjonen i samband med opprøret til Knut Alvsson i 1501 – 1502, då det var krigshandlingar i andre delar av landet, og væpna styrkar kom til Bergen. Knut Alvsson sitt opprør og hendingar i samband med det er omtalte i fleire brev frå Kontoret til Bergenfararkompaniet i Lübeck frå 1501 og 1502. Desse breva gir oss informasjon om korleis Kontoret såg på sin eigen militære situasjon på denne tida. Eg vil no bruka denne informasjonen til å freista å vurdere Kontoret sin militære styrke.

⁵²⁵ "Vordt mer is indth jar vereundenegnthich (...) gesthemmeth unde beleveth, datt nemandt up wacht midt bussenn schethenn schal." Ibid., §53

⁵²⁶ "Ithem einn jewelick kopmann, de in der kopstedene apenn huser unde sthavenn holdt, schal den winter aver tve manne dar up holdenn midth alsodaner were, de tho bescharminge der nedder lage duchtich unde gudt si." Ibid., §76

⁵²⁷ Nedkvitne, "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600", 267.

⁵²⁸ Nedkvitne, "The Hansa in Norway as seen by Norwegian historians today," 59.

⁵²⁹ Nedkvitne, "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600", 267.

⁵³⁰ Helle, *Kongssete og kjøpstad*, 766.

7.2 Knut Alvssons opprør

I august 1501 gjorde delar av det svenske riksrådet opprør mot kong Hans, som i tillegg til Danmark og Noreg hadde vore konge av Sverige sidan 1497.⁵³¹ Ein av opprørarane var Knut Alvsson, ein adelsmann som hadde jordeigedomar i både Sverige og Noreg og var etterkomar av den gamle norske kongeætta.⁵³² Knut starta førebuingar til krigshandlingar også i Noreg. Frå september 1501 finst det eit brev frå dei norske riksrådane samla i Bergen til bøndene på Voss, der Knut hadde store jordeigedomar. Riksrådane oppmoda bøndene om ikkje å la seg lokka med på opprør mot kongen.⁵³³ Kontoret i Bergen fekk brev frå Knut Alvsson 29. mai 1502, der han skreiv at han ville senda tenaren sin Nils Jonsson til Bergen for å ta kongsgarden. Nils kom til byen med 300 mann, hovudsakleg væpna bønder, og overtok kongsgarden utan motstand. Han heldt ting med byfolket, som møtte opp væpna. Bøndene ville ha eit tingvedtak om å støtta Knut Alvsson, men biskopen i Bergen fekk utsett avgjerda. Nils Jonsson drog då tilbake til kongsgarden, men reiste etter 3-4 dagar, då det var tomt for forsyningar der. Biskopen tok så kongsgarden med sine menn.⁵³⁴ Knut Alvsson vart drepen 18. august under tingingar med Henrik Krummedike, og opprøret i Noreg var dermed i hovudsak over. I Sverige lukkast derimot opprøret, og kong Hans mista makta.

Kontoret sin korrespondanse til Bergenfararkompaniet viser oss at oldermennene såg situasjonen under dette opprøret som svært utrygg for Kontoret, og viser oss kva tiltak dei sette i verk for å førebu seg på eventuelle krigshandlingar. Kontoret si haldning til desse hendingane har ikkje vore drøfta tidlegare i historisk litteratur. Oldermennene melde frå om opprøret i eit brev til Bergenfararkompaniet datert 2. oktober 1501. Dei norske riksrådane i Bergen hadde då fortalt Kjøpmannen at det svenske riksrådet hadde sagt opp truskapen til kong Hans, og at Knut Alvsson hadde sendt tenarane sine til Noreg og samla bønder i Sogn, Voss, Sunnmøre og Hordaland for å ta kongsgarden i Bergen.⁵³⁵ Halvdan Koht tolka denne kjelda som at allmugen i desse områda var i opprør, men kjelda seier ikkje meir enn at Knut sine tenarar hadde samla ein styrke av bønder og lause element derfrå.⁵³⁶ Det går klart fram

⁵³¹ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 167.

⁵³² *Ibid.*, 165.

⁵³³ DN XXI, 668. Omtala i Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 169.

⁵³⁴ AHL, Bgf. 868; trykt i DN XVI, 339; kjelde nr. 27 i tabell 1.

⁵³⁵ ”derhalven hefft heren Knuth Alffsson syne denere hyr intlant gesent, dede hyr in der Sage, uppe Wosz, in Sunthmorde unde in der Herde, eyne vorsammelinghe van bunderen und anderen loser parthie vorgadderet hebben in meninghe hyr des koninges garden inthonemende”. AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 192; kjelde nr. 23 i tabell 1. Bull har feilaktig ”hyr in der dage” istadenfor ”hyr in der Sage”. Halvdan Koht tolkar ”Sage” og ”Herde” som Sogn og Hordaland. Koht, 62.

⁵³⁶ Koht, 62.

av brevet frå Kontoret at oldermennene på ingen måte følte seg trygge på styrken i eiga militærmakt, men reagerte med stor uro på hendingane. Dei frykta at ein bondehær i byen ville driva med plyndring, og rekna med at det var meir å plyndra hjå hanseatane på Bryggen enn hjå kjøpmennene på Strandsida.⁵³⁷ Kontoret meinte at det var dårleg budd på å møte ein militær trussel, men sette i verk tiltak for å bøta på dette. Den allmenne Kjøpmannen vedtok å halda igjen tre skip i Bergen til våren, to frå Austersjøen og eitt frå Zuidersjøen. Tanken må ha vore at mannskapa og utrustinga på skipa ville hjelpa til å styrka forsvaret av Bryggen. Men dei tre skipa var tydelegvis ikkje tungt væpna, for Kontoret bad Bergenfararkompaniet om å senda to godt væpna skip til Bergen så snart som mogleg når det vart open sjø over vinteren. Dei tre rekvirerte skipa skulle liggja i Bergen til desse to væpna skipa kom fram. Det vart understreka at skipperane på desse skipa var svært motvillige mot å bli i Bergen, og måtte få kompensasjon når dei kom tilbake til heimbyane sine.⁵³⁸ I eit brev frå mars 1502 vert det berre nemnt at eitt av desse skipa faktisk hadde lege i Bergen over vinteren. Altså hadde truleg dei to andre skipa drege frå Bergen i strid med Kontoret sitt vedtak.⁵³⁹ Til slutt bad Kontoret om å få tilsendt to tønner børskrut (*bussekrude*) så snart som mogleg.⁵⁴⁰ Ordet *busse* er oppført i "Mittelniederdeutsches Handwörterbuch" med både tydingane *Büchse* (børse) og *Kanone*.⁵⁴¹ Ut frå kjeldene er det dermed vanskeleg å seia noko detaljert om kva våpen det vert referert til, utover at det var krutvåpen. I eit brev frå våren etter, 29. mars 1502, etterlyste Kontoret på nytt forsyningar av krut. For å understreka kor dårleg utstyrt Kontoret var, sende dei ein del gammalt krut og øydelagde børser til Lübeck, med bøn om at det måtte reparerast og erstattast. Dei bad også om å få tilsendt *knypkernen*, eit ord som vart brukt som nemning på handkrutvåpen.⁵⁴² Interessant nok skreiv ikkje Kontoret brev direkte til byrådet i Lübeck om noko av dette, men vende seg til Bergenfararkompaniet i Lübeck. Kontoret ser

⁵³⁷ "...wanne sodane uplop unde vorgadderinghe manck den buren und anderer loser parthie hyr intlant vorsammelt worde, dat de kopman unde wy mede hovede waren mosten, nachdem male dat by uns so vele iffte mere tho rovende und tohalende were, also by unsen naburen over Strandt." AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 192; kjelde nr. 23 i tabell 1.

⁵³⁸ "So hefft de gemeyne kopman unde wy eyndrachtlich belevet unde gesloten dat schipper Schakel unde schipper Schardinck, van den osterzesschen schepen, und schipper Otte van Staveren van en zuderzesschen schepen, beth int vorjare, dat wy ander schepe unde tydinghe krigende werden, umme redelick gelt leggen scholen, dar se denn unwillich unde ganz swar tho gewesen sin." Ibid.

⁵³⁹ "dar umme wy deme desser nedderlage unde dessem lande tom besten, schipper Schakel uppe grote unkost hiir dessen winter ligger laten hebben." AHL, Bgf. 868 / Bull: 187; kjelde nr. 25 i tabell 1.

⁵⁴⁰ "vorder so bogere wy vns tho sendende myt den ersten tve halue t& guden bussenkrudes." AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 192; kjelde nr. 23 i tabell 1.

⁵⁴¹ Lübben, 71.

⁵⁴² "Wente wy senden in juw in schipper Schakel etlick bussenkruth, dat van oltheyd iffte vorsumenissehalven vorderven is. (...) dergeliken sende wy juw itlike thobrocken bussen unde cameren. (...) Jffte men ock deme krude nicht helpen vnde wedder verdich maken konde So moste gy vns wedder Jn de stede so vele gudes krudes senden, myt knypkernen vnde latekrude, also gy nu entfangen hebben, myt den ersten, also gy konnen." AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 187; kjelde nr. 25 i tabell 1.

altså ikkje ut til å ha sett byrådet i Lübeck som ein instans som det var naturleg å venta hjelp av eller venda seg direkte til i krisetider.

Desse breva viser at Kontoret ikkje følte seg nøgd med styrken i den defensive militærmakta si. Samstundes er det verd å merka seg at ingen av breva nemner noko om at det vart vurdert å evakuera byen. I staden sette ein i verk tiltak for å styrka forsvaret. Vurderinga ser ut til å ha vore at Kontoret var dårleg utstyrt, men at nye våpenforsyningar ville hjelpa på situasjonen. Kontoret bad ikkje om å få tilsendt militære styrkar, berre militært utstyr, slik som ammunisjon, våpen og godt væpna skip. Det er også verd å merka seg at Kontoret hadde både våpen og krut, men problemet var at det var gammalt og øydelagd.⁵⁴³ Ein får inntrykk av at Kontoret hadde vore godt væpna og utstyrt tidlegare, men ikkje hadde hatt bruk for våpna sine på lang tid.

Breva viser oss at Kontoret hadde rett til å rekvirera hanseatiske skip til forsvar for Kontoret. Dette er ikkje eksplisitt nemnt i dei eldste kontorstatuttane, men hanserecessen frå 1412 gir Kontoret rett til å rekvirera skip mot reie pengar, dersom det skulle trengst for å forfølgja sjørøvarar.⁵⁴⁴ Som nemnt i kapittel 5.2 vart desse statuttane stadfesta så seint som i 1458. Truleg stod dei framleis ved lag i 1502. Sjølv om det ikkje var sjørøvarar som var trugsmålet denne gongen, var det truleg denne regelen som var rettsgrunnlaget for rekvireringa av skip i 1502. Det var altså nedfelt i regelverket at Kontoret skulle ha moglegheit til å rekvirera skip til bruk for militæroperasjonar. I praksis viste dette seg likevel vanskeleg å gjennomføra, sidan berre eitt av dei tre skipa som fekk påbod om å bli i Bergen over vinteren, faktisk blei der.

Kontoret ser ut til å ha vore relativt godt informert om hendingane i andre delar av landet. I brevet som oldermennene skreiv den 29. mars 1502, nemner dei at dei hadde fått høyra at Knut hadde teke Akershus og omlægra Båhus med 6000 mann.⁵⁴⁵ Lars Hamre skriv at Knut sine styrkar tok til med omlægringa av Båhus i slutten av januar 1502 og tok Akershus ein

⁵⁴³ "Wente wy senden in juw in schipper Schakel etlick bussenkruth, dat van oltheyd iffte vorsumenissehalven vorderven is. (...) dergeliken sende wy juw itlike thobrocken bussen unde cameran." Ibid.

⁵⁴⁴ "Vortmer were dat sake, dat de copman to Berghen schepe behoveden, de seerovers mede to sokende, so mach de copman schepe nemen, war se eme vellich sin, vor rede penninghe, unde des en schal men eme nicht weigheren." AHL, ASA, Externa Danica 641; trykt i NGL II, 1, 375.

⁵⁴⁵ "dat heren Knuth (...) Akerszhuzzen ghewunnen schal hebben unde schal myt sosz dusent mannen liggen vor Baahuzzen." AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 187; kjelde nr. 25 i tabell 1.

gong før 28. mars.⁵⁴⁶ Sjølv om talet 6000 truleg er ei overvurdering av Knut Alvsson sine styrkar, hadde altså Kontoret relativt god kunnskap om hendingane. Som nemnt i kapittel 6.5 fekk Kontoret mellom anna informasjon frå det norske riksrådet om korleis situasjonen var.

I brevet frå 2. oktober 1501 melde oldermennene frå til Bergenfararkompaniet om at Knut Alvsson sjølv hadde sendt to brev til Kontoret, der han bad om hjelp og støtte når folka hans kom til Bergen.⁵⁴⁷ Knut Alvsson såg altså tydelegvis på Kontoret som ein militær maktfaktor i Bergen, og han ville gjerne ha Kontoret på si side i striden mot kongen. Eventuelle svar frå Kontoret til Knut Alvsson er ikkje bevarte. Det er likevel tydeleg at Kontoret ikkje har gitt han lovnad om nokon stønad. I eit brev frå Kontoret til Bergenfararkompaniet frå 29. mars 1502 uttrykkjer Kontoret stor uro for kva som kan skje om Knut kjem til Bergen ”og vil oss vondt, som me må frykta”.⁵⁴⁸ At Kontoret frykta vondt frå Knut Alvsson, må tyda at dei ikkje hadde innfridd bøna hans om hjelp. Kontoret nemnte òg i dette brevet at dei hadde fått brev frå det svenske riksrådet.⁵⁴⁹ Her forklarte det svenske riksrådet kvifor dei og Knut Alvsson hadde gått til krig mot kongen, og skreiv at dette var til det beste både for landet og for Kjøpmannen. Dei håpa ”at hansabyane og Kjøpmannen ikkje ville vera passive, men hjelpta til med gode skip og folk i denne rettvisе saka”.⁵⁵⁰ Det svenske riksrådet såg altså òg Kontoret som ein mogleg militær ressurs i krigen, og bad om hjelp. Kontoret gav heller ikkje det svenske riksrådet positivt svar. I staden skreiv oldermennene til bergenfararane i Lübeck og bad dei om å forhøyra seg om byrådet i Lübeck og dei andre hansabyane hadde motteke eit liknande brev, og om korleis Kontoret skulle stilla seg til førespurnaden. Dei visste ikkje sjølve korleis dei skulle svara på brevet.⁵⁵¹ Det var altså ikkje aktuelt for Kontoret å ta ei avgjerd om å gi seg inn på eit militært samarbeid med dei svenske opprørarane på eiga hand, men dei sende heller ikkje eit avslag på bøna om hjelp utan vidare. Dette tyder på at Kontoret

⁵⁴⁶ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 173.

⁵⁴⁷ ”dergeliken hefft heren Knuth Alffzon vorgenannt, twe fruntlike breve an uns geschreven, dar inne he bogerende is, dat de kopmann synen deneren behulplick sy und beschermen willen.” AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 192; kjelde nr. 23 i tabell 1.

⁵⁴⁸ ”Wanner he hiir neger by de hant komende worde, unde uns myt qwade mende, also wy uns befruchten moten, so hedde wy id vele the qwath.” AHL, Bgf. 868; trykt i Bull: 187; kjelde nr. 25 i tabell 1.

⁵⁴⁹ Kontoret hadde i første omgang språkproblem med dette brevet, fordi det var skrive på svensk: ”Wy hebben van daghe van den heren rykesz rederen uth Sweden eyen breff entfangen upp Swedesch gescreven den wy noch so gruntlike nicht vorstan hebben.” Ibid. Den 7. april 1502 hadde dei fått omsett det svenske brevet og sende eit referat til Bergenfararkompaniet i Lübeck. AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 26 i tabell nr. 1

⁵⁵⁰ ”Hyrumme vorhopen se sick, dat one de Hansze stedere unde de kopman in rechtverdigen saken myt guderen, schepe unde volke nicht affstan sunder bistan und behulplick wesen scholden etc.” AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 26 i tabell nr. 1

⁵⁵¹ ”Iffte nu der breve gelick an den erszamen radt unde de stede was ghescreven, dat moste gy vorhoren laten, unde wes se dar by don unde laten wilen mote gy uns myt den ersten vorwitliken, wente wy enweten nicht wo wy in dessen saken varen scholen.” Ibid.

ikkje såg seg i stand til å ta avgjerder på eiga hand om bruk av hard makt i forhold til makter utanfor Hansaen. Støtte til dei svenske opprørarane kunne føra til konflikt med kongen, ikkje berre for Kontoret, men òg for hansabyane. Støtte til kongen kunne føra til konflikt med dei svenske opprørarane. Kontoret valde i denne situasjonen å avventa handlingane til byråda i Lübeck og dei andre byane.

Når det gjaldt mottak av forsyningar fekk Kontoret erfara at det låg langt borte frå hansabyane. Det tok lang tid før forsyningar kom fram. I eit brev av ukjent dato i juni 1502 bad oldermennene igjen om at det måtte sendast to godt væpna skip, og seinare same månaden bad dei på ny om forsyningar av krut, som endå ikkje hadde komme.⁵⁵² Eit ikkje nærare datert brev frå 1502 frå Bergenfararkompaniet til Kontoret nemnte at dei hadde prøvd å senda forsyningar med krut frå Lübeck til Bergen, men det hadde ikkje komme lenger enn til Marstrand.⁵⁵³ Det står ikkje meir detaljar i brevet om kva som hadde skjedd, men festninga Båhus ved Marstrand var omlægra av Knut Alvsson frå januar 1502, og kan hende er det i samband med dette at sendinga av krut ikkje kom lenger.⁵⁵⁴ I staden sende Bergenfararkompaniet salpeter og svovel saman med ein børseskyttar som skulle laga krut av dette når han kom til Bergen.⁵⁵⁵ Det same brevet inneheld òg svar på ein førespurnad som Kontoret sende i eit brev datert 11. juli 1502. Med tanke på seglingstida frå Bergen til Lübeck, tyder dette at Bergenfararkompaniet sitt svar tidlegast kan ha vore skrive tidleg i august, 10 månader etter at Kontoret først etterlyste våpen og forsyningar 2. oktober 1501. Når alt kom til alt vart det ikkje kamphandlingar eller plyndring i Bergen i 1502. Opprørsstyrken drog frå byen då dei gjekk tomme for forsyningar, og då Knut Alvsson vart drepen i august, var opprøret i det alt vesentlege over i Noreg. Kontoret hadde endå ikkje fått nokon nye forsyningar av våpen.

Kontoret si passive haldning til hendingane i Bergen ser ut til å passa dårleg inn i Arnved Nedkvitne sin påstand om at Kontoret var i stand til å kontrollera Bergen militært. Dersom Kontoret hadde hatt ein slik kapasitet, kunne ein forventast at dei ville gripa aktivt inn militært for å trygga posisjonen sin. Men kjeldene nemner ikkje noko om at Kontoret blanda seg inn i

⁵⁵² "Warumme guden frunde js vnse andectige ernstlike vnde fruntlike bede vnde bogere, dat gij myt den aller ersten (...) vns twe gude schepe, dede bussen were myt der thobehoringe jnne hebben (...) ouersenden". AHL, Bgf. 868; trykt i DN XVI, 339; kjelde nr. 27 i tabell 1. "...unde vorgettet uns jo nicht myt eme bussenkrude und bligge dat wy dat myt den ersten krigen mogen, also wy juw tovorne hebben vorschrevenen." AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 28 i tabell 1.

⁵⁵³ "Wi hedden jw send ii fendel buss krud, so uns dunket is yt gebleffen for Mastrant." AHL, Bgf. 955.

⁵⁵⁴ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 173.

⁵⁵⁵ "Wi senden jw nu i t. salpeters & i t. sweffel (...) i buss schutte by den ment it gud to donde." AHL, Bgf. 955.

situasjonen då opprørsstyrken kom til Bergen. Nedkvitne kjem dels fram til konklusjonen sin om hanseatisk militær overmakt i Bergen gjennom å samanlikna talet på hanseatar med talet på garnisonen på kongsgarden, som til vanleg var låg, berre 50 mann i 1520.⁵⁵⁶ Men dette blir å samanlikna ulike storleikar. Hanseatane var nok væpna, men dei var likevel først og fremst kjøpmenn, altså sivilistar. Også den sivile bergensbefolkninga var væpna. På 1500-talet hadde kjøpmenn og borgarar i Bergen framleis plikt til å forsvare Bergen. Dei skulle ha våpen og møta til regelmessig våpenmønstring.⁵⁵⁷ Det kan vera usikkert kor ofte dette skjedde i praksis. Men Kontoret si skildring av hendingane sommaren 1502 seier klart at byfolket møtte opp på tinget ”i harnisk mot Nils Jonsson og bøndene.”⁵⁵⁸ Biskopen sitt parti klarde å få gjennom at eit tingvedtak skulle utsetjast til erkebiskopen kom til byen. Nils Jonsson sine 300 hundre væpna bønder klarde altså ikkje å presse gjennom viljen sin mot dei væpna bymennene på tinget. I staden drog dei attende til kongsgarden, som dei gav opp etter 3-4 dagar fordi han var tom for forsyningar. I mellomaldersk krigføring var det vanleg at militære styrkar henta forsyningane sine frå området dei oppheldt seg i, med tvang om naudsynt.⁵⁵⁹ Det er vanskeleg å sjå for seg at heile byen var tom for forsyningar, men opprørsstyrken har altså valt å forlata byen i staden for å krevja forsyningar av byfolket. Dei væpna byborgarane og nordfararane må altså ha vore godt nok væpna til å avverja at bondehæren prøvde å tvinga til seg forsyningar. Om ein vil vurdera Kontoret si militære makt i Bergen på denne tida, må ein altså òg rekna med dei væpna byborgarane som ein militær faktor. Ein kan då ikkje lenger konkludera med at kontorkjøpmennene var militært overlegne i kraft av talet på væpna menn dei kunne mønstra. Sjølv om Kontoret hadde militært utstyr og mannskap til å forsvara busetjinga si, vil eg konkludera med at Nedkvitne si vurdering av Kontoret sin offensive militære styrke i Bergen er overdriven.

7.3 Militære ytingar til kongen

Spørsmålet om Kontoret hadde plikt til å yta militærtjeneste for kongen var eit tilbakevendande stridsspørsmål. Kong Hans var stadig i konflikt med Sverige og hadde ofte bruk for militært mannskap. Kong Hans eller sonen hans hertug Kristian, som var visekonge i Noreg frå 1506, prøvde ved fleire høve i denne perioden å få Kontoret til å stilla militære

⁵⁵⁶ Nedkvitne, "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600", 267.

⁵⁵⁷ Anders Bjarne Fossen, *Borgerskapets by, 1536-1800, Bergen bys historie*, bd. 2 (Bergen: Universitetsforlaget, 1979), 84.

⁵⁵⁸ "...den buwladen, dede alle jn oreme harnsche tegen den gnanten Nyelsz Jonszon vnde de bunders. tom dinge qwemen" AHL, Bgf. 868; trykt i DN XVI, 339; kjelde nr. 27 i tabell 1.

⁵⁵⁹ Ersland, *Krigsmakt og kongemakt, 900-1814*, 147.

styrkar. Slike forsøk er kjende frå 1497, 1507, 1509 og 1510. Kvar gong støytt dei mot motvilje frå Kontoret si side. Eg vil prøva å sjå på kva som låg bak denne motviljen. Først vil eg sjå på omstenda rundt dei enkelte tilfella der kongemakta bad om militærytingar frå Kontoret.

I 1497 førebudde kong Hans seg på eit felttog mot Sverige for å erobra kongemakta der. Han baud ut militære styrkar, ifølgje Lars Hamre etter leidangsordninga, i Danmark og Noreg våren 1497 og angreip Sverige i juli. Det avgjerande slaget stod 28. september.⁵⁶⁰ Kongen skreiv brev til Kontoret ein gong i 1497 og bad dei om å stilla 400 mann i Kalvsund i Båhuslen til dette felttoget. Kontoret skreiv til byrådet i Lübeck for å be om råd om korleis dei skulle stilla seg til kongens førespurnad. Dei seks vendiske byane i fellesskap svarte på brevet 5. september 1497, men svaret kom ikkje til Bergen før 29. mars 1498. Byane bad Kontoret svara kong Hans på lempeleg vis og sjå over privilegia om dei hadde plikt til å stilla soldatar. Oldermennene gjorde det, og skreiv 5. april 1498 i eit brev til hansedagen i Lübeck at dei ikkje meinte å finna i privilegia at dei hadde plikt til slikt.⁵⁶¹ På denne tida var felttoget i Sverige for lengst over, og Hans var krona som svensk konge.⁵⁶² Kontoret hadde tydelegvis ikkje stilt soldatar til felttoget, men dette ser ikkje ut til å ha fått negative konsekvensar for dei. Før jul i 1498 stadfesta kong Hans endeleg hansakjøpmannen i Bergen sine handelsprivilegium, noko dei lenge hadde bede om.⁵⁶³

Neste førespurnad kom i 1507. Hertug Kristian bad då om 80 soldatar frå Kontoret. Brevet hans til Kontoret vart lese opp på hansedagen i Lübeck i mai – juni 1507. Kristian var visekonge i Noreg på denne tida. Han vart sendt til Noreg av faren i 1506 med full kongelig myndigheit for å sikra kontrollen over riket for seg og dynastiet sitt.⁵⁶⁴ Dei hanseatiske kjeldene omtalar han gjerne som den unge kongen.⁵⁶⁵ I tillegg til å be om 80 krigsrusta mann, kravde han at Kontoret skulle oversenda han privilegiebrev sine og slutta å driva handel med

⁵⁶⁰ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 110.

⁵⁶¹ ”Darinne denne under anderen vorhalet wert, also uns unse gnedigeste here, de koninck tho Dennemarken etc., vorscreven hadde, eme hulpe to donde myt 400 mannen in den Kalvessunt tho schickende etc., dat wy denne na oreme bedunckende redeliker wysz limpliken vorantwortet scholen hebben, vorder schrivende, wii scholen unse privilegia oversen, iffte wy sodant tho donde sin vorplichtet; derhalven, leven heren unde frunde, so vinde wy in neynen schrifft, dat wy plichtich sin, syner gnade buten landes iffte bynnen landes myt herschilde to volgende.” AHL, Bgf. 928; trykt i HR III, 4, 67; kjelde nr. 16 i tabell 1.

⁵⁶² Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 110.

⁵⁶³ Ibid., 104.

⁵⁶⁴ Ibid., 197.

⁵⁶⁵ ”De junge here koning.” Til dømes HR III, 5, 243.

Lübeck.⁵⁶⁶ Det var på denne tida krig mellom kong Hans og Sverige, men kjeldene seier ikkje noko om Kristian trong dei 80 soldatane til eit særskilt felttog. Lars Hamre meiner at desse vidtgåande krava tyder på at Kristian våren 1507 planla å ta eit oppgjær med hanseatane i Bergen.⁵⁶⁷ Kravet om krigsrusta menn kan ha vore meint å testa Kontoret sin reaksjon, eller som eit forhandlingskort. Kontoret i Bergen sende Kristians brev vidare til byrådet i Lübeck med spørsmål om kva dei skulle gjera med saka. Dei bad om hjelp med skip i tilfelle hansabyane skulle komma i ein større konflikt med kongen.⁵⁶⁸ Hansedagen vedtok å senda Kontoret avskrifter av privilegia. Desse skulle visa at Kjøpmannen ikkje var pliktig til å stilla soldatar for kongen.⁵⁶⁹ Kjeldene seier ikkje meir om denne saka, men det er heller ikkje denne gongen teikn til at Kontoret faktisk utrusta nokon militær styrke for kongen.

Neste gong Kontoret vart bede om å stilla med militært mannskap, var i 1509. Krigen mellom kong Hans og Sverige var blitt forlikt i mai det året, men utover våren kom det stadig oftare til krigshandlingar mellom Danmark og Lübeck.⁵⁷⁰ Våren 1510 lyste Lübeck så formelt feide mot kong Hans, og Sverige gjekk òg med i krigen på lybsk side.⁵⁷¹ Kong Hans bad altså Kontoret om å stilla soldatar til ein krig mot Lübeck og Lübeck sine allierte. At kongen i denne situasjonen kravde mannskap frå det hanseatiske kontoret der kjøpmenn frå Lübeck var dominerande, må sjåast som eit medvite trekk for å stilla Kontoret i ei vanskeleg stilling. Då Kontoret nekta vart førespurnaden gjenteken. Han er kjent frå to brev, eitt frå Kontoret til kong Hans, datert 25. februar 1510, og eitt frå Kontoret til Bergenfararkompaniet i Lübeck frå 6. oktober 1510.⁵⁷² Brevet til kongen er eit svar på eit brev som kongen skreiv til Kontoret 17. desember 1509, motteke av Kontoret 18. februar 1510, der kongen bad om 200 godt væpna menn som skulle møta i Marstrand til påske (31. mars). Kontoret svarte at dei ikkje kunne innfri denne førespurnaden. Dei skreiv at dei som sat i Bergen var tenarane til dei som hadde utreia dei, og på ingen måte kunne gjera noko slikt som kongen bad om utan godkjenning av

⁵⁶⁶ Sjå fotnote 351. HR III, 5, 243, §51.

⁵⁶⁷ Hamre, *Norsk historie 1450 - 1513*, 213.

⁵⁶⁸ ”syn itlike breve gelesen worden (...) item des copmans an de van Lubeck, darinne se schepe bogeren, weret de stede mit deme heren koninge in wideren unwillen worden kamen, ok wes se deme heren koninge scholen vor antwert geven.” HR III, 5, 243, §51.

⁵⁶⁹ ”szo sulden seh weten, dat seh en warhaftige transsumpte over de gerechticheit und privilegien ludende by jegenwerdigen Schricken toschickedened, ummbe de vor s ko weerde, woh des nicht muchten sien overhavent, to thogende; wohrut s k weerde hadde aff to nemen und to erkennen, de kopman s g nah inholt der privilegien nicht schuldich noch plege were, erkeyn volck tho holppe uth to ferdigen efte up ere kost s g to holden.” HR III, 5, 252, §42.

⁵⁷⁰ Wolf-Dieter Hauschild, "Frühe Neuzeit und Reformation: Das Ende der Großmachtstellung und die Neuorientierung der Stadtgemeinschaft," i *Lübeckische Geschichte*, red. Antjekathrin Graßmann (Lübeck: Schmidt-Römhild, 1997), 367.

⁵⁷¹ *Ibid.*, 369.

⁵⁷² HR III, 5, 579; kjelde nr. 35 i tabell 1. AHL, *Externa Danica* 695; trykt i HR III, 6, 86; kjelde nr. 36 i tabell 1.

vennene sine i hansabyane. Dessutan hadde dei ikkje motteke noko frå byane som dei kunne nytta til å utrusta soldatar.⁵⁷³ Denne gongen viste ikkje Kontoret til privilegia sine for å grunngi motviljen mot å senda soldatar. I staden blei det hevda at det mangla ressursar og myndigheit til å gi seg inn på eit slikt føretak. Kontoret sitt brev må ha blitt sendt via hertug Kristian, då han nemner at han legg det ved i eit brev til kong Hans, skrive 23. april 1510 på Båhus.⁵⁷⁴ I dette brevet spør Kristian om ”thet anslag met the Berenfar skall ga fram eller ey”, og skriv at viss kongen sender dei lybske til han i Marstrand, skal dei få igjen for hovmodet sitt. Kva anslaget mot bergenfararane skulle gå ut på, seier det kortfatta brevet ingenting om, men situasjonen mellom Kristian og Kontoret var tydelegvis svært spent på denne tida. Det ser ut som om kongen vurderte krigshandlingar mot bergenfararane i samband med den pågåande krigen mot Lübeck.

Den 4. oktober mottok Kontoret brev frå hertug Kristian med gjentakning av kravet om militært mannskap, og 6. oktober 1510 skreiv Kontoret til Bergenfararkompaniet i Lübeck, og la ved kopi av brevet frå Kristian.⁵⁷⁵ Kontoret klaga over at dei alt hadde hatt store utgifter til gåver til Kristian, og bad Bergenfararkompaniet om hjelp med korleis dei skulle svara på førespurnadene hans. I mellomtida ville Kontoret hala ut tida og skriva til hertugen at dei ikkje kunne senda han mannskap før til våren. Til slutt bad dei om at dette spørsmålet måtte takast opp under eventuelle fredssamtalar, slik at Kontoret kunne bli fri for plikta til å stilla soldatar, elles frykta dei at han ville gjenta slike førespurnader kvart år framover.⁵⁷⁶

Kjeldene viser altså at Kontoret i denne perioden unnlét å stilla væpna mannskap til kongemakta kvar gong dei vart spurde om det. Dei påstod at dei ikkje hadde plikt til å gjera dette etter privilegia sine, og dei påstod at dei ikkje hadde ressursar eller myndigheit til å gjera

⁵⁷³ ”Juwur konningkliken majestat breff, gescrevenn ahme mandage negest Lucie virginis, hebben wy ersten entfanghenn ahme mandage vor reminiscere (...) inholdende, dat wy juwur konningkliken majestat scholden uthverdighenn twehundert wol ghewapener manne, nu up dyt negest to komende vorjar uppe passchenn thome Mastrande. (...) Hir uppe (...) voghe wy juwenn gnadenn tho wethen, dat wy tho szodaner uthredinghe nicht kamenn konenn, ock en szodans szunder unszer frunde willen nicht underghann en dorve, wenthe wy knechte szin der jennen, unsz hebben uth gerediget. (...) Ock hebbe wy nichtes uth denn stedenn gekregenn szor int vorgangen vorjar, dar wy en szodan mede uthreden mochtenn.” HR III, 5, 579; kjelde nr. 35 i tabell 1.

⁵⁷⁴ DN XVI, 349.

⁵⁷⁵ AHL, Externa Danica 695; trykt i HR III, 6, 86; kjelde nr. 36 i tabell 1.

⁵⁷⁶ ”Wo wy hirby varen scolenn, wethe wy nicht, wente wy vuste spildinge unde uncost gedan hebben, dat wy szinen gnaden geschencket hebben. (...)Wy willent myt dem besten vorleggen unde wedder an szine gnade vorscriven, alsze wy best mogen, dat wy up dyt mal to szodanen dingen nicht kamen konen etc., so lange betto int vorjar, dat gy unsz den tidinge myt den ersten benalen unde uns den scrivende werden, wo wy uns uppe szodane sziner gnade scriffte holden scolenn. (...) iffte de dinge myt heren koninge unde den van Lubeck in bestandt qwemen (...) szo moste gy des indechtich weszen myt unszen heren unde guden frunden, dat wy szodaner uthredinge mochten entlastet bliven (...) anders idt uns van jaren to jaren van szinen gnaden, so uns duncket, weddervaren wel.” Ibid.

noko slikt. Som eg viste i kapittel 7.2 var Kontoret sine militære ressursar avgrensa. Eg viste òg at Kontoret ikkje var villig til å gi seg inn på noko militært engasjement utan avklaring med styresmaktene i hansabyane. Det er interessant å merka seg Kontoret sitt brev til kongen frå 1510, der Kontoret framhevar at dei er tenarane til dei som har utreia dei, og ikkje kan stilla militært mannskap til kongen utan deira vilje. Me har sett at Kontoret i Bergen på mange felt hadde stort sjølvstyre og ikkje var underordna Bergenfararkompaniet eller byrådet i Lübeck. Men i alle tre tilfella der Kontoret vart bede om å stilla militært mannskap for kongen, reagerte dei med å ta kontakt med byrådet eller Bergenfararkompaniet i Lübeck for å få råd om korleis dei skulle stilla seg, akkurat som dei gjorde då det svenske riksrådet og Knut Alvsson prøvde å få Kontoret på si side i 1502-02. Igjen ser me at spørsmålet om bruk av hard makt gjennom å gjera militærtjeneste for ei nordisk makt og delta i interne nordiske konflikter, var eit felt som Kontoret i Bergen ikkje følte seg kompetent til å ta avgjerder på. Det er openbert at hansabyane ikkje ville be Kontoret gå med i krigen på den dansk-norske kongen si side mot Lübeck. At Kontoret ikkje hadde ressursar eller myndigheit til å stilla store militære mannskap for kongen kan altså vera riktig. Men plikta dei å gjera det etter privilegia sine?

Geir Atle Ersland viser i "Norsk forsvarshistorie" til at hanseatane i 1564 stilte med væpna mannskap til krigen mot Sverige. Dette skjedde etter at svenske styrkar hadde erobra Trøndelag under den nordiske sjuårskrigen. Lensherren i Bergen, Erik Rosenkrantz, mobiliserte då mannskap i Bergen for å gjenerobra Trøndelag, og hanseatane på Kontoret stilte med eit eige krigsskip.⁵⁷⁷ Anders Bjarne Fossen viser òg til denne hendinga i "Bergen bys historie" som døme på at hanseatane i Bergen hadde plikt til å delta i forsvaret av byen, sjølv om det her var snakk om eit felttog til ein annan del av landet.⁵⁷⁸ Men rundt hundreårsskiftet frå 1400- til 1500-talet var situasjonen ein heilt annan. Både i 1497 og 1507 svarte Kontoret på førespurnadene om å stilla soldatar med å seia at dei ikkje kunne finna noko om at dei plikta dette i privilegia sine. Privilegia til hansakjøpmennene i Bergen, som vart stadfesta av kvar nye konge, var utforma så langt tilbake som i 1278 og 1294.⁵⁷⁹ Privilegiebrevet frå 1294 slår fast at hanseatar som overvintrar og driv handel i Bergen har plikt til å yta leidang.⁵⁸⁰ Dette kunne oppfattast som ei tvitydig formulering. I fredstid var leidangen ein rein skatt. I krigstid kunne han vera ein skatt som dekkja utgiftene til kost og

⁵⁷⁷ Ersland, *Krigsmakt og kongemakt, 900-1814*, 146-147.

⁵⁷⁸ Fossen, 85.

⁵⁷⁹ Bruns, *Die Lübecker Bergenfahrer*, IV.

⁵⁸⁰ DN V, 23.

utstyr for krigsvante mannskap, men han kunne òg framleis tyda aktiv militærtjeneste.⁵⁸¹

Hanseatane har truleg vore vane med å betala leidangsskatt i fredstid, og kan ha meint at det var dette dei hadde plikt til. I 1509 og 1510 var dei like uvillige til å stilla mannskap, men som nemnt ovanfor brukte dei då andre unnskyldningar. Dessutan bad dei bergenfararane i Lübeck om å sjå til at ein eventuell fredsavtale med kongen måtte omfatta at Kontoret måtte bli friteke for slik utreiing i framtida. Dette kan tolkast som at Kontoret i mellomtida hadde vedgått at det hadde plikt til å stilla mannskap etter privilegia sine.

7.4 Oppsummering

Me har sett at hanseatane i Bergen i seinmellomalderen hadde ein defensiv militær kapasitet. Då det vart trong for det under Knut Alvsson sitt opprør, sette dei straks i verk tiltak for å auka tryggleiken sin. Kontoret var væpna, og var utstyrt med krutvåpen. Kjeldene syner òg at Knut Alvsson og det svenske riksrådet såg Kontoret som ein maktfaktor i Bergen, som dei ønskte militær støtte frå. Men kontorkjøpmennene var openbert ikkje vane med å bruka våpna sine. Kanonane var til dels øydelagde, krutet var gammalt og ubrukeleg. Rykta om at ein bondehær skulle komma til byen, førte til stor nervøsitet på Kontoret. Ein søkte hjelp og støtte frå Bergenfararkompaniet i Lübeck, men det tok si tid før denne hjelpa kunne komma fram. Kjeldene frå 1501-02 viser dermed tydeleg at hanseatane på denne tida ikkje følte seg i stand til å kontrollera Bergen militært. Dei viste ingen trong til å blanda seg inn i den pågåande konflikten, men avventa hansabyane si haldning. Tankegangen deira var reint defensiv, å halda Kontoret utanom krigshandlingane og å unngå plyndring. Dessutan viser kjeldene at Kontoret ikkje var den einaste militære maktfaktoren i byen. Byborgarane var også væpna, og kunne i krisesituasjonar rusta seg for å forsvara byen. Om Kontoret hadde hatt utstyr og vilje til offensive militære handlingar, ville dette ha vore eit risikabelt føretak, og dei kunne ikkje forventa å sleppa å møta motstand. Det synest klart at Kontoret på denne tida hadde ei defensiv, men ikkje ei offensiv militærmakt. Hendingane i 1501 – 1502 viser oss òg noko om avgrensingane av Kontoret sitt sjølvstyre i forhold til hansabyane. Då dei fekk førespurnader om militær stønad frå det svenske riksrådet, søkte dei informasjon om kva byrådet i Lübeck og dei andre hansabyane si haldning var før dei gav svar. Kontoret følte seg tydelegvis ikkje i stand til å treffa avgjerder på eiga hand om krig og fred med utanomhanseatiske makter, eller for å seia det på ein annan måte, å treffa avgjerder om bruk av hard makt. Dette var spørsmål

⁵⁸¹ Ersland, *Krigsmakt og kongemakt, 900-1814*, 123.

som kunne få konsekvensar for andre byar i hansaforbundet. Avgjerda om dette meinte Kontoret tydelegvis måtte takast på eit høgare nivå.

Kontoret var like uvillig til å gi seg inn på militære aktivitetar når kongemakta bad om militære ytingar. Truleg må kontorprivilegia tolkast slik at hanseatane skulle stilla væpna styrkar til kongen, dersom han bad om det. Men Kontoret sitt fremste omsyn var til den realpolitiske situasjonen, og til å unngå å bli trekt med i nordiske krigar. Den militære innsatsen kongen ville ha hjelp til, var hovudsakleg retta mot Sverige. Dette var òg tilfellet i 1564, og den gongen stilte Kontoret store styrkar. Men då hadde Kontoret klare eigeninteresser av å velja side mot svenskane. Ein svensk okkupasjon av Trøndelag truga den frie seglasen mellom produksjonsområda for tørrfisk i nord og Bergen.⁵⁸² Dessutan var Lübeck under denne krigen heilt frå starten av alliert med Danmark mot Sverige.⁵⁸³ Kontoret risikerte altså ikkje å setja heimbyane i ein vanskeleg situasjon gjennom på eiga hand å velja side i krigen. Under kong Hans sine krigar var Kontoret si stilling mindre klar. Lübeck hadde støtt eit spent forhold til Danmark, men prøvde fram til 1509 å navigera diplomatisk for å unngå open krig.⁵⁸⁴ Om militære styrkar frå Kontoret i Bergen tok del i dei nordiske krigane på kong Hans si side, ville det kunne tolkast som ei fiendtleg handling mot Sverige frå heile Hansaen. Igjen ser me at Kontoret i slike storpolitiske spørsmål ikkje ville ta avgjerder på eiga hand. Dei overlét avgjerdene til byråda i Lübeck og hansabyane, medan dei sjølve hala ut tida, og slik unngjekk å måtte stilla med væpna styrkar.

⁵⁸² Ibid., 147.

⁵⁸³ Hauschild, 419-420.

⁵⁸⁴ Ibid., 366-367.

8 – KONKLUSJONAR

I denne avhandlinga ville eg undersøkje korleis Kontoret i Bergen fungerte som politisk aktør i seinmellomalderen. Definisjonen eg nytta på ein politisk aktør var nokon som freista å påverka samfunnet dei eksisterer innanfor gjennom å påverka lovene, reglane og vedtektene som styrer samfunnet. Kontoret eksisterte både innanfor det hanseatiske og det norske samfunnet, og det påverka lover, reglar og vedtekter i begge desse to samfunna. Kontoret var organisert med organ som var i stand til å hevda Kontoret sine eigeninteresser. Det vart styrt av to oldermenn. Frå starten av fanst det òg ei kjøpmannsforsamling, altså allmøte av alle kjøpmenn på Kontoret. Frå midten av 1400-talet kom det til eit kjøpmannsråd, som i tillegg til oldermennene omfatta 18 achteinar og ein sekretær, som var ein tilsett administrator. Dette kjøpmannsrådet har overteke funksjonar frå kjøpmannsforsamlinga, som i ettertid har vore samla sjeldnare, truleg berre for å handsama ekstra viktige saker. Ein slik overgang frå allmøte til representative organ kan sjåast som eit seint uttrykk for ei typisk politisk utvikling i Europa i mellomalderen. Kontoret la stor vekt på intern semje – *eyndracht* – og å framstå som samla for omverda. Dette gjer det vanskeleg å nøsta opp i intern politikk på Kontoret, og slå fast kven som hadde mest reell makt der. På grunnlag av Ernst Pitz sitt arbeid om hanseatisk-nedertysk forfatningshistorie kan ein gå ut frå at både kjøpmannsforsamlinga, kjøpmannsrådet og oldermennene kunne fatta vedtak i namnet til den allmenne kjøpmannen. Men det overordna organet og grunnlaget for autoriteten til oldermennene var den allmenne kjøpmannsforsamlinga.

Eit nytt funn eg har komme fram til, er at Bergenfararkompaniet i Lübeck på denne tida må sjåast som ei integrert grein av kontororganisasjonen. Bergenfararkompaniet fungerte som Kontoret sine representantar overfor byråd i hansabyane og overfor vendiske bydagar og hansedagar. Eg har vist at oldermennene til Bergenfararkompaniet vart valde av og på Kontoret i Bergen, og at Bergenfararkompaniet i større grad enn forskinga så langt har lagt vekt på var underordna Kontoret. Bergenfararkompaniet organiserte skipsfarten til Bergen, og kjøpmenn frå dei andre vendiske byane underordna seg òg kontrollen deira over skipsfarten til Bergen.

Kjøpmenn frå Lübeck var dominerande på Kontoret, både i tal og i kontroll over maktposisjonar. Men Kontoret var ikkje formelt underordna byrådet i Lübeck. Byrådet i Lübeck var ankeinstans for rettsavgjerder som vart trefte på Kontoret, men dette hadde Kontoret til felles med ei lang rekkje hansabyar, som elles ikkje var underlagt lybsk kontroll. Men byrådet i Lübeck var ein

mektig alliert, som det var naturleg å søkja støtte frå overfor aktørar utanfor Hansaen. I og med at ein stor del av kjøpmennene på Kontoret var lybske borgarar, eller i kompaniskap med lybske borgarar, var det oftast i byrådet i Lübeck si interesse å hjelpa Kontoret. Kjøpmenn frå dei andre hansabyane som dreiv handel på Bergen måtte underordna seg dominansen til kjøpmenn frå Lübeck på Kontoret. Byråda i desse byane hadde slett inga makt over Kontoret kvar for seg. Ei særskilt gruppe utgjorde dei zuidersjøiske byane, Deventer, Kampen og Zwolle. Kjøpmennene herfrå var ofte i konflikt med administrasjonen på Kontoret. Ved eitt høve i den undersøkte perioden måtte ein slik konflikt løysast av ein domskommisjon på ein hangedag.

Om Kontoret ikkje var formelt underordna nokon enkelt hansaby, var det likevel formelt underlagt hanseatiske fellesorgan. Dei vendiske bydagane og hangedagane fatta vedtak som regulerte forhold på Kontoret og vedtok reglar for Kontoret. Byrådet i Lübeck hadde ei prominent stilling i begge desse organa, og kunne her utan tvil påverka vedtak som gjaldt Kontoret. Men eit viktig poeng som tidlegare forskning i liten grad har påakta, er at desse organa ikkje fatta vedtak over hovudet på Kontoret. Kontoret var sjølv representert under drøftingane på hangedagane, og kunne sjølv fremma saker her, noko det òg ofte gjorde. Slik fungerte Kontoret som ein aktiv aktør i det øvste maktorganet i hansaforbundet.

Anekdoten med kjøpmennene frå Wismar som denne avhandlinga begynte med, viste eit døme på at kontoradministrasjonen hadde stor makt over dei hanseatiske kjøpmennene i Bergen, og stort sjølvstyre. Dette var delvis gitt av geografiske forhold. Sidan ein måtte pårekna iallfall ein månads overfart frå hansabyane til Bergen, måtte Kontoret vera i stand til å fatta vedtak i det daglege på eiga hand, utan å venta på instruksar. Alle kjøpmenn som ville nytta dei hanseatiske privilegia i Bergen, måtte underkasta seg Kontoret si makt. Kontoret handheva eit regelverk som det sjølv hadde rett til å endra på og vedta nye punkt i. Denne retten var delegert til Kontoret av hangedagen i 1412, og Kontoret nytta han aktivt. Kontoret vedtok framleis nye reglar i tida rundt år 1500, på ei tid då hangedagane hadde stramma inn kontrollen sin over dei andre tre kontora. Utviklinga på Kontoret i Bergen skil seg altså ut frå dei andre tre kontora, gjennom eit større sjølvstyre i seinmellomalderen. Kontoret kunne òg nytta den lovgivande makta si som eit politisk verkemiddel for å påverka hanseatisk politikk. Dette kom klart til uttrykk i kampen mot islandshandelen. Ein av dei store føremonene til Kontoret i Bergen var at Bergen var stapelplass for all utanrikshandel frå Noreg nord for Bergen og Vesterhavsøyane. Då både den norske kongemakta og hansaforbundet mot slutten av 1400-talet gav opp denne stapelfunksjonen for Island sin del, stod Kontoret i Bergen steilt på ein konservativ politikk for å forby direktehandel

på Island. Då dei ikkje lenger fekk gjennomslag for denne politikken på hansedagane, gjekk dei til kamp mot islandshandelen gjennom sitt eige regelverk, og ekskluderte hanseatiske kjøpmenn som handla på Island frå kjøpmannsprivilegia i Bergen. Dei ekskluderte òg prominente kjøpmenn, som var byrådsmedlemmer i Lübeck. Kontoret var altså ikkje eit passivt organ som administrerte vedtak frå hansabyane, men i mykje større grad enn tidlegare forskning har vore merksam på ein sjølvstendig aktør innanfor hansaen, som sjølv var med på å utforma hanseatisk politikk.

Kontoret si sjølvstendige stilling i Bergen i forhold til resten av Hansaen innebar at Kontoret sjølv tok seg av kontakten med norske styresmakter. Kontoret hadde jamleg møte med dei norske riksrådane som var samla i Bergen. I kampen mot islandshandelen var Kontoret alliert med det norske riksrådet. Medan den dansk-norske kongen og hansedagane hadde gått over til å administrera handelen på Island, stod det norske riksrådet og Kontoret i Bergen saman om ein politikk som heldt fram å motarbeida denne handelen. Denne fellesinteressa må ha vore med på leggja grunnen for eit generelt godt samarbeidsklima mellom dei to partane. Elles var Kontoret si maktstilling overfor det norske riksrådet basert på det som statsvitaren Joseph S. Nye jr. kallar mjuk makt. For å parafrasera Nye sin definisjon av mjuk makt som eg siterte i kapittel 1.1, vil eg påstå at Kontoret hadde forma den handelspolitiske agendaen på ein slik måte at riksrådet lét vera å arbeida for ei avskaffing av Kontoret sin økonomiske kontroll over handelen i Bergen fordi dette verka urealistisk. I staden ønskte riksrådet at dei handelsstrukturane som Kontoret kontrollerte i Bergen skulle halda fram, fordi både dei som jordeigarar og dei nordnorske fiskarbøndene drog nytte av desse strukturane. Systemet som Kontoret dominerte fungerte bra for alle partar. Difor trong ikkje Kontoret nytta vald eller trugsmål om vald for å få riksrådet til å jobba for å trygga Kontoret sin posisjon i Bergen. Riksrådet gjekk godvillig med på å innføra reglar som trygga kvaliteten på tørrfisk som vart selt i Bergen og på å påverka kongen til å få slutt på kaperfart mot hanseatiske skip på veg til Bergen.

Kontoret baserte ikkje maktposisjonen sin i Bergen på denne tida på militær makt. Kontoret hadde ein defensiv militær kapasitet, som trongst for å forsvare seg i militære nødssituasjonar. Når ein slik situasjon oppstod under Knut Alvssons opprør, førte dette til stor uro på Kontoret. Ei vurdering av hendingane under dette opprøret gir ingen grunn til å tru at Kontoret i Bergen hadde militær makt som var sterk nok til å kunne ta kontroll over byen når dei ville. Kontoret var likevel ein militær maktfaktor i byen, som opprørarane gjerne ville ha på si side. Kongemakta freista òg ved fleire høve å få Kontoret til å stilla med militære mannskap. Dette hadde Kontoret truleg plikt til å gjera etter privilegia sine. Men om det var opprørarar eller kongemakt som bad

om militær støtte, var Kontoret sin reaksjon i den perioden som blei undersøkt her kvar gong den same. Dei halte ut tida, medan dei søkte råd frå hansabyane om korleis dei skulle reagere. Dette viser oss ei avgrensing av Kontoret si myndigheit. Kontoret følte seg ikkje i stand til å fatta avgjerder på eiga hand om bruk av det som Nye ville kalla hard makt. Militær støtte frå Kontoret til ein av partane i ein krigssituasjon kunne få konsekvensar for heile hansaforbundet. Slike avgjerder var Kontoret ikkje villige til å ta. Kontoret hadde altså ein svært stor grad av indre sjølvstyre når det gjaldt forhold i Bergen. Men i forhold til makter utanfor Hansaen, underkasta det seg hansabyane sine avgjerder.

I denne avhandlinga har eg gitt eit bilete av korleis stillinga til Kontoret i Bergen var rundt år 1500. Kontoret hadde stort indre sjølvstyre og fungerte effektivt som politisk aktør andsynes både norske styresmakter og hanseatiske fellesorgan. Funna som eg har komme fram til, opnar for nye forskingsoppgåver om den vidare utviklinga til Kontoret. Kjeldesituasjonen blir òg stadig betre jo nærare vår eiga tid me kjem, samstundes som arkivkjeldene er stadig mindre utnytta jo nyare dei er. Som nemnt i kapittel 1.2 reknar ein gjerne med at stordomstida til Kontoret i Bergen varte fram til om lag år 1500. Dei andre tre kontora gjekk under ikkje lenge etter 1500. Om Kontoret i Bergen vart svekka, heldt det likevel fram å eksistera i over 250 år til. Var den relativt sjølvstendige stillinga til Kontoret i forhold til hansabyane med på å føra til at Kontoret i Bergen eksisterte så mykje lenger enn dei andre? Som nemnt i kapittel 5.3 ser det ut som om hansedagane mot slutten av 1500-talet stramma inn kontrollen over Kontoret i Bergen òg, etter vedtektene frå 1572 å dømma. I og med at forskinga så langt har vore lite merksam på kor sjølvstendig stilling Kontoret hadde i seinmellomalderen, har prosessen rundt innskrenkinga av dette sjølvstyret vore lite granska så langt. Til slutt finst det forskingsoppgåver i utviklinga av forholdet til norske styresmakter. I perioden som denne granskinga omfattar, hadde Noreg framleis eit livskraftig riksråd, som utøvde makt i landet. Dette vart etterkvart vengjeklipt av kongen, særleg etter at hertug Kristian, den seinare Kristian II, kom til landet som visekonge i 1506, før det forsvann heilt med reformasjonen. Som eg viste i kapittel 7 var forholdet mellom Kontoret og kongemakta til tider svært spent, medan samarbeidet med det norske riksrådet på denne tida var mykje betre. Kva konsekvensar fekk det for Kontoret når det ikkje lenger hadde eit norsk riksråd å samarbeida med? Dersom oppløysinga av riksrådet medførte at Kontoret mista ein alliert, kan dette vera med å forklara svekkinga av Kontoret sin posisjon utover 1500-talet? Det vil vera av stor interesse å granska den vidare utviklinga av dette forholdet.

ENGLISH SUMMARY

”Ersamen besunderen guden frunden” – The Hanseatic *Kontor* in Bergen as a political actor in the late Middle ages.

This thesis aims to examine the political situation of the Hanseatic *Kontor* in Bergen both in relation to the Hanseatic League, of which it was a part, and in relation to the Norwegian kingdom, in which it was situated. The examination is limited to the period 1490 – 1510, which coincides with what is generally considered the end of the golden age of the *Kontor*. From this period, 36 letters from the *Kontor* are preserved, and these are thoroughly examined for information about the *Kontors* political activities.

It is concluded that the relationship between the *Kontor* and the association of merchants trading with Bergen in Lübeck, the so-called *Bergenfahrerkompanie*, was much closer than has been realized until now. The *Bergenfahrerkompanie* was at this time practically an integral part of the *Kontor*. The *Kontor* participated actively in the Hanseatic diets during this period. It was subordinate to the decisions of these diets, but its envoys also helped shape the decisions made there. In general, the *Kontor* had a high degree of self-rule.

The thesis shows examples that the *Kontor* used its court actively as a political tool, in the fight against direct trade with Iceland, a trade that was detrimental to the *Kontors* interests. In this fight, the *Kontor* was allied with the Norwegian council of the realm, or *Riksråd*, against merchants from Hanseatic cities, mainly Hamburg and Bremen but also some from Lübeck, including members of the city council of Lübeck, who conducted direct trade with Iceland with the acceptance of the Danish-Norwegian king.

It is shown that relations between the *Kontor* and the Norwegian council of the realm in general were much better than previous research has emphasized. The reasons for this are explained by shared interests between the two. Joseph S. Nye jr’s model of hard and soft power, developed for international relations theory, are used in the analysis, and it is shown that the *Kontor* had soft power in Norway, through controlling an economic structure that benefitted Norwegian society enough that Norwegian authorities were more eager to preserve it than risk changing it.

KJELDER OG LITTERATUR

Forkortingar

AHL: Archiv der Hansestadt Lübeck

ASA: Altes Senatsarchiv

Bgf: Archiv der Bergenfahrerkompanie zu Lübeck und des Hansischen Kontors zu Bergen in Norwegen

DN: Diplomatarium Norvegicum

ED: Externa Danica

HR: Hanserecesse

HUB: Hansisches Urkundenbuch

LUB: Lübeckisches Urkundenbuch

NGL: Norges gamle Love

Arkiv som er brukt

Archiv der Hansestadt Lübeck

Archiv der Hansestadt Wismar

Publiserte kjelder

- *Diplomatarium Norvegicum: Oldbreve til Kundskab om Norges indre og ydre Forhold, Sprog, Slægter, Sæder, Lovgivning og Rettergang i Middelalderen*, bd. I-XXII, utg. ved Chr.C.A. Lange, et al. (Oslo, 1847-1995)
- *Hanserecesse 3, Hanserecesse von 1477 – 1530*, bd. 1-6, utg. ved Dietrich Schäfer og Friedrich Techen (Leipzig, 1881-1899)
- *Hansisches Urkundenbuch*, bd. 11, utg. ved Verein für Hansische Geschichte (Halle, 1916)
- *Lübeckisches Urkundenbuch. Iste Abtheilung. Urkundenbuch der Stadt Lübeck*. bd. 10 (Lübeck, 1898)
- *Norges gamle Love, Anden række, 1388-1604*, bd. 1-3, utg. ved Absalon Taranger et al. (Christiania/Oslo, 1904 - 1981)
- *Norske Magasin. Skrifter og optegnelser, angaaende Norge og forfattede efter reformationen*, bd. I, N. Nicolaysen (red.) (Christiania, 1858)

- Bull, Edvard. "Bergen og Hansestedene - Nogen oplysninger fra nordtyske arkiver" i *Bergen Historiske Forening Skrifter*, nr. 33 (1927)
- Nielsen, Yngvar. "Vedtægter for det hanseatiske Kontor i Bergen fra det sextende og syttende Aarhundrede" i *Forhandlinger i Videnskabs-selskabet i Christiania Aar 1878* (1879)
- *Bergen Rådstueprotokoll 1592-94, Fol. 108a*, frå Internetsida til Digitalarkivet, <http://digitalarkivet.uib.no/sab/raadstu2.htm>, lese 18.11. 2009

Litteratur

- Asmussen, Georg. "Einleitung" i *Archiv der Bergenfabrerkompanie zu Lübeck und des Hansischen Kontors zu Bergen in Norwegen von (1278) bzw. 1314 bis 1853*, red. Georg Asmussen, Ulrich Simon og Otto Wiehmann. *Findbücher 9*. Lübeck: Archiv der Hansestadt Lübeck, 2002.
- "Prosopographischer Vergleich der Älterleute der Bergenfahrer und der Flandernfahrer" i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann. Lübeck: Schmidt-Römhild, 2005.
- Asmussen, Georg, Ulrich Simon og Otto Wiehmann. *Archiv der Bergenfabrerkompanie zu Lübeck und des Hansischen Kontors zu Bergen in Norwegen von (1278) bzw. 1314 bis 1853. Findbücher*. Lübeck: Archiv der Hansestadt Lübeck, 2002.
- Authén Blom, Grethe. "Norge" i *Det nordiske syn på forbindelsen mellem hansestæderne og Norden*. Århus: Det nordiske historikermøde i Århus 7.-9. august 1957, 1957.
- "Die Hanseaten in Oslo und Tønsberg" i *Hanse in Europa. Brücke zwischen den Märkten . 12. bis 17. Jahrhundert*. Köln: Kölnisches Stadtmuseum, 1973.
- "Der Ursprung der Gilden in Norwegen und ihre Entwicklung in den Städten während des Mittelalters" i *Gilde und Korporation in den nordeuropäischen Städten des späten Mittelalters*, red. Klaus Friedland. Köln: Böhlau Verlag, 1984.
- Bjørge, Narve. "800-1536. Makt - og avmakt" i *Selvstendighet og union. Fra middelalderen til 1905*, red. Narve Bjørge, Øystein Rian og Alf Kaartvedt. *Norsk utenrikspolitikkets historie* bd. 1. Oslo: Universitetsforlaget, 1995.
- Brattegard, Olav. "Über die Organisation und Urkunden des Hansischen Kontors zu Bergen bis 1580." *Bergen Historiske Forening Skrifter* 38 (1932).
- *Die Mittelniederdeutsche Geschäftssprache des Hansischen Kaufmanns zu Bergen*. Bergen: A.S John Griegs Boktrykkeri, 1945.
- Bruns, Friedrich. *Die Lübecker Bergenfahrer und ihre Chronistik*. bd. II. Berlin: Pass & Garleb, 1900.
- *Die Sekretäre des Deutschen Kontors zu Bergen*. Bergen: A.S John Griegs Boktrykkeri, 1939.
- *Das Frachtherrenbuch der Lübecker Bergenfahrer*. Bergen: A.S John Griegs Boktrykkeri, 1953.

- Brück, Thomas. "Korporationen der Bergenfahrer in den wendischen Städten unter besonderer Berücksichtigung Stralsunds" i *Genossenschaftliche Strukturen in der Hanse*, red. Nils Jörn, Horst Wernicke og Detlef Kattinger. Köln: Böhlau, 1999.
- Burkhardt, Mike. "Die Ordnungen der vier Hansekontore Bergen, Brügge, London und Novgorod" i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann. Lübeck: Schmidt-Römhild, 2005.
- "Policy, Business, Privacy - Contacts made by the merchants of the Hanse Kontor in Bergen in the Late Middle Ages" i *Trade, Diplomacy and Cultural Exchange - Continuity and Change in the North Sea Area and the Baltic*, red. Hanno Brand. Hilversum: Verloren, 2005.
- "Das Hansekontor in Bergen im Spätmittelalter - Organisation und Struktur." *Hansische Geschichtsblätter* (2006).
- "Testing a traditional certainty: The social standing of the Bergenfahrers in late medieval Lübeck" i *Neue Studien zum Archiv und zur Sprache der Hanseaten*, red. Geir Atle Ersland og Marco Trebbi. *Det Hanseatiske Museums skrifter* 28. Bergen: Museum Vest - Det Hanseatiske Museum, 2008.
- *Der hansische Bergenhandel im Spätmittelalter - Handel. Kaufleute. Netzwerke. Quellen und Darstellungen zur hansischen Geschichte*. Köln: Böhlau Verlag, 2009.
- Canning, J.P. "Introduction: politics, institutions and ideas" i *The Cambridge history of medieval political thought c. 350-1450*, red. J.H. Burns. Cambridge: Cambridge University Press, 1988.
- Dollinger, Philippe. *Die Hanse*. Omsett av Marga & Hans Krabusch. 2. utg. Stuttgart: Alfred Kröner Verlag, 1976.
- Ebel, Wilhelm. "Der Rechtszug nach Lübeck." *Hansische Geschichtsblätter* (1967).
- Ersland, Geir Atle. "Johan Christian Koren Wiberg, byhistorie og kulturminnevern." *Bergen Historiske Forening Skrifter* 85/86 (1988).
- *Krigsmakt og kongemakt, 900-1814. Norsk forsvarshistorie*. bd. 1: Eide forlag, 2000.
- "Was the Kontor in Bergen a topographically closed entity?" i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann. Lübeck: Schmidt-Römhild, 2005.
- "The Archive of the Kontor in Bergen" i *Neue Studien zum Archiv und zur Sprache der Hanseaten*, red. Geir Atle Ersland og Marco Trebbi. *Det Hanseatiske Museums skrifter* 28. Bergen: Det Hanseatiske Museum, 2008.
- *The Handelsgericht of the Kontor in Bergen*: Upublisert manuskript, 2009.
- Fossen, Anders Bjarne. *Borgerskapets by, 1536-1800. Bergen bys historie*. bd. 2. Bergen: Universitetsforlaget, 1979.

- Fouquet, Gerhard. "Die Finanzen der Bergenfahrer zu Lübeck - das Schüttingsrechnungsbuch (1469-1530)" i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann. Lübeck: Schmidt-Römhild, 2005.
- Friedland, Klaus. "Lübeck und Island - Die ältere Islandschiffahrt Lübecks" i *Mensch und Seefahrt zur Hansezeit*, red. Antjekathrin Graßmann, Rolf Hammel-Kiesow og Hans-Dieter Loose. Köln: Böhlau Verlag, 1995.
- Graßmann, Antjekathrin. "Einleitung" i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann. Lübeck: Schmidt - Römhild, 2005.
- Hammel-Kiesow, Rolf. "Die Anfänge Lübecks: Von der abotritischen Landnahme bis zur Eingliederung in die Grafschaft Holstein-Stormarn" i *Lübeckische Geschichte*, red. Antjekathrin Graßmann. Lübeck: Schmidt-Römhild, 1997.
- *Die Hanse*. 2., durchgesehene Auflage utg. München: Verlag C.H. Beck, 2002.
- Hamre, Lars. *Norske historie frå omlag år 1400 - Førelsingar*. Oslo: Universitetsforlaget, 1968.
- *Norske historie 1450 - 1513 - Førelsingar*. Oslo: Universitetsforlaget, 1971.
- *Norske politisk historie 1513-1537*. Oslo: Samlaget, 1998.
- Haugland, Håkon. "Gilde og edsfellesskap i senmiddelalderbyen. En sammenlikning av noen sammenslutninger i Bergen mellom 1250 og 1550." Universitetet i Bergen, 2006.
- Hauschild, Wolf-Dieter. "Frühe Neuzeit und Reformation: Das Ende der Großmachtstellung und die Neuorientierung der Stadtgemeinschaft" i *Lübeckische Geschichte*, red. Antjekathrin Graßmann. Lübeck: Schmidt-Römhild, 1997.
- Helle, Knut. "Die Deutschen in Bergen während des Mittelalters" i *Hanse in Europa - Brücke zwischen den Märkten 12 bis 17. Jahrhundert*. Köln: Kölnisches Stadtmuseum, 1973.
- *Kongssete og kjøpstad - Fra opphavet til 1536. Bergen bys historie*. bd. 1. Bergen: Universitetsforlaget, 1982.
- Henn, Volker. "Die Bergenfahrer und die süderseeischen Städte. Ein "Werkstattbericht"" i *Das Hansische Kontor zu Bergen und die Lübecker Bergenfahrer - International Workshop Lübeck 2003*, red. Antjekathrin Graßmann. Lübeck: Schmidt Römhild, 2005.
- Hoffmann, Erich. "Lübeck im Hoch- und Spätmittelalter: Die große Zeit Lübecks" i *Lübeckische Geschichte*, red. Antjekathrin Graßmann. Lübeck: Schmidt-Römhild, 1997.
- Johnsen, Oscar Albert. "Niels Henriksson" i *Norske biografiske leksikon*, bd. X. Oslo: H. Aschehoug & Co., 1949.

- Jörn, Nils. "Zwischen Eigenständigkeit und Unterordnung. Die Auseinandersetzungen zwischen Stalhof und Hansetagen um die Kontorordnungen" i *Genossenschaftliche Strukturen in der Hanse*, red. Nils Jörn, Detlef Kattinger og Horst Wernicke. Köln: Böhlau Verlag, 1999.
- "Die Herausbildung der Kontorordnungen in Novgorod, Bergen, London und Brügge im Vergleich - 12. - 17. Jahrhundert" i *Prozesse der Normbildung und Normveränderung im mittelalterlichen Europa*, red. Karl-Heinz Spieß og Doris Ruhe. Stuttgart: Franz Steiner Verlag, 2000.
- "*With money and blood*". *Der Londoner Stalhof im Spannungsfeld der englisch-hansischen Beziehungen im 15. und 16. Jahrhundert*. Köln: Böhlau Verlag, 2000.
- Kjeldstadli, Knut. *Fortida er ikke hva den en gang var - En innføring i historiefaget*. 4. utg. Oslo: Universitetsforlaget, 1997.
- Koht, Halvdan. *Norsk bondereising*. Oslo: Pax forlag, 1975.
- Koren Wiberg, Christian. *Hanseaterne og Bergen - Forholdet mellem de kontorske og det bergenske bysamfund*. Bergen: A.S John Griegs Boktrykkeri, 1932.
- Lasch, Agathe. *Mittelniederdeutsche Grammatik*. 2. utg. Tübingen: Max Niemeyer Verlag, 1974.
- Lindström, Dag. *Skrå, stad och stat. Stockholm, Malmö och Bergen ca. 1350 - 1622*. Uppsala: Historiska Institutionen ved Uppsala Universitet, 1991.
- Lunden, Kåre. "Hanseatene og norsk økonomi i seinmellomalderen." *Historisk tidsskrift* 46 (1967).
- Lübber, August. *Mittelniederdeutsches Handwörterbuch*. Darmstadt: Wissenschaftliche Buchgesellschaft, 1965.
- Mann, Michael. *A history of power from the beginning to A.D. 1760. The sources of social power*. Cambridge: Cambridge University Press, 1986.
- Munch, P. A. *Det norske Folks Historie*. . bd. II. Christiania: Tønsbergs Forl., 1862.
- Nedkvitne, Arnved. "Omfanget av tørrfiskeeksporten fra Bergen på 1300-tallet." *Historisk Tidsskrift* (1976).
- "Stapelreguleringer, handelsveier og varekvanta i bergenshandelen i seinmiddelalderen." *Historisk Tidsskrift* 57 (1978).
- "Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600." Universitetet i Bergen, 1983.
- "The Hansa in Norway as seen by Norwegian historians today" i *Die Hanse und Nordeuropa: Handel - Politik - Kultur. Synthesekonzepte in der Geschichtsschreibung*. Oslo: Norges allmennvitenskapelige forskningsråd, 1990.
- "How Important was Hansa Trade for the Norwegian Economy" i *Norwegen und die Hanse*, red. Volker Henn og Arnved Nedkvitne. Frankfurt am Main, 1994.

- Nye jr., Joseph S. *Bound to Lead. The Changing Nature of American Power*. New York: Basic Books Inc., 1990.
- *Soft Power. The Means to Success in World Politics*. New York: PublicAffairs, 2004.
- Pitz, Ernst. *Bürgerreinigung und Städteeinung. Studien zur Verfassungsgeschichte der Hansestädte und der deutschen Hanse*. Köln: Böhlau Verlag, 2001.
- Rafto, Thorolf. "Hansan - Norge" i *Kulturbistorisk leksikon for nordisk middelalder, bd. VI*, red. Finn Hødnebo. Oslo: Gyldendal norsk forlag, 1961.
- Schreiner, Johan. *Hanseatene og Norges nedgang*. Oslo: Steenske forlag, 1935.
- *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*. Oslo: I komm. hos Jacob Dybwad, 1941.
- *Pest og prisfall i senmiddelalderen: et problem i norsk historie*. Oslo: Dybwad, 1948.
- Schubert, Birte. "Hansische Kaufleute im Novgoroder Handelskontor" i *Novgorod - Markt und Kontor der Hanse*, red. Norbert Angermann og Klaus Friedland. Köln: Böhlau Verlag, 2002.
- Schubert, Ernst. "Novgorod, Brügge, Bergen und London: Die Kontore der Hanse." *Concilium medii aevi*, nr. 5 (2002).
- Taranger, Absalon. *Norges Historie, Tredje binds første del - Tidsrummet 1319-1442*. Kristiania: H. Aschehoug & Co., 1915.
- *Norges Historie, Tredje binds anden del - Tidsrummet 1443-1537*. Kristiania: H. Aschehoug & Co., 1917.
- Thorsteinsson, Bjørn. "Island" i *Det nordiske syn på forbindelsen mellem hansestæderne og Norden*. Århus: Det nordiske historikermøde i Århus 7.-9. august 1957, 1957.
- Von Brandt, Ahasver. "Die Hanse und die nordischen Mächte im Mittelalter (1962)" i *Lübeck, Hanse, Nordeuropa. Gedächtnisschrift für Ahasver von Brandt*, red. Klaus Friedland og Rolf Sprandel. Köln: Böhlau Verlag, 1979.
- Wetki, Maria. "Studien zum Hanse-Norwegen-Problem." *Hansische Geschichtsblätter* 70 (1951).
- Wubs-Mrozewicz, Justyna. *Traders, Ties and Tensions - The Interaction of Lübeckers, Overijsslers and Hollanders in Late Medieval Bergen*. Hilversum: Uitgeverij Verloren, 2008.

VEDLEGG

1. Tabell 1. Utgåande brev frå Kontoret i Bergen i perioden 1490 – 1510.

Eitt av breva finst i to utgåver, men dei to er heilt like i meiningsinnhald, og skil seg berre frå kvarandre i stavinga av enkelte ord.⁵⁸⁵ Eg reknar dei difor som eitt brev. For eitt av breva sin del er avsendaren sekretæren til Kontoret, Conrad Langestroit, personleg. For dei andre 35 breva sin del er avsendaren oldermennene ved Kontoret i Bergen. I den følgjande tabellen viser ”Arkivnr” til arkivnummer i Archiv der Hansestadt Lübeck eller Archiv der Hansestadt Wismar.

	<u>Dato</u>	<u>Arkivnr</u>	<u>Trykt</u>	<u>Adressat</u>	<u>Overlevering</u>
1	06.10.1490		HUB XI, 398 – NGL II, 3, 387 – Bull, s. 148	Lübeck	Avskrift
2	05.10.1491	Bgf 1415 - Bgf 1417	HR II, 2, 18	Kong Hans	Original
3	30.06.1492	Wismar Hansereze sse X.5.89.35	HUB XI, 597 (fyldig utdrag)	Wismar	Original
4	27.03.1493	ED 978	HR III, 3, 214 (regist)	Henrik Krummedike	Kopibok
5	27.03.1493	ED 978	HR III, 3, 213 (delvis) – NGL II, 3, 63 tillegg 1 (regist)	Kong Hans	Kopibok
6	29.03.1493	ED 978	HR III, 3, 215 (delvis) - NGL II, 3, 63 tillegg 2 (regist)	Lübeck	Kopibok
7	29.03.1493	ED 978		Rostock	Kopibok

⁵⁸⁵ AHL, Bgf 1415; trykt i Hanserecesse III, 3, 18 og AHL, Bgf 1417.

8	1493	ED 978		Axel Olavsson	Kopibok
9	18.02.1494	Bgf 865	HR III, 3, 251-252 – Bull, s. 180 NGL II, 3, 388 (utdrag)	Bergenfarar- kompaniet	Original
10	12.05.1494		HUB XI, 736	Rostock	Original
11	13.05.1494	Bgf 865	HR III, 3, 336 – NGL II, 3, 81 – Bull, s. 175	Bergenfarar- kompaniet	Original
12	26.05.1494		HUB XI, 738 (feilaktig datert 16. mai)	Rostock	Original
13	16.09.1494		HUB XI, 767 – NGL II, 3, 87	Wismar	Original
14	20.06.1495	Bgf 866	DN XVI, 319	Bergenfarar- kompaniet	Original
15	19.09.1496		HUB XI, 968 (fyldig utdrag)	Rostock	Original
16	05.04.1498	Bgf 928	HR III, 4, 67 – NGL II, 3, 115 (regeſt)	Hansedagen og Lübeck	Kopibok
17	05.04.1498	Bgf 928	HR III, 4, 68 – NGL II, 3, 391 tillegg	Hansedagen	Kopibok
18	05.04.1498	Bgf 928	HR III, 4, 69	Lübeck	Kopibok
19	30.04.1498		HUB XI, 1067 (delvis)	Deventer	Original
20	20.09.1499	Bgf 867	DN XVI, 332	Bergenfarar- kompaniet	Original
21	29.04.1501	Bgf 868		Bergenfarar- kompaniet	Original
22	28.05.1501	Bgf 868		Bergenfarar- kompaniet	Original
23	02.10.1501	Bgf 868	Bull, s. 192	Bergenfarar- kompaniet	Original
24	13.10.1501	Bgf 869	NGL II, 3, 393 – Bull, s. 196	Lübeck, Hamburg og Bremen	Kopibok

25	29.03.1502	Bgf 868	Bull, s. 187	Bergenfarar- kompaniet	Original
26	07.04.1502	Bgf 868		Bergenfarar- kompaniet	Original
27	29.05.1502	Bgf 868	DN XVI, 339	Bergenfarar- kompaniet	Avskrift
28	22.06.1502	Bgf 868		Bergenfarar- kompaniet	Original
29	23.06.1502	Bgf 1017	DN XVI, 340 – NGL II, 3, 397 tillegg 3	Deventer, Kampen og Zwolle	Original
30	11.07.1502	Bgf 868	Bull, s. 186	Bergenfarar- kompaniet	Original
31	01.06.1504	Bgf 918		Bergenfarar- kompaniet	Original
32	18.08.1505	Bgf 929	HR III, 5, 63	Dei vendiske byane og Lübeck	Avskrift
33	18.08.1505	Bgf 868		Bergenfarar- kompaniet	Original
34	05.1507		HR III, 5, 251 – DN XVI, 345	Hansedagen	Avskrift
35	25.02.1510		HR III, 5, 579	Kong Hans	Original
36	06.10.1510		HR III, 6, 86	Bergenfarar- kompaniet	Original

2. Transkripsjon av liste over oldermenn på Kontoret i Bergen (AHL, Bgf. 614)

	Nahmen der Elterleute welche aus der alten protocoll sint zusammen gesuchet	Anno
1	Lüttke Neyburch	1444
2	Hans Volmer	1446
3	Hinrich Tor Hop	1448
4	Cordt Krammerann	1477
5	Peter van Stade	1478
6	Cordt Bade	1479
7	Cordt Hafeman	1486
8	Richert Wolffersen	1488
9	Hans van Boren	1489
10	Cordt Hafeman	1490
11	Richert Falchersen	1491
12	Hans Alberdzsen	1496
13	Amelink Rieke	1497
14	Helmig Holsch	1498
15	Hans Köhne	1502
16	Paugel Meyer	1503
17	Cordt Mollenhorn	1507
18	Tonnies Witthoftt	1508
19	Tohmes Blackhusen	1508
20	Bartelt Pentz	1509
21	Hans Wasserhusen	1509
22	Gerdt Alandt	1511
23	Hinrich Egge	1514
24	Hans Sontag	1522
25	Asmus Sievers	1530
26	Claes Lastien	1532
27	Bartolmaus Trapp	1535
28	Marten Pranger	1538
29	Arendt Block	1540
30	Jochim Klocke	1542
31	Warner Reincke	1543
32	Cordt Münne	1545
33	Lüer Melster	1547
34	Jochim Sager	1547
35	Lüer Mester	1555
36	Hans Hamertz	1556
37	Albert Sanders	1557
38	Jochim Eckhorst	1560
39	Timer Lünig	1561
40	Hinrich Lüdeman	1564

41	Tonnies Velt	1565
42	Timer Lünig	1566
43	Cazsten Carstens	1568
44	Gerdt Bolswing	1570
45	Berendt Haldthusen	1574
46	Gerdt Bolswing	1585
49 [sic]	Tönnies Rörking	1585
50	Schweder Wevendach	1588
51	Johan Lankann	1590
52	Warner Schräckel	1592
53	Wolter Lübeley	1596
54	Aleff Thor Averbecke	1600
55	Arendt Meyrinck	1604
56	Otto Folchers	1608
57	Fasmer Bocke	1613
58	Albert Sanders	1617
59	Jochim Hasenkruch	1621
60	Diedrich Pasche	1625
61	Cordt Brandt	1629
62	Diedrich Gerding	1632
63	Diedrich Pasche	1634
64	Jochim Rieke	1636
65	Erich Tinneke	1639
66	Otto Folchers	1642
67	Peter Lackman	1648
68	Stadts Brage	1650
69	Gottfredt Volchshoe	1653
70	Johan Korde	1655
71	Hans Homoth	1657
72	Arp Meyer	1657
73	Hinrich Wunsch	1662
74	Arp Meyer	1662
75	Diedrich Wolpman	1664
76	Johan Friedrich Kangeter	1667
77	Claes Halen	1670
78	Blasius Onschen	1672
79	Albert Meyer	1677
80	Herman Dürlhoff	1681
81	Hinrich Van Widaun	1685
82	Antoni Hartwieg	1688
83	Hinrich Mehne	1691
84	[sic]	1696

3. Transkripsjon av kopi av brev frå Kontoret i Bergen til byrådet i Rostock, datert 29.3.1493
(AHL, ASA, ED 978; kjelde nr. 7 i tabell 1).

An den rad tho

Rosztocke

Olderlude *etc.* des kop

mans van Bergen

Erszamen leven heren besunderen guden frunde, wy fogen juwer leve tho wetene dat wy na billicheyte unde des kopmans ordinancie ume des gemeynen besten willen van schippere Hans Brunsz juweme medeborger unde inwonere, borgen genomen hebben, dersakehalven dat he uthensessche gudere, also em heren Hinrik Kron juwes radesz medekumpan ingeschepet schal hebben, hyre gevoret *und overe* her ghevriet hefft, nach deme in des kopmans wyllekore dede van den steden is medebelevet, sodant forboden unde ingesettet is, dat nemant in de Hense behorende uthensesch gud schepen iffte hanteren schal, edder ock sin gud senden schal anderes an wene dan de in de Hansze behoren by penen des kopmans rechticheyt, jodoch de schippere hefft uns vorgegeven *und* berichtet dat he sodane gudere in sodane wyse unwitliken hedde ingenomen in meninghe, dat se hyr an koplude by der Brugge gescreven weren, dat he denne vorment myt rechte nathobringende, des wy eme gegunnet hebben *etc.* Dessersakehalven bogere wy van juw andechtigen unde denstliken juwe erlike wyszheide by juwen borgeren dede hyr gudere tho schepende plegen, also willen vorfogen *und* ernstliken warnen laten, dat he hyr namals ore gudere, an nene uthensessche lude senden edder vorschripen, unde den gute heren Hinrik Kron myt deme besten underwisen, dat he dat also vorfoge, in deme de schipper sodane gudere unwetene enthalet hefft, dat de schipper vorbenomen desser borgetucht van eme benomen werde, nach deme male he eme sodane gudere witlicken in geschepet hefft, wy willen aver gerne na gewanten dingen, desse ersten reyse hyr limpliken by varen *umme* des besten willen, men alle *und* eyn itlick dede hyr by uns des kopmans rechticheyt, dencken tho brukende mogen sick sodaner sake hyr namals entholden wert dar wol mede myt rechte beslagen, moge wy nicht neyn don men na der stede belevinge *und* des kopmans willekore richten also recht is dat gy juwen borgeren dede hyr hanteringe tho hebbende plegen, myt deme besten

vorwitliken mogen, dat derwegene de vrome lude in neyne last und schaden en komen, dyt gutwilligen an thonemende unde vlitigen tho vorforderende vordenen und vorschulden wy alle tyt na gebore myt alleme vlite gerne umme juwe ersamheide de god almechtich in gelucksamene wolfart salich vrolich und gesunt vristen und entholden mothe. Screven under des *gemeynen* kopmans *ingesegel* ame vridaghe vor palme sondaghe.

4. Transkripsjon av kopi av brev frå Kontoret i Bergen til Axel Olavsson, datert 1493 (AHL, ASA, ED 978; kjelde nr. 8 i tabell 1)

An Axel Oleveszen

Olderlude *etc.* des kopmans
tho Bergen

Weten moge gy Axel Oleveszen dat wy juwen breff tome Mastrande geschreven entfangen hebben unde tho guder mathe wol vorstanden, derwegene wy unseren gnedigesten heren koningk Hansze tho Dennemarken *etc.* gescreven hebben, de juw der sakehalven unse meninghe wol wyl laten tho vorstande geven, vorhopen uns dat wy juw ime rechten van der sake nicht plichtich en sin nachdeme male sodane sake beide van slachtinge unde geledenen schaden, tho eyneme vullenkomen ende vorlikent und geslegen is, all hedde gy breve van unsen vorfaren, so gy schreven des wy doch nicht loven willen, de weren doch alle dorch den contracte breff van unseme gnedigesten heren deme koninghe vorsegelt, machtlosz unde nicht van werde des gy juw vorder mogen beleren laten, wille gy boven recht uppe unse argeste wesen unde befeyden so gy schreven, mote wy Gode unde unsen frunden clagen de uns sodant unde juwe umbillike vornement helpen sturen. Screven under unseme des kopmans *Ame Mandage* na indna Anno *etc.* xciii

5. Transkripsjon av brev frå Kontoret i Bergen til Bergenfararkompaniet i Lübeck, datert 29.4.1501 (AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 21 i tabell 1)

Framsida:

Dem erszamen [mannen Her]man van Mynden Hans Droghen
unde Clauwesze van Borstel tho Lubeke des kopmans van
Bergen hovetluden unde procuratorsz fruntliken gheschrevenn

Brevet:

Unnszen vruntliken denst myt vormoge alles gudes tovorn Ersza
men guden frunde, juwe breve erst in der vasten geschrevene hebbe wy entfangen
unde lesende wol vorstanden, dar inne gy intlateste schriuen dat gy uns myt
den lubekschen schepen, vorwitliken willen wo id sick myt der yszlandesschen reyse
endigen wil *etc.* So hebbe wy uns der sake uppe [...]ste noch nicht bekummeret
sunder so gy schriuen dat de kopman unde gy in deme schuttinghe belevet
hebben, dat de schepe uth allen stoden vor paschen hyr tho Bergen nicht zegelen
scholden, sunder alleyne eyn van Hamborch *etc.* Der wegen guden frunde
so sint hyr vor paschen unde in den paschen twe schepe van Bremen geko
men unde den schepperen hebbe wy juwe breve lesen laten de sick denne
sere entschuldigen seggende dat one juwe breve tho spade gekomen sin. Unde
hebben uns twe copien van des rades breve tho Bremen an juw geschrevenen
puntert unde gehantreket dar van juw eyne oversenden hyr by vorwart *etc.*
Jodoch so hebben wy van den vorbenannten schipperen borgen genomen upp juwe ant
worde, wo wy id dar vorder mede holden scholen wille gy uns wol vorwitli
ken myt den ersten unde so wille wy de jenne de dar gudere inne gehat hebben
na inneholde juwer breve richten also dat belevet is. Vortmer so hebbe wy
Johan Myddeborch juwen breff ock lesen laten der schafferiehalven in deme
schuttinge, der wegen he sick entschuldiget unde beclaget hefft dat id ome not
sake benomen hebbe unde ock dat he gelt by synem werde hefft stan laten also
eme behorde utholeggen vor kollen unde andere uncost unde hadde sick vormodet
dat gy den schuttinck scholden vorhuret hebben, ock wil he by juw tho Lubeke
wesen umme gy id dar vorfordern iffte schal he hyr reden don wo juw dat
belevet moge gy uns vorwitliken myt den ersten. Ock guden frunde, so
hebbe wy nu hyr tome dome eyn pallun dat olt vorsleten und thobroken is

unde bogeren andechtigen dat gy uns eyn nye maken laten, unde senden
uns veir stander ii cleyne und twe grote, unde Herwich Lenhardes schal
unde wil juw des phansunzhalven wol underrichten, unde de tydinghe de
hyr nu is wert he juw muntliken wol vortellen dergeliken hyr mede gode
bevalen gescreven under unsem, des gemeyne kopmans ingeszegel am Mundage vor Phi
lippi und Jacobi apostolorum anno domini mdprimo

Olderlude des gemeynen dutzschen kopmans van dem
Hansze nutortyt tho Bergen in Norwegene residerende

6. Transkripsjon av brev frå Kontoret i Bergen til Bergenfararkompaniet i Lübeck, datert
28.5.1501 (AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 22 i tabell 1)

Framsida:

Dem erszamen mannen Herman van Mynden
Hans Drogen unde Clauwesz van Borstel tho Lube
ke des kompans van Bergen hovetluden unde procu
ratorsz fruntlikem geschrivenn

Brevet:

Unszen fruntliken denst myt vormoge alles gudes tovoorn. Erszamen besunderen guden frunde.
Juwe breve unde schriffte
in langen worden inneholdende vele artikele unde puncte itliker gebrekehalven, also nu
dagelikes dem kopmanne unde desser nedder
lage tho hinder unde vofange betenget unde vorgenomen wert, hebe wy entfangen unde in
vorgadderinge des gemeynen kopmans
van worden tho worden lesen laten. Unde na velen reden unde wedderreden, hebben wy
interste vorhandelt van den jennen dede schipp
Symon Jonszon in Yszlant vorfrachtet hebben den wy na gewanten dingen, uthlage wolden
hebben gelecht, und der halven des kop
mans willekore vlitigen dor gelesen laten, dar inne uppe vorbodene reise tho donde, entlikes
nicht belevet is. So dat wii des willekorszhal

ven, sodant myt beschede nicht wol don mochten. Vortmer so hebben wii der stede recesses
overlesen laten dergeliken, dar inne
dem scharpe artikele unde puncte uppe vorbodene reyse begrepen und belevet sin, welcher
aveschriefft van sodanen artikelen, wy
juw hyr inn mede oversenden vorsloten. Derhalven, guden frunde, na der stede recesses so gy
lesen mogen, wolde id one swar nach
vallen, unde nach dem gy id tovoorn vor dem erszamen rade vorhandelt unde de radt sodant
van der gemeynen Hensze stede wegen
nicht gehindert sunder thogelaten hebben. So myszduncket uns dar inne unde weten nicht wat
dar under mach behuth wesen
iffte se one van der stede wegen, sodant vororlevet hebben edder nicht etc. Ock hebbe wy
dupliken betrachtet unde bewagen, vele andere
gebrecke unde schaden also tho beiden syden, desser sakehalven irwassen mochte. Hyr umme,
guden, frunde, so hebben wy one so hasti
gen neyne uthlag [ge]lecht, sunder Gerdt Kruthup hefft uns in jegenwardicheyt und
nabevinge des gemeynen kopmans, van
Hans Kinkels wegen vorge. gesettet, dat Hans Kinckel dersakehalven juw vor der kopsteyen
beide van des kopmans wegen unde ock van
juwer egen wegen, in fruntschop iffte in rechte, wandel und sone don schal, also he inne
rechten derwegen plichtich is tho donde
by sodaneme beschede, iffte de güte Hans Kinckel, unde syne bypflichters under sodan wandel
und love nicht gan en wolden so hebben
wy juw van des kopmans wegen de macht gegeben unde geven jegenwardigen in crafft desses
breves, dat gy one dar interste uth
lage leggen mogen, iffet dat se de rad dar inne nicht entschuldigen wil, wannen one de juw
unde de stede mede byvallen wol[...]
so were sodan sake beth in fruntschup gevlegen dan in rechte wente wy en hebben nicht dar
wy up voten k[...] dan allene up de
artikele in der stede recess vorgs. nach dem male des kopmans willekor dar altes nicht van
vormeldet unde so hefft de gemeyne
kopman und wy nu eyndrachtliken belevet, also de kopm[an we]dder tho hope komet eyne
puncte in unsen wilkor tho settende. Wat
pene und broke de jennen dede desse nedderlage gebrek[...] hebben, iffte tho vorsokende
dencken derwegen brecken scholen deden

desser tyt Yszlande Veroy Hytland und andere vorb[odene...]nde oylande vorsoken, unde iffte sick na desser tyt sodans mer geborde so mochte de kopman sodant na inneholde des will[ekores...] und richten also id recht were. Vortmer, guden frunde, wy konnen nicht upfragen, unde enweten ock nicht, myt we[...Wi]ldelouwe hyr syne hantheringhe hefft de scholde id anders mede vorborget hebben. Dergeliken item so juw breff in lengeren strengeliken innehoudet dat gy vor den borgmesteren gewesen, unde upp ore worde one geantwortet hebben dat gy hopen wolden se Yszlande vorsoken, dat se desse nedderlage enberen scholden, und wanner dem also nicht enschege dat gy dem kopmanne dan dan[...]ten unde sin werff nicht lanck vorstan wolden etc. Derhalven, guden frunde bidden unde bogeren wy fruntliken unde denstliken, dat gii sodan sake so vorge. is noch in fruntschup vortasten id is eyne korte tyt beth tor kopsteven, unde schrivet uns alszdem in dem id nicht vorliket werdt, wat der halven juw wille is, dar mage wy uns alszdem na richten. Iffte ock desse selve sak in fruntschup vorder kopsteven nicht bygelecht und gheendiget worde so wille wy juw, wilt God, hyr twe van dem kunthor tho hulpe kesen dede doch zegelen willen, dede sodan sake myt juw vorfolgen und vorforderen id gha dar vorder umme also id recht is. Ock, guden frunde, so hebbe wy van Herman van Mynden schriffte entfangen dar inn he hochliken biddet unde bogeret, dat wy eme in fruntschup der olderszchup vorlaten under lengere worden dat he dar neynerleyewisz lenger by bliven wil, welker breff vor dem gemeynen kopmanne gelesen wart. Dar uppe denne wart belevet, in dem dat he dar jo neynerleye wisz by bliven wolde. So danckede ome de kopman gar fruntliken vor syn moye unde ungemack betherto van des kopmans wegen gehath. Sunder de kopman unde wy, sin fruntliken und denstliken van ome bogerende unde bid dende, myt juw desse sake der Yszlandesschen reyse halven in fruntschup iffte in rechte thonemende wille helpen vorforderen und vortsetten, unde vorder na innholde synes breves dat kopmans beste weten und don, also wy ome des wol to betruwen. Unde bid

den und bogeren van juw beiden dergeliken, dat gy des kopmans werff bestellen willen so lange wy na juwem rade, den dorden in tho hulpe wedders[...] werden, juw hyr inn samptliken, gutwillichliken thobewisende, dat vordene und vorschulde wy umme juwe leve gode dem heren salichliken benalen, alletyt willichliken gerne bescreven under unsem des gemeynen kopmans *ingesegel* am vridage vor pinxsten anno *domini* m d unde eyn

Olderlude und gemeynen koplude van der dutzschen Hansze nutortyt tho Bergen in Norwegen residerende

7. Transkripsjon av brev frå Kontoret i Bergen til Bergenfararkompaniet i Lübeck, datert 7.4.1502 (AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 26 i tabell 1)

På framsida:

Dem erszamen mannen Hansz Dro gen unde Clauwesze van Borstel tho Lube ke des kopmans van Bergen hovetluden fruntliken gsch

Brevet:

Vruntliken denst myt vormomoge[sic] alles guden tovoren. Erszame besunderen guden frunde. So also wy in unsen vorschriftten beroret hebben dat wy van itliken erwerdigen unde bestrengen heren rykesz rederen in Sweden breve, myt viff zegelen und signete tho gesterken, entfangen hebben dar van wy juw de copien in dem des van noden were gewest, wolden overgesant hebben, derhalven, guden frunde, so hebbe wy uns desulfften schriftte interpreteren unde duden laten, dar wy dan sundergen nicht quades inne befunden hebben dat uns iffte dem kopmanne sere belanget iffte thokomet, sunder se vorwitliken uns, in langen worden, wat sake se dar tho enget unde drenget, dat se unde heren Alff Knuth Alfszszon, myt unseren gnedigesten heren deme koninghe etc. orligen unde krigen moten, und wes heren Knuth vorgeschreven gedan hefft, unde dagelikes don leth, dat he sodant

umme desses landes unde des kopmans beste gedan hefft etc. Hyrumme vorho
pen se sick, dat one de Hansze stedere unde de kopman in rechtverdigen
saken myt guderen schepe unde volke nicht affstan sunder bistan und
behulplick wesen scholden etc. Iffte nu der breve gelick an den erszamen
radt unde de stede was ghescreven, dat moste gy vorhoren laten, unde wes se
dar by don unde laten willen mote gy uns myt den ersten vorwitliken,
wente wy enweten nicht wo wy in dessen saken varen scholen etc. Susz,
guden frunde, enwete wy juw uppe desse tyt neyne enkede tydinge mere
thoschrivende, sunder doth des kopmans beste alse wy juw des wol tho
betruwen, dat vorschulde und vordene wy umme juwe leve Gode deme heren
salichliken benalen, alle tyt willichliken gerne. Screven myt der hasst un
der unseme signete ame donnerdage na quadragesimodogenit anno domini mdii

Olderlude etc. des kopmans van Bergen
n[u]tortyt darsulvest in Norwegene residerende

8. Transkripsjon av brev frå Kontoret i Bergen til Bergenfararkompaniet i Lübeck, datert
22.6.1502 (AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 28 i tabell 1)

Unnszen fruntliken denst myt vormoge alles guden tovoren. Erszame vorsichtige besunderen
[guden] frunde. Juwe
schriffte breve und copien, inneholdende van den sudersesschen steden, van heren Johan
[Kinkel und] Jachem Wildelouwen
unde van den vicarien des kopmans, dergeliken rekenschup des kopmans van den [...]
bethertho hebbe wy ent
fangen unde lesende wol vorstanden. So hebben wii interste vor der meynte vorsam[...]
sudersesschen sake, unde ore
breve an uns gescreven myt der copien des latesten breves gescreven an den erszamen rad tho
Lubeke lesen laten, unde des kop
mans antworde upp der sudersesschen breff hebbe wy vor dem gemeynen kopmanne lesen
laten dergeliken, dar van wy juw
de aveschriffyt hyr bii vorwart oversenden dar uth gy vorstan mogen wo intkorteste de sake hyr
vorhandelt is, velker ave

schriff gy deme erszamen rade scholen lesen laten uppe dat se de unrichticheit dersulven sudersesschen mogen vormerken.

Wy willen noch dersulven sakehalven eyne lengere schriff myt etliken anderen puncten unde clachten vorramen laten

dede vor den gemeynen Hansze steden uppedecked unde gelesen schal werden. Vortmer, guden frunde, so gy schreven, dat gy

hopen dat wy richten na rechte, unde nicht na juwen breven, dat is be[...]liken tho vorstande, wente in heren Johan

Kinkels unde Jochem Wildelouwen saken [...]dde wy dat fundament tho richtende uth der stede recessse. Men myt den

Bremerse unden den sudersesschen van [...] byvlate wegene etc. dar hebbe wy anders neyn fundament up tho richtende

dan juwe schriffte. Darumme moten de aveschriffte juwer schriffte van desser byvlate vorgeschreven in den handel desser sake mede

insereret sin, wente de gemeynen Hansze stede moten ersten dat fundament weten van desser sake, scholen se dar vullenkomen

vorstant van hebben etc. Vortmer, guden frunde, so hebbe wy ock lesen laten vor der meynthe des erszames unde juwe bedebre

ve van wegene heren Johan Kinkels unde Jachen Wildelouwen. So hefft de kopman umme sodaner vorschivinge willen, gegun

net oren umbodeszluden sodane gudere alse se hyr hebben thoschepende unde overthosendende, God give dat se moten wol varen.

By sodaneme beschede iffte se de tyt tho lange vortrecken wolden, den steden, deme kopmanne unde juw, in fruntschup neyne

mogelike wandel unde sone don wolden, so scholde de uthlage na alse vore by vuller macht bliven etc. Gy mogen hyr inne dat

beste proven id were in fruntschup so wol vorliket alse in rechte. So hebben wy eynen breff an den erszamen rad geschreven myt

eyner ingelachten cedelen desse sake berorende, dar van wy ock juw de copien, hyr by vorwart oversenden, dar uth gy unse

meninghe wol vorstan konnen etc. Vortmer, guden frunde, juwer rekenschup van des kopmans wegene, sin wy wol thovreden

unde dat des kopmans beste na alse vore, dat wille wy wedderumme gerne vordenen unde vorschulden, unde vorgettet uns jo

nicht myt deme bussenkrude und bligge dat wy dat myt den ersten krigen mogen, also wy juw tovorne hebben vorschrevenen.

Vortmer, guden frunde, intlateste schrive gy, wo de kopman unde wy vorfaret sin, in den fundatien van des kopmans vicaryen in unse leve vrouwen kirchen dat uns sere zolsen duncket unde ock myszhaget. Jodoch konne wy dat nu nicht anders maken sunder id is nemande mer tho vorfange also unseme armen denre Conrado, dede deme kopmanne umme eyne betteren willen lange gedenet hefft. So uns duncket na sodanen vicarien tho bedende, so wil eme de tyt altolanck vallen, hyr umme is unse fruntlike bede van siner wegene, dat gy dat beste vortsetten by Amelunges broder zeliger dechnisse und by den de vor zeligen Amelunges gudere mede raden dat beste don, dat de güte unse dener mochte besorget unde provideret werden de tyt synes leven des myt den iiiic gulden also de kopman unde wy deme güten zeligen Amelunge unde synen erven noch plichtich sin, uppe dat he erst eyne fundament hedde, dar he prester uppe werden mochte, he konde dan myt der tyt myt frunde hulpe bearbeiten dat dar eyne ewige vicarie van gemaket worde. Ock isset uns alle wol witlick, dat zelige Amelunck in syneme levende, mere den eyne reyse deme guten unseme denere gelovet hefft tho makende vrig bere unde brot syne levendege etc., dar gy villichte tovorne alle bescheyt wol van gehoret hebben unde syneme broder Arnde ock wol mede witlick is hyrumme. Dot hyr by dat beste unde nemet dat lon van Gode, de juw leve tho langen tyden salich vrolich unde gesunt entholden mote. Bescreven under unseme des kopmans ingeszegel ame daghe der Theyn dusent mertelere Anno domini m d secundo

9. Transkripsjon av brev frå Conrad Langestroit, sekretæren på Kontoret i Bergen, til Bergenfararkompaniet i Lübeck, datert 1.6.1504 (AHL, Bgf. 918; kjelde nr. 31 i tabell 1)

Framsida:

Dem Erszamen Mannen Hans Drogen
Clauwesze van Borstel unde Merten Delewater
tho Lubeke des kopmans van Bergen hovetluden
unde procuratorsz denstliken unde fruntliken
geschreven

Brevet:

Fruntliken denst tovoren. Erszamen besunderen guden frunde. So also
gii my ame latesten geschreven hebben tho vorforderende eyn bewisz unde tuchnisse
van Hinrick Sicker, dede schipper Hinrick Vreszen sturman gewesen is also
he myt des kopmans guderen in Vreszlant gekomen unde de gudere dar gesleten
hadde etc. So hebbe ick dar gern mynen vlyt by gedan unde den kopluden dede dar
guder inne gehadt hadden worwitlicket de denn myt rechte den güten sturman
vor deme kopmann gedrenget hebben syne witlikheyt derwegen thoseggende etc.
Darup ick juw sende den certificatien breff under des kopmans segele unde de
hovetboszman also in schipp Hinrick Berch wesen scholde, de was in der zee in
god vorstorven also ick Clauwesze tovoren geschreven hebbe etc. Erszamen leven
frunde, ick hebbe gerne ume juwer leve willen dat beste dat ick konde hyr inne
gedan [...] dat dar wol mer uncost uppe gedan is also id tor uth
dracht komet dat gy den schrivere desses breves nicht vorgetten willen
Nach deme male dat id deme gemeynen kopmanne sunder allene den jennen
de dar guder inne gehadt hebben thokomende is etc. Wes gy hyr donde worden
[...] ick wol myt juw tho vreden unde bedet alle tyt over my. Item de kopman
hefft nochtortyt van juwer wegene neyne breve gekregen, dat one zelsen duncket
unde konnen juw ock nicht wedderumme schriven, ehr se juwe breve hebben
entfangen. Item hyr en is altesneyne tydinge dar ick van schriven kan noch
uth Dendmarken iffte uth Sweden etc. Hyr mede gode salichliken bevalen bescreven
myt der hast am avende der hilgen drevaldicheyt anno dm. xvdiiii und mynen
signet
Conradus Langestroit

juwe gutwillighe denre

10. Transkripsjon av brev frå Kontoret i Bergen til Bergenfararkompaniet i Lübeck, datert 18.8.1505 (AHL, Bgf. 868; kjelde nr. 33 i tabell 1)

Framsida:

Denn erszamen vorsichtigen mannen Hans Droghen
Clauwes van Bor[stel] unde Merten Delewatere tho Lubeke
des kopmans van B[erg]en olderluden und procuratorssz
unsen guden frunden saptliken und besunderen fruntlik gheschrevenen

Brevet:

Unnszen fruntliken denst myt vormoghe alles guden tovoren. Erszame vorsichtighe
besunderen guden frunde. Juwe schriffte ame dage Appollinaris geschreven hebbe wy
entfangen.

Dar inne gii interste schriuen wo wy id holden willen myt deme gelde alse wy zeligen Ame
lunge vorrenthen, unde dat wy gelt overschriuen scholden dat men alle dinck eyens clare ma
szen mochte etc. Derwegene, guden frunde, so wolde wy gerne gelt overschriuen mer hire is
nemant de wysz is de gelt hebben wullen und dat ruchte geit hyr, dat de rad den rinsche
guld van gewichte uppe xxi schilling iiii penning lubeksche gesettet hebben. So mote gy uns
erst in juwer

schriffthen irleren, wo wy dat gelt uthdan scholen uppe lubeksche munten iffte uppe rinsch
guld

unde wo mannighen worp an denschen gelde uppe, [...] gulden iffte uppe [...] Lubeksche. So
dat de

jenne de id entfenget bi bliven moge und de kopman dar ock nenen schaden affhebbe etc.

Item

de erwerdigeste here artzebisshup van Drunthen myt der anderen herschup sint wedder
umme tho Bergen gekomen dede uns tydinghe brachten dat vrouw Magdalene h[oc]hliken
over den kopman geclaget hadde und dat se gesehen hadden eyenen breff myt des kopmans
zegele vorsegelt, dede uppe grote kostele clenodie holdende were alse de kopman van orer
zeligen

moder genomen scholden hebben alse juw Herman Gerken muntliken intlengeste wol vor

tellende werdt also he by juw torstede komet. Id hedde wol gut ghewest dat men id hedde besenth

wente se or unkost der reyse halven uppe den kopman manen wyl etc. Unde wy moten id vorbeden

wat tydinghe wy derwegene mer krigende werden unde wy hebben juw wol eher gescreven dat gy uns eyn vidimus senden scholden van deme breve de allene uppe vrouwe Magdalenen ludet dat se affgedelet is etc. Des hebbe wy noch behoff, iffte se uns up de negede citeren wolde

dat wy dansodant van hyr besenden mochten. Item van der orfeyde zeligen Axel Olevesen unde anderen breven dersakehalven besegelt dar hebbe wy transsumpte und vidimus van under

zeligen doctor Osthuszen ingeszegelt dar en dorne gy neyne unkost uppe don etc. Item so gy schreven

van deme gelde, also gy in schipper Hinrick Vresen saken van des kopmans wegene vorlecht hebben etc. Derhalven, erszamen guden frunde, wo dat hyr belevet is dat hebe wy clare genoch

geschreven in unszen latesten schriffen, dat id hyr vor der meynte ghesloten und belevet is, dat

de jenne de dar gudere inne gehath hebben, der halven de unkost stan scholen und nicht de kopman.

So desolve breff innehoudet intlengeste etc. Item van deme schuttinghe unde den lantverin ghen wo men id dar mede anstellende werdt, konne wy juw uppe desse tyt nicht schreven.

Item dat pallun hebbe wy entfangen myt deme blackrude und ze roden zegelwasse etc. Ock, guden frunde, alsze wy gelt overschreven. So dot wol also gy dat entfangen hebben unde schrivet uns man vor man dar gy dat van entfangen hebben hebben unde wo vele in dersul ven wisze alsze wy an juw schreven wannere wy dat overschreven, wente de uns hantschrift gegeven hebben de komen unde esschen ore hantschrift und seggen dat ore gelt uthgekomen is.

Unde wy en vinden dar van in juweme breve neyn enketh bescheth etc. Und schrivet uns jo van

dessen latesten overkofften gelde, dat wy weten weme syn hantschrift wedder horet edder nicht. Vortmer,

gude frunde, so hefft Clauwes van Borstel unszen affgebeden in synen breven, dar denne de kopman

unde wy noch nicht tho geneget sin. Sunter bidden und bogeren fruntliken van eme dat he so lange

myt juw dat beste don wille dat desse sake myt den sudersesschen gheendiget is dat wil wy gne

tegen one vordenen. Also id eme denne na der tyt belevet schal he wol entweden/entwiden werden. Item

van der sudersesschen sake vinde gy in desseme by gebunden breve alle beschet. Hyr mede gode sa

lichliken bevalen bescreven myt der hast ame mandaghe na Assuption Marie virginis Anno etc. m d v

Item ock, guden frunde, wy hebben besturet viii tunne rotsz de gii wisz krigende wird wo se wol varen

Olderlude unde des gemeynen dutschen kopmans van
der Hansze nutortyt to Bergen in Norwegen resi
derende